



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapittel: 20–51, 1600–1650

Inntektskapittel: 3021–3051, 4600–4670, 5341, 5351, 5605, 5692–5693



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapittel: 20–51, 1600–1650

Inntektskapittel: 3021–3051, 4600–4670, 5341, 5351, 5605, 5692–5693

Innhald

Del I	Innleiing	9	Kap. 3041 Stortinget	43
1	Oversikt	11	Kap. 42 Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	43
1.1	Område	11	Kap. 43 Stortingets ombodsmann for forvaltninga	44
1.2	Hovudoppgåver og organisering ...	11	Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste	46
1.3	Oversikt over budsjettframlegget for Finansdepartementet	12	Kap. 45 Noregs institusjon for menneskerettar	47
2	Nokre viktige oppgåver i 2020	14	Kap. 51 Riksrevisjonen	48
2.1	Statens pensjonsfond	14	Kap. 3051 Riksrevisjonen	50
2.2	Regelverksarbeid på finansmarknadsområdet	14	Programområde 23	
2.3	Skatte- og avgiftsområdet	15	Finansadministrasjon	51
2.4	Fornye, forenkle og forbedre	16	<i>Programkategori 23.10</i>	
3	Oppfølging av oppmodings- vedtak	18	<i>Finansadministrasjon</i>	51
3.1	Stortingssesjon 2018–2019	19	Kap. 1600 Finansdepartementet	51
3.2	Stortingssesjon 2017–2018	22	Kap. 4600 Finansdepartementet	61
3.3	Stortingssesjon 2016–2017	27	Kap. 1602 Finanstilsynet	61
3.4	Stortingssesjon 2015–2016	27	Kap. 4602 Finanstilsynet	66
3.5	Stortingssesjon 2014–2015	28	Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet	67
4	Oversiktstabellar for budsjettet	29	Kap. 1605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	67
4.1	Bruk av stikkordet «kan overførast»	32	Kap. 4605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	72
4.2	Talet på tilsette	32	Kap. 1608 Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring	73
Del II	Budsjettframlegget for 2020 ...	33	<i>Programkategori 23.20</i>	
5	Nærare omtale av løvingsframlegga m.m.	35	<i>Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon</i>	74
Programområde 00	Konstitusjonelle institusjonar	35	Kap. 1610 Tolletaten	74
<i>Programkategori 00.30 Regjeringa</i>		35	Kap. 4610 Tolletaten	79
Kap. 20 Statsministerens kontor		36	Kap. 1618 Skatteetaten	81
Kap. 21 Statsrådet		36	Kap. 4618 Skatteetaten	88
Kap. 3021 Statsrådet		37	Kap. 1619 Skatteklagenemnda	90
Kap. 24 Regjeringsadvokaten		37	<i>Programkategori 23.30 Offisiell statistikk</i>	93
Kap. 3024 Regjeringsadvokaten		38	Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå	93
<i>Programkategori 00.40 Stortinget og tilknytte organ</i>		39	Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå	100
Kap. 41 Stortinget		39	<i>Programkategori 23.40 Andre føremål</i>	101
			Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift	101
			Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	102

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	103
<i>Programkategori 24.10 Statsgjeld, renter og avdrag m.m.</i>	103
Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.	104
Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløysing	105
<i>Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.</i>	106
Kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken	106
Kap. 4670 Den nordiske investeringsbanken	108
Kap. 5341 Avdrag på uteståande fordringar	108
Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank	109
Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	109
Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	110
Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	111

Del III Andre saker	113
6 Likestilling og mangfald	115
6.1 Finansdepartementet	115
6.2 Etatane under Finansdepartementet	115
6.2.1 Likestilling	115
6.2.2 Etnisitet	117
6.3 Programkategori 00.30 Regjering	117
7 Omtale av klima- og miljørelevante saker	119
7.1 Finansdepartementet	119
7.2 Statistisk sentralbyrå	119
8 Oppfølging av NOU 2018: 5 Kapital i omstillingens tid	121
8.1 Innleiing og oversikt over relevante tilrådingar	121
8.2 Høyringsmerknadar	122
8.3 Departementets vurdering og oppfølging	124
Forslag	128
Vedlegg	
1 Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak	136

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Oversikt over oppmodingsvedtak	18	Tabell 5.7	Svarrespons i undersøkingar frå SSB. Prosent	95
Tabell 5.1	Tolletaten – nøkkeltal frå grensekontrollen	76	Tabell 5.8	Oppgåvebør ved rapportering til SSB. Årsverk	95
Tabell 5.2	Tolletaten – grensekontroll – beslagsstatistikk	76	Tabell 5.9	Statistikkpubliseringar	95
Tabell 5.3	Skatte- og avgiftsproveny (mrd. kroner)	82	Tabell 5.10	Innanlandsk statsgjeld per 31. desember 2018	103
Tabell 5.4	Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu	90	Tabell 5.11	Garantiordningar for Den nordiske investeringsbanken	108
Tabell 5.5	Aktualiteten til statistikken – talet på veker frå utgangen av referanseperioden til publisering	94	Tabell 6.1	Likestilling mellom kjønna	115
Tabell 5.6	Publisering av statistikk – del som vart publisert på varsla tidspunkt	94	Tabell 6.2	Legemeldt sjukefråvær i pst. – både kjønn, kvinner og menn ...	116
			Tabell 6.3	Kvinnerens andel av menns lønn nokre yrkeskoder	116
			Tabell 6.4	Tilsette med innvandrarsbakgrunn	117

Figuroversikt

Figur 1.1	Verksemder på Finansdepartementets område i 2019	11	Figur 5.1	Skatteetatens arbeid med fastsetjing av skattar og avgifter ...	81
-----------	--	----	-----------	---	----



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2020

Utgiftskapittel: 20–51, 1600–1650

Inntektskapittel: 3021–3051, 4600–4670, 5341, 5351, 5605, 5692–5693

*Tilråding frå Finansdepartementet 27. september 2019,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiing

1 Oversikt

1.1 Område

I denne proposisjonen kjem departementet med framlegg om utgifter og inntekter under programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar*, programområde 23 *Finansadministrasjon*, medrekna skatte- og avgiftsadministrasjonen, og programområde 24 *Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.* Ansvaret for løyvingane, medrekna rekneskapsavlegging, under programkategoriane 00.30 *Regjeringa* og 00.40 *Stortinget og tilknytte organ* ligg til høvesvis Statsministerens kontor og Stortinget sine egne institusjonar. Av praktiske grunnar vert desse programkategoriane førte opp i Finansdepartementets proposisjon, og beløpa er tekne med i oversikt over løyvingar på Finansdepartementets område. Framlegg under programkategori 00.40 er i samsvar med framlegget frå stortingsadministrasjonen.


1.2 Hovudoppgåver og organisering

Finansdepartementet med underliggjande etatar har ansvar for m.a. å

- medverke til eit høveleg grunnlag for vedtak i den økonomiske politikken og i budsjettarbeidet
- sikre finansieringa av den offentlege verksemda gjennom skattar og avgifter
- samordne arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyringa i staten
- forvalte statleg formue og gjeld
- medverke til eit offisielt statistikk- og datagrunnlag til bruk i offentlig og privat verksemd
- medverke til velfungerande finansmarknader

Politikken på dei ovannemnde områda er omtalt i Meld. St. 1 (2019–2020) *Nasjonalbudsjettet 2020*, Prop. 1 S (2019–2020) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2020* og Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020*. Proposisjonen her omfattar i fyrste rekkje forvaltninga og administrasjonen på desse områda.

Nedanfor er ei oversikt over verksemder på Finansdepartementets område.



Figur 1.1 Verksemder på Finansdepartementets område i 2019

¹ Ansvarstillhøvet mellom Noregs Bank og statsmaktene i m.a. budsjettsaker og administrative saker er regulert ved lov 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv. Frå 1. januar 2020 vert lova erstatta av lov 21. juni 2019 nr. 31 om Norges Bank og pengevesenet mv.

² Fondet er særskilt rettssubjekt, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygd-fondet.

³ Verksemd med eige styre.

1.3 Oversikt over budsjettframlegget for Finansdepartementet

Programområde under departementet

Nemning	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	2 969 494	2 763 700	2 527 000	-8,6
Programområde 23 Finansadministrasjon	43 682 355	44 239 800	48 370 700	9,3
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	54 583 443	87 047 900	10 015 800	-88,5
<i>Sum utgifter</i>	<i>101 235 292</i>	<i>134 051 400</i>	<i>60 913 500</i>	<i>-54,6</i>
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	88 685	31 800	29 400	-7,5
Programområde 23 Finansadministrasjon	2 952 608	3 060 600	2 983 032	-2,5
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	46 642 200	23 659 700	16 207 537	-31,5
<i>Sum inntekter</i>	<i>49 683 493</i>	<i>26 752 100</i>	<i>19 219 969</i>	<i>-28,2</i>

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar

Programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar* omfattar regjeringa og Stortinget med tilknytte organ. Framlegg til løyving for 2020 under dette programområdet utgjer 2 527 mill. kroner som er ein reduksjon med 236,7 mill. kroner frå saldert budsjett 2019. Under programkategori 00.30 *Regjeringa*, er det ein auke med 22,2 mill. kroner eller 5,1 pst. Av auken gjeld 5 mill. kroner ekstraordinær investering i regjeringa si biltjeneste og 8 mill. kroner er ein følge av endringar i regjeringa 22. januar 2019. Under programkategori 00.40 *Stortinget og tilknytte organ*, gjer ein framlegg om å redusere løyvingane med 117,1 mill. kroner. Reduksjonen kjem serleg av at rehabilitering av Stortingets eigedom Prinsens gate 26 mv. i det alt vesentlege vert slutført i 2019.

Framlegget under programkategori 00.40 *Stortinget og tilknytte organ* er i samsvar med framlegget frå stortingsadministrasjonen.

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programområde 23 *Finansadministrasjon* omfattar skatte- og avgiftsadministrasjon, offisiell stati-

stikk, finansadministrasjon og nokre andre føremål. Det samla framlegget til løyving for 2020 under dette programområdet utgjer 48 370,7 mill. kroner. Det er ein auke på 4 130,9 mill. kroner frå saldert budsjett 2019. Av auken gjeld 2 500 mill. kroner auka meirverdiavgiftskompensasjon til kommunesektoren og 800 mill. kroner meir til nettoordninga for statleg betalt meirverdiavgift. Til Skatteetaten og Skatteklagenemnda ligg det inne ein auke med 511 mill. kroner som særleg heng saman med Skatteetatens overtaking av skatteinnkrevjinga frå kommunane.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.

Programområdet omfattar utgifter til renter og avdrag på den innanlandske statsgjelda og på statskassa sine krav. Departementet sine renter og avdrag på statsgjeld er budsjetterte til 10 015,8 mill. kroner. Hovudgrunnen til ein reduksjon her med 77 032,9 mill. kroner frå saldert budsjett 2019 er at eit stort obligasjonslån har forfall i 2019, medan det for 2020 ikkje vert rekna med nokon avdrag.

Inntekter

Samla inntekter, utanom skattar og avgifter, utgjer 19 220 mill. kroner. Av det er 16 136,8 mill. kroner utbyte og renteinntekter, m.a. 13 900 mill. kroner i overføring frå overføringsfondet i Noregs Bank.

Statens renteinntekter av foliokontoen i Noregs Bank og andre krav i 2020 er omtalte i kap. 5605 *Renter av kontantar i statskassa og andre fordringar*. Det er gjort greie for skattar og avgifter i ein særskild proposisjon – Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020*.

Utgifter fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
01–23	Driftsutgifter	19 023 531	19 289 000	20 812 700	7,9
30–49	Nybygg, anlegg m.m.	971 028	709 200	530 100	-25,3
50–59	Overføringar til andre statsrekneskap	10 000	8 000	10 000	25,0
60–69	Overføringar til kommunar	24 349 493	24 600 000	27 000 000	9,8
70–89	Overføringar til private	12 982 240	12 930 200	12 560 700	-2,9
90–99	Utlån, avdrag m.m.	43 899 000	76 515 000		-100,0
	Sum under departementet	101 235 292	134 051 400	60 913 500	-54,6

2 Nokre viktige oppgåver i 2020

Nedanfor er det gjort greie for nokre av dei viktige oppgåvene Finansdepartementet skal utføre i 2020, i tillegg til å samordne den økonomiske politikken.

2.1 Statens pensjonsfond

Stortinget har i lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond gjeve Finansdepartementet ansvaret for forvaltninga av fondet. Den operasjonelle forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU) og Statens pensjonsfond Noreg (SPN) er det høvesvis Noregs Bank og Folketrygdfondet som tek hand om, jf. § 2 i lova. Departementet har fastsett føresegner for forvaltninga i særskilde mandat for Noregs Bank og Folketrygdfondet. Her er det gjort greie for referanseindeksar og rammer for forvaltninga, og ein finn føresegner om risikostyring, rapportering og ansvarleg investeringspraksis. Mandata er i hovudsak prinsippbaserte, og dei føreset at Noregs Bank og Folketrygdfondet fastset meir detaljerte interne reglar.

Den samla marknadsverdien av Statens pensjonsfond var 9 414 mrd. kroner ved inngangen til andre halvår 2019. Av dette var 9 160 mrd. kroner i SPU og 255 mrd. kroner i SPN. Langsiktig og god forvaltning av denne fellesformuen er ei viktig oppgåve.

Målet med investeringane i Statens pensjonsfond er høgast mogleg avkastning innafor akseptabel risiko. Fondet skal vere ein ansvarleg investor innafor den overordna finansielle målsettinga.

Finansdepartementet fastset investeringsstrategien for fondet og følgjer opp forvaltninga.

Arbeidet med Statens pensjonsfond er nærare omtalt i Meld. St. 20 (2018–2019) *Statens pensjonsfond 2019* og i Meld. St. 1 (2019–2020) *Nasjonalbudsjettet 2020*.

2.2 Regelverksarbeid på finansmarknadsområdet

På finansmarknadsområdet har det gjennom mange år vore arbeidd mykje med å utvikle og til-

passe rammevilkåra for finansnæringa gjennom føremålstenlege lover og forskrifter. Regelverket skal medverke til at finansmarknadene og finansinstitusjonane er effektive. Samstundes skal det fremje tryggleik, soliditet og stabilitet i finansmarknaden. Det er lagt stor vekt på at den samla reguleringa skjer på ein konsistent måte for dei ulike typar finansinstitusjonar, med lik regulering av lik type risiko, uavhengig av kva slag finansinstitusjon som tek risikoen. Kundane sine interesser skal òg takast vare på når ein fastset reglar. Regelverksarbeidet speglar i stor mon arbeidet med nye reglar i EU/EØS, i tillegg til enkelte nasjonalt initierte prosessar. Rapporteringa av gjennomførte regelverksoppgåver og gjennomgang av prioriterte regelverksoppgåver er omtalt under kap. 1600 Finansdepartementet i del II av proposisjonen.

Arbeidet med finansiell stabilitet er delt mellom Finansdepartementet, Finanstilsynet og Noregs Bank. Finansdepartementet arbeider særleg med rammevilkåra for finanssektoren. Ein omtale av dette arbeidet og stoda i dei internasjonale finansmarknadene er gjeven i Meld. St. 1 (2019–2020) *Nasjonalbudsjettet 2020* og i den årlege finansmarknadsmeldinga som har meir utførlig informasjon om utviklinga i finansmarknadene, utsiktene for finansiell stabilitet og omtale av finansmarknadsreguleringa. Meld. St. 24 (2018–2019) *Finansmarkedsmeldingen 2019* vart lagd fram i april 2019 og drøfta då Stortinget behandla Innst. 366 S (2018–2019). Arbeidet i internasjonale fora som G 20, Baselkomiteen og EU for å styrkje reguleringa i finansmarknadene etter den internasjonale finanskrisa i 2008–2009, er langt på veg slutført. Noreg, Island og Liechtenstein samarbeider med EU om å utvikle EØS-avtalen ved å ta inn ei stor mengd nye rettsaktar på finansmarknadsområdet, og som skal gjennomførast i nasjonal rett. Sentrale soliditetskrav og krav til krisebehandling i tråd med internasjonale anbefalingar og vedtekne EU-reglar, er allereie gjennomførte. I del II i denne proposisjonen er det under kap. 1600 *Finansdepartementet*, Rapport, gjeve ei meir detaljert framstilling av arbeidet med EØS-relevante

forordningar og direktiv, og om anna regelverksarbeid.

2.3 Skatte- og avgiftsområdet

Regelverksarbeid

Det er vorte gjennomført store endringar i skatte- og avgiftslovgivinga dei siste åra, mellom anna ei skatteomlegging for å fremje omstilling og vekst. I del II er det under kap. 1600 Finansdepartementet rapportert om fleire regelrevisjonar og nytt regelverk som det òg vil verte arbeidd med etter 2019, og om aktivitetar i 2020 og seinare. Dette gjeld mellom anna:

- Digital økonomi og skatt
- Kraftskatteutval
- Havbruksskatteutval
- Utval om særavgift på sjokolade- og sukkervarer og alkoholfrie drikkevarer
- Utval om ei enklare meirverdiavgift
- Berekraftige bilavgifter
- Verdsetjing av fritidseigedom
- Reglar for kjeldesatt på renter og royalti

Flytting av skatteoppkrevjinga

Regjeringa gjer framlegg om å overføre skatteoppkrevjinga frå kommunane til Skatteetaten. Dagens organisering av skatteoppkrevjinga er ikkje føremålstenleg, korkje når det gjeld fag, styring eller ressurs-handtering. Ansvaret for skatteoppkrevjinga er i dag delt mellom Skatteetaten, som har det faglege ansvaret, og kommunane, som har det administrative ansvaret. Ein god del kommunar har skipa interkommunale einingar, og det er i dag 227 kommunale skatteoppkrevjarkontor som nyttar om lag 1 300 årsverk på skatteoppkrevjarfunksjonen. I tillegg til skatteoppkrevjing driv kontora arbeidsgjevarkontroll og fører skatterekneskapen. Skatteoppkrevjing vert brukt som ei sams nemning om dei samla oppgåvene som ligg til skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten på si side nyttar om lag 70 årsverk til å følgje opp skatteoppkrevjarane.

Spørsmålet om å flytte skatteoppkrevjinga til Skatteetaten er utgreidd fleire gonger, seinast i 2004 (NOU 2004: 12 *Bedre skatteoppkreving*) og i 2007 (NOU 2007: 12 *Offentlig innkreving*). Fleirtalet i desse utvala tilrådde overføring av oppgåva.

Skatteoppkrevjarfunksjonen er i dag ved lov lagt til kommunane. Denne organiseringa er historisk og ikkje fagleg underbygd i dag. Skatteoppkrevjing er ikkje ei naturleg kommunal oppgåve der lokalpolitiske forhold har innverknad, men ei

regelstyrt oppgåve som vert utført på vegner av skattekreditorane staten, fylkeskommunen og kommunane. Desse oppgåvene er i liten grad prega av skjøen, og behovet for nærleik til publikum er lite. I behandlinga av Prop. 95 S (2013–2014) (om kommunereforma) slutta Stortinget seg til at eit av kriteria for vurderinga av oppgåvefordelinga mellom stat og kommune er at «*opp-gaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar*».

I dag har skatteoppkrevjinga mange svært små einingar. Fleire fagmiljø er kritisk små: Over 15 pst. av kontora nytter under eit årsverk og over 44 pst. av kontora nyttar to eller færre årsverk. Regjeringa vil overføre dei kommunale skatteoppkrevjarane sine oppgåver til Skatteetaten. Skatteetaten vil med dette få eit heilskapleg ansvar for fastsetjing, innkrevjing og kontroll av skatter og avgifter. Oppgåvene som skatteoppkrevjarkontora gjer for kommunane, medrekna innkrevjing og rekneskapsføring av kommunale krav og kommunal inkasso, skal ikkje flyttast, men Skatteetaten vil kunne krevje inn kommunale krav for kommunane der dei sjølve ynskjer det.

Regjeringa foreslår å lokalisere skatteoppkrevjinga til 40 skattekontor, sju fleire enn då saka var oppe i 2015. Dei resterande 16 skattekontora (Svalbard unnateke) skal tilførast to stillingar eller meir til rettleiingsoppgåver i samband med skatteoppkrevjinga, slik at det vil utførast skatteoppkrevjaroppgåver på alle 56 skattekontor. Forslaget inneber at det vert oppretta mange store fagmiljø med kompetansearbeidsplassar i heile landet, også utanfor dei største byane. Samla sett gjev dette forslaget ein god balanse mellom lokaliseringspolitiske omsyn og behovet for ei meir heilskapleg og effektiv skatteoppkrevjing. Med ny organisering vil arbeidsmarknadsregion Oslo ha i overkant av 23 pst. av årsverka til skatteoppkrevjinga, ein klar nedgang frå 28 pst. i dag. På lengre sikt vil etableringa av større fagmiljø og kompetansearbeidsplassar utanfor Oslo-området kunne gje grunnlag for å vri ressursbruken på området ytterlegare i retning ut av Oslo.

Tiltaket vil gje større og betre fagmiljø, auka grad av likebehandling av skattytarar og betre rettstryggleik. For dei skatte- og avgiftspliktige vil tiltaket gje ei forenkling sidan dei no berre treng å ha kontakt med ein etat med heile ansvaret for fastsetjing, innkrevjing og kontroll av skattar og avgifter.

Endå viktigare er kampen mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet. Dette er ei nasjonal oppgåve som ikkje bør styrast av korleis kvar ein-skild kommune vel å prioritere ressursane sine. Ei samordning av arbeidsgjevarkontrollen med Skatteetatens andre kontrollaktivitetar vil gje betre og meir effektive kontrollar, større og meir kompetente kontrollmiljø og gjere det lettare å arbeide heilskapleg med kontroll av bedrifter og enkeltpersonar. Oppgåva vert ikkje godt nok handtert i dag. Årsakene er både at delt kommunalt og statleg ansvar gjev eit fragmentert kontrollansvar og at mange kommunar prioriterer denne oppgåva for lågt. Sjølv om talet på årsverk brukt til arbeidsgjevarkontroll i kommunane, auka med 6 pst. frå 2016 til 2018, er det framleis mange kommunar som bruker for små ressursar på dette. I 2018 var det 16 kommunar som ikkje gjennomførte ein einaste arbeidsgjevarkontroll. Interkommunale kontrollordningar kan gje større og meir kompetente fagmiljø, men fører ikkje til ei samordning med Skatteetatens kontrollverksemd. Det siste er avgjerande for betre nedkjemping av svart økonomi og arbeidslivskriminalitet. Bortsett frå dei som dreiv med kommunal skatteoppkrevjing, gav høyringa i 2014 om ei slik overføring eintydig støtte til at samordninga vil styrkje kampen mot arbeidslivskriminalitet og svart økonomi.

Overføringa inneber at Skatteetaten må styrkjast med om lag 850 årsverk. Til saman skal Skatteetaten nytte 918 årsverk på skatteoppkrevjinga. Finansdepartementet vil tilby at oppgaveoverføringa for alle kommunar vert handtert etter reglane i arbeidsmiljølova om verksemdsoverføring. Med dette vert alle medarbeidarane som overføringa får verknad for, behandla likt. Som følgje av overføringa må budsjettet til Skatteetaten styrkjast med 558,3 mill. kroner i 2020. Ramma til kommunane vert redusert med til saman 644,4 mill. kroner. Inkludert i løyingsframlegget for Skatteetaten for 2020 er 130 mill. kroner til å dekkje ein del av Skatteetatens eingongs meirkostnader i samband med overføringa. Meirkostnadane gjeld mellom anna eigedom, kontorutstyr og mindre tilpassing av IKT-system. Gevinsten av overføringa i 2020 vert då 86,1 mill. kroner. Med heilårsverknad og utan eingongs-kostnader vert gevinsten frå overføringa rekna til 370,1 mill. kroner årleg.

Sjå Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020* for ein grundigare omtale av regjeringas vurderingar og framlegg. Det vert lagt opp til overføring frå 1. juni 2020.

2.4 Forny, forenkle og forbetre

Skatte- og avgiftsområdet

Skatteetaten har dei seinare åra gjennomført fleire store omstillingsprosessar der målet er ei betre og meir effektiv skatte- og avgiftsforvaltning. Frå 1. januar 2019 fekk etaten ein ny organisasjonsmodell, basert på landsdekkjande oppgaveløysing. Prosessen med innføring av ein ny kontorstruktur med færre kontor og større fagmiljø vert slutført i 2019. Den nye organiseringa legg til rette for at Skatteetaten kan løyse sine oppgaver på ein betre og meir effektiv måte. Finansdepartementet foreslår no å overføre skatteoppkrevjinga frå kommunane til Skatteetaten, jf. omtale under punkt 2.3. Skatteetaten vil med dette få eit heilskapleg ansvar for fastsetjing, innkrevjing og kontroll av skattar og avgifter.

Forenklingar er naudsynt av omsyn til både dei skattepliktige og Skatteetaten. Som ei oppfølging av omtala i Prop. 1 LS (2017–2018) har Finansdepartementet saman med Skatteetaten starta eit forenklingssjokjet. Resultata frå sjokjet er omtalte i Prop. 1 LS (2019–2020), del IV.

Tolletaten

Tolletaten har starta arbeidet med å digitalisere systemstøtta på kontrollområdet og etablere ei ny løysing for deklarerings og automatisk fortolling av varer på grensa (ekspressfortolling). Føremålet er mellom anna å effektivisere oppgaveløysinga for både næringslivet og Tolletaten. Ekspressfortollingsløysinga vil gje ei føreseieleg og smidig grensepassering for næringslivet. For aktørar som fortollar på grensa, betyr dette at ein, i normalsituasjonen, slepp å stanse for å få behandla papira sine i ekspedisjonen. Det har vorte gjennomført eit forsøksprosjekt med ekspressfortolling på Ørje tollstad i 2018. Prosjektet for ekspressfortolling vert i 2020 utvida til fleire tollstader og vidareutvikla med fleire tollprosedurar.

Tolletaten vart omorganisert 1. juni 2019 og består no av eit direktorat og to fagdivisjonar som bår ansvar og oppgaver for heile landet. Fram til 1. juni var etaten organisert med eit direktorat og seks underliggjande tollregionar. Tolletaten vil halde fram med å tilpasse organiseringa si til tida og tilhøva.

Tiltaka er òg omtalte under kap. 1610 *Tolletaten*.

Interne fellestenester i staten

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) legg til rette for effektiv ressursbruk i staten gjennom å levere standardiserte og effektive tenester til statlege verksemdar. Gjenteke, regelbaserte oppgåver med store volum gjer slike tenester godt eigna for digitalisering og automatisering. DFØ har teke i bruk robotisert prosessautomatisering på utvalde løns- og rekneskapsprosessar. Robotisert prosessautomatisering bidreg til å redusere ressursbruk og auke kvaliteten på prosessar der dei vert nytta. DFØ har også utvikla ein «*praterobot*» som på lønsområdet gjev kundane støtte heile døgnet.

Direktoratet bidrar òg til at staten får lågare investerings- og driftskostnader ved å kjøpe løysingar som mange kundar kan nytte. Fleire store og komplekse verksemdar skal verte kundar av DFØ. Dette gjeld m.a. Kriminalomsorgen. Dei fire store universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø vil ta i bruk DFØs løns- og rekneskaps-tenester frå 2021.

DFØ vert i 2020 omorganisert. Frå 1. januar 2020 vert fagområda til avdelinga for leiing og avdelinga for utgreiing og analyse i Direktoratet for forvaltning og ikt (Difi) flytta til DFØ. I andre halvår 2020 vert òg fagområdet innkjøp flytta frå Difi til DFØ. Ved å flytte desse fagområda vert fagområda økonomi, innkjøp, styring, leiing og organisering samla i DFØ. Dette legg til rette for ei meir samordna utvikling av desse områda, og at statlege verksemdar kan få betre og meir heilskaplege tenester enn før.

Finansområdet

Finanstilsynet ventar fortsatt auke i oppgåver. Særleg omfattande regelverksutvikling i EU gjer at tilsynet må bruke betydelege ressursar på å utvikle tilsvarande norsk regelverk. Vidare auke i Finanstilsynets oppgåver skjerpar kravet til effektiv utnytting av tilsynet sine ressursar og til priori-

tering av innsatsen på dei ulike tilsynsområda. Redusert saksbehandlingstid gjennom systematisk forbetring av interne arbeidsprosessar, samstundes som eksterne og interne kvalitetskrav skal møtast, er sentralt. Utnytting av IT skal bidra til eit effektivt tilsyn gjennom å utvikle effektive rapporterings- og analyseløysingar og etablere moderne informasjons- og samhandlingskanalar internt og mot tilsynseiningar og publikum.

Finanstilsynet har gjennomført ei rekkje tiltak som har auka kvaliteten på data og effektivisert og forenkla verksemda. Utan desse tiltaka villa auka tilsynskrav og -volum dei seinaste åra ha vore vanskeleg å handsame. Tiltak som har hatt, og vil ha god effekt, er til dømes bruk av Altinn ved innrapporteringar og konsesjonssøknader.

Modernisering av statistikkproduksjonen

For å møte auka krav frå brukarane og utnytte tilgangen til nye datakjelder, samstundes som det vert sett krav til å effektivisere verksemda, må SSB modernisere statistikkproduksjonen. I dagens produksjonssystem vert statistikkane produserte i eigne produksjonsløp, ofte med eigne system og prosessar for kvar statistikk. Endringar som kjem av endra rammevilkår, må difor verte implementerte i mange ulike system. Dette er vanskeleg å sameine med krav til reduserte kostnader og lågare oppgåvebør og med krav om meir og betre statistikk. SSB må difor betre evna til å produsere statistikk og analysar på ein effektiv måte, mellom anna gjennom å automatisere og straumlineforme arbeidsprosessane. Dette arbeidet er komplisert og ressurskrevjande.

SSBs moderniseringsprogram er retta mot nettopp desse behova. Programmet er omgjort til eit moderniseringsprosjekt og planlagt på nytt med mindre omfang, lågare risiko, lågare kostnadsramme og kortare tidshorisont.

For 2020 er det øyremerkt 20 mill. kroner til dette prosjektet.

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er det gjeve ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Finansdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2018–2019 og alle vedtak frå tidlegere sesjonar der rapporteringa ikkje vart varsla avslutta i Prop. 1 S (2018–2019) eller som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 291 S (2018–2019) om *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingssesjonen 2017–2018* meinte at ikkje var utkviterte. I nokre tilfelle er det annanstad i budsjettframlegget gjeve ei meir omfattande framstilling av oppfølginga. I slike tilfelle er det vist til kor denne framstillinga finst.

I kolonnen lengst til høgre i tabellen nedanfor er oppgitt om departementet reknar med at rapporteringa om vedtaket no vert avslutta eller om det vil rapportere konkret om det i budsjettframlegget neste år òg. Ei rapportering som inneber at departementet skal leggje fram ei konkret sak for

Stortinget, vil normalt fyrst verte avslutta når slikt framlegg er gjort.

Sjølv om det i tabellen er oppgitt at rapporteringa vert avslutta, vil det stundom vere slik at oppfølging av alle sider av vedtaket ikkje er slutført. Dette kan t.d. gjelde oppmoding om å vareta særlege omsyn i politikkkutforminga på eit område, og der oppfølginga vil kunne gå over fleire år. I slike tilfelle vert Stortinget orientert om oppfølginga slik som elles gjennom omtale av det relevante politikkområdet i andre dokument til Stortinget.

Finansdepartementet viser til at kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 291 S (2018–2019) har streka under at det i einskilde høve er naudsynt å gje framlegg om å oppheve eit oppmodingsvedtak før saka kan avsluttast. Finansdepartementet gjer i tråd med dette framlegg om slikt opphevingsvedtak, jf. romartalsvedtak XII.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering vert avslutta (Ja/Nei)
2018–2019	40	Solidarisk alkoholpolitikk	Ja
2018–2019	45	Solidarisk alkoholpolitikk	Nei
2018–2019	46	Solidarisk alkoholpolitikk	Ja
2018–2019	85	350-kronersgrensa	Ja
2018–2019	86	Biodrivstoff	Ja
2018–2019	93	Oppfølging av tilrådingar i årsmeldinga for 2017 frå NIM	Ja
2018–2019	189	Kommunesamanslåing – eigedomsskatteinntektene	Ja
2018–2019	404	Presisering i forskrift av kven som skal verte identifisert som reelle rettshavarar	Nei
2018–2019	406	Pensjon frå fyrste krone	Ja
2018–2019	424	Utgreiing av ny teknologi som kan erstatte gjeldande bompengoordning	Nei
2017–2018	3	Stortingsmelding om ulikskap og sosial berekraft	Ja
2017–2018	37	Meirverdiavgift – fritak for digital journalistikk	Ja

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering vert avslutta (Ja/Nei)
2017–2018	56	Betydning av familien og hushaldstrukturen for norsk økonomi	Ja
2017–2018	596	Tilsyn med OTP-ordningar	Nei
2017–2018	660	Klimaverkemiddel i oppdrettsnæringa	Ja
2017–2018	693	Spillselskap – Statens pensjonsfond utland	Ja
2017–2018	711	Omsetjingsavgift – digital økonomi	Ja
2017–2018	712	Omsetjingsavgift – digital økonomi	Ja
2017–2018	713	Omsetjingsavgift – digital økonomi	Ja
2017–2018	727	Om tiltak for å styrkje forbrukaranes rettar i handel med bustad	Ja
2017–2018	858	Likestille praksis frå kommunal og privat revisjon	Nei
2017–2018	868	Finansskatt – omlegging der finansskatt på løn vert fjerna	Ja
2017–2018	869	Fjerning av avgiftsfritak for sending av varer med låg verdi	Ja
2017–2018	871	Kolkriteriet – Statens pensjonsfond utland	Ja
2017–2018	874	Etablering av regulatorisk sandkasse	Ja
2017–2018	877	Utgreiing av ulike modellar for rentetak	Ja
2017–2018	1004	Leggje om avgiften på alkoholfrie drikkevarer	Ja
2017–2018	1006	Kursreguleringsfond	Ja
2016–2017	48	Land-for-land rapportering	Nei
2016–2017	1040	Sikre behovet hos bustadkjøpare for meir tid i bustadhandelen	Nei
2016–2017	1104	Differensiert avgift på biodrivstoff	Ja
2015–2016	1002	Vegbruksavgift – fritak for naturgass som erstatning for biogass	Ja
2014–2015	602	Register over reelle rettshavarar	Ja

3.1 Stortingssesjon 2018–2019

Solidarisk alkoholpolitikk

Vedtak nr. 40, 20. november 2018

«Stortinget ber regjeringa innføre sterkere tiltak mot smugling av alkohol til Norge gjennom bedre kontrollmekanismer, som blant annet tilstrekkelige driftsmidler til kontrollarbeid.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:141 S (2017–2018) Representantforslag om en offensiv og solidarisk alkoholpolitikk, jf. Innst. 38 S (2018–2019).

Regjeringa har dei siste åra styrkt Tolletatens grensekontroll. Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2016 og 2017 vart det sett av midlar til styrking av Tolletatens grensekontroll. Nivået på Tolletatens driftsbudsjett er auka med om lag 150 mill. kroner til dette føremålet. Det er òg løyvt over 130 mill. kroner ekstra til investeringar,

hovudsakleg til elektronisk utstyr med kamera og skiltattkjenning (ANPR) på landevegs grenseovergangar. Det er òg løyvt midlar til å utvikle og etablere ny og forbetra systemstønad for oppgåver i alle ledd av Tolletatens kontrollprosessar, jf. Prop. 1 S (2016–2017), Prop. 1 S (2017–2018) og Prop. 1 S (2018–2019). Dette arbeidet vil finne stad fram til 2023. Ny og forbetra systemstønad vil mellom anna gjere at Tolletaten kan oppnå meir treffsikre kontrollar, betre kontrollresultat og styrkt kriminalitetsnedkjemping på Tolletatens ansvarsområde.

Tolletaten gjer ikkje eigne kontrollar berre retta mot alkohol, men beslag av alkohol og tobakk utgjer samla om lag 71 pst. av alle beslag. Beslaglagt mengde alkohol i 2017 var den største på femti år. Tolldirektøren skreiv i Tolletatens årsrapport for 2017 at regjeringa si styrking av grensekontrollen truleg har vore ei viktig årsak til at Tolletaten aldri før hadde gjort så mange beslag som i 2017. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Solidarisk alkoholpolitikk

Vedtak nr. 45, 20. november 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere en reverse-ring av den siste endringen av taxfree-kvoten ut ifra en evaluering av hvordan kvoten påvirker Vinmonopolets salg og stilling som et av de viktigste alkoholpolitiske instrumentene.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:141 S (2017–2018) *Representantforslag om en offensiv og solidarisk alkoholpolitikk*, jf. Innst. 38 S (2018–2019).

Oppmodingsvedtaket vil verte følgt opp i samråd med Helse- og omsorgsdepartementet. Finansdepartementet vil kome tilbake til Stortinget med saka.

Solidarisk alkoholpolitikk

Vedtak nr. 46, 20. november 2018

«Stortinget ber regjeringen reversere utvidelsen som ble gjort i taxfree-ordningen i 2014 fra 1/1-2020.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:141 S (2017–2018) *Representantforslag om en offensiv og solidarisk alkoholpolitikk*, jf. Innst. 38 S (2018–2019).

Finansdepartementet viser til at kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 291 S (2018–2019)

har streka under at det i einskilde høve er naudsynt å gje framlegg om å oppheve eit oppmodingsvedtak før saka kan avsluttast. I følgje Granavolden-plattformen vil regjeringa *«videreføre tax free-endringen som ble gjennomført i 2014 der tobakskvoten kan byttes inn i alkohol»*. Finansdepartementet gjer i tråd med dette framlegg om slikt opphevingsvedtak, jf. framlegg til romartalsvedtak XIII. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

350-kronersgrensa

Vedtak nr. 85, 3. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2020 fremme forslag om å fjerne avgiftsfritaket for varesendinger fra utlandet av mindre verdi (350-kronersgrensen) fra 1. januar 2020. I utformingen av regelverket må man se hen til EUs vedtatte ordning med avgiftsfri grense, som skal iverksettes fra 2021.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 2 S (2018–2019) *Innstilling fra finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2019 og forslaget til statsbudsjett for 2019*.

I Prop. 1 LS (2019–2020) foreslår regjeringa å avvikle 350-kronersgrensa. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Biodrivstoff

Vedtak nr. 86, 3. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen utforme et helhetlig forslag til virkemidler og avgifter i biodrivstoffpolitikken for å utelukke biodrivstoff med høy avskogingsrisiko både innenfor og utenfor omsetningskravet. Disse rammebetingelsene skal legges frem i forbindelse med statsbudsjettet for 2020 og innføres fra 1. januar 2020.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019) *Statsbudsjettet 2019*, jf. Innst. 2 S (2018–2019) *Innstilling fra finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2019 og forslaget til statsbudsjett 2019*.

I Prop. 1 LS (2019–2020) foreslår regjeringa å innføre vegbruksavgift på alt flytande biodrivstoff. I Prop. 1 S (2019–2020) *Klima- og miljødepartementet*, er det signalisert moglege endringar i omsetningspåbudet for biodrivstoff. Departe-

mentet ser det slik at oppmodingsvedtaket er fulgt opp gjennom dette.

Oppfølging av tilrådingar i årsmeldinga for 2017 frå NIM

Vedtak nr. 93, 4. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå anbefalingene i årsmeldingen for 2017 fra Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med hvordan anbefalingene er fulgt opp.»

På side 20 i årsmeldinga rår NIM til at «utredningsinstruksjonen bør endres slik at plikten til å utrede menneskerettslige spørsmål i forbindelse med lovgivningsarbeid fremgår eksplisitt.»

I utredningsinstruksens kap. 2–1 *Minimumskravene til utredning* krevst det m.a. svar på «*hvilke prinsipielle spørsmål reiser tiltakene?*» Den plikten til utgreiing som NIM ber om, går slik fram av rettleiaren til instruksjonen: «*Begrensninger for tiltaksutforming vil ofte være nedfelt i de menneskerettslige forpliktelsene som Norge har påtatt seg gjennom internasjonale konvensjoner. En utredning av prinsippsspørsmål vil derfor ofte bestå i en systematisk gjennomgang av slike forpliktelser, der man avklarer grensene for forpliktelsene og hvilket handlingsrom som finnes. I noen tilfeller vil ulike menneskerettslige forpliktelser kunne være i et innbyrdes spenningsforhold som må avklares og avveies på en balansert og helhetlig måte.*»

Finansdepartementet meiner etter dette at ynskjet frå NIM allereie er vareteke gjennom instruksjonen og den eksplisitte referansen til menneskerettslege spørsmål som går fram av rettleiinga. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er fulgt opp gjennom dette.

Kommunesamanslåing – eigedomsskatteinntektene

Vedtak nr. 189, 12. desember 2018

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med et lovforslag som gir kommuner som slår seg sammen til en ny kommune forutsigbarhet for eigedomsskatteinntektene fra vannkraft, vindkraft og prosessanlegg, og som legger til rette at disse kan videreføres i den nye kommunen etter sammenslåing. Regelendringen må ikke føre til

brå økninger i eigedomsskatten for boliger, fritidsboliger eller forretningseiendom fra ett år til et annet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 LS (2018–2019) og Innst. 4 L (2018–2019).

Vedtaket er fulgt opp med eit lovforslag i Prop. 1 LS (2019–2020), kap. 7. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er fulgt opp gjennom dette.

Presisering i forskrift av kven som skal verte identifisert som reelle rettshavarar

Vedtak nr. 404, 7. februar 2019

«Stortinget har vedtatt regjeringens forslag til ny lov om register over reelle rettighetshavere og bedt regjeringen presisere i forskrift hvem som skal identifiseres som reelle rettighetshavere.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 109 L (2017–2018), jf. Innst. 143 L (2018–2019) *Innstilling fra finanskomiteen om Lov om register over reelle rettighetshavere.*

Finansdepartementet arbeider med forskrifter til lova og vil sende desse på høyring.

Pensjon frå fyrste krone

Vedtak nr. 406, 7. februar 2019

«Stortinget ber regjeringen sette ned et partssammensatt utvalg for å vurdere pensjon fra første krone.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:218 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Audun Lysbakken, Hadia Tajik, Karin Andersen, Rigmor Aasrud og Lise Christoffersen om pensjon fra første krone*, jf. Innst. 142 S (2018–2019).

Oppmodingsvedtaket er fulgt opp ved at departementet har sett ned ei arbeidsgruppe som består av LO, NHO, Virke, YS, Arbeids- og sosialdepartementet og Finansdepartementet. Gruppa skal levere si utgreiing til departementet innan våren 2020, jf. omtale i Meld. St. 24 (2018–2019) *Finansmarkedsmeldingen 2019*. I Innst. 366 S (2018–2019) *Innstilling fra finanskomiteen om Finansmarkedsmeldingen 2019*, tek finanskomiteen omtalen i meldinga til orientering.

Utgreiing av ny teknologi som kan erstatte gjeldande bompengoordning

Vedtak nr. 424, 5. mars 2019

«Stortinget ber regjeringen inkludere utredning av ny teknologi som kan erstatte dagens bompengoordning, som en del av gjennomgangen av dagens avgiftssystem for bil.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:26 S (2018–2019) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Tore Storehaug, Olaug V. Bollestad og Kjell Ingolf Ropstad om å fjerne dagens ordning med bompengoinnkrevning* og Dokument 8:35 S (2018–2019) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Sverre Myrli, Ingalill Olsen, Øystein Langholm Hansen og Kirsti Leirtrø om å utrede vegprising til erstatning for dagens bompenger og andre driftsrelaterte bilavgifter*, jf. Innst. 175 S (2018–2019).

Oppmodingsvedtaket vil verte følgt opp i samråd med Samferdselsdepartementet. Finansdepartementet vil kome tilbake til Stortinget om saka.

3.2 Stortingssesjon 2017–2018

Stortingsmelding om ulikskap og sosial berekraft

Vedtak nr. 3, 11. oktober 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme en stortingsmelding om tiltak mot den økende ulikheten i makt og rikdom i Norge.»

Vedtaket vart gjort i samband med trontaledebatten i 2017, jf. forslag nr. 3 frå representanten Audun Lysbakken.

1. mars 2019 la regjeringa frem Meld. St. 13 (2018–2019) *Muligheter for alle – Fordeling og sosial bærekraft*. I Innst. 5 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen til orientering. I Innst. 291 S (2018–2019), jf. Meld. St. 12 (2018–2019), kvitterte kontroll- og konstitusjonskomiteen ut vedtaket.

Meirverdiavgift – fritak for digital journalistikk

Vedtak nr. 37, 4. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede utvidelse av merverdiavgiftsfritaket for medier til å gjelde all digital journalistikk, herunder betydningen for uavhengige journalister, og legge dette frem i

forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2018.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 1 (2017–2018), Prop. 1 S (2017–2018) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2017–2018), jf. Innst. 2 S (2017–2018) *Innstilling fra finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2018 og forslaget til statsbudsjett for 2018*.

I Prop. 115 LS (2018–2019) kap. 2 vart det gjort framlegg om meirverdiavgiftsfritak for elektroniske tidsskrift. Framlegget vart vedteke av Stortinget og trådte i kraft 1. juli 2019. I Innst. 291 S (2018–2019), jf. Meld. St. 12 (2018–2019), kvitterte kontroll- og konstitusjonskomiteen ut vedtaket.

Betydning av familien og hushaldstrukturen for norsk økonomi

Vedtak nr. 56, 4. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen om at betydningen av familien og husholdningsstrukturen for norsk økonomi, herunder utviklingen i fødselstallene, omtales i nasjonalbudsjettet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 1 (2017–2018), Prop. 1 S (2017–2018) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2017–2018), jf. Innst. 2 S (2017–2018) *Innstilling fra finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2018 og forslaget til statsbudsjett for 2018*.

Oppmodingsvedtaket er omtalt i Meld. St. 1 (2018–2019) *Nasjonalbudsjettet 2019*, kap. 2. Departementet omtalar mellom anna utviklinga i hushalds- og familiestruktur opp mot utviklingstrekk i bustadmarknaden i Meld. St. 1 (2018–2019) *Nasjonalbudsjettet 2019*, kap. 2. Ein omtale av fødselstall opp mot folketilvekst er gjeve i kap. 3 i same melding. I Innst. 5 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen til orientering.

I Innst. 291 S (2018–2019) til Meld. St. 12 (2017–2018) kvitterte kontroll- og konstitusjonskomiteen ut vedtaket.

Tilsyn med OTP-ordningar

Vedtak nr. 596, 10. april 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere å etablere en tilsynsordning med tilhørende sanksjoner, som skal sikre at bedriftene følger opp den lovbestemte plikten til å opprette og beholde obligatorisk tjenestepensjon for sine ansatte.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:101 S (2017–2018), Innst. 197 S (2017–2018), jf. forslag nr. 5 frå representanten Tore Storehaug.

Oppmodingsvedtaket vart omtala i Prop. 1 S (2018–2019) frå Finansdepartementet. Departementet sa der at oppmodingsvedtaket ville verte følgt opp i samråd med Arbeids- og sosialdepartementet og at departementet ville kome tilbake til Stortinget om saka. I Innst. 5 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen til orientering. I Innst. 291 S (2018–2019), jf. Meld. St. 12 (2018–2019), kvitterte kontroll- og konstitusjonskomiteen ikkje ut vedtaket.

Departementet sette i juni i gang ei utgreiing om korleis informasjon frå a-ordninga kan brukast i samband med obligatorisk tenestepensjon. Eit av måla med utgreiinga er å auke talet på arbeidsgjevarar som etterlever sine pensjonsforpliktingar. Arbeidet vert leia av Skatteetaten og skal ferdigstillast i november 2019. Departementet vil følgje opp oppmodingsvedtaket, m.a. gjennom vidare oppfølging av denne utgreiinga.

Klimaverkemiddel i oppdrettsnæringa

Vedtak nr. 660, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede virkemidler for at oppdrettsnæringen kan kutte sine klimagassutslipp, og komme tilbake til Stortinget med dette.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, jf. Innst. 253 S (2017–2018).

I Innst. 5 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen i Prop. 1 S (2018–2019) til orientering.

I Innst. 291 S (2018–2019), jf. Meld. St. 12 (2018–2019), kvitterte kontroll- og konstitusjonskomiteen ikkje ut vedtaket.

Vedtaket er følgt opp gjennom framlegg i Prop. 1 LS (2019–2020) om å auke CO₂-avgifta på mineralske produkt. I *Handlingsplanen for grønn skipsfart* er det varsla at regjeringa vil vurdere krav om innføring av null- og lågutslippsløyser for servicefartøy i havbruksnæringa. Oppfølginga av oppmodingsvedtaket er nærare omtalt i Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020*.

Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Spillselskap – Statens pensjonsfond utland

Vedtak nr. 693, 7. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede grunnlaget for å trekke Statens pensjonsfond utland (SPU) ut av pengespillselskaper med sikte på en vurdering i forbindelse med den årlige forvaltningsmeldingen om fondet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:110 S (2017–2018) Representantforslag fra stortingsrepresentantene Anette Trettebergstuen og Geir Jørgen Bekkevold om en mer ansvarlig spillpolitikk, jf. Innst. 242 S (2017–2018).

Saka vart omtalt i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingsessjonen 2017–2018*, og vedtaket er følgt opp i Meld. St. 20 (2018–2019) *Statens pensjonsfond 2019*. Departementets vurdering er at å grunnge ute-stenging av utanlandske pengespillselskap med at selskapa undergrev norsk lov og den norske einerettsmodellen for spelpolitikk, vil bryte både med målsetjinga for fondet og utgangspunktet om at utestengingar av selskap skal vere baserte på etiske kriterium utforma i tråd med eit breitt nasjonalt verdigrunnlag og internasjonale normer. På denne bakgrunnen vert det ikkje etablert etiske kriterium for observasjon og utestenging av spelselskap frå Statens pensjonsfond utland.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen kvitterte ut saka ved behandling av Meld. St. 12 (2018–2019), jf. Innst. 291 S (2018–2019). Det er konsistent med at fleirtalet i finanskomiteen ikkje hadde merknader til departementets vurdering ved behandling av Meld. St. 20 (2018–2019), jf. Innst. 344 S (2018–2019).

Omsetjingsavgift – digital økonomi

Vedtak nr. 711, 14. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen betydelig forsterke arbeidet med skattlegging av multinasjonale selskaper med liten fysisk tilstedeværelse blant annet gjennom aktivt arbeid i OECD samt støtte til arbeidet i G20, og vurdere mulige midlertidige modeller for skattlegging av selskaper med digital inntjeningsplattform, i tråd med intensjonen i Representantforslag 69 S (2017–2018).»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok 8:69 S (2017–2018) Representantforslag frå stortings-

representant Une Bastholm *om å utrede en norsk skatt for selskaper med digitale inntektsmodeller – en «Google-skatt»*, jf. Innst. 242 S (2017–2018). Sjå også oppmodingsvedtaka 712 og 713.

Saka er omtalt i Prop. 1 LS (2019–2020), kap. 21. Her orienterer departementet om det internasjonale arbeidet med skattlegging av multinasjonale selskap og omtalar mellombels løysingar som ein omsetjingsavgift på digitale tenester. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Omsetjingsavgift – digital økonomi

Vedtak nr. 712, 14. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte, og senest innen høsten 2019, med en vurdering av hvordan Norge skal følge opp arbeidet som er gjort i OECD.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av dokument 8:69 S (2017–2018) Representantforslag frå stortingsrepresentant Une Bastholm *om å utrede en norsk skatt for selskaper med digitale inntektsmodeller – en «Google-skatt»*, jf. Innst. 242 S (2017–2018). Sjå også oppmodingsvedtaka 711 og 713.

Saka er omtalt i Prop. 1 LS (2019–2020), kap. 21. Her orienterer departementet om det internasjonale arbeidet med skattlegging av multinasjonale selskap og omtalar mellombels løysingar som ein omsetjingsavgift på digitale tenester. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Omsetjingsavgift – digital økonomi

Vedtak nr. 713, 14. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvilke konsekvenser innføring av en omsetningsavgift tilsvarende den som er foreslått av EU-kommisjonen, vil ha for skattlegging av multinasjonale selskaper, norsk næringsliv og norsk eksportnæring.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av dokument 8:69 S (2017–2018) Representantforslag frå stortingsrepresentant Une Bastholm *om å utrede en norsk skatt for selskaper med digitale inntektsmodeller – en «Google-skatt»*. Sjå også oppmodingsvedtaka 712 og 713.

Saka er omtalt i Prop. 1 LS (2019–2020), kap. 21. Her orienterer departementet om det internasjonale arbeidet med skattlegging av multinasjo-

nale selskap og omtalar mellombels løysingar som ein omsetjingsavgift på digitale tenester. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Om tiltak for å styrkje forbrukaranes rettar i handel med bustad

Vedtak nr. 727, 15. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen legge innstilling 477 S (2016–2017) til grunn for oppfølging av stortingsvedtakene 1035, 1036, 1037, 1038, 1039 og 1040, om tiltak for å styrke forbrukernes rettigheter i handel med bustad.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 7 (2017–2018) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingsssesjonen 2016–2017*, jf. Innst. 275 S (2017–2018).

I Prop. 1 S (2018–2019) opplyste Finansdepartementet at det tok sikte på i inneverande stortingsssesjon å setje ned eit lovutval for å revidere eiendomsmeglingslova. Utvalet vil også kunne vurdere reglane om bodgjeving som ledd i ein revisjon av lova. Finansdepartementet vil leggje Innst. 477 S (2016–2017) til grunn for å følge opp stortingsvedtak nr. 1040 (2016–2017) om å sikre behovet hos bustadkjøparar for meir tid i bustadhandelen. I Innst. 5 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen til orientering.

Saka vart omtalt i Meld. St. 12 (2018–2019), jf. Innst. 291 S (2018–2019) der kontroll- og konstitusjonskomiteen kvitterte ut saka. Sjå òg omtale i oppmodingsvedtak 1040 (2016–2017).

Likestille praksis frå kommunal og privat revisjon

Vedtak nr. 858, 7. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endringer i revisjonsloven gjennom å likestille praksis fra kommunal og privat revisjon når det gjelder godkjenning som statsautorisert og registrert revisor.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 46 L (2017–2018) *Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)*, jf. Innst. 369 L (2017–2018).

Finansdepartementet opplyste i Prop. 1 S (2017–2018) at det vil behandle oppmodingsvedtaket i samband med oppfølginga av NOU 2017: 15 *Revisorloven – forslag til ny lov om revisjon og revisorer*. I Innst. 5 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen til orientering.

Finansdepartementet vil framleis behandle oppmodingsvedtaket i samband med oppfølginga av NOU 2017: 15.

Finansskatt – omlegging der finansskatt på løn vert fjerna

Vedtak nr. 868, 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringa komme attende til Stortinget på eigna måte, seinast i samband med statsbudsjettet for 2020, med framlegg om ei provenynøytral omlegging av finansskatten og der forhøgd arbeidsgivaravgift vert fjerna.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:190 S (2017–2018) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Ingrid Heggø, Sigbjørn Gjelsvik, Kari Elisabeth Kaski og Kjell Ingolf Ropstad om provenynøytral omlegging av finansskatten der forhøgd arbeidsgivaravgift vert fjerna*, jf. Innst. 365 (2017–2018).

Ein modell for ein endra finansskatt er presentert i Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020*, sjå kap. 22. Denne modellen kan gje same proveny som gjeldande finansskatt. Det vil derimot ikkje verte fremja eit slikt forslag med verknad for 2020. Omlegginga bør utstå til blant anna prosessen overfor ESA, knytt til like konkurransevilkår for offentlege og private verksemdar, er avklart.

Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgd opp gjennom dette.

Fjerning av avgiftsfritak for sending av varer med låg verdi

Vedtak nr. 869, 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringa utrede fjerning av avgiftsfritaket for varesendingar frå utlandet med verdi under 350 kroner og komme tilbake til Stortinget senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2019.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok 8:213 S (2017–2018) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Hans Fredrik Grøvan, Kjell Ingolf Ropstad, Knut Arild Hareide og Olaug V. Bollestad om å utrede fjerning av 350-kronersgrensen for varesendingar frå utlandet*, jf. Innst. 364 S (2017–2018).

I Prop. 1 S (2018–2019) opplyste Finansdepartementet at regjeringa på bakgrunn av ei utgreiing av dette ikkje ville leggje opp til å gjere endringar i

grensa på 350 kroner (inkl. kostnader til forsikring og frakt til Noreg). I Prop. 1 LS (2018–2019), kap. 35, omtala regjeringa grensa for avgiftsfrie varesendingar frå utlandet og den utgreiinga som er gjort. I Innst. 3 S (2018–2019) tok finanskomiteen denne omtalen til orientering. Fleirtalet i komiteen viste samstundes til budsjettsemja om å oppheve avgiftsfritaket for varesendingar frå utlandet med verdi under 350 kroner frå 1. januar 2020, jf. Innst. 2 S (2018–2019) og vedtak nr. 85 (2018–2019) i Stortinget 3. desember 2018.

Saka vart omtalt i Meld. St. 12 (2018–2019), jf. Innst. 291 S (2018–2019) der kontroll- og konstitusjonskomiteen kvitterte ut vedtaket.

I Prop. 1 LS (2019–2020) foreslår regjeringa å avvikle 350-kronersgrensa. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgd opp gjennom dette.

Kolkriteriet – Statens pensjonsfond utland

Vedtak nr. 871, 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringa legge frem en vurdering i neste års stortingsmelding om Statens pensjonsfond av om dagens kriterier for uttrekk av kullselskaper fra SPU er tilstrekkelige med tanke på å ekskludere selskaper med en betydelig kullrelatert virksomhet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 13 (2017–2018) *Statens pensjonsfond 2018*, jf. Innst. 370 S (2017–2018).

Saka vart omtalt i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingsessjonen 2017–2018*, og vedtaket er følgd opp i Meld. St. 20 (2018–2019) *Statens pensjonsfond 2019*. Noregs Bank peikte i si utgreiing til departementet på at hovuddelen av attverande kolverksemd i Statens pensjonsfond utland (SPU) er i eit fåtal selskap som vert ansett å ha omfattande kolrelatert verksemd i absolutt forstand. Departementet si vurdering er at dei relative tersklane i kriteriet på 30 pst. av inntekt eller verksemd, ikkje bør endrast, men at desse bør supplerast med absolutte tersklarar for kolutvinning og kapasitet frå kolkraft på respektive 20 mill. tonn og 10 000 MW.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen kvitterte ut saka ved behandlinga av Meld. St. 12 (2018–2019), jf. Innst. 291 S (2018–2019). Det er konsistent med at fleirtalet i finanskomiteen slutta seg til departementets vurdering ved behandling av Meld. St. 20 (2018–2019), jf. Innst. 344 S (2018–2019).

Etablering av regulatorisk sandkasse

Vedtak nr. 874, 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen etablere en regulatorisk sandkasse for fintech i Norge innen utgangen av 2019. En regulatorisk sandkasse bør underlegges Finanstilsynet, men etableres i samarbeid med finansnæringen og om hensiktsmessig også inkludere øvrige relevante tilsynsorgan som for eksempel Datatilsynet, Konkurransetilsynet og Forbrukerombudet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 14 (2017–2018) *Finansmarkedsmeldingen 2019*, jf. Innst. 371 S (2017–2018) *Innstilling fra finanskomiteen om Finansmarkedsmeldingen 2018*.

Saka vart omtalt i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings-sesjonen 2017–2018*, og i Meld. St. 24 (2018–2019) *Finansmarkedsmeldingen 2019* orienterte Finansdepartementet Stortinget om arbeidet med å etablere ei regulatorisk sandkasse for fintech, som Finanstilsynet skal drive, innan utgangen av 2019.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen kvitterte ut vedtaket ved behandling av Meld. St. 12 (2018–2019), jf. Innst. 291 S (2018–2019). I Innst. 366 S (2018–2019) *Innstilling fra finanskomiteen om Finansmarkedsmeldingen 2019* legg finanskomiteen sitt fleirtal til grunn at ei regulatorisk sandkasse kjem på plass innan utgangen av 2019.

Utgreiing av ulike modellar for rentetak

Vedtak nr. 877, 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede ulike modeller for et rentetak i Norge og komme tilbake med dette i *Finansmarkedsmeldingen 2019*.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 14 (2017–2018) *Finansmarkedsmeldingen 2018*, jf. forslag nr. 9 frå representanten Åsunn Lyngdal.

Saka vart omtalt i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings-sesjonen 2017–2018* og er følgt opp i Meld. St. 24 (2018–2019) *Finansmarkedsmeldingen 2019*. På bakgrunn av utgreiinga konkluderte regjeringa med at det ikkje bør innførast rentetak for forbrukslån i Noreg no, då tiltaket ikkje vil vere tilstrekkeleg treffsikkert til å forsvare faren for

uønskte konsekvensar, slik den norske marknaden ser ut i dag.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen kvitterte ut vedtaket ved behandling av Meld. St. 12 (2018–2019), jf. Innst. 291 S (2018–2019). I Innst. 366 S (2018–2019) *Innstilling fra finanskomiteen om Finansmarkedsmeldingen 2019* viser finanskomiteen til at det i den norske forbrukslånsmarknaden er færre lån med kort løpetid og veldig høge renter. Fleirtalet i komiteen vil sjå verknadane av allereie innførte tiltak før innføring av eit rente- eller kostnadstak vert vurdert.

Leggje om avgiften på alkoholfrie drikkevarer

Vedtak nr. 1004, 15. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede en reduksjon av særavgiften på alkoholfrie drikkevarer slik at avgiften differensieres ut fra sukkerinnhold, med utgangspunkt i modellene fra Storbritannia, Irland og Finland.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 2 (2017–2018) *Revidert nasjonalbudsjett 2018*, jf. Innst. 400 S (2017–2018). Vedtaket vert følgt opp i Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*, kap. 13.15.» I Innst. 3 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen til orientering. I Innst. 291 S (2018–2019), jf. Meld. St. 12 (2018–2019), kvitterte kontroll- og konstitusjonskomiteen ut vedtaket.

Kursreguleringsfond

Vedtak nr. 1006, 15. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede nødvendige endringer i reglene om at en andel av kursreguleringsfondet kan holdes tilbake ved flytting av kommunale pensjonsordninger, slik at kommunene kan velge den pensjonsløsning de ønsker.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 2 (2017–2018) *Revidert nasjonalbudsjett 2018*, jf. Innst. 400 S (2017–2018).

I Innst. 3 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen i Prop. 1 S (2018–2019) til orientering. Departementet har sendt eit forslag til regelverksendring på høyring, med høyringsfrist 1. oktober 2019. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

3.3 Stortingssesjon 2016–2017

Land-for-land rapportering

Vedtak nr. 48, 15. november 2016

«Stortinget ber regjeringen sørge for at selskap som etter forslagene i land-for-land-rapportering til skattemyndighetene, også blir pliktige til å rapportere etter regnskaps- og verdipapirloven, og at selskapene skal rapportere betalt inntektskatt og påløpt inntektsskatt, antall ansatte, akkumulert fortjeneste, resultat før skattekostnad, summen av inntekter fra transaksjoner med nærstående/ikke nærstående foretak og bokført egenkapital.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 120 L (2015–2016) *Endringer i ligningsloven (land-for-land-rapportering til skattemyndighetene)*, jf. Innst. 42 L (2016–2017).

I Prop. 1 S (2018–2019) opplyste Finansdepartementet at det tok sikte på å utarbeide forslag til lovendringar som vil verte sendt på høyring våren 2019. I Innst. 5 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen til orientering.

Finansdepartementet tek sikte på å utarbeide forslag til lovendringar som vil verte sendt på høyring.

Sikre behovet hos bustadkjøpare for meir tid i bustadhandelen

Vedtak nr. 1040, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen sikre boligkjøpernes behov for mer tid i bolighandelen gjennom forskriftene til eiendomsmeglingsloven eller ved å fremme forslag for Stortinget om endringer i avhendingsloven.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:123 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Olav Syversen, Line Henriette Hjemdal, Hans Fredrik Grøvan, Kjell Ingolf Ropstad og Geir Sigbjørn Toskedal om tiltak for å styrke forbrukernes rettigheter i handel med bolig*, jf. Innst. 477 S (2016–2017).

I Prop. 1 S (2018–2019) opplyste Finansdepartementet at det tok sikte på i inneverande stortingssesjon å setje ned eit lovutval for å revidere eiendomsmeglingsloven. Lovutvalet vil også kunne vurdere reglar om korleis ein skal gje bod. I Innst. 5 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen til orientering.

Finansdepartementet tek sikte på å setje ned lovutvalet hausten 2019.

Differensiert avgift på biodrivstoff

Vedtak nr. 1104, 21. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for differensiert avgift på biodrivstoff utenfor omsetningskravet med sikte på å fremme bærekraftig bio-drivstoff. EØS-rettslige konsekvenser må vurderes nærmere.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 2 (2016–2017) *Revidert nasjonalbudsjett 2017*, jf. Innst. 401 S (2016–2017).

I Innst. 5 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen i Prop. 1 S (2018–2019) til orientering.

I Prop. 1 LS (2019–2020) foreslår regjeringa å innføre vegbruksavgift på alt flytande biodrivstoff. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

3.4 Stortingssesjon 2015–2016

Vegbruksavgift – fritak for naturgass som erstatning for biogass

Vedtak nr. 1002, 17. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen påse at midlertidig ordning for 2016 med kr 0,00 i sats for veibruksavgift for naturgass (LNG) opphører i 2017 ved snarest mulig å utarbeide grunnlag for notifisering og iverksette prosessen med ESA, slik at det 1. januar 2017 kan innføres 100 pst. veibruksavgift på LNG i kombinasjon med en overgangsordning med unntak for veibruksavgift på naturgass brukt som supplement som settes til 50 pst. som et første skritt, men nedtrapping mot 0 pst i 2025.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2016, sjå Prop. 122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016* og Innst. 400 S (2015–2016).

I Innst. 5 S (2018–2019) tok finanskomiteen omtalen i Prop. 1 S (2018–2019) til orientering.

I Prop. 1 LS (2019–2020) foreslår regjeringa å innføre vegbruksavgift på naturgass, men med ein låg sats som det vert varsla at skal trappast gradvis opp fram til 2025. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

3.5 Stortingssesjon 2014–2015

Register over reelle rettshavarar

Vedtak nr. 602, 5. juni 2015

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om et norsk offentlig eierskapsregister for å sikre åpenhet om eierskap i norske selskap og styrke innsatsen mot skattekriminalitet, korrupsjon og hvitvasking. Et slikt register må følge opp Financial Action Task Forces anbefalinger fra 2012 om internasjonale standarder for bekjempelse av hvitvasking og bekjempelse av terrorfinansiering og spredning, og registeret må også følge opp EU-reguleringen på dette området.»

Finansdepartementet gjorde greie for planlagt oppfølging i Prop. 1 S (2018–2019), der det vart vist til at eit lovforslag vart fremja for Stortinget og som skulle leggje til rette for å opprette eit register over reelle rettshavarar. Lovforslaget vart vedteke i mars 2019.

I Prop. 114 S (2018–2019) vart det foreslått å auke løyvinga til Brønnøysundsregistra med 20 mill. kroner til å etablere registeret. Forslaget vart vedteke. Finansdepartementet arbeider med naudsynte forskrifter til lov om register over reelle rettshavarar. Forskriftene vil verte sende på høyring.

Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

4 Oversiktstabellar for budsjettet

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
Regjeringa					
20	Statsministerens kontor	119 964	121 200	123 500	1,9
21	Statsrådet	179 375	190 200	207 800	9,3
24	Regjeringsadvokaten	109 632	120 200	122 500	1,9
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>408 971</i>	<i>431 600</i>	<i>453 800</i>	<i>5,1</i>
Stortinget og tilknytte organ					
41	Stortinget	1 882 248	1 595 800	1 345 800	-15,7
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	6 909	7 300	7 500	2,7
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga	87 881	88 900	91 100	2,5
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	18 952	51 200	26 000	-49,2
45	Noregs institusjon for menneske- rettar	22 951	25 000	25 700	2,8
51	Riksrevisjonen	541 582	563 900	577 100	2,3
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>2 560 523</i>	<i>2 332 100</i>	<i>2 073 200</i>	<i>-11,1</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>2 969 494</i>	<i>2 763 700</i>	<i>2 527 000</i>	<i>-8,6</i>
Finansadministrasjon					
1600	Finansdepartementet	455 836	494 400	499 300	1,0
1602	Finanstilsynet	385 929	415 400	444 000	6,9
1605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	525 223	523 400	630 300	20,4
1608	Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring	20 321			
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>1 387 309</i>	<i>1 433 200</i>	<i>1 573 600</i>	<i>9,8</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
	Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon				
1610	Tolletaten	1 625 096	1 612 800	1 765 000	9,4
1618	Skatteetaten	6 708 409	6 947 400	7 387 200	6,3
1619	Skatteklagenemnda			71 200	
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>8 333 505</i>	<i>8 560 200</i>	<i>9 223 400</i>	<i>7,7</i>
	Offisiell statistikk				
1620	Statistisk sentralbyrå	860 986	866 400	893 700	3,2
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>860 986</i>	<i>866 400</i>	<i>893 700</i>	<i>3,2</i>
	Andre foremål				
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	26 444 679	26 780 000	29 280 000	9,3
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	6 655 876	6 600 000	7 400 000	12,1
	<i>Sum kategori 23.40</i>	<i>33 100 555</i>	<i>33 380 000</i>	<i>36 680 000</i>	<i>9,9</i>
	<i>Sum programområde 23</i>	<i>43 682 355</i>	<i>44 239 800</i>	<i>48 370 700</i>	<i>9,3</i>
	Statsgjeld, renter og avdrag m.m.				
1650	Statsgjeld, renter m.m.	10 674 443	10 532 900	10 015 800	-4,9
1651	Statsgjeld, avdrag og innløysing	43 899 000	76 515 000		-100,0
	<i>Sum kategori 24.10</i>	<i>54 573 443</i>	<i>87 047 900</i>	<i>10 015 800</i>	<i>-88,5</i>
	Statlege fordringar, avsetningar m.m.				
1670	Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken	10 000			
	<i>Sum kategori 24.20</i>	<i>10 000</i>			
	<i>Sum programområde 24</i>	<i>54 583 443</i>	<i>87 047 900</i>	<i>10 015 800</i>	<i>-88,5</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>101 235 292</i>	<i>134 051 400</i>	<i>60 913 500</i>	<i>-54,6</i>

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
Regjeringa					
3021	Statsrådet	39	100	100	0,0
3024	Regjeringsadvokaten	74 552	19 000	19 600	3,2
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>74 591</i>	<i>19 100</i>	<i>19 700</i>	<i>3,1</i>
Stortinget og tilknytte organ					
3041	Stortinget	11 296	10 400	7 400	-28,8
3051	Riksrevisjonen	2 798	2 300	2 300	0,0
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>14 094</i>	<i>12 700</i>	<i>9 700</i>	<i>-23,6</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>88 685</i>	<i>31 800</i>	<i>29 400</i>	<i>-7,5</i>
Finansadministrasjon					
4600	Finansdepartementet	4 337	400	400	0,0
4602	Finanstilsynet	11 828	12 500	12 800	2,4
4605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	103 584	51 600	62 332	20,8
5580	Sektoravgifter under Finansdepartementet	388 738	418 400	445 700	6,5
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>508 487</i>	<i>482 900</i>	<i>521 232</i>	<i>7,9</i>
Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon					
4610	Tolletaten	58 922	52 300	58 600	12,0
4618	Skatteetaten	2 141 408	2 244 300	2 122 400	-5,4
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>2 200 330</i>	<i>2 296 600</i>	<i>2 181 000</i>	<i>-5,0</i>
Offisiell statistikk					
4620	Statistisk sentralbyrå	243 791	281 100	280 800	-0,1
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>243 791</i>	<i>281 100</i>	<i>280 800</i>	<i>-0,1</i>
	<i>Sum programområde 23</i>	<i>2 952 608</i>	<i>3 060 600</i>	<i>2 983 032</i>	<i>-2,5</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
Statlege fordringar, avsetningar m.m.					
4670	Den nordiske investeringsbanken			70 237	
5341	Avdrag på utestående fordringar	28 006 161	8 000 500	500	-100,0
5351	Overføring frå Noregs Bank	14 332 630	12 000 000	13 900 000	15,8
5605	Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	4 190 808	3 545 900	2 151 700	-39,3
5692	Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	112 014	112 700	84 200	-25,3
5693	Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	587	600	900	50,0
	<i>Sum kategori 24.20</i>	<i>46 642 200</i>	<i>23 659 700</i>	<i>16 207 537</i>	<i>-31,5</i>
	<i>Sum programområde 24</i>	<i>46 642 200</i>	<i>23 659 700</i>	<i>16 207 537</i>	<i>-31,5</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>49 683 493</i>	<i>26 752 100</i>	<i>19 219 969</i>	<i>-28,2</i>

4.1 Bruk av stikkordet «kan overførast»

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2019	Forslag 2020
41	21	Spesielle driftsutgifter	-	3 600
1600	21	Spesielle driftsutgifter	39 812	84 600
1618	22	Større IT-prosjekt	189 942	247 100
1620	21	Spesielle driftsutgifter	9 931	259 900

4.2 Talet på tilsette

I omtala av kvar verksemd under Finansdepartementet er det gjeve tal for tilsette, målt i årsverk. Alle tal er henta frå verksemdene sine årsrapportar. I noko utstrekning er det skilnader mellom

reknemethodane som er brukte for dette, og ein kan difor ikkje jamstille tala direkte. Difor vil det òg vere avvik mellom tala frå verksemdene og dei berekningar Statistisk sentralbyrå gjer av årsverk i offentleg sektor.

Del II
Budsjettframlegget for 2020

5 Nærare omtale av løyingsframlegga m.m.

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar Programkategori 00.30 Regjeringa

Utgifter under programkategori 00.30, fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
20	Statsministerens kontor	119 964	121 200	123 500	1,9
21	Statsrådet	179 375	190 200	207 800	9,3
24	Regjeringsadvokaten	109 632	120 200	122 500	1,9
	Sum kategori 00.30	408 971	431 600	453 800	5,1

Statsministerens kontor og Statsrådet

Statsministerens kontor støt statsministeren i arbeidet med å leie og samordne arbeidet i regjeringa, m.a. ved å førebu, gjennomføre og følgje opp regjeringskonferansane.

Visse saker vert behandla i Statsrådet under Kongen si leiing. Det gjeld til dømes framlegg til nye lover, budsjettframlegg og andre framlegg til vedtak i Stortinget. Statsministerens kontor har saman med fagdepartementa ansvar for å førebu, gjennomføre og følgje opp Statsrådet sine møte hos Kongen. Vidare samordnar kontoret regjeringsmedlemene si deltaking i enkelte debattar og munnlege spørjetimar på Stortinget. Kontoret skal òg støt statsministeren i internasjonalt arbeid. Dessutan har kontoret arbeidsgjeverfunksjonar for regjeringsmedlemene og andre politikarar i departementa.

Statsministerens kontor har tre avdelingar (administrativ og konstitusjonell avdeling, innanriksavdelinga og internasjonal avdeling) og ein kommunikasjonsseksjon. Regjeringa si bilteneste høyrer inn under administrativ og konstitusjonell avdeling.

Regjeringsadvokaten

Hovudoppgåvene til Regjeringsadvokaten er å føre sivile rettssaker på vegner av staten og gje fråsegner om rettslege spørsmål. Regjeringsadvokaten har som mål at staten får dekt behovet sitt for advokattenester på ein god måte, og slik at dei tildelte ressursane vert utnytta best mogleg sett under eitt. Brukarane skal oppfatte embetet som serviceinnstilt, målretta og effektivt. Saksbehandlinga skal vere rask og god.

Brukarane til Regjeringsadvokaten er dei statlege organa, dvs. regjeringa, departementa og verksemdene under departementa. Saksfeltet omfattar alle område av staten si verksemd. Viktige område er domstolskontroll av offentlege styresmakter (skatt, trygd, konsesjonar, ekspropriasjon m.m.), skadebotsaker, eigedomssaker, saker om arbeids- og tenestetilhøve m.m. I tillegg fører Regjeringsadvokaten saker for internasjonale domstolar, t.d. Menneskerettsdomstolen i Strasbourg og domstolane i EU og EØS.

Kap. 20 Statsministerens kontor

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	119 964	121 200	123 500
	Sum kap. 0020	119 964	121 200	123 500

Rapport 2018**Post 01 Driftsutgifter**

Statsministerens kontor har støtt statsministeren i å leie og samordne arbeidet til regjeringa, m.a. med å førebu, gjennomføre og følge opp regjeringskonferansane. Om lag 80 pst. av utgiftene i 2018 var løn og godtgjersler til tilsette. Andre større utgifter var husleige og reiseutgifter.

Budsjett 2020**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga under kap. 20 *Statsministerens kontor* dekkjer vanlege driftsutgifter for kontoret. Framlegget inneber ei budsjetttramme på 123,5 mill. kroner.

Implementeringa av ny sikkerheitslov

Ny lov om nasjonal sikkerheit tok til å gjelde 1. januar 2019. Lova har som føremål å tryggje våre nasjonale sikkerheitsinteresser og å førebyggje, avdekkje og motverke sikkerheits- trugande verksemd. Dei nasjonale tryggingssintere- sene skal sikrast gjennom å vareta grunn- leggande nasjonale funksjonar (GNF). Slike funk- sjonar er tenester, produksjon og andre former for verksemd der eit heilt eller delvis bortfall av funk-

sjonen vil få konsekvensar for staten si evne til å vareta dei nasjonale tryggingssintere- sene.

For å verne dei nasjonale sikkerheitsintere- sene, legg regelverket opp til at vi skal verne ver- diar i form av informasjon, informasjonssystem, objekt og infrastruktur (skjermingsverdige ver- diar) som er vesentlege for å vareta nasjonale sik- kerheitssinteresser. Departementa skal i medhald av sikkerheitslova § 2-1 identifisere GNF og gjere vedtak overfor verksemdar som har avgjerande innverknad for GNF. I tråd med kgl. res. 20. desember 2018 pkt. 3 bokstav e skal dette gjerast innan rimeleg tid. Kva som er «rimeleg tid», avheng mellom anna av storleiken på den aktuelle samfunnssektoren, omfanget av skjermingsver- dige verdier, kompleksiteten på verdikjedene og den sikkerheitsfaglege kompetansen i departe- menta.

Statsministerens kontor fastsette GNF i eigen sektor 29. april 2019. Implementeringa av ny sikkerheitslov med tilhøyrande forskrifter held fram i andre halvår 2019.

Fram til det er gjort vedtak etter ny lov, gjeld alle vedtak som er gjorde etter den gamle lova. Dette inneber mellom anna at objekt som er klas- sifiserte etter gammal sikkerheitslov, også er klas- sifiserte etter ny lov, jf. kgl. res. 20. desember 2018 pkt. 2 bokstav d.

Kap. 21 Statsrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	179 375	190 200	207 800
	Sum kap. 0021	179 375	190 200	207 800

Rapport 2018**Post 01 Driftsutgifter**

Større utgifter i 2018 har vore løn til regjeringa og dei politisk tilsette i departementa, investeringar i Regjeringa si bilteneste, reiseutgifter og husleige for pendlarbustader.

Som følgje av endringar i regjeringa 17. januar 2018 auka utgiftene samanlikna med 2017.

Budsjett 2020**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga under kap. 21 *Statsrådet* skal dekkje lønsutgifter for regjeringsmedlemene, statssekretærene og dei politiske rådgjevarane, og ein del andre utgifter knytt til den politiske leiinga i departementa. Det gjeld m.a. utgifter til bustad for pendlarar, heimreiser, besøksreiser for familie og tenestereiser. Løyvinga dekkjer dessutan alle driftsutgifter knytt til Regjeringa si bilteneste.

Nærare reglar om kva for ytingar den politiske leiinga kan få dekt, finst i «*Reglement om arbeids-*

vilkår for politisk ledelse», fastsett ved kongeleg resolusjon 28. mars 2003. Reglementet er supplert og utfylt i «*Håndbok for politisk ledelse*», som vert gjeve ut av Statsministerens kontor.

Framlegget inneber ein budsjetttramme på 207,8 mill. kroner, som er ein auke med 17,6 mill. kroner frå Saldert budsjett 2019. 5 mill. kroner gjeld ekstraordinær investering i regjeringa si bilteneste, og 8 mill. kroner er som følgje av endringar i regjeringa 22. januar 2019.

Fullmakt til overskriding

I samråd med politiet set Statsministerens kontor i verk visse tryggingstiltak for regjeringa. Det er vanskeleg å budsjettere behova, og dei kan endre seg i løpet av budsjettåret. Difor gjer ein framlegg om samtykkje til at Statsministerens kontor i 2020 kan overskride løyvinga på kap. 21 Statsrådet, post 01 *Driftsutgifter*, for å setje i verk naudsynte tryggingstiltak for regjeringa, jf. framlegg til romartalsvedtak III.1.

Kap. 3021 Statsrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Diverse refusjonar	39	100	100
	Sum kap. 3021	39	100	100

Post 02 Diverse refusjonar

Posten dekkjer i hovudsak refusjonar av utgifter der Statsministerens kontor har lagt ut for andre, til dømes der representantar frå næringslivet, politiske parti og presse deltek på reiser og skal dek-

kje kostnadane sjølve. Refusjonsbeløp kan variere mykje frå år til år. Det vert difor gjort framlegg om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 21, post 01 *Driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarende meirinntekter på posten, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Kap. 24 Regjeringsadvokaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	97 939	106 200	108 100
21	Spesielle driftsutgifter	11 693	14 000	14 400
	Sum kap. 0024	109 632	120 200	122 500

Rapport 2018

I 2018 kom det inn 1 081 nye saker til Regjeringsadvokaten, ein nedgang på 3 pst. i høve til 2017.

Utviklinga går likevel i retning av at både fråsegnssaker og rettssaker vert større og meir kompliserte. Det har særleg samanheng med at rettskjeldematerialet er meir omfattande og samansett, og at sakene oftare har eit internasjonalt tilsnitt. Difor aukar behovet for spesialkompetanse innan menneskerettar, EØS-rett og allmenn folkerett.

Av dei nemnde sakene er 827 rettssaker (813 i 2017), 140 rådgjevande fråsegner (183 i 2017) og 114 høyringar (120 i 2017). Blant rettssakene utgjer områda trygd, psykisk helsevern og utlendingssaker framleis ein stor del.

Utlendingssakene viser ein nedgang til 159 saker (175 saker i 2017). Talet på psykisk helsevernsaker var 263 i 2018, det høgaste talet dei siste 15 åra. Talet på trygdesaker auka frå 88 saker i 2017 til 105 i 2018.

Arbeidsmengda for dei tilsette hos Regjeringsadvokaten er høg. Noko vert løyst ved å setje ut saker til private advokatar og ved noko eigenprosedyre i etatane. Sakene som vert sett ut til pri-

vate advokatar, er helst slike som det er mange relativt like av. Viktige saker må behandlast av Regjeringsadvokaten.

Budsjett 2020**Post 01 Driftsutgifter**

Framlegget inneber ei budsjettramme på 108,1 mill. kroner for 2020. Løyvinga skal fyrst og fremst dekkje løns- og driftsutgifter hos Regjeringsadvokaten. For å sikre eit kvalifisert advokatkorps i ei tid der sakene stadig vert meir innfløkte, er Regjeringsadvokaten meir enn før nøydd til å halde på dei mest røynde advokatane, særleg dei som har møterett for Høgsterett.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje prosessutgifter og utgifter til leige av advokatar. Nokre sakstypar, til dømes utlendings- og trygdesaker, er tyngjande fordi det er så mange einskildsaker. Talet på nye rettssaker er uvisse.

Framlegget inneber ei budsjettramme på 14,4 mill. kroner.

Kap. 3024 Regjeringsadvokaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Vederlag for utgifter i rettssaker	74 552	19 000	19 600
	Sum kap. 3024	74 552	19 000	19 600

Post 01 Vederlag for utgifter i rettssaker

Inntektsframlegget dekkjer inntekter som følgjer av at staten vert tilkjend sakskostnader i sivile

saker der Regjeringsadvokaten var prosessfullmektig. Inntektene er vanskeleg å anslå, og det vert difor gjort framlegg om ei ramme for 2020 på 19,6 mill. kroner.

Programkategori 00.40 Stortinget og tilknytte organ

Utgifter under programkategori 00.40, fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
41	Stortinget	1 882 248	1 595 800	1 345 800	-15,7
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	6 909	7 300	7 500	2,7
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga	87 881	88 900	91 100	2,5
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	18 952	51 200	26 000	-49,2
45	Noregs institusjon for menneske- rettar	22 951	25 000	25 700	2,8
51	Riksrevisjonen	541 582	563 900	577 100	2,3
Sum kategori 00.40		2 560 523	2 332 100	2 073 200	-11,1

Kap. 41 Stortinget

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	
01	Driftsutgifter	946 707	956 500	973 300	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	373		3 600	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	726 056	412 800	139 600	
50	Sannings- og forsoningskommisjonen		8 000	10 000	
70	Tilskot til partigruppene	188 041	197 000	197 000	
72	Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek	1 500	1 500	1 500	
73	Kontingentar, internasjonale delegasjonar	14 659	15 000	15 500	
74	Reisetilskot til skular	4 912	5 000	5 300	
Sum kap. 0041		1 882 248	1 595 800	1 345 800	

Hovudoppgåver

Oppgåvene og arbeidsordninga til Stortinget som konstitusjonelt organ er nedfelte i Grunnlova, lover, stortingsvedtak og konstitusjonell praksis. Stortingets konstitusjonelle hovudoppgåver er å vedta lover, løyve pengar til rådvelde for regjeringa og føre kontroll med regjering og forvaltning.

Stortingets administrasjon skal organisere og utvikle det parlamentariske arbeidet og leggje til rette for at representantane kan vareta verva sine. Administrasjonen skal formidle kunnskap om Stortingets verksemd og folkestyret. Stortingets administrasjon skal drifte og modernisere Stortingets bygningar og system på ein måte som tek vare på dei historiske verdiane.

Det administrative arbeidet skal utførast slik at det sikrar omdømet til Stortinget på best mogleg måte. Administrasjonen skal opplevast som relevant, profesjonell, effektiv og samfunnsmedviten av stortingsrepresentantane og andre målgrupper. Stortingets administrasjon har ein felles kultur basert på verdiane hjelpsam, ansvarleg, påliteleg og open.

Direktøren er den øvste leiaren for Stortingets administrasjon og står direkte under Stortingets presidentskap.

Prioriteringar for 2020

Budsjettet for 2020 er, som i dei seinare åra, prega av moderasjon og auka kostnadskontroll. Stortingets administrasjon tek òg i 2020 ein reduksjon i løyvinga tilsvarende avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma, og investeringsbudsjettet blir redusert etter ferdigstilling av Prinsens gate 26 (inkludert post- og varemottak og tunnel), Wessels plass og tilhøyrande sikringsprosjekt.

Stortingets administrasjon har dei seinare åra gjennomført ei rekkje tiltak for å utvikle styringa si og dei administrative prosessane sine, og har arbeidd strukturert med å tilnærma seg dei standardane og krava som gjeld i staten elles. Frå 1. januar 2020 vil det liggje føre ein ny strategi som skal fokusere på dei områda Stortingets administrasjon skal vidareutvikle. Arbeidet med modernisering og effektivisering skal bli prioritert i 2020 og i åra framover, og administrasjonen vil prioritere gjennomføring av utviklingstiltak som gjev effektiviseringsgevinstar. Utviklingsarbeidet skal sikre at dei prosessane og tenestene som blir ytte, er målretta, nyttige og effektive, samstundes som tenestene skal ytast så kostnads-effektivt som mogleg.

Budsjettet elles prioriterer auka innsats overfor barn og unge, mellom anna i samband med at det i 2019 er investert i eit nytt læringsspel. Etter mange år med omfattande ressursbruk i samband med Prinsens gate 26 (med post- og varemottak og tunnel), og det siste året òg tilknytt prosjekt som til dømes Wessels plass, er investeringsbudsjettet for 2020 tilbake på eit meir normalt nivå. Dette nivået skal sikre vedlikehald og forvaltning av bygg og IKT, saman med normal utviklingsaktivitet i administrasjonen.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar løn og godtgjersler for stortingsrepresentantar og tilsette og utgifter til Stortingets kjøp av varer og tenester.

Det følgjande er ein gjennomgang av sentrale oppgåver, og av tidlegare resultat og prioriteringar framover innanfor Stortingets hovudmål.

Eit vitalt parlamentarisk arbeid

Administrasjonen skal sikre god kvalitet og kontinuitet i støtta til presidentskapet og representantane. Administrasjonen varetek alle funksjonar som knyter seg til den verksemda Stortinget utøver som konstitusjonelt organ, medrekna Stortingets saksbehandling og arbeidsordning, forretningsorden og løyvingssystem, komitéreiser og formelle spørsmål i tilknytning til verksemda i komiteane, og til Stortingets internasjonale arbeid. Dessutan hentar administrasjonen inn og legg til rette for informasjon til arbeidet i Stortinget, og dokumenterer Stortingets verksemd.

Frå og med haustsesjonen 2019 blir det innført faste voringstidspunkt i Stortinget. Hovudføremålet med dette er å gjere arbeidet meir føreseieleg for representantane, slik at det blir enklare for dei å planleggje si eiga tid. Endringa vil bli evaluert etter å ha verka gjennom ein heil sesjon.

Det har dei siste par åra gått føre seg ei omfattande utvikling i IT-støtta knytt til det parlamentariske arbeidet, gjennom ei større fornying av dagens elektroniske parlamentariske oppfølgingsystem. Arbeidet har halde fram som planlagt i 2019 og fortset inn i 2020. Likevel er det teke avgjerd om å sjå saksbehandlingsdelen av dette i samanheng med eit mogleg større arbeid knytt til digitalisering av den parlamentariske saksbehandlinga. Det er sett i gong eit arbeid med å utforme eit målbilete for dette.

Andre brukarvenlege IT-verktøy for representantar, komitear og partigrupper blir ferdigstilte og tekne i bruk i 2019. Det blir lagt vekt på

brukarvenleg og påliteleg digital støtte tilpassa den parlamentariske saksgangen. Nytt arbeidsverktøy får eit enklare og meir einsarta brukargrensesnitt tilpassa ulike brukarbehov.

Aktuell kunnskapsformidling om folkestyret

Stortinget skal formidle aktuell kunnskap om folkestyret, og på den måten leggje eit grunnlag for engasjement og demokratisk deltaking. Kommunikasjonen med omverda skal vere aktiv og relevant og opne for samhandling mellom folket og dei folkevalde, særleg retta mot vaksne med låg demokratisk deltaking, førstegongsveljarar og folk som i arbeidet sitt er i kontakt med Stortinget.

Gjennom kanalane sine informerer Stortinget fortløpande om arbeidet dei folkevalde gjer, og om sakene som blir behandla. Stortingets nettstad gjev brukarane tilgang til all informasjon om sakene Stortinget behandlar, møter og høyringar, biografiar m.m., og utgjer kjerneinformasjonen om det parlamentariske arbeidet. Møte i salen og høyringar er opne for publikum, og ein kan følgje debattane anten via internett eller ved sjølv å vere til stades. Gjennom sosiale medium, brosjyrar, filmar og tekstar på nett kan kvar enkelt setje seg inn i og lære om Stortingets oppgåver og arbeid. Omvisingar, utstillingar og interaktive spel gjev levande og engasjerande formidling til dei som besøker Stortinget.

Stortingets opne datateneste er teken i bruk som datagrunnlag for andre nettsider, til forskingsprosjekt og til undervising. Tenesta er òg mykje brukt av journalistar. For å gjere datamaterialet tilgjengeleg for fleire vil administrasjonen i 2020 arbeide med å lage løysingar for visualisering (som infografikk) med utgangspunkt i data frå den opne datatenesta.

Stortinget har sidan 2017 satsa på sosiale medium. Stortinget ønskjer å formidle stortingskunnskap til brukarane der dei er, noko som har ført til kontakt med opp mot fleire tusen menneske månadleg i sosiale medium. For å lukkast i det vidare arbeidet skal Stortinget produsere innhald av høg kvalitet og utvikle seg i tråd med endringane i kanalane.

Det har sidan 2017 vorte arbeidd med eit nytt læringsspel som skal kome i staden for Minitinget, læringsspelet som Stortinget har hatt frå 2005. Det kjem elevar i den vidaregåande skulen frå heile landet og får kunnskap om Stortinget gjennom læringsspel. Det nye læringsspelet skal etter planen bli teke i bruk i 2020.

Stortinget har i 2019 gjennomført ein føranalyse for arbeidet med digital langtidsbevaring, og

arbeidet med å få på plass ei løysing for digital langtidsbevaring vil halde fram i 2020.

Prosjektfasen i arbeidet med å leggje til rette for innsyn og forskning basert på å gjere tilgjengeleg den upubliserte dokumentasjonen frå komitéarbeid og administrasjonsverksemda, blir avslutta i 2019. Arbeidet blir vidareført som ein del av det ordinære arbeidet i stortingsarkivet.

Smart representantservice

Stortingets representantar skal bli tilbydd framtidsetta og tilpassa administrative tenester og verktøy som bidrar til at dei kan konsentrere seg om det parlamentariske arbeidet. Administrasjonen yter direkte service overfor stortingsrepresentantane når det gjeld løn, godtgjersler, reiser, bustader, pensjonar, forsikringar, arbeidsforhold og velferdsordningar.

I 2019 er det gjennomført endringar i ordningane for representantane, særleg innanfor reiser. Her er det innført strengare reglar, auka dokumentasjonskrav og fleire kontrolltiltak. Pendlereglane er stramma inn. Det går føre seg eit arbeid gjennom 2019 med gjennomgang av ordninga for tilskot til stortingsgruppene.

I framtida skal servicetenestene som blir tilbydde, i endå større grad vere brukarorienterte og tilpassa dei kanalane og stadene representantane er, slik at tenestene som blir tilbydde, blir opplevde som relevante. Dette krev auka heilskapsorientering og meir samhandling i arbeidsprosessane, med sikte på å betre den samla brukaropplevinga med meir effektiv ressursbruk.

Profesjonell drift og utvikling av bygningane

Stortingets administrasjon skal forvalte, drifte og utvikle Stortingets eigedommar, slik at dei gjev trygge og gode rammer for det parlamentariske arbeidet samstundes som dei funksjonelle behova i stortingsbygningen, og annan bygningsmasse, blir godt tekne vare på. Arkitektoniske og kulturhistoriske forhold i bygningsmassen skal bli varetekne.

Eigedomsområdet har dei seinare åra vore prega av byggeprosjektet Prinsens gate 26 med post- og varemottak og tilkomstkulvert. Desse arbeida, og dei tilgrensande prosjekta med Wessels plass og tilhøyrande sikringsprosjekt, blir ferdigstilte i 2019. Stortinget vedtok våren 2019 eit nytt reglement for Stortingets byggje- og leigesaker, med utgangspunkt i instruks om handtering av byggje- og leigesaker i statleg sivil sektor. Dette blir gjort for å leggje Stortinget under dei

same krava til utgreiing og kvalitetssikring som anna statleg verksemd, og vil mellom anna innbera at Stortinget skal bruke Statsbygg som byggherre i store byggeprosjekt.

Framover vil Stortinget rette merksemda mot ytterlegare profesjonalisering, drift og utvikling av bygningsmassen. Stortingets administrasjon har utvikla ein planmetodikk for drift og vedlikehald basert på kontinuerleg vurdering av kva tilstandsgrad bygningsmassen er i. Langtidsplan for drift og vedlikehald av bygningsmassen skal etablerast i løpet av året. Nytt elektronisk verktøy for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygningsmassen bidrar til profesjonell drift og utvikling av bygningane. Arealdata gjev underlag for analyser av arealutnytting, og dette vert lagt til grunn i arbeidet med fortetting og nødvendig bygningsmessig tilrettelegging, slik at leigeforholdet i Stortingsgata 6 kan avviklast.

Stortingets administrasjon skal følgje den nye sikkerheitslova med visse tilpassingar frå 1. januar 2020, og det vil i 2020 bli jobba med vidareutvikling av tryggingarbeidet ved Stortinget. Sprinkling av stortingskvartalet blei ferdigstilt i 2019, og sikring av bygningsmassen, inklusiv brannvern, held fram i 2020.

For 2020 ber ein om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 41, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3041, post 01 *Salsinntekter*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Stortinget vedtok våren 2019 å setje ned eit utval som skal greie ut Stortingets kontrollfunksjon. Stortingets kontroll med regjeringa – den utøvande statsmakta – er ei av Stortingets viktigaste oppgåver og har sentral konstitusjonell og politisk betydning. Sett i lys av at det no snart er 20 år sidan den førre store gjennomgangen av dette, og at ulike spørsmål knytte til utøvinga av Stortingets kontrollfunksjonar jamleg blir debatterte, er det no ønskeleg med ein ny prinsipiell gjennomgang av utvalde spørsmål. Utvalet skal bestå av stortingsrepresentantar og nokre ekspertar, og skal leggje fram innstillinga si innan 31. januar 2021. Til utvalsarbeidet er det ført opp forslag om ei løyving på 3,6 millionar kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyving over posten er knytt til forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygningsmassen,

investeringar innan IKT og andre investeringar i utviklingstiltak. For 2020 er forslaget til løyving på denne posten meir tilpassa eit normalnivå, etter mange år med store investeringar spesielt knytte til byggeprosjektet Prinsens gate 26.

Wessels plass blir i 2019 tilbakeført som eit attraktivt byrom med integrert utvendig sikring av Stortinget. Sluttoppgjjer for Wessels plass kan gå inn i 2020. Tiltak for å etablere permanent i staden for mellombels utvendig sikring av Stortinget blir vidareført i 2020 og påfølgjande år på områda Eidsvolls plass, Karl Johans gate, Stortings plass og Akersgata. Sikringstiltaka blir planlagde i samarbeid med Oslo kommune og Riksantikvaren.

Prinsens gate 26 blei teken i bruk i januar 2019, og prøvedrift er utført gjennom året. Sluttoppgjjeret vil gå inn i 2020. Evaluering av prosjektet, med vekt på læringspunkt, vil bli gjennomført i 2020. Stortinget inngjekk i juni 2019 forlik i tvist med Multiconsult om leveransar i Stortingets byggeprosjekt Prinsens gate 26. Forliket gjekk ut på at Multiconsult dels betalte erstatning til Stortinget, og dels gav eit prisavslag på sitt honorar i prosjektet. Samla er beløpet på 55 millionar kroner.

I framlegg til romartalsvedtak X ber ein om samtykke til på kap. 41, post 45 *Større utstyrskjøp og vedlikehald*, å nettoføre som utgiftsreduksjonar ein del refusjonar i samband med bygge- og sikringsprosjekt.

Post 50 Sannings- og forsoningskommisjonen

Kommisjonen for å granske fornorskingspolitikk og urett overfor samar, kvener og norskfinnar (sannings- og forsoningskommisjonen) blei oppnemnd ved Stortingets vedtak 14. juni 2018. Kommisjonen skal være ferdig med sitt arbeid innan 1. september 2022, og skal overlevere rapporten sin til Stortingets presidentskap.

Kommisjonen er sett saman av 12 medlemmer. Det er etablert eit fagleg kompetent sekretariat for kommisjonen med 3,5 personar tilsette på heiltid. Det er ein føresetnad at kommisjonen innhentar personlege erfaringar ved å oppsøkje samiske og kvenske/norsk-finske miljø rundt om i dei distrikta det vedkjem.

Kostnadane i samband med verksemda til kommisjonen i 2020 blir berekna til 10 millionar kroner. Sekretariatet for kommisjonen er lokalisert ved UiT Norges arktiske universitet i Tromsø, og medarbeidarane er tilsett ved UiT. Midlar til drift av kommisjonen og sekretariatet vil bli tildelte UiT, med rekneskaps- og rapporteringsplikt til Stortinget.

Post 70 Tilskot til partigruppene

Posten omfattar tilskota frå Stortinget til gruppe-sekretariata i partia og uavhengige representantar. Tilskotet til kvar stortingsgruppe er avhengig av representasjonen til partiet på Stortinget.

Post 72 Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek

Posten omfattar tilskot til biblioteket ved Nobelinstituttet.

Post 73 Kontingentar, internasjonale delegasjonar

Posten omfattar kontingentane til Nordisk råd, OSSEPA og IPU.

Post 74 Reisetilskot til skular

Posten omfattar støtte til søkjarar frå skular som besøker Stortinget.

Kap. 3041 Stortinget

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Salsinntekter	10 001	9 300	6 300
03	Leigeinntekter	1 295	1 100	1 100
	Sum kap. 3041	11 296	10 400	7 400

Kap. 42 Ombodsmannsnemnda for Forsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	6 909	7 300	7 500
	Sum kap. 0042	6 909	7 300	7 500

Hovudoppgåver

Ombodsmannsnemnda skal bidra til å sikre dei allmenne menneskelege rettane for Forsvarets personell, og ved arbeidet sitt søkje å medverke til å effektivisere Forsvaret. Ombodsmannsnemnda består av sju medlemmer som blir valde av Stortinget for fire år om gangen. Leiaren av nemnda har tittelen Ombodsmannen for Forsvaret, er årslønt og leiar ombodsmannens administrasjon. Ombodsmannens kontor består av 3,8 årsverk som er fordelte på fire personar. Ombodsmannsordninga blei vedteken av Stortinget i 1952 og var den første ombodsordninga for militært personell i verda.

I 2018 blei det føreslått at ombodsmannsordninga også skulle vere ei ordning for Forsvarets veteranar. Dette er det gjeve tilslutning til, og endring av instruks og lovgjeving er sett i prosess. I

praksis fungerer nemnda allereie som ombodsordning for veteranar.

Vernepliktige, befal, sivilt tilsette i forsvarssektoren og Forsvarets veteranar kan klage til Ombodsmannen dersom dei meiner seg urett, urettferdig eller urimeleg behandla. Ombodsmannen behandlar kring 100 klagar kvart år. I tillegg blir det behandla ei betydeleg mengd førespurnader som blir løyste på ein enklare måte.

Ombodsmannsnemnda gjennomfører årleg ei rekkje synfaringar til militære avdelingar og tenebestader. Nemnda fokuserer særskilt på dei vernepliktige generelt, og spesielt på eigedom, bygg og anlegg (EBA) og personleg kledning og utrusting (PBU). Nemnda fokuserer òg på ulike forhold for dei tilsette i Forsvaret, under dette HMS-forhold og varetaking ved omorganisering og endringar. Etter kvar synfaring blir det skrive synfaringsrapport.

Ombodsmannen samarbeider nært med TVO-ordninga i Forsvaret og med organisasjonane til dei tilsette. På same vis har nemnda eit aukande samarbeid med dei ulike veteranorganisasjonane i Forsvaret.

Ombodsmannen deltek òg i internasjonalt arbeid i regi av DCAF (Democratic Control of Armed Forces), ICOAF (International Conference Ombudsman for Armed Forces) og OSCE (Organization for Security and Co-operation in Europe). Vidare blir ombodsmannen stadig invitert til deltaking for å orientere og presentere den norske modellen i ei rekkje land som ønskjer å innføre demokratiske institusjonar til kontroll av væpna styrkar. Dette arbeidet er stadig aukande.

Melding til Stortinget

Ombodsmannsnemnda sender årleg melding om verksemda si til Stortinget – Dokument 5. Gjen-

part av meldinga blir send Forsvarsdepartementet og Forsvarets organ og avdelingar. Nemnda kan òg, når ho finn det ønskeleg, sende rapport til Stortinget om enkeltsaker gjennom året.

Av Dokument 5 for 2018–2019 går det fram at det samla talet på klagar held seg relativt stabilt. Klagar frå vernepliktige handlar mellom anna om innkalling til HV-øvingar, bytte av tenestestad, arbeidstid og økonomiske forhold. Klagane frå befal gjeld ofte relegering, forbigåing ved tilsetjing, husleige og diverse tillegg.

Meldinga til Stortinget inneheld i tillegg fleire faste innspel frå einingar i Forsvaret som alle har eit betydeleg arbeid med og for personellet, slik som Tillitsvaldordninga (TVO), Forsvarsstabens HR-avdeling (FST/HR), Forsvarets sentrale Hovudverneombod, Feltprestkorpsset og Generaladvokaten.

Kap. 43 Stortingets ombodsmann for forvaltninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	87 881	88 900	91 100
	Sum kap. 0043	87 881	88 900	91 100

Hovudoppgåver og organisering

Føremålet og oppgåvene til Sivilombodsmannen følgjer av lov om Stortingets ombudsmann for forvaltninga av 22. juni 1962, og av Stortingets instruks for Sivilombudsmannen av 19. februar 1980. Sivilombodsmannen blir vald av Stortinget for ein periode på fire år.

Som Stortingets tillitsmann skal Sivilombodsmannen føre kontroll med at det i den offentlege forvaltninga ikkje blir gjort urett eller feil mot den enkelte borgaren. Ombodsmannen skal òg bidra til at forvaltninga respekterer og sikrar menneskerettane. Desse oppgåvene blir først og fremst varetekne gjennom undersøkingar og behandling av klagar frå enkeltpersonar, organisasjonar og selskap. Ombodsmannen står fritt til å ta opp dei spørsmåla han meiner er av interesse, og kan setje i verk saker av eige tiltak. Slike undersøkingar er hovudsakeleg baserte på kjennskap til forhold i forvaltninga det kan vere grunn til å ta opp særskilt. Ombodsmannen er òg nasjonal førebyggjande mekanisme for førebygging av tortur

og anna grufull, umenneskeleg eller nedverdigande behandling eller straff. Vidare søker ombodsmannen å hindre urett gjennom ulike kommunikasjonsiltak, slik som føredragsverksemd. Gjennom meldingane sine til Stortinget gjev Sivilombodsmannen informasjon om korleis Grunnlova, lover og Stortingets vedtak i praksis blir brukte i forvaltninga, og om verksemda som følgjer av førebyggingsmandatet.

Ombodsmannens kontor er organisert i tre avdelingar som behandlar klagesaker innanfor ulike rettsområde, ei allmenn avdeling, ei eining for førebygging av tortur og ei administrasjonsavdeling.

Rapport for 2018

Årsmeldingane for 2018 frå ombodsmannen blei overleverte til Stortinget i mars 2019. Årsmeldinga for Sivilombodsmannen i Dokument 4 (2018–2019) gjer greie for hovudintrykk frå klagesaksbehandlinga i 2018, og omtalar òg enkelte utviklingstrekk i forvaltninga, baserte på

dei meir generelle erfaringane til ombodsmannen. Årsmeldinga for førebyggingseininga, Dokument 4:1 (2018–2019), gjev ei nærare omtale av førebyggingsarbeidet i 2018.

Klagesaksbehandling

Det kom inn 3 904 saker til ombodsmannens kontor i 2018. Dette er 300 fleire saker enn det føregåande året og det høgste talet nokosinne. 13 saker er i tillegg tekne opp på eige initiativ. Desse sakene er ressurskrevjande, men viktige. Den auka saksmengda fører til aukande saksavvikling, både for realitetsbehandla og avviste saker. Ombodsmannen jobbar målbevisst med å auke talet på rettkomne klagar.

Saksbehandlingstida hos Sivilombodsmannen gjekk i 2018 betydeleg opp. Denne auken kom hovudsakeleg av ein kraftig vekst i talet på klagar i 2017 og 2018. Det er eit mål å bruke så kort tid som mogleg på saker som må avvistast. For desse sakene har det i 2018 vore ein nedgang i saksbehandlingstida. Slik kan tida bli utnytta betre på saker som krev undersøkingar i forvaltninga. Saksbehandlingstida må sest i samheng med saksinngangen.

Meir enn halvparten av sakene som var komne inn, blei avviste. For mange av sakene blir utfallet likevel positivt for klagaren, ved at ei sak løyser seg medan ho er til behandling hos Sivilombodsmannen. Dette skjer ofte etter ein telefon eller eit brev til det aktuelle forvaltningsorganet.

Sivilombodsmannens førebyggingsarbeid

Førebyggingseininga mot tortur og umenneskeleg behandling ved fridomstap blei oppretta ved Sivilombodsmannens kontor i 2014, i tråd med tilleggsprotokollen til FN's torturkonvensjon (OPCAT). Førebyggingseininga har tilgjenge til å besøkje alle stader kor personar har fått fridomen sin teke frå seg, for å førebyggje tortur og annan grufull, umenneskeleg eller nedverdige behandling eller straff. Det blei gjennomført totalt elleve besøk til stader for fridomstap i 2018, samstundes som tidlegare gjennomførte besøk blei følgde opp. Sektorar som blei besøkte, omfatta fengsel med høgt sikkerheitsnivå, stader innan tvunge psykisk helsevern og barnevernsinstitusjonar. Det blei publisert ein temarapport om bruk av skjerming i tvunge psykisk helsevern som mellom anna samanfatta funn frå besøk til tolv sjukehus i perioden 2015–2018. Det blei òg gjeve ei rekkje presentasjonar av funn og utfordringar som førebyggingsarbeidet har avdekt, på

fagkonferansar, i etatane, i offentlege debattar og til sivilt samfunn.

Menneskerettsarbeid

Sivilombodsmannens generelle arbeid på menneskerettsfeltet omfatta i 2018 mellom anna internasjonalt samarbeid, mottakingar av delegasjonsbesøk og bidrag i form av føredrag og deltaking i debatt i ulike samanhengar. Sentralt for arbeidet med menneskerettar i 2018 var høyringa av Noreg i FN's torturkomité i Genève, der Sivilombodsmannen ved førebyggingseininga var til stades. Sivilombodsmannen gav i forkant av høyringa innspel om bekymring for bruken av isolasjon i norske fengsel, bruken av skjerming i psykisk helsevern og rutinemessig bruk av tvang ved barnevernsinstitusjonar.

Ombodsmannen behandlar jamleg klagesaker som vedkjem Noregs menneskerettslege forpliktingar. Ei omtale av fråsegner i 2018 der det er vist til ei menneskerettsleg forplikting, finst i artikkelen «Arbeidet med menneskerettigheter» i årsmeldinga for ombodsmannen for 2018, Dokument 4 (2018–2019).

Mål og budsjett for 2020

Ettersom dei to mandata til ombodsmannen er fastsette i lov, har verksemnda stabile føringar for kva hovudmål som skal nåast kvart år. Ein stor del av verksemnda til ombodsmannen går årleg ut på å gjennomføre undersøkingar og gjere rettslege vurderingar av utvalde spørsmål. I fleire år har det vore eit mål at ombodsmannen skal prioritere arbeidsinnsatsen der han får størst betyding. Dette vil òg vere av vesentleg betyding framover, og det er reflektert i ny strategiplan for perioden 2019–2022.

Auken i talet på klagar frå 2017 er venta å vare ved. Det blir viktig men krevjande å kunne handtere denne veksten òg i 2020. Kapasitet og ressursar har innverknad for om førespurnader må kunne svarast på ein slik måte at det støttar opp under rolla til ombodsmannen. Ombodsmannen vil innanfor eksisterande ressursnivå forsøkje å ta opp tilstrekkeleg mange saker, samstundes som kvaliteten på dei svara ombodsmannen gjev, skal vere god og saksbehandlingstida så kort som mogleg.

Målet om å bli betre kjent har vore følgt opp gjennom fleire år. Det blir teke sikte på at dette er eit mål òg for 2020, gjeve moglegheitene til å kunne følgje opp den auka sakstilgangen som følgjer av å bli betre kjent.

Funksjonen som nasjonal førebyggande mekanisme blir vidareutvikla i 2020. Besøk til stader der menneske har lidd fridomstap, vil bli vidareført. Ei avgjerd om kor mange og kva stader som skal besøkjast, vil måtte bli basert på ei risikovurdering av aktuelle sektorar og stader, i lys av kapasitet og ressursar. Det vil òg kunne vere aktuelt hovudsakeleg å fokusere på eit nærare bestemt tema som er spesielt aktuelt for mandatet. Det vil framleis bli lagt stor vekt på vidareutvikling av

metodikk og kunnskapsgrunnlag. Som ledd i ei tett oppfølging vil det òg bli lagt vekt på oppfølging av stadene og sektorane som blir besøkte.

Internt vil det framleis bli arbeidd med utvikling av nye og betra teknologiske løysingar i 2020.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til Sivilombodsmannens kjøp av varer og tenester.

Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	18 952	22 200	26 000
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		29 000	
	Sum kap. 0044	18 952	51 200	26 000

Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste (EOS-utvalet) er eit permanent utval, oppretta i 1996. Utvalet har sju medlemmer. Medlemene blir valde for eit tidsrom på inntil fem år av Stortinget i plenum. Medlemene kan nemnast opp på nytt éin gong etter innstilling frå Stortingets presidentskap.

Hovudoppgåver

EOS-utvalet skal føre regelmessig tilsyn med etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste (EOS-teneste) som blir utført i den sivile og militære forvaltninga. Oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre inspeksjonar, undersøkje klagar og av eige tiltak ta opp saker som utvalet ut frå føremålet finn det rett å behandle. Hovudføremålet er å vareta rettstryggleiken til den enkelte og sjå til at tenestene respekterer menneskerettane.

Det blir årlig gjeve melding til Stortinget om verksemda til utvalet, og særskilte meldingar blir gjevne ved behov.

Rapport 2018

Utvalet har i 2018 gjennomført 20 inspeksjonar. PST er inspisert sju gonger, E-tenesta fire gonger, NSM to gonger og FSA to gonger. Etterretningsbataljonen, Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, Forsvarets spesialkommando, Telia

Norge AS og Felles cyberkoordineringssenter er inspisert ein gong kvar.

I 2018 undersøkte utvalet 22 saker av eige tiltak, mot 31 saker i 2017.

Utvalet undersøker klagar frå enkeltpersonar og organisasjonar. Det kom inn 19 klagar til utvalet i 2018, mot 26 klagar i 2017. Utvalet har på formelt grunnlag avvist nokre klagesaker, mellom anna med heimel i at forholdet fell utanfor kontrollområdet til utvalet.

Utvalet meiner at ressursbruken har vore effektiv i 2018, både med tanke på kva det er brukt ressursar på, og korleis desse er blitt nytta.

Samla sett er utvalet fornøgd med resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2018.

Nærare opplysningar om verksemda er gjevne i årsmeldinga frå utvalet for 2018 (Dokument 7:2 (2018–2019)).

Mål for 2020

Hovudoppgåva til utvalet er å føre samanhengande kontroll med EOS-tenestene. Kontrollen blir utøvd i form av inspeksjonar, behandling av klagesaker og behandling av saker som blir tekne opp av eige tiltak. Den faglege verksemda til utvalet blir hovudsakeleg styrt av kva som kjem fram gjennom inspeksjonsverksemda og klagesaker, og av dei signala Stortinget gjev ved behandlinga av årsmeldinga frå utvalet. I tillegg tek utvalet opp

saker på bakgrunn av opplysningar som kjem fram i offentlegheita.

Rammene for verksemda til utvalet er fastsette i lov om kontroll med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste (EOS-kontrollova). I samsvare med EOS-kontrollova § 7 andre ledd skal den årlege tilsynsverksemda til utvalet bli gjennomført ut frå behov og minst omfatte fleire inspeksjonar årleg av E-tenesta sentralt, NSM, PST sentralt og av Forsvarets tryggingssavdeling. I tillegg skal utvalet gjennomføre ein årleg inspeksjon av PST-einingar i minst to politidistrikt, og av minst ein av E-tenestas stasjonar eller etterretnings-/sikkerheitsteneste ved militære stabar og avdelingar. Dessutan er utvalet pålagt å ha minst éin årleg inspeksjon hos høvesvis Etterretningsbataljonen

og Forsvarets spesialstyrker. Utvalet kan òg undersøkje bistanden politiet gjev PST, eller andre delar av forvaltninga om det er nødvendig ut frå kontrolloppgåva. Overordna påtalemakt, det vil seie statsadvokatane og Riksadvokaten, er unna-teke frå kontrollområdet. Utvalet vil òg i 2020 gjennomføre inspeksjonar i tråd med krava, i tillegg til å behandle innkomne klagesaker og undersøkje saker i EOS-tenestene.

Utvalet flytta i 2019 inn i nytt lokale på Bryn i Oslo, der det vil få gode vilkår til å drive verksemda i 2020 og i åra som kjem. I budsjettforslaget frå utvalet for 2020 har utvalet angjeve behovet for å utvide sekretariatet med to teknologar til teknisk eining.

Kap. 45 Noregs institusjon for menneskerettar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	22 951	25 000	25 700
	Sum kap. 0045	22 951	25 000	25 700

Hovudoppgåver og organisering

Noregs institusjon for menneskerettar (NIM) blei oppretta 1. juli 2015 som eit organ organisatorisk lagt under Stortinget. Føremålet og oppgåvene til institusjonen følger av lov om Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter av 22. mai 2015 nr. 33 (NIM-lova), og instruks om Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter, som blei vedteken av Stortinget 30. april 2016.

NIM blir leia av eit styre og ein direktør. Styret har det overordna ansvaret for den faglege verksemda, økonomien og drifta til den nasjonale institusjonen. Stortinget vel både styre og direktør. Styret er vald for ein periode på fire år, mens direktøren er vald for ein periode på seks år. Stortinget utnemnde den tidlegare assisterande direktøren, Adele Matheson Mestad, som ny direktør for perioden 2019–2025 den 26. mars 2019.

NIM skal bidra til å styrkje gjennomføringa av menneskerettane, særleg ved å overvake og rapportere om menneskerettane si stilling i Noreg, medrekna å leggje fram tilrådingar for å sikre at Noreg oppfyller dei menneskerettslege forpliktingane sine, gi råd til Stortinget, regjeringa, Sametinget og andre offentlege organ og private aktørar om gjennomføringa av menneskerettane,

informere om menneskerettane, medrekna å rettleie enkeltpersonar om nasjonale og internasjonale klageordningar, fremje opplæring, utdanning og forskning på menneskerettane, leggje til rette for samarbeid med relevante offentlege organ og andre aktørar som arbeider med menneskerettane, og delta i internasjonalt samarbeid for å fremje og beskytte menneskerettane. NIM skal ikkje prøve enkeltsaker om krenking av menneskerettar. Stortinget har føresett at institusjonen skal vere samlokalisert med, og administrativt knytt til, Sivilombodsmannen.

Rapport for 2018

Det følgjer av § 11 i NIM-lova at NIM årleg skal gje ei årsmelding til Stortinget om institusjonen si verksemd og utviklinga av menneskerettssituasjonen i Noreg. Årsmeldinga, Dokument 6 (2018–2019), blei levert Stortinget 26. mars 2019. Årsmeldinga dekkjer eit breitt spekter av område, men er på ingen måte uttømmende. I meldinga gjev NIM tilrådingar på nokre område der dei meiner norsk lovgjeving eller praksis anten bryt med menneskerettane, det er rom for forbetring eller det er særlege utfordringar som myndighetene bør vere merksame på.

Mål og budsjett for 2020

NIM har eit særst breitt mandat, då menneskerettane har betydning for nær sagt alle rettsområde. Institusjonen byggjer arbeidet sitt på 27 ulike område av rettar. Desse områda danner grunnlag både for den systematiske overvakinga institusjonen gjer av menneskerettssituasjonen og for den interne arbeidsdelinga innanfor den juridiske analyseavdelinga. Det breie mandatet gjev NIM eit unikt høve til å følgje det store biletet og skape dialog med dei ulike menneskerettsaktørane.

NIMs visjon er eit sterkt og heilskapleg menneskerettsvern for alle. Det betyr at NIM må jobbe breitt innanfor ei heil rekkje felt og ha tilsvarende brei kunnskap i organisasjonen. I NIMs strategi for 2018–2020 er det sett overordna mål om å vere ein sterk fagleg rådgjevar, brubyggjar, vaktbikkje og formidlar. Ut frå breidda i NIMs mandat krev dette ei tydeleg prioritering av arbeidsinnsatsen. Denne prioriteringa byggjer på vurderingar som er baserte på den systematiske overvåkingsverksemda og tek utgangspunkt i kriterium vedtekne av styret for seleksjon av saker i 2016.

Adekvat bemanning med tung fagleg kompetanse og tilstrekkeleg administrativ støtte er avgjerande for kva moglegheit NIM har til å oppfylle oppdraget sitt og bli ein synleg og effektiv institusjon med legitimitet og gjennomslagskraft. Institusjonen vil framleis arbeide internt for å ha ei tydeleg leiing og sikre at arbeidsprosessane er effektive og gode. Måla som blir følgde opp i 2020, er å:

- bidra til at staten gjer best mogleg menneskerettslege vurderingar
- førebyggje og hindre menneskerettsbrot
- bidra til informasjonsflyt og samarbeid på menneskerettsfeltet, både i sivilsamfunnet og mellom sivilsamfunnet og myndigheitene
- bidra til styrkt bevisstheit kring menneskerettslege spørsmål i Noreg
- vere ei føretrekt kjelde for media i saker om menneskerettar

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester.

Kap. 51 Riksrevisjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	515 782	537 700	550 100
75	Internasjonale organisasjonar og nettverk	25 800	26 200	27 000
	Sum kap. 0051	541 582	563 900	577 100

Hovudoppgåver og organisering

Riksrevisjonen blir leia av eit kollegium som består av fem riksrevisorar som er valde av Stortinget for ein periode på fire år. Riksrevisjonens føremål, oppgåver og rammevilkår følgjer av lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 nr. 21 og instruks om Riksrevisjonens verksemd av 11. mars 2004. Riksrevisjonen skal gjennom revisjon, kontroll og rettleiing bidra til at inntektene til staten blir betalte inn som føreset, og at midlane og verdiane til staten blir brukte og forvalta på ein økonomisk forsvarleg måte, og i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader, jf. riksrevisjonslova § 1.

Riksrevisjonen kan òg etter avtale ta på seg revisjons-, kontroll- eller bistandsoppdrag interna-

sjonalt. Stortinget kan påleggje Riksrevisjonen å setje i gang særlege undersøkingar. Oppgåvene er nærare utdjupa i instruksjonen om Riksrevisjonens verksemd.

Riksrevisjonen er organisert i sju avdelingar, av dei tre rekneskapsrevisjonsavdelingar, to forvaltningsrevisjonsavdelingar, ei avdeling for metodestøtte og utvikling, ei administrasjonsavdeling og i tillegg ein stabssesksjon og ein internasjonal seksjon som er knytt til revisjonsråden.

Rapport 2018

Riksrevisjonens visjon for planperioden 2018–2024 er *Revisjon til nytte for morgendagens samfunn*. Det er definert tre hovudmål:

- Riksrevisjonen skal vere den fremste leverandøren i samfunnet av aktuell og relevant offentlig revisjon.
- Riksrevisjonen skal gjennomføre revisjon og kontroll av høg kvalitet.
- Riksrevisjonen skal vere ein effektiv organisasjon.

Rapporteringa for 2018 viser at måloppnåinga er tilfredsstillande, og at revisjonen i hovudsak er gjennomført i tråd med planen. Forhold som ikkje er føresette, fører likevel alltid til eit behov for enkelte omprioriteringar av ressursane. Omprioriteringar er baserte på ei vurdering av vesentlegheit og risiko for feil og manglar.

I 2018 blei 66 prosent av personalressursane brukte på revisjonsfaglege aktivitetar, 3 prosent på internasjonale aktivitetar, 6 prosent på utviklingsoppgåver, 5 prosent på kompetanseutvikling av tilsette og 20 prosent på administrasjon og andre støttefunksjonar, som IKT, informasjon og kommunikasjon, juridiske tenester, økonomi, HR, arkiv og bibliotek, reinhald, resepsjon og sentralbord. Dette er i hovudsak i samsvar med den planlagde ressursbruken og speglar dei omfattande utviklingsambisjonane som er forankra i den strategiske planen.

Riksrevisjonen har i samband med bistand til institusjonsutvikling av andre riksrevisjonar innrapportert 11,8 millionar kroner som bistandsmidlar (DAC-midlar) til OECD via Norad i 2018. I 2016 var dette talet 10,1 millionar kroner.

Ei detaljert orientering om verksemda i 2018 blei lagd fram for Stortinget i Dokument 2 (2018–2019).

Mål og budsjett for 2020

Riksrevisjonen utfører arbeidet sitt i tråd med Riksrevisjonens overordna visjon og overordna målsetjingar i den gjeldande strategiplanen.

Samfunnet og statsforvaltninga står overfor til dels store endringar i åra som kjem, noko som inneber at òg Riksrevisjonen må omstille seg. Evne til omstilling og digitalisering er avgjerande for at Riksrevisjonen òg i framtida skal vere i stand til å løyse samfunnsoppgåvet. Som følgje av EUs personvernordning (GDPR) og truslar knytte

til informasjonstryggleik må Riksrevisjonen utvikle nye IKT-løysingar for mottak, lagring og gjennomarbeiding av data. Det må òg utviklast IKT-system og etablerast sikre soner i bygget for å behandle gradert informasjon i tråd med føresegnene i sikkerheitslova. Nye teknologiske løysingar hos Direktoratet for økonomiforvaltning (DFØ) vil etter kvart bidra til at Riksrevisjonens finansielle revisjon kan utførast meir effektivt og med høgare kvalitet.

Dette vil medføre behov for å utvikle nye arbeidsprosessar og tilføre ny kompetanse i organisasjonen. Riksrevisjonens rapportering må leggjast om til brukarvenlege digitale format for å gjere revisjonsrapportane lettare tilgjengelege. Digitale rapportar gjev moglegheit for mellom anna å bruke grafikk, kart og bilete på nye måtar.

Utviklingssamarbeidet med riksrevisjonane i andre land vil bli vidareført i 2020, og Riksrevisjonen vil framleis samarbeide tett med IDI (INTOSAI Development Initiative).

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester.

Post 75 Internasjonale organisasjonar og nettverk

Budsjettposten gjeld drifta av INTOSAI Development Initiative (IDI). Eit mål med IDIs arbeid er å styrkje offentlig revisjon i utviklingsland og gjennom dette bidra til godt styresett, utvikling og kamp mot fattigdom. IDI er organisert som ei stifting med eit styre og eit sekretariat. Styret i stiftinga blir leia av Riksrevisoren.

Finansiering av IDIs utviklingsprogram blir motteke frå fleire gjevarar, under dette Det internasjonale fondet for landbruksutvikling, Canada, Estland, Finland, INTOSAI, Irland, Sveits, Sverige, USA, Ungarn, Austerrike og riksrevisjonane i Kuwait og Saudi-Arabia. Fleire riksrevisjonar gjev òg støtte til IDIs arbeid i form av ressursar og tenester.

Tilskotet frå Riksrevisjonen finansierer drifta for IDIs sekretariat i tråd med intensjonen i Innst. S. nr. 8 (1998–1999).

Kap. 3051 Riksrevisjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Refusjon innland	1 948	2 000	2 000
02	Refusjon utland	850	300	300
	Sum kap. 3051	2 798	2 300	2 300

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programkategori 23.10 Finansadministrasjon

Utgifter under programkategori 23.10, fordelt på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1600	Finansdepartementet	455 836	494 400	499 300	1,0
1602	Finanstilsynet	385 929	415 400	444 000	6,9
1605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	525 223	523 400	630 300	20,4
1608	Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring	20 321			
Sum kategori 23.10		1 387 309	1 433 200	1 573 600	9,8

Kap. 1600 Finansdepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	376 096	390 800	401 600
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	67 440	90 900	84 600
70	Forskning på og allmennopplysning om finansmarknaden	12 300	12 700	13 100
Sum kap. 1600		455 836	494 400	499 300

Hovudoppgåver

Arbeidsoppgåvene til Finansdepartementet kan delast inn i fem hovudområde:

1. Samordning av den økonomiske politikken, som omfattar
 - overvaking og analyse av den økonomiske utviklinga
 - finanspolitikk
 - pengepolitikk
 - inntekts- og fordelingspolitikk
 - strukturpolitikk, mellom anna verkemåten til arbeidsmarknaden og produktmarknadene

- samordning av regjeringa sitt arbeid med berekraftig utvikling
 - internasjonalt økonomisk samarbeid
 - offisiell statistikk, irekna overordna styring av Statistisk sentralbyrå
2. Arbeidet med formues- og gjeldsforvaltning, som omfattar
 - investeringsstrategien til Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg, irekna rammeverk for ansvarleg forvaltning
 - oppfølging av forvaltninga av rammeverket for Statens pensjonsfond
 - statleg gjeldsforvaltning

3. Arbeidet med statsbudsjettet, som omfattar
 - avgjersler om utgifter og inntekter på statsbudsjettet under dei einskilde fagdepartementa
 - tiltak som legg til rette for effektivitet og god offentleg ressursbruk
 - utgreiing av økonomiske og administrative verknader av offentlege tiltak
 - forvaltning av prosjektmodellen til staten med kvalitetssikring av større statlege investeringsprosjektforvaltning og utvikling av regelverket for økonomistyring i statsforvaltninga, tiltak for å leggje til rette for økonomistyringa i verksemdene og overordna styring av Direktoratet for økonomistyring
 - saker frå fagdepartementa med økonomiske og administrative følgjer
4. Arbeidet på skatte- og avgiftsområdet, som omfattar
 - skatte- og avgiftsframlegg som ledd i den samla finanspolitikken
 - utvikling av regelverk for skattar, avgifter og toll
 - fordelingsverknadene av skatte- og avgiftssystema og verknader på inntektene til det offentlege og ressursutnyttinga i økonomien
 - overordna styring av Skatteetaten og Toll-etaten
 - internasjonalt samarbeid på skatte-, avgifts- og tollområdet
5. Arbeidet med finansmarknadsspørsmål, som omfattar overordna styring av Finanstilsynet og utforming av regelverk for og overvaking av
 - finansinstitusjonane (bankar, andre kredittinstitusjonar, forsikringsselskap, m.m.)
 - verdipapirmarknaden og infrastrukturforetaka for verdipapirmarknaden (autoriserte marknadsplassar, verdipapirregister m.m.)
 - eigeidomsmeklarar, rekneskapsførarar og revisorar
 - struktur- og konkurransepolitikk for finansmarknaden
 - finansiell stabilitet

Rapport

Økonomisk politikk og forvaltning av statsgjelda

Arbeidet med å utforme og samordne den økonomiske politikken til regjeringa er ei av hovudoppgåvene til Finansdepartementet, jf. nasjonalbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett. Sjå nærare i Meld. St. 1 (2019–2020) *Nasjonalbudsjettet 2020* for ein nærare omtale av stoda i landets økonomi og utsiktene framover. Departementets vurdering

av korleis pengepolitikken vert utøvt går fram av den årlege finansmarknadsmeldinga.

Forvaltninga av statsgjelda har tidlegare vore omtalt i den årlege lånefullmaktsproposisjonen. Frå og med for 2016 vart omtalene flytta til statsbudsjettet og nasjonalbudsjettet. For 2020 ber Finansdepartementet om fullmakter for statleg opplåning i Prop. 1 S (2019–2020) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2020 (Gul bok)*, medan Meld. St. 1 (2019–2020) *Nasjonalbudsjettet 2020* inneheld ein generell omtale av gjeldsforvaltninga.

Frå og med 2015 har Finansdepartementet overført alle dei operative oppgåvene på statsgjeldområdet til Noregs Bank. Banken utfører oppgåvene etter eit mandat frå Finansdepartementet. Mandatet gjev banken i oppdrag å dekkje statens lånebehov slik dette er definert av departementet, samt forvalte uteståande statsgjeld.

Formuesforvaltning

Departementet rapporterte om forvaltninga av Statens pensjonsfond i 2019 i Meld. St. 20 (2018–2019) *Statens pensjonsfond 2019*.

Meldinga drøfta mellom anna fleire sider ved strategien for Statens pensjonsfond. For Statens pensjonsfond utland vart det i meldinga lagt opp til å endre rammeverk og referanseindeks for investeringar i obligasjonar og å opne for investeringar i unotert infrastruktur for fornybar energi som del av fondets miljømandat. Meldinga inneheld også analysar av resultatane i forvaltninga av SPU og Statens pensjonsfond Norge (SPN) i 2018 og ein brei omtale av arbeidet med ansvarleg forvaltning. Stortinget drøfta meldinga 12. juni 2019.

Sjå elles omtale i del I, pkt. 2.1 Statens pensjonsfond.

Ny sentralbanklov

Ny sentralbanklov vart vedteke av Stortinget i juni 2019 og vil tre i kraft 1. januar 2020. Lovvedtaket inneber at Noregs Bank framleis skal vere operativ forvaltar av Statens pensjonsfond utland, og at banken får ein ny og meir moderne styringsstruktur med ein eigen komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Tilsynsrolla for representantskapet vert vidareført som i dag. Lovvedtaket inneber også tydelege føresegner om Noregs Banks føremål og tydeleggjering av sentralbankens si uavhengighet i verkemiddelbruken. Stortingets behandling syner brei semje om sentralbanken si rolle og oppgåver og legg til rette for eit godt og stabilt rammeverk for Noregs Bank også framover.

Arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyring i staten

Finansdepartementet forvaltar ordninga med ekstern kvalitetssikring av statlege investeringsprosjekt med anslått kostnadsramme over ein fastsatt terskelverdi. Ordninga skal bidra til betre avgjerdsgrunnlag for vedtak i store investeringsprosjekt vert fatta.

Kvalitetssikringa skal utførast av særleg kvalifiserte private verksemdar som etter konkurranse har fått ein rammeavtale med Finansdepartementet. I 2018 og 2019 vart det førebudd og gjennomført anbuds konkurranse om ein ny rammeavtale. I september 2019 inngikk Finansdepartementet avtale med sju ulike føretakskonstellasjonar. Rammeavtalen gjeld i 2 år med opsjon på forlenging i 2 år.

I samband med denne rammeavtalen har Finansdepartementet samla krav som gjeld utredning, planlegging og kvalitetssikring av store investeringsprosjekt i eit eige rundskriv, R-108/19, som trådte i kraft 21. september 2019. Det er fastsett ein terskelverdi på 300 mill. kroner for digitaliseringsprosjekt og 1 mrd. kroner for prosjekt elles. Rundskrivet gjeld alle statlege investeringsprosjekt over terskelverdien, med visse unntak, mellom anna for SDØE og statlege føretak eller statleg eigde aksjeselskap som er ansvarlege for eigne investeringar. I samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet har Finansdepartementet utvikla ein rettleiar for handsaming av digitaliseringsprosjekt over terskelverdi.

Finansdepartementet har sidan 2002 finansierte eit eige tverrfagleg forskingsprogram – Concept-programmet, som skal utvikle ny kunnskap om tilrettelegging, kvalitetssikring og styring av store statlege investeringsprosjekt. Målet er å sikre gode konseptval, ressursutnytting og effekt av investeringane. Programmet skal vektleggje tidlegfasen i prosjekta, frå den fyrste ideen oppstår til endeleg finansiering av gjennomføringa er vedteken. Programmet er organisatorisk forankra ved NTNU, og tilhøvet mellom institusjonen og Finansdepartementet er formalisert i ein samarbeidsavtale.

Etter kvart som tidlegare kvalitetssikra prosjekt vert fullførte, samlar Concept røysledata som kan samanliknast på tvers av prosjekt og sektorar for å gje kunnskap og råd til dei som skal ta avgjerder og stå for kvalitetssikring av statens investeringsprosjekt. Concept-programmet har utvikla evalueringsformatet og prøvd det ut slik at ein kan evaluere verknadene etter kvart som prosjekta vert ferdigstilte og har vore i drift

ei stund. I 2018 vart det levert 2 evalueringar av ferdigstilte prosjekt. Ved inngangen til 2019 er 23 av dei prosjekta som er komne så langt, evaluerte. Programmet driv i tillegg metodeutvikling, følgjeforskning og undervisning av studentar. Forskingsresultata og publikasjonane til Concept-programmet er fritt tilgjengelege frå nettsidene til programmet.

Finansdepartementet har sidan 2016 gjort djupare analyse av utvalde område for effektivisering og betre målretting av ressursbruken over statsbudsjettet (områdegjennomgangar). Målet med arbeidet er å identifisere og leggje til rette for budsjettinnsparingar, moglegheit for betre måloppnåing med uendra ressursbruk eller å finne nye måtar å løyse oppgåver på som kan gi redusert kostnadsvekst på sikt. I 2019 er det mellom anna gjort slike analysar av byggje- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor, og det er sett i gang ein omfangsrik analyse av næringsretta verkemiddel.

Skatte- og avgiftsområdet

Lovfesta regel om omgåing i skatteretten

I april 2019 la Finansdepartementet fram ein proposisjon om lovfesta regel om omgåing i skatteretten, jf. Prop. 98 L (2018–2019) *Endringer i skatteloven og merverdiavgiftsloven (lovfesting av en generell omgåelsesregel)*. Etter framlegget skal innhaldet i den lovfesta regelen langt på veg svare til innhaldet i gjeldande ulovfesta rett, men med nokre endringar. Den lovfesta regelen skal etter framlegget tre i kraft straks, med verknad frå 1. januar 2020.

Kjeldeskatte på renter og royalty

I Prop. 1 S (2018–2019) varsla regjeringa at ein tok sikte på å sende ut eit høyringsnotat om kjeldeskatte på renter og royalty i 2018 og fremje eit lovforslag i 2019. Arbeidet med høyringsnotatet har teke lengre tid enn venta. Finansdepartementet tek sikte på å sende ut eit høyringsnotat i 2019 og å fremje eit lovforslag i 2020. Sjå omtale nedanfor og i Prop. 1 LS (2019–2020).

Multilateral avtale for endringar i skatteavtalar

I november 2018 fremja Finansdepartementet ein proposisjon om samtykkje til å setje i kraft ein multilateral avtale for å gjennomføre endringar i skatteavtalar (Prop. 15 S (2018–2019)). Den multilaterale avtalen (forkorta MLI – *multilateral instrument*) inneheld føresegnar som har til føre-

mål å hindre utholing av skattegrunnlaget og flytting av overskot. MLI vert nytta til å gjennomføre tiltak som vart tilrådde i OECD/G20 sitt BEPS-prosjektet (Base Erosion and Profit Shifting Project).

Stortinget gav sitt samtykkje i februar 2019, og avtalen vart ratifisert i statsråd i mars 2019. Ratifikasjonsdokumenta vart deponert 17. juli 2019 og avtalen vil tre i kraft for Noreg 1. november 2019. MLI vil få verknad for skatteavtalar som er dekte av avtalen etter kvart som avtalelanda ratifiserer MLI.

Kraftskatteutval

Regjeringa har oppnemnt eit utval som skal gjere ei heilskapleg vurdering av skattlegginga av kraftverk. Hovudoppgåva er å vurdere om dagens skattlegging av vasskraft hindrar at samfunnsøkonomisk lønsame tiltak i vasskraftsektoren vert gjennomførte. Utvalet leverte si innstilling 30. september 2019.

Havbruksskatteutval

Regjeringa har oppnemnt eit utval som skal vurdere skattlegginga av havbruk. Utvalet skal vurdere korleis skattesystemet for havbruk bør vere slik at fellesskapet kan få ein del av grunnrenta. Samstundes bør skattesystemet vere slik at føretaka har insentiv til å gjennomføre lønsame investeringar. Utvalet skal levere si innstilling innan 1. november 2019.

Verdsetjing av fritidseiendom

Til 2010-budsjettet vart det utvikla eit forenkla takseringssystem for bustader i formuesskatten. Dette omfatta ikkje fritidseiendom. I samband med behandlinga av Meld. St. 4 (2015–2016) *Bedre skatt – En skattereform for omstilling og vekst*, fatta Stortinget 31. mai 2016 vedtak 738 nr. 15 som del av forliket om skattereform:

«Regjeringen bes gjennomgå og forbedre systemet for verddivurdering av fritidseiendom.»

I 2018 gjennomførte departementet ein anbuds-konkurransesystem om konseptval for nytt verdsetjingssystem. Basert på det valde konseptet er det i 2019 gjennomført ein anbuds-konkurransesystem om utviklinga av nytt verdsetjingssystem. Det er lagt opp til at systemet skal utviklast i samarbeid mellom Statistisk sentralbyrå og ein ekstern leverandør.

Gjennomgang av tollova

Finansdepartementet sende 6. mai 2019 på høyring forslag til ny lov om inn- og utførsel av varer og ny lov om tollavgift. Departementet gjer framlegg om at reglane om vareførsel over grensa og reglane om toll vert tekne inn i to nye lover. Dei to lovene skal kome i staden for tollova av 2007. Det overordna målet for lovarbeidet har vore å få eit oppdatert lovverk som passer betre til Tolletatens oppgåver, både ved å synleggjere etatens oppgåver etter eige regelverk og å klargjere og forankre i lov at etaten også gjer oppgåver for andre myndigheiter på vareførselsområdet. I tillegg har det vore eit ynskje å klargjere oppgåvefordelinga mellom Tolletaten og Skatteetaten, særleg når det gjeld ansvar for regelverk om fritak som gjeld både for tollavgift, meirverdiavgift og særavgift. Forslag om forvaltningsreglar for tollavgift følgjer same mønster som skatteforvaltningsloven, som gjeld for skatte- og avgiftskrav. Departementet har òg vurdert behovet for materielle endringar i deler av regelverket, fyrst og fremst kontroll- og sanksjonsreglane. Høyringsfristen var 30. august 2019. Departementet vurderer no uttalane frå høyringsinstansane og arbeider vidare med framlegg til nye lover.

NOU 2019: 15 Skatterådgiveres opplysningsplikt og taushetsplikt

Som ei oppfølging av Skattemeldinga (Meld. St. 4 (2015–2016) *Bedre skatt – En skattereform for omstilling og vekst*) og skatteforliket i Stortinget (Innst. 273 S (2015–2016)), utnemnde regjeringa i juni 2017 eit utval med mandat å greie ut om opplysningsplikta og teieplikta til skatterådgjevarar. Utvalet la fram sin rapport 1. juli 2019. I rapporten foreslår utvalet mellom anna at det vert innført opplysningsplikt for skatterådgjevarar etter modell frå EUs direktiv DAC 6. Finansdepartementet sende rapporten på høyring i august 2019.

Berekraftige bilavgifter

I Granavolden-plattformen vart det varsla at regjeringa vil «byrje arbeidet med eit bilavgiftssystem som er berekraftig etter 2025.» Finansdepartementet har invitert bransjeorganisasjonar, interesseorganisasjonar og andre interessentar til å kome med innspel til kva prinsipp som bør leggjast til grunn for eit framtidig, berekraftig bilavgiftssystem og kva prinsipp som bør leggjast til grunn for overgangen frå dagens bilavgiftssystem til eit framtidig, berekraftig bilavgiftssystem. Departementet

har motteke ei rekkje innspel som vil verte vurderte i det vidare arbeidet med bilavgiftssystemet.

Utval om særavgift på sjokolade- og sukkervarer og alkoholfrie drikkevarer

I november 2018 sette regjeringa ned eit utval som skulle vurdere om avgiftene bør utformast slik at dei i større grad tek omsyn til helse- og ernæringsmessige føremål. Innstillinga til utvalet vart lagt fram 9. april 2019, sjå NOU 2019: 8 *Særavgiftene på sjokolade- og sukkervarer og alkoholfrie drikkevarer*. Innstillinga frå utvalet har vore på høyring. Finansdepartementet har motteke over 40 høyringssvar. Saka er omtalt i Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020*.

NOU 2019: 11 Enklere merverdiavgift med én sats

Finansdepartementet oppnemnte 18. januar 2019 eit utval som skulle vurdere ei enklare meirverdiavgift med færre satsar. Utgreiinga er ei oppfølging av punktet i Granavolden-plattformen om å «gjennomgå og forenkle merverdiavgiftssystemet med mål om å redusere antall satsar.» Rapporten vart levert til Finansdepartementet 15. mai 2019 og rapporten vart så sendt på høyring med frist 29. august 2019. Høyringssinnspela vil verte vurderte i det vidare arbeidet med å forenkle satsstrukturen i meirverdiavgiftssystemet. Saka er omtalt i Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020*.

Finansmarknadsområdet

Regelverksarbeidet på finansmarknadsområdet har i stortingsesjonen 2018–2019 resultert i desse lovendringane og lovframlegga:

Stortinget vedtok 9. april 2019, etter framlegg i Prop. 40 L (2018–2019), *Lov om endringer i innskuddspensjonsloven mv. (egen pensjonskonto)*.

Stortinget vedtok 17. juni 2019, etter framlegg i Prop. 96 LS (2018–2019), *Endringer i verdipapirhandelloven mv. (prospekt, markedsmissbruk, tilsyn og sanksjoner)*.

Stortinget vedtok 5. mars 2019, etter framlegg i Prop. 7 L (2018–2019), *Lov om verdipapirsentraler og verdipapiroppgjør mv. (verdipapirsentralloven)*.

Stortinget vedtok 17. juni 2019, etter framlegg i Prop. 97 L (2018–2019), *Lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbankloven)*. Ny sentralbanklov trer i kraft 1. januar 2020.

Finansdepartementet la 21. juni 2019 fram Prop. 127 LS (2018–2019) *Endringer i referanse-renteloven mv. (gjennomføring av referanseverdifer-*

ordningen) og samtykke til deltakelse i en beslutning i EØS-komiteen om innlemmelse i EØS-avtalen av forordning (EU) 2016/1011 om referanseverdier.

Finansdepartementet la 21. juni 2019 fram Prop. 128 L (2018–2019) *Endringer i finansforetaksloven mv. (diverse endringer)*. Proposisjonen inneheld mellom anna forslag til endringar i finansforetakslova og inkassolova om utlevering av opplysningar frå Folkeregisteret. Proposisjonen inneheld også forslag for å gjennomføre direktiv 2014/50/EU om minstekrav til styrking av arbeidstakarmobiliteten mellom medlemsstatane gjennom betring av oppteninga og vidareføringa av rettane til supplerande pensjon.

Finansdepartementet la 8. juni 2018 fram Prop. 98 L (2017–2018) *Endringer i finansforetaksloven (forsikrings- og pensjonsforetaks investeringer i forsikringsfremmed virksomhet)*. Endringane trådte i kraft 1. januar 2019. I tillegg til lovendringane og lovframlegga, har Finansdepartementet følgd opp utgreiinga NOU 2018: 5 *Kapital i omstillingens tid*. Kapitaltilgangsutvalet hadde ei rekkje tilrådingar på Finansdepartementets område, mellom anna om endringar i finansmarknadsreguleringa og skattesystemet. Utvalet vart sett ned av regjeringa i mars 2017, og utgreiinga vart levert i mars 2018. Utgreiinga har vore på høyring. Saka er nærare omtalt under del III, pkt. 3 i denne proposisjonen

Budsjett 2020

I kap. 2 i del I av denne proposisjonen er det omtalt nokre viktige oppgåver for Finansdepartementet i 2020. Dessutan går det fram av rapportdelen ovanfor at fleire av dei sakene som er omtalte der, krev oppfølging i seinare år.

Formuesforvaltning

Departementet sitt arbeid med Statens pensjonsfond går ut på å utvikle den langsiktige investeringsstrategien til fondet, fastsetje og følgje opp retningslinjer for forvaltninga, irekna fondet si rolle som ansvarleg investor. I tillegg til eigne ressursar nyttar departementet eksterne fagmiljø i inn- og utland.

Arbeidet med å utvikle investeringsstrategien for fondet i 2020 tek utgangspunkt i dei måla som er skildra i Meld. St. 20 (2018–2019) *Statens pensjonsfond 2019* og Stortingets behandling av denne meldinga, sjå Innst. 344 S (2018–2019). Sjø nærare omtale i del I, pkt. 2.1 Statens pensjonsfond, i proposisjonen her og i Meld. St. 1 (2019–2020) *Nasjonalbudsjettet 2020*.

Skatte- og avgiftsområdet

Gjennomgang av tollova

Forslag til ny lov om inn- og utførsel av varer og ny lov om tollavgift vart send på høyring 6. mai 2019 med høyringsfrist 30. august 2019. Dei to nye lovene skal kome i staden for tollova. Det overordna målet for lovarbeidet er eit oppdatert lovverk som passer betre til Tolletatens oppgåver. Departementet vil etter høyringa vurdere uttalane frå høyringsinstansane og tek sikte på å fremje forslag om nye lover i 2020.

Digital økonomi og skatt

Skattlegging av fleirnasjonale selskap reiser problemstillingar som omfattar mange land og krev internasjonale løysingar. Gjennom OECD/G20 sitt *BEPS-prosjekt* (Base Erosion and Profit Shifting Project) er det oppnådd einighet om ei rekke tiltak mot flytting av overskot og utholing av skattegrunnlag. Den digitale økonomien forsterkar utfordringane med skattlegging av fleirnasjonale selskap, samstundes som nye problemstillingar oppstår. *Inclusive Framework (IF)* er eit samarbeidsorgan med meir enn 130 medlemsland som vert oppretta for å følgje opp BEPS-prosjektet. IF leier det internasjonale arbeidet med globale løysingar for meir effektiv og rettferdig skattlegging av den digitale økonomien. Målet med arbeidet er å kome fram til ei internasjonal einighet om løysingar som skal leggjast fram i 2020. Noreg deltek i Inclusive Framework og i fleire arbeidsgrupper som greier ut ulike sider av forslaga til løysingar.

Verdsetjing av fritidseigedom

Arbeidet med å utvikle eit nytt verdsetjingssystem for fritidseigedom held fram i 2020. Sjå nærare omtale av saka under rapport for 2019. Målet er at utviklinga skal vere ferdig våren 2020. Før eit nytt system eventuelt vert teke i bruk, må mellom anna kvaliteten på ferdig modell vurderast. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Kjeldes katt på renter og royalty

Regjeringa fortset arbeidet med eit framlegg om kjeldes katt på renter og royalty, for å følgje opp Skattemeldinga og skatteforliket i Stortinget. Finansdepartementet tek sikte på å sende ut eit høyringsnotat i 2019 og å fremje eit lovforslag i 2020. Sjå også omtale i Prop. 1 LS (2019–2020).

Evaluer ing av skatteomlegging

Det norske skattesystemet har vore gjennom ei større omlegging i perioden 2013–2019, mellom anna etter ei brei semje på Stortinget. Skatteomlegginga vart grunngeve med eit ynskje om å oppnå positive, dynamiske verknader gjennom auka vekst, produktivitet, sparing, investering og arbeid. Det er ynskjeleg å undersøkje nærare kva effektar skatteomlegginga har hatt. Finansdepartementet har derfor tinga ein forstudie som skal leggje grunnlaget for ei følgjande evaluering. Gjennom forstudien ynskjer departementet mellom anna å avklare kva for metodar som kan nyttast og kva for data som kan belyse effektane av skatteomlegginga på norsk økonomi. I lys av kor lang tid ulike tilpassingar i økonomien tek og når naudsynte data kan finnast, vil forstudien òg gje råd om når skatteomlegginga best kan evaluerast. Forstudien skal vere klar innan utgangen av 2019.

Finansmarknadsområdet

I 2020 vil m.a. desse lovsakene og utgreiingane krevje særleg innsats på finansmarknadsområdet:

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til førese gner om gjennomføring i norsk lov og forskrift av den såkalla PRIIPS-forordninga. Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett av venta EØS-reglar som svarer til Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 1286/2014 om nøkkelinformasjonsdokument om samansette og forsikringsbaserte investeringsprodukt (PRIIPS-forordninga). Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til førese gner om gjennomføring i norsk lov og forskrift av dei såkalla EUVECA- og EUSEF-forordningane. Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett av EØS-reglar som svarer til Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 345/2013 om venturekapitalfond (EuVECA) og Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 346/2013 om sosiale entreprenørskapsfond (EuSEF). Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring NOU 2016: 2 frå Verdipapirlovutvalget, med utkast til førese gner om gjennomføring i norsk lov av endringar i rapporteringsdirektivet (direktiv 2004/109/EF). Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring NOU 2017: 15 frå Revisor- og regnskapsførerlov-

utvalget, med utkast til føresegner i lov og forskrift til gjennomføring av direktiv 2014/56/EU om endringar i direktiv 2006/43/EF (revisjonsdirektivet) og forordning (EU) nr. 537/2014 (revisjonsforordningen). Finansdepartementet vil følge opp forslaga.

Finansdepartementet har hatt på høyring NOU 2018: 9 frå Revisor- og regnskapsførerlovutvalget, med utkast til ny lov om rekneskapsførarar. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har på høyring eit høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til føresegner om gjennomføring i norsk lov og forskrift av det såkalla IORP II-direktivet. Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett av venta EØS-reglar som svarer til direktiv (EU) 2016/2341 om verksemda til og tilsynet med tenestepensjonsføretak (IORP II). Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat med utkast til føresegner om gjennomføring av reglar som svarer til forsikringsdistribusjonsdirektivet (2016/97/EU), i norsk lov og forskrift. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Regjeringa vil hausten 2019 setje ned eit offentleg utval som skal evaluere egedomslekingslova og foreslå ei framtidssretta regulering.

Ei arbeidsgruppe har utgreia regelverket for såkalla garanterte pensjonsprodukt (private ytingsbaserte tenestepensjonsordningar og fripolisar). Finanstilsynet har laga eit utkast til høyringsnotat, basert på arbeidsgrupperapporten. Regjeringa sende hausten 2019 Finanstilsynets utkast til regelendringar på høyring. Finansdepartementet vil følgje opp høyringa i løpet av 2020.

I tråd med regjeringsplattforma og oppmødingsvedtak nr. 406 (2018–2019) frå Stortinget, har Finansdepartementet sett ned ei arbeidsgruppe for å vurdere om det bør innførast krav om pensjonsopptening frå fyrste krone i innskøtspensjonsordningar. Arbeidsgruppa skal vidare vurdere om personar med lågare stillingsdel enn 20 prosent og personar under 20 år, skal ha rett på å vere medlem i private tenestepensjonsordningar. Utgreiinga skal vere ferdig våren 2020.

Rettsakter frå EU

Arbeidet med å utvikle det norske regelverket for finansmarknadsområdet hengjer nært saman med arbeidet med å tilpasse og ta inn nye EU-rettsakter i EØS-avtalen. Finansdepartementet vil prioritere dette innlemmingsarbeidet i 2020 òg.

I tråd med den internasjonale utviklinga mot styrka regulering av og tilsyn med finansmarknadene har EU utarbeidd særskilte regelverk for

- finansføretak (bankar, andre kredittinstitusjonar, forsikringsselskap, m.m.)
- verdipapirføretak, verdipapirfond, infrastrukturføretak for verdipapirmarknaden m.m., og
- rekneskap, rekneskapsførarar og revisorar

Dette er dels direktiv, med krav til utforminga av regelverket i dei ein skilde medlemslanda, og dels forordningar, som gjeld direkte i heile EU. Det aller meste av regelverket i EU på desse områda er EØS-relevant og skal difor takast inn i EØS-avtalen og gjennomførast i norsk rett. Direktiv som er teke inn i EØS-avtalen, skal gjennomførast med eigen norsk regeltekst i lov eller forskrift. Forordningar skal gjennomførast ved tilvising, enten i lov eller forskrift, til EUs regeltekst, slik denne er tilpassa i EØS-avtalen.

Dei tre EØS/EFTA-landa Liechtenstein, Island og Noreg klarlegg seg imellom kva ein treng av tilpassing til EU-rettsaktene og diskuterer dette med representantar for EU. Når partane er einige, kan rettsaktene takast inn i EØS-avtalen ved vedtak i EØS-komiteen.

Vedtaka i EØS-komiteen trer normalt i kraft med ein gong, med mindre EU-rettsakta enno ikkje er i kraft. Dersom det krevst stortingsvedtak, til dømes ny lovgjeving, er det vanleg å ta såkalla konstitusjonelt atterhald, slik at vedtaket i EØS-komiteen ikkje trer i kraft før det er gjeve melding om at konstitusjonelle krav er oppfylte. I slike tilfelle vert det normalt gjort framlegg om at Stortinget gjev samtykkje til innlemming, enten i særskild proposisjon eller saman med eit lovforslag.

Som nemnt mellom anna i *Finansmarkedsmeldingen 2019* (Meld. St. 24 (2018–2019)), kap. 3.7, går EFTA-landa no saman med EU gjennom ei stor mengd direktiv og forordningar på finansmarknadsområdet og som er vedtekne i EU, for tilpassing og innlemming i EØS-avtalen. Dette omfattar m.a. bankpakka (CRR2, CRD5 og BRRD2), rapporteringsdirektivet, forordninga om transaksjonsregistre, nye reglar mot misbruk av verdipapirmarknadene (MAR), reglar for pengekmarknadsfond (MMF) og andre fondsprodukt (EuVeca, EuSEF og ELTIF), reglar for verdipapirisering (STS), revidert pensjonskassedirektiv (IORP2, reglar om forenkla grensekryssande distribusjon av kollektive investeringsfond, reglar om eit pan-europeisk individuelt pensjonsprodukt (PEPP), forenkling av EMIR-regelverket og reglar

om å gjere det billigare å betale med euro over landegrensene.

EUs organ er også einige om ei rekkje andre forslag til regelverk som vil verte vedtekne i løpet av hausten 2019. Dette gjeld mellom anna reglar om styrking av EUs finanstilsyn, om meir føremålstenlege og risikokjenslege kapitalkrav for verdipapirføretak, om referanseverdiar for lågkarbon og positiv karboneffekt, om offentleggjering av opplysningar som gjeld berekraftige investeringar og berekraftrisiko, om obligasjonar med fortrinnsrett, om tiltak for å lette tilgangen til kapitalmarknaden for små og mellomstore bedrifter og om tilsyn med og krisehandtering av sentrale motpartar (CCP-er).

Nokre av forslaga frå Kommissjonen har Rådet og Parlamentet enno ikkje vorte einige om. Dette gjeld mellom anna reglar om folkefinansiering, om eit rammeverk for miljømessig berekraftig finansiering, om lovval for grensekryssande transaksjonar med verdipapir og andre fordringar, om verdipapir med sikkerheit i statsobligasjonar, og om betre vern for ofre, skadd av motorvogn. Desse forslaga er til behandling i Rådet og Parlamentet.

Arbeidet med statsbudsjett og økonomistyring i staten

Finansdepartementet vil vidareføre finansieringa av forskingsprogrammet Concept ved NTNU for å utvikle ny kunnskap om tilrettelegging, kvalitets sikring og styring av store statlege investeringsprosjekt. Hovudlinene i Concept-programmet vert vidareførte i 2020. Programmet skal vektleggje forskning på tidlegfasen i prosjekta, frå den fyrste ideen oppstår til endeleg finansiering av gjennomføringa er vedteken. Etterevaluering av store statlege investeringsprosjekt som no er komne i driftsfasen, skal vere ein sentral aktivitet i åra framover. I tillegg driv programmet med metodeutvikling, følgjeforskning, kompetansebygging og undervisning av studentar. Forskinga skal vere fritt tilgjengeleg for alle som søker kunnskap om prosjektstyring i staten.

Samfunnstryggleik og beredskap

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap for å sikre finansiell stabilitet. Departementet har òg ansvar for viktige samfunnsfunksjoner som system for å handtere statens inntekter (proveny), Folkeregisteret og Tolletatens kontroll med den grensekryssande vareførsla.

På Finansdepartementets ansvarsområde skal det arbeidast systematisk med samfunnstrygg-

leik. Beredskaper for å kunne handtere ekstraordinære hendingar, skal vere god. Departementet og dei underliggjande etatane har beredskapsplanverk for å kunne handtere uynskte hendingar, og desse vert jamleg oppdaterte.

Departementet deltek òg jamleg i store, nasjonale øvingar innan sikkerheit og beredskap.

Vidare samarbeider Finansdepartementet med mellom anna Nasjonalt tryggingssystem og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

Ei sentral utfordring i finanssektoren er å halde betalingsformidlinga og andre deler av den finansielle infrastrukturen ved lag slik at samfunnet får dekt behovet for mellom anna betalings tenester. Finansielle tenester er utpeika som ein av 14 samfunnskritiske funksjonar i Noreg, og Finansdepartementet utarbeidde i 2018 ei særleg tilstandsvurdering av denne funksjonen, sjå kapittel 8 i departementet sin budsjettproposisjon for 2019.

Finansdepartementet arbeider òg med beredskaper for Statens pensjonsfond.

Kontroll av vareførselen over grensa har mellom anna som føremål å motverke ulovleg inn- og utførsel av farlege og ulovlege varer. Tolletaten byggjer i stor grad kontrollen på risikoanalysar og etterretning, og etaten vil i 2020 arbeide vidare med å gjere val av kontrollobjekt meir effektivt. I denne samanhengen starta etaten i 2019 eit prosjekt for å utvikle ny digitalisert systemstøtte for oppgåver i alle ledd av kontrollprosessane til etaten, jf. eigen omtale under kap. 1610 *Tolletaten*.

Fleire etatar under Finansdepartementet forvaltar omfattande produksjonssystem som behandlar store informasjonsmengder. Finansdepartementet har som ein del av oppfølginga av informasjonstryggleiken i underlagde etatar starta ei kartlegging av etatane sine styringssystem for informasjonstryggleik. Departementet tek òg sikte på å gjennomføre ei evaluering av etatane sitt arbeid med informasjonstryggleik.

Særleg om arbeidet med ny lov om nasjonal sikkerheit

Ny lov om nasjonal sikkerheit tok til å gjelde 1. januar 2019. Lova har som føremål å tryggje våre nasjonale sikkerheitsinteresser og å førebyggje, avdekkje og motverke sikkerheitstrugande verksemd. Dei nasjonale tryggingssystemene skal sikrast gjennom å vareta *grunnleggjande nasjonale funksjonar* (GNF). Slike funksjonar er tenester, produksjon og andre former for verksemd der eit heilt eller delvis bortfall av funksjonen vil få konsekvensar for staten si evne til å vareta dei nasjonale tryggingssystemene.

For å verne dei nasjonale sikkerheitsinteressene legg regelverket opp til at vi skal verne verdiar i form av informasjon, informasjonssystem, objekt og infrastruktur (skjermingsverdige verdiar) som er vesentlege for å vareta nasjonale sikkerheitsinteresser. Departementa skal i medhald av sikkerheitslova § 2-1 identifisere GNF og gjere vedtak overfor verksemder som har avgjerande innverknad for GNF. I tråd med kgl. res. 20. desember 2018 skal dette gjerast innan rimeleg tid. Kva som er «*rimeleg tid*», avheng mellom anna av storleiken på den aktuelle samfunnssektoren, omfanget av skjermingsverdige verdiar, kompleksiteten på verdikjedene og den sikkerheitsfaglege kompetansen i departementa.

Finansdepartementet fastsette GNF i eigen sektor sommaren 2019. I lys av dette vil departementet stadfeste kva for verksemder som er av vesentleg eller avgjerande innverknad for GNF, og deretter gjere vedtak om at lova skal gjelde for bestemte verksemder dersom det er naudsynt. Verksemder som er eller vert omfatta av lova, skal utarbeide skadevurderingar med bakgrunn i dei identifiserte GNF. Skadevurderingane vil danne grunnlaget for departementet si utpeiking og klassifisering av eventuelle skjermingsverdige objekt og skjermingsverdige infrastruktur i sektoren, og for fastsetjing av fristar for gjennomføring av naudsynte sikringstiltak.

Fram til det er gjort vedtak etter ny lov, gjeld alle vedtak som er gjorde etter den gamle lova. Dette inneber mellom anna at objekt som er klassifiserte etter gammal sikkerheitslov, også er klassifiserte etter ny lov, jf. kgl. res. 20. desember 2018.

Post 01 Driftsutgifter

Driftsløyvinga dekkjer lønsutgifter og andre utgifter til drift av departementet. For 2018 vart talet på årsverk rekna til 285, det same som året før. Lønsutgifter m.m. utgjør om lag 75 pst. av budsjettet. Av andre driftsutgifter utgjør lokalleige den største einskildposten. Nokre utgifter som staten har i samband med gjelds- og likviditetsforvaltning, er overførte frå kap. 1650, post 01 og vil frå 2020 verte dekte over kap. 1600, post 01. Godtgjersle til det nye rådet for Statistisk sentralbyrå vil òg bli dekte her. For 2020 foreslår departementet ei løyving på 401,6 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Posten omfattar hovudsakleg utgifter til forskingsoppdrag, utgreiingsarbeid og ein del særlege inn-

kjøp. Forskningsmidlane vert m.a. brukte til program om skatteøkonomi i regi av Noregs forskingsråd.

Kostnader som er knytt til Concept-programmet, eit forskingsarbeid for å utvikle ny kunnskap om tilrettelegging, kvalitetssikring og styring av store statlege investeringsprosjekt, vert belasta kap. 1600, post 21. Hovudlinjene i Concept-programmet vert vidareførte. Programmet skal vektleggje forskning på tidlegfasen i prosjekta, frå den fyrste ideen oppstår til endeleg finansiering av gjennomføringa er vedteken. Ettorevaluering av store statlege investeringsprosjekt som no er komne i driftsfasen, skal vere ein sentral aktivitet i åra framover.

Løyvinga dekkjer òg utgifter til kjøp av tenester frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Ei viktig oppgåve som SSB utfører for departementet, er å halde ved like det økonomiske modellapparatet som vert brukt i arbeidet med den økonomiske politikken.

Midlane på posten vert òg brukte til ei rekkje særskilte utgreiingsoppgåver. Det kan vere kostnader knytt til utgreiingsutval som regjeringa har sett ned på departementet sitt ansvarsområde, eller kjøp av eksterne konsulenttenester, m.a. i samband med departementet si oppfølging av Statens pensjonsfond. Etikkrådet er administrativt ein del av Finansdepartementet. Det gjev råd til Noregs Bank om utelukking og observasjon av verksemder.

Departementet held fram med å gjere djupare analyse av utvalde område for å skape effektivisering og betre budsjettmessig handlingsrom. Slike analysar er sette i gang om ID-forvaltninga, næringsretta verkemiddel og bygge- og eigdomspolitikken i statleg sivil sektor. Tidlegare har det vore slike analysar av næringsfremme i utlandet, tilskot i kommunesektoren, stønadsordningar i klimapolitikken, Statens vegvesen, miljøforvaltninga og Noregs forskingsråd.

For 2020 foreslår departementet ei løyving på 84,6 mill. kroner.

Finansdepartementet får refusjonar frå andre offentlege verksemder som departementet samarbeider med. Sidan det er uvisst kor store refusjonane vert, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1600, post 21 *Spesielle driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4600, post 02 *Ymse refusjonar*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 70 Forsking og allmennopplysning om finansmarknaden

Føremålet med Finansmarknadsfondet er å medverke til auka kunnskap om og forståing for verke måten til finansmarknadene. Fondet skal med-

verke til forskning, utdanning og allmenn opplysning om finansmarknadsspørsmål.

Fondet vart skipa i 2002 med ei fondsavsetjing på 90 mill. kroner etter omdanning og sal av Oslo Børs. Avsetjinga vart seinare auka til om lag 206 mill. kroner i samband med omdanning og sal av Verdipapirsentralen (VPS).

Fram til utgangen av 2012 var kapitalen i Finansmarknadsfondet plassert som kontolån til staten. Fondsutbyttet vart ført som inntekt i statsbudsjettet og gav grunnlag for ei utgiftsløyving til dei nemnde føremåla. Utbyttet frå fondskapitalen året før vart ført som inntekt i statsbudsjettet året etter.

I samband med statsbudsjettet for 2013 vart det vedteke å skipe ein ny modell for løyvingar til Finansmarknadsfondet, slik at sjøve fondet vart avvikla 1. januar 2013. Fondskapitalen vart tilført statskassa og erstatta med vanlege utgiftsløyvingar over statsbudsjettet frå og med budsjettåret 2013, sjå side 48–50 i Prop. 1 S (2012–2013) *Finansdepartementet*. Med den nye løyvingsmodellen legg ein opp til å halde tildelingane om lag like store som dei var under den tidlegare modellen, målt i faste prisar. For 2012, siste gongen med den tidlegare modellen, vart det løyvd 11,8 mill. kroner (inklusive dekking av administrative tenester).

For 2019 vart det løyvd 12,7 mill. kroner, og for 2020 foreslår Finansdepartementet ei løyving til Finansmarknadsfondet på 13,1 mill. kroner. Tal for 2019 og 2020 inkluderer ikkje administrative tenester. Frå 2018 er slike kostnader skilte ut og budsjetterte under Forskningsrådets budsjettkapittel, kap. 285, post 55. Forskningsrådet tek hand om tildelingane frå fondet og rekneskapsførselen på vegne av Finansdepartementet.

Fullmakt til å rette opp uopplåra differansar og feilføringar i statsrekneskapar frå tidlegare år

Frå tid til anna oppstår det differansar i rekneskapen hos rekneskapsførarane i staten. Nokre av differansane vert ikkje opplåra endå det er gjort mykje for å finna ut kva dei kjem av. Det hender òg at beløp vert tilviste og posterte feil i statsrekneskapen, og at feilen fyrst vert funnen etter at årsrekneskapen er avslutta.

På grunn av eittårsprinsippet vil retting av slike feil, med motsett postering i rekneskapen for eit seinare år, medføre at den rekneskapen òg vert galen. Slik Finansdepartementet ser det, er det mest korrekt at uopplåra differansar og andre feil vert retta opp i statsrekneskapen med posteringar over kontoen for forskuingar i balansen. Då vil desse posteringane ikkje påverke løyvingsrekne-

skapen det året rettinga vert gjord. Rettinga må skje etter ei posteringsoppmoding frå vedkomande departement og i) etter at ein har gjort det ein kan for å oppklåre differansen og ii) berre når feilposteringa ikkje kan rettast på nokon annan måte.

Det må hentast heimel frå Stortinget i kvar sak før posteringsoppmoding kan sendast til Finansdepartementet. For mindre beløp bør Finansdepartementet ha fullmakt.

Stortinget vedtok ved behandling av Innst. S. nr. 252 (1997–98), jf. St.prp. nr. 65 (1997–98), å gje Finansdepartementet ei fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 1998. Denne fullmakta er teken opp att i budsjett dokumenta kvart år sidan. Departementet gjer framlegg om same fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 2020, jf. framlegg til romartalsvedtak VIII.

Fullmakt om utbetalingsløyvinga for overtid, reisetid og timeløn i 2020

Direktoratet for økonomistyring (DFØ, frå 1.1.2020 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring) leverer løns- og rekneskapstenester til ein stor del av statsforvaltninga. Frå 2020 har DFØ varsla ei teknisk omlegging av utbetalingsløyvinga for overtid, reisetid og timeløn. Omlegginga inneber at slike utbetalingar kan gjerast raske og ein rekneskapsperiode tidligare enn no. 2020-rekneskapen vil difor, som ein eingongseffekt, innehalde utbetalingar for 13 månader sidan november-utbetalinga vil kome i desember 2020 framfor januar 2021.

Omlegginga er avgrensa til statlege verksemdar som får lønstenester leverte av DFØ. Det er førebels vanskeleg å fastslå eit nøyaktig tal for verknaden i 2020, og Finansdepartementet har vurdert det som lite føremålstenleg å justere løyvingane for denne eingongseffekten og at det vil krevje unødige mykje ressursar å følgje opp. Sjø Gul bok for 2020, kap. 8, for nærare omtale og vurdering.

Finansdepartementet foreslår ein eigen romertalsfullmakt med følgjande innhald for å handtere omlegginga:

- Statlege verksemdar som vert omfatta av omlegginga, får fullmakt til å overskride løyvinga i 2020 tilsvarande eingongseffekt som følgje av omlegginga av utbetalingsløyvinga i DFØ.
- Det kan takast omsyn til eingongseffekten ved utrekning av overført, unyttige driftsløyvingar frå 2020 til 2021 slik at ho ikkje vert redusert.

Sjø framlegg til romartalsvedtak IX.

Fullmakt til postering mot mellomværendet med statskassen

I Gul bok 2020 har Finansdepartementet orientert om endringer i føresegnene om økonomistyring i staten med verknad frå 2020, mellom anna om mellomværet med statskassa, jf. òg rundskriv R-101 frå Finansdepartementet. Mellomværet syner om

ei statleg verksemd eller rekneskapsførande statleg ordning har pengar til gode frå statskassa eller skyldar pengar til statskassa. Verksemdar med mellomvære vil ha eit unntak frå kontantprinsippet. På denne bakgrunnen ber departementet om ei fullmakt som heimlar to slike unntak for Skatteetaten. Sjå forslag til romartalsvedtak XII nr. 1 og 2.

Kap. 4600 Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Ymse refusjonar	4 337	400	400
	Sum kap. 4600	4 337	400	400

Post 02 Ymse refusjonar

Posten omfattar refusjonar frå andre offentlege verksemdar som Finansdepartementet samarbeider med.

Kap. 1602 Finanstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	365 601	389 400	419 900
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	20 328	26 000	24 100
	Sum kap. 1602	385 929	415 400	444 000

Samfunnsoppdrag og organisering

Samfunnsoppdraget til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader. Dei er naudsynte vilkår for tillit til det finansielle systemet, ei stabil økonomisk utvikling og vern av forbrukarar og andre brukarar av finansielle tenester. Hovudmålet i strategien til Finanstilsynet for perioden 2019–2022 er det same som samfunnsoppdraget.

Finanstilsynet skal sjå til at føretaka under tilsyn etterlever lovar og reglar. I dette arbeidet nyttar tilsynet ei rekkje verkemiddel, anten kvar for seg eller i kombinasjon. Verkemidla er tilsyn, overvaking og kontroll, forvaltning, regelverksutvikling samt informasjon og kommunikasjon.

Finanstilsynet har tilsyn med mellom anna bankar, finansieringsføretak, kredittføretak, forsikringsføretak, pensjonsføretak, verdipapirføretak, fondsforvaltarar, eigedomsmeklingsføretak, inkassoføretak, rekneskapsførarar og revisorar. I tillegg har tilsynet kontroll med finansiell rapportering frå noterte føretak og verdipapirføretak.

Finanstilsynets styre har eit overordna ansvar for verksemda. Styret har fem medlemar og er supplert med to representantar frå dei tilsette ved behandling av administrative saker. Medlemene og varamedlemene vert peika ut av Finansdepartementet for ein periode på fire år. Direktøren for Finanstilsynet har ansvaret for den daglege leiinga av Finanstilsynet og vert oppnemnd av Kongen for eit åremål på seks år.

Finanstilsynet hadde ei bemanning tilsvarande 282 årsverk per 31. desember 2018.

Resultat i 2018

Nedanfor følgjer ein nærare omtale av arbeidet i Finanstilsynet i 2018.

Solide og likvide finansføretak

Finanstilsynet vurderer laupande soliditeten, risikoen og risikohandteringa i finansføretaka. Soliditeten i føretaka er følgt opp gjennom ein kombinasjon av stadlege tilsyn, pilar 2-vurderingar (krav til kapital ut over minstekrava for finansføretak), dokumentbasert tilsyn, makroøkonomisk overvaking og stresstestar. Utviklinga i norsk og internasjonal økonomi vert følgt laupande, og det er utarbeidd analysar og vurderingar av utsiktene for finansiell stabilitet. Overgang til nytt teknisk format, omlegging av rapporteringsmateriale ved innføring av IFRS 9 og endringar i finansdatabasen medførte utfordringar for føretaka og behov for ekstra innsats i oppfølginga av rapporteringa i 2018. Finanstilsynet har gjennom konsesjonsbehandlinga over tid auka krava til kapital for nye føretak. Kapitaldekninga i føretaka vert følgd tett. Finanstilsynet behandla i 2018 seks søknadar om å etablere bankverksemd. Tre av disse vart avslåtte då den venta verksemda vart vurdert å ikkje gje grunnlag for ein bankkonsesjon. Det har òg vore nytta vesentlege ressursar på folkefinansieringsplattformer for å avklare om verksemda som vert driven, er konsesjonspliktig finansierings- eller verdipapirverksemd.

Det vart i 2018 gjennomført stadlege tilsyn i 21 bankar, kredittføretak og finansieringsføretak og særskilt IRB-tilsyn (om bruk av «*Internal Ratings-Based*»-modellar) i fire bankar. I dei stadlege tilsyna har Finanstilsynet framleis hatt særskild merksemd retta mot kredittområdet for å tidleg kunne avdekkje auka risiko og svakheiter ved engasjementsoppfølging og taps- og nedskrivingsvurderingar. Bankane sine eksponeringar mot offshorenæringa, porteføljekvalitet og nedskrivingspraksis har også vore prioritert i 2018. Ved utgangen av andre kvartal 2018 var offshoreporteføljen i underkant av fem prosent av samla bedriftsmarknadsportefølje i bankane. Nærare to tredeler av offshoreporteføljen er på ulike måtar innvilga betalingsutsetjing. Samla eksponering i offshoreporteføljen for bankane vart redusert med 15 pst. i 2018, medan tapa på porteføljen i same periode auka med om lag 45 pst.

Den nye bustadlånforskrifta tredde i kraft 1. juli 2018 og vidareførar hovudprinsippa i den førre bustadlånforskrifta. Finanstilsynet innhenta i 2018 dei kvartalsvise styrerapportane om etterleving frå 23 bankar og filialar. Rapportane visar delen innvilga lån som ikkje oppfyller forskriftskrava til betjeningsevne, gjeldsgrad, belåningsgrad eller avdragsbetaling.

Det er gjennomført ei ny bustadlånundersøking, tilpassa endringane i bustadlånforskrifta. Etterleving av forskrifta er følgt opp i 23 bankar og filialar gjennom rapportering om avvik frå forskrifta. Etterlevinga er også vurdert ved fleire stadlege tilsyn i 2018.

Finanstilsynet har utarbeidd eit utkast til forskrift om krav til utlånspraksis for forbrukslån hos finansføretaka, basert på tidlegare retningslinjer, gjevne i rundskriv. Forskrifta tredde i kraft 12. februar 2019 og følgjer mønsteret i bustadlånforskrifta.

Oppfølging av korleis kvitvaskingsregelverket vert etterlevd i dei store bankane har vore prioritert gjennom særskilte tilsyn. Ved alle generelle, stadlege tilsyn og ved tematilsyn med bankar som tilbyr forbrukslån, undersøkte Finanstilsynet om bankane etterlever kvitvaskingsregelverket. I tillegg vart det gjennomført spesialtilsyn om kvitvasking og terrorfinansiering i SpareBank 1 Nord-Norge, SpareBank 1 SR-Bank og SpareBank 1 SMN. Det var òg eit eige oppfølgingstilsyn i DNB Bank ASA. På spesialtilsyna vart mellom anna korrespondentkontaktane til bankane og deira system for transaksjonsovervaking vurderte.

Gjennomføring av risiko- og kredittvurderingsprosessar (SREP) er ein viktig del av tilsynsarbeidet. SREP-prosessen inkluderer fastsetjing av individuelle pilar 2-krav for føretaka. Inndelinga av føretaka i grupper etter storleik og risikoprofil avgjer kor hyppig prosessen vert gjennomført for det einskilde finansføretaket.

Finanstilsynet har i 2018 gjennomført stadlege tilsyn i enkelte forsikringsføretak og ein pensjonskasse. Det er nytta vesentlege ressursar på oppfølging av Solvens II-rapporteringa for forsikringsføretak. Den offentlege administrasjonen av Silver vart avslutta i januar 2018 ved at Storebrand Livsforsikring tok over porteføljen. Soliditeten i livsforsikringsføretaka er no vesentleg styrkt, sjølv om eit vedvarande lågt rentenivå vil gjere det utfordrande å oppnå avkastning på nivå med garantien i kontraktar med garanterte ytingar. Nytt solvensregelverk for pensjonskassar vart vedteke i 2018, med verknad frå 1. januar 2019. Det nye regelverket er ein forenkla versjon av Solvens II.

Finanstilsynet har i 2018 nytta ekstra ressursar til sekretariatet for *Garantiordningen for skadeforsikring* i samband med konkursen i det danske skadeforsikringsføretaket Alpha Insurance A/S.

Robust infrastruktur

Trygge og effektive system for handel, oppgjør og betalingstenester er avgjerande for ein velfungerande finansmarknad. Tilsynet med denne infrastrukturen er konsentrert om verksemder og leverandørar som betyr mest for finansiell stabilitet og velfungerande marknader. Operasjonell risiko og tryggleik i betalings- og oppgjersystema, sentrale IKT-system i verksemdene og utkontraktering vart framleis høgt prioritert i 2018.

Finanstilsynet gjennomførte i 2018 17 spesialtilsyn på IKT-området innanfor dei ulike tilsynsområda. IKT var òg tema på 11 andre tilsyn. Vidare gjennomførte Finanstilsynet to tilsyn med betalings- og e-pengeføretak i 2018, og som omfatta IKT, betalingstenester og tiltak mot kvitvasking. Det vart også gjennomført eit tilsyn med ein børs der det vert handla varederivat. Som vanleg dei seinaste åra har det vore utarbeidd ein analyse av risiko og sårbarheit ved bruk av IKT i finanssektoren. I 2018 har tilsynet nytta mykje ressursar på oppfølging av kritiske hendingar. Finanstilsynet held fram med å følgje opp handteringa av hendingar i føretaka for å sikre iverksetjing av naudsynte tiltak.

Felleseuropeisk regelverk for føretak som inngår derivatkontraktar (EMIR), vart sett i verk 1. juli 2017. I 2018 fekk Finanstilsynet tilgang til EMIR-data frå transaksjonsregistra. Det vart inngått avtaler med alle transaksjonsregister i EU, og det vart utvikla eit IT-system som dagleg hentar ut og lagrar data. Med MiFID II vart det innført eit nytt regime for varederivat. Dette omfattar fastsetjing av grenser for kor store posisjonar som kan holdast i varederivat, og rapportering av slike posisjonar. Finanstilsynet utvikla i 2018 eit IT-system (CPRS) som mottar daglege posisjonsrapportar i varederivat, utslippskvotar og derivat med utslippskvotar som underliggjande finansielt instrument.

Vern av investorar

Påliteleg og tilstrekkeleg informasjon er naudsynt for å sikre at verdipapirmarknadane er effektive. God marknadsåtferd hos noterte føretak, mellommenn og investorar er også viktig for eit tilfredsstillande investorvern og generell tillit i marknaden.

Finanstilsynet har gjennomført stadlege tilsyn om behandling av innsideinformasjon i to norske verdipapirføretak i 2018 og i ein norsk filial av utanlandsk verdipapirføretak.

Finanstilsynet ila totalt 14 gebyr for brot på flagge- og meldepliktreglane i 2018. Finanstilsynet har informert om gebyrlegginga på sin nettstad og meiner at dette verkar preventivt. I 2018 melde Finanstilsynet to saker til påtalemakta der tilsynet hadde mistanke om ulovleg innsidehandel og/eller brot på tieplikta. I tillegg vart ei sak om manipulasjon av marknaden meldt til politiet. Tilsynet tok imot 77 rapportar frå verdipapirføretak i tråd med føresetnad om rapporteringsplikt ved mistanke om innsidehandel eller marknadsmanipulasjon.

Det har vore høg aktivitet gjennom 2018 i både aksje- og obligasjonsmarknaden. Finanstilsynet kontrollerte 190 prospekt, der 65 av desse galdt aksjar.

Finanstilsynet kontrollerte den finansielle rapporteringa til 30 noterte føretak i 2018. Resultata av kontrollane vert kommunisert breitt i marknaden.

Pensjonsrådgevinga i verdipapirføretaka er eit prioritert område for Finanstilsynet. I 2018 gav Finanstilsynet endelege merknader etter tilsyn med pensjonsrådgevinga i 2017 i tre verdipapirføretak. Finanstilsynet gjennomførte ytterlegare eit tilsyn med pensjonsrådgeving i eit verdipapirføretak i 2018.

Fleire tilsyn med revisjonsføretak og ansvarlege revisorar er gjennomførte i 2018. Enkelte av sakene om tilbakekalling av godkjenning på rekneskapsførings- og revisjonsområdet har vore særleg ressurskrevjande.

Forbrukarvern

Godt forbrukarvern er viktig for den einskilde forbrukar og for tilliten til aktørane i finansmarknaden. Det har vore ein betydeleg vekst i forbrukslån dei seinare åra. Finanstilsynet kartla i 2018 føretaka si etterleving av Finanstilsynets retningsliner for forsvarleg utlånspraksis for forbrukslån og gjennomførte stadleg tilsyn i fleire bankar med forbrukslån som sentralt verksemdsområde.

På verdipapiriområdet er investeringsrådgeving til forbrukarar prioritert. Fleire løyve er kalla tilbake på grunn av brot på god forretningsskikk.

I 2018 gjennomførte Finanstilsynet 21 ordinære stadlege tilsyn på egedomsmeklingsområdet, derav 17 i egedomsmeklingsføretak og fire hos advokatar. Sentrale krav for bustadformidlinga som har mykje å seie for forbrukarar, vart prioritert. I tillegg vart det gjennomført seks stad-

lege tilsyn på kvitvasking. Vidare vart retningslinene om såkalla *off market-sal* skjerpa på bakgrunn av eit tematisyn frå 2017.

Inkassoføretak og inkassoprosessane er følgde opp også i 2018, og det vart gjennomført fire stadlege tilsyn i inkassoføretak. I tillegg vart det gjennomført 14 undersøkingar på bakgrunn av tips, der Finanstilsynet fekk utgreiing frå inkassoføretaka i enkeltsaker og følgde opp føretaka der dette vart naudsynt.

Finanstilsynet har også arbeidd med regulering av lånebasert folkefinansiering og utarbeidd framlegg til nytt regelverk på dette området.

Effektiv krisehandtering

Beredskap til å kunne handtere kritiske situasjonar er viktig for tilliten til det finansielle systemet. Finanstilsynet har førebudd gjennomføringa i Noreg av reglane i krisehandteringsdirektivet og førebudd Finanstilsynet sin rolle som norsk krisehandteringsmyndighet. Tilsynet har i 2018 òg vurdert oppattrettingsplanane i dei større bankane i Noreg.

Finanstilsynet leiar arbeidet i Beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur. Utvalet har medlemmar frå sentrale aktørar i den finansielle infrastrukturen og har i oppgåve å kome fram til og koordinere tiltak for å førebyggje og løyse krisesituasjonar og andre situasjonar som kan resultere i store forstyrningar i infrastrukturen. I 2018 hadde utvalet tre møte og ei kriseøving.

Finanstilsynet er utpekt som eit såkalla sektorvist responsmiljø for finansmarknaden og vil utøve oppgåva saman med Nordic Financial CERT, som finansnæringa har etablert som eit kompetansesenter om digitale angrep. Saman har dei arbeidd med å etablere funksjonar som trengs for å utføre oppgåva.

Internasjonal verksemd

Mengda arbeid i samband med både samordning av tilsynspraksis i EU og innlemming av reglar i EØS-avtalen har auka betydeleg dei siste åra.

Finanstilsynets tilsynsverksemd vert stadig meir samordna med dei andre EØS/EFTA-landa. Dette omfattar både rapportering, analysar, handheving av regelverk og anna tilsynsarbeid. EUs finanstilsyn, EBA, ESMA, EIOPA og ESRB, har ei sterk koordinerande rolle. Dei utarbeider tilsynshandbøker og fastset anbefalingar om tilsynspraksis som det vert forventa at nasjonale finanstilsyn skal følgje. EUs finanstilsyn koordinerer òg såkalla fagfellevurderingar (Peer Reviews), der

nasjonal tilsynspraksis vert vurdert opp mot praksis i andre EØS-land.

På finansområdet er det framleis eit stort etterlep av EU-reglar som skal inn i EØS-avtalen og gjennomførast i norsk rett. I 2018 vart 84 EU-direktiv og forordningar som gjeld finansmarknaden tekne inn i EØS-avtalen. Tilsynet bidrog i 2018 til å kvalitetssikre EU-reglar som vert innlemma i EØS-avtalen. Tilsynet har førebudd mange rettsaktar som enno ikkje er innlemma i EØS-avtalen. Truleg vert fleire av disse innlemma og gjennomførte i norsk rett i 2019. Finanstilsynet deltek også i globale samarbeidsorganisasjonar.

Samla resultatvurdering

Finanstilsynet har, etter Finansdepartementets vurdering, følgd opp mål, føringar og planlagde oppgåver og aktivitetar for 2018 på ein god måte. Utvikling av tenester, oppgåveløysing og arbeidsprosessar gjennom IT-utvikling og digitalisering, krev ekstra merksemd for Finanstilsynet framover. Dette vil gjere tilsynet betre i stand til å møte framtidens utfordringar.

Viktige utfordringar

Omfattande regelverksutvikling i EU gjer at Finanstilsynet må bruke betydelege ressursar på å utvikle tilsvarande norsk regelverk. Det er ei utfordring å handtere regelverkutviklinga og samstundes halde fram med eit tilstrekkeleg omfattande tilsynsarbeid med høg kvalitet. Utfordringa krev mellom anna at Finanstilsynets tilsynsarbeid følgjer beste praksis internasjonalt og at det aktivt utnyttar tilgjengelege teknologiske løysingar og utviklar eigne støttesystem for å handtere utviklinga.

Utviklinga innanfor digitalisering set krav til Finanstilsynet på fleire område. Generelt fører digitalisering til hyppige endringar i prosessar og produkt på finansområdet. Høg grad av innovasjon vil kunne føre til auka pågang og reise regulatoriske spørsmål. For å møte framveksten av nye aktørar og forretningsmodellar skal Finanstilsynet, i tråd med føringar frå Stortinget, etablere ei såkalla regulatorisk sandkasse som skal opne for søknadar seinast 31. desember 2019.

Nettbaserte løysingar må tilfredsstillere krav til forsvarleg kundevern, identifikasjon, dokumentasjon og teknisk tryggleik. Det nye betalings-tenestedirektivet (PSD 2) inneber til dømes at verdikjeda i betalingssystemet vert endra og nye, teknologibaserte tenester vert innførte. Det er òg

venta fleire aktivitetar i randsona av konsesjonsplikt, til dømes plattformer for folkefinansiering. Digitaliseringa har ført til store endringar i måten finansføretaka og marknadene innrettar verksemda si på, samstundes som ho har ført til auka sårbarheit som tilsynet må følgje opp.

Dei seinare åra har det vore ein gradvis overgang frå ytingspensjon til innskotspensjon med investeringsval. Dei nye produkta krev fagleg forvarleg og balansert rådgjeving, og både på forsikringsområdet og verdipapiriområdet må Finanstilsynet sjå til at føretaka rettar seg etter god forretningsskikk i sals- og rådgjevingsverksemda.

Det er venta at Finanstilsynet framleis må bruke betydelege ressursar på regelverksutvikling. I hovudsak vil det vere oppdrag frå Finansdepartementet i samband med gjennomføring av direktiv og forordningar som ein del av EØS-pliktene. Regelverksendringane frå EU vil krevje mellom anna ytterlegare systemutvikling med aukande krav til rapportering til EBA, ESMA og EIOPA. Tilsynet skal hente inn omfattande data frå norske finansføretak som skal inngå i den overordna overvakinga av finanssektoren i Europa.

Oppfølging av EUs krisehandteringsdirektiv og gjennomføring i norsk rett vil krevje mykje ressursar frå Finanstilsynet dei nærmaste åra. Med det nye regelverket må alle bankar utarbeide gjenoppretingsplanar for å handtere finansielle krisesituasjonar.

Vidare er Finanstilsynets ansvarsområde utvida fordi verksemd med handel i varederivat har vorte regulert og underlagd tilsyn som følgje av nytt EU-regelverk. Det inneber at Finanstilsynet vil få nye, ikkje-finansielle føretak under tilsyn. Føretak som handlar med råvarer, her òg kraftselskap, vert til dømes underlagde den same reguleringa som verdipapirføretak.

Klimarisiko har fått meir merksemd i finansmarknadene. Endring i klima og risikoen i samband med overgangen til eit lågutsleppssamfunn, kjem til å få større økonomiske konsekvensar for føretaka. EU har ambisiøse mål på dette området og meir regulering er venta i tida framover.

Mål og prioriteringar i 2020

Finanstilsynets samfunnsoppdrag er utdjupa i seks mål. Det er fastsett følgjande mål for Finanstilsynet for 2020:

- Solide og likvide finansføretak
- Robust infrastruktur
- Vern av investorar
- Forbrukarvern

- Effektiv krisehandtering
- Innsats mot kriminalitet

Underliggjande styringsparametrar og forklaringsvariablar vert fastsette i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Finanstilsynet i samband med utforminga av tildelingsbrev til verksemda for 2020. I oppfølginga av etaten tek departementet omsyn til at dette er mål der oppfyltinga vert påverka av mange forhold som Finanstilsynet ikkje direkte kan styre, men der Finanstilsynet kan bidra til at måla vert nådde. Heilt feilfri oppgåveløysing er ikkje realistisk. Finanstilsynet arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. Etaten må nytte ressursane på best mogleg måte og prioritere på grunnlag av risikovurderingar. Departementet forventar at etaten prioriterer å utnytte informasjonsteknologi for å effektivisere verksemda der det er mogleg, og at etaten sørgjer for rett kompetanse til dei ulike oppgåvene etaten skal løyse.

Viktige prioriteringar i 2020 vert:

Makrotilsyn

Finanstilsynet skal leggje vekt på makrotilsyn og makroøkonomisk overvaking. Erfaringar har vist at risiko i makroøkonomien kan skape finansielle kriser, og makrotilsyn må derfor vere ein integrert del av eit effektivt tilsyn. Makrotilsynet skal vere særleg retta mot den gjensidige påverknaden innanfor det finansielle systemet og mellom det finansielle systemet og realøkonomien.

Soliditetstilsyn med finansføretak

Gjennom stadlege tilsyn og anna laupande tilsynsverksemd, skal Finanstilsynet bidra til at føretaka har god soliditet, er likvide, har robust finansiering, eigna leing og ei forvarleg risiko- og verksemdstyring. Solide og likvide finansføretak er ein føresetnad for finansiell stabilitet, der føretaka er i stand til å oppfylle sine skyldnader overfor kundane og kan ta hand om sine samfunnsfunksjonar. Klimarisiko skal inngå i tilsyn med risiko og risikostyring i føretaka.

Tilsyn med distribusjon av utlån, pensjons- og fondsprodukt samt andre finansielle instrument

Pensjonsprodukt med investeringsval og sparing i fondsprodukt inneber at kundane sjølv ber avkastningsrisikoen, og gjennom låneopptak pådreg kundane seg gjeldsforplikting. Gjennom

sitt tilsyn skal Finanstilsynet medverke til at føretaka tilbyr og formidlar produkta på ein forsvarleg måte, der dei tek vare på interessa til kundane og tek omsyn til deira føresetnader for å forstå eigenskapane til produkta og konsekvensar av sine avgjerder.

Tilsyn med aktørane i betalings-, handels- og oppgjerssystema og annan finansiell infrastruktur

Alvorleg svikt eller samanbrot i den finansielle infrastrukturen kan ramme finanssektoren og vitale samfunnsfunksjonar hardt. Nye og avanserte digitale løysingar og nye aktørar og leverandører kan medverke til auka effektivitet, men kan òg auke risikoen i det finansielle systemet. Finanstilsynet skal bidra til at aktørane har tilfredsstillande styring og kontroll av IKT-risiko, cyber-risiko og annan operasjonell risiko.

Tilsyn med etterleving av kvitvaskingsregelverket

Manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket aukar risikoen for at føretaka vert brukte til kriminalitet, og det aukar risikoen for omdømetap for føretaka og sviktande tillit til det finansielle systemet. Tilsynsverksemda har avdekt vesentlege svakheiter i etterleving av kvitvaskingsregelverket hos finansføretaka og andre rapporteringspliktige, og arbeidet må framleis ha prioritet.

Effektiv tilsynsverksemd

Vidare auke i Finanstilsynets oppgåver skjerpar kravet til effektiv utnytting av tilsynet sine ressurser og til prioritering av innsatsen på dei ulike tilsynsområda slik at samla mål oppfylling vert høgast mogleg. Det er viktig at Finanstilsynet følgjer beste praksis for tilsynsarbeid, og at det nyttar tilgjengelege teknologiske løysingar. Finanstilsynet må kontinuerleg arbeide med å effektivisere arbeidsprosesser. Dei siste åra har Finanstilsynet

arbeidd med å vidareutvikle stabile og effektive løysingar for rapporteringa frå føretaka, og dette må framleis ha merksemd.

Budsjett for 2020

Departementet foreslår å setje budsjetttramma til Finanstilsynet for 2020 til 444 mill. kroner. Dette er ein auke med 6,9 pst. frå Saldert budsjett 2019. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor, jf. Mål og prioriteringar i 2020.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter. For 2020 foreslår departementet ei løyving på 419,9 mill. kroner. Dette er ein auke med 7,8 pst. frå Saldert budsjett 2019. Til grunn for auken ligg at Finanstilsynet stadig får nye og endra oppgåver som følgje av både internasjonalt regelverk og nasjonale tilhøve. Dette vil òg ha innverknad på utføringa av dei faste oppgåvene tilsynet har. Finanstilsynet må difor leggje stor vekt på å sikre rasjonell og effektiv drift.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for IKT-systema i Finanstilsynet. Nye krav til tilsyn og tilsynsmetodar stiller omfattande krav til tilpassingar og utvikling av IKT-system som støtte for tilsynsarbeidet. For 2020 gjeld det mellom anna vidare arbeid med å tilfredsstille europeiske rapporteringskrav og leggje til rette for naudsynt analyse og større utviklingsprosjekt knytt til oversending av CRDIV data frå alle bankane. Arbeid med å modernisere Finanstilsynets samla IKT-plattform, samt følgje opp den gjennomførte teknologimoglegheitstudien, vil verte prioritert. For 2020 gjer departementet framlegg om å løyve 24,1 mill. kroner.

Kap. 4602 Finanstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
03	Sakshandsamingsgebyr	12 002	12 000	12 300
86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.	-174	500	500
	Sum kap. 4602	11 828	12 500	12 800

Post 03 Sakshandsamingsgebyr

Posten omfattar hovudsakleg gebyr frå den operative prospektkontrollen for omsetjelege verdipapir. Vidare inngår gebyr for saksbehandling av søknader om å drive verksemd som betalingsføretak og e-pengeføretak og gebyr ved tildeling av inkassoløyve. Etter endringar i betalingstenestedirektivet frå 1. april 2019 vil også gebyr for saksbehandling av søknader om løyve til å opptre som opplysningsfullmektige inngå her.

Finanstilsynet skal sjå til at gebyra i størst mogleg utstrekning reflekterer dei reelle kostnadene ved saksbehandlinga. Eventuelle avvik mellom dei pålagde gebyra og kostnadene Finanstilsynet har ved prospektkontroll, vert fordelte året

etter på dei noterte føretaka, anten som ei tilleggskontroll eller som ei nedsetjing av utlikninga til andre tilsynsutgifter.

Slike etterutrekningar vert av praktiske årsaker førde på kap. 5580 *Sektoravgifter under Finansdepartementet*, post 70 *Finanstilsynet, tilsynsavgift*.

Saksbehandlingsgebyr ved tildeling av inkassoløyve er fire gonger rettsgebyret. Betalte gebyr vert trekte frå i berekning av tilsynsavgifta for inkassoføretaka. Saksbehandlingsgebyr for betalingsføretak og e-pengeføretak, samt opplysningsfullmektige, er fastsett i forskrift til kr 30 000. Betalte gebyr vert trekte frå i berekning av tilsynsavgifta for betalingsføretak og e-pengeføretak og opplysningsfullmektige.

Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	388 738	418 400	445 700
	Sum kap. 5580	388 738	418 400	445 700

Utgiftene til Finanstilsynet vert fullt ut dekte av føretaka som er under tilsyn etter finanstilsynslova § 1 eller annan lovheimel. Finansieringa av utgiftene er heimla i finanstilsynslova § 9. Lovreglane er supplerte med forskrifter. Brukarbetalinga er ein funksjon av budsjetterte tilsynsutgifter same året. I tillegg til utgiftene på kap. 1602 kjem posteringar på kap. 1633 *Nettordning, statleg betalt meirverdiavgift*, og til frådrag kjem inntektene på

kap. 4602 *Finanstilsynet*, post 03 *Sakshandsamingsgebyr*. For 2020 er det vidare gjort frådrag med vel 5,8 mill. kroner for eingongsverknaden av ei regelendring for mellomvær med statskassa.

Den samla betalinga frå tilsynseiningane i 2020 er budsjettert til 445,7 mill. kroner. I tillegg kjem inntektene frå sakshandsamingsgebyr, jf. omtale ovanfor.

Kap. 1605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	508 477	507 200	607 400
22	Opplæringskontoret OK stat			6 300
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	16 746	16 200	16 600
	Sum kap. 1605	525 223	523 400	630 300

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Direktoratet for økonomistyring vert i 2020 omorganisert og endrar frå same tid namn til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Frå 1. januar 2020 vert fagområda til avdelinga for leiing og avdelinga for utgreiing og analyse flytta frå Direktoratet for forvaltning og ikt (Difi) til DFØ. Fagområdet innkjøp vert òg flytta frå Difi til DFØ i løpet av andre halvdel av 2020. Sjå nærare omtale av endringane i Prop. 1 S (2019–2020) for *Kommunal- og moderniseringsdepartementet* (KMD) og for *Nærings- og fiskeri-departementet* (NFD).

DFØ er statens fagorgan for økonomi, styring, leiing og organisering i staten. DFØs samfunnsoppdrag er å vere pådrivar for god styring, leiing og organisering i staten, og for at staten skal oppnå stordriftsfordelar og synergjar i eiga drift. DFØ skal sørge for ei heilskapleg tilnærming og utvikling av områda det har ansvar for.

DFØ leverer fellestenester på løn og rekneskap og forvaltar konsernsystema for statsrekneskapen og statens konsernkontoordning. DFØ forvaltar utgreiingsinstruksen, reglement for økonomistyring og føreseger om økonomistyring (økonomiregelverket i staten). DFØ skal gje faglege råd om mellom anna samfunnsøkonomiske analysar, evalueringar, utarbeiding og oppfølging av strategiar, mål- og resultatstyring og risikostyring. DFØ skal gje leiarar og tilsette i statlege verksemder tilbod om kompetanseutvikling på sine fagområde. DFØ vil undersøkje og analysere tilstand, utvikling og endringsbehov på sine fagområde i norsk forvaltning for å utvikle statleg styring og leiing. DFØ har òg ei rolle som fagleg premissleverandør. I dette ligg det at DFØ skal kunne greie ut aktuelle problemstillingar om organisering, styring og leiing i staten for å kunne gje innspel til politikktutvikling på desse fagområda. Ei slik rolle krev god oversikt over status, utvikling og endringsbehov i forvaltninga. DFØ skal gje statlege verksemder råd i arbeidsgjevarspørsmål og medverke i arbeidet til KMD med å følgje opp regjeringa si inkluderingsdugnad i staten og integreringsløftet.

Frå andre halvdel av 2020 vil DFØ òg ha ansvar for fagmiljø for innkjøp i offentleg sektor, inkludert Statens innkjøpscenter. Flyttinga av fagområde gjer at DFØ får ei større målgruppe. Innan fagområde offentlege innkjøp vil DFØ ha stat, kommune og næringslivet som målgruppe.

DFØ er lokalisert på tre stader – i Stavanger, Trondheim og Oslo – og hadde per 31. desember 2018 ei bemanning som svarer til 389 årsverk.

Resultat i 2018

Resultata til DFØ i 2018 vert vurderte ut ifrå tre hovudmål, jf. omtale nedanfor.

Hovudmål 1: DFØs kompetanseoverføring representerer beste praksis innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse

DFØ har ansvaret for å forvalte økonomiregelverket i staten og utgreiingsinstruksen. Dette inkluderer mellom anna å behandle søknader om unntak og svare på spørsmål om regelverka. DFØs metode- og kompetansetiltak byggjer på prinsippa og standardane i desse regelverka. I 2018 arbeidde DFØ med rettleiingar, utgreiingar, rapportar, presentasjonar, kurs, seminar, faglege nettverk og rådgjevingsoppdrag innanfor sitt fagområde. I 2018 omfatta dette fagområdet mellom anna:

- a. økonomiregelverket i staten
- b. utgreiingsinstruksen
- c. mål- og resultatstyring, resultatmålingar og resultatinformasjon
- d. verksemdstyring, risikostyring og internkontroll
- e. etatsstyring
- f. tilskotsforvaltning
- g. evalueringar på styringsområdet
- h. samfunnsøkonomiske analysar
- i. statsrekneskap og verksemdsrekneskap
- j. årsrapport og oppstilling av årsrekneskapen
- k. statleg betalingsformidling (statens konsernkontoordning)

Tenestene er tilgjengelege for alle statlege verksemder som bidrag til å betre verksemds- og økonomistyringa i deira organisasjonar. Kompetansenestene skal gjere det tydeleg for departementa og statlege verksemder kva krav regelverket set og kva som er god praksis for statleg styring. DFØs undersøking for 2018 syner at brukarane er godt nøgde med svara frå DFØ på spørsmål som gjeld økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen. Dei er òg nøgde med DFØs kompetansetiltak innan styring, utgreiing og analyse. Leiarar og andre brukarar av kompetansetiltaka svarer at dei meiner DFØ har bidrege til god styring i statlege verksemder.

DFØ har dei siste åra skaffa seg betre innsikt i brukarane sine vurderingar og praksis. DFØ har nytta innsikta til å utvikle kompetansenester som er meir oppgaveorienterte og tilgjengelege.

DFØ har arbeidd med fleire utviklingstiltak på forvaltingsområdet i 2018. DFØ har mellom anna

revidert rettleiingar til utgreiingsinstruksen og for samfunnsøkonomiske analysar. DFØ har gjennomført ein forenkla analyse av ulike digitale fellesløysingar som kan gje betre oversikt over tilskotsordningar og utbetalingar. Vidare har DFØ greidd ut korleis endra krav til statlege verksemder kan takast inn i økonomiregelverket i 2019 på ein god måte.

DFØ har samarbeidd med Difi på fleire viktige område i 2018. Mellom anna har DFØ og Difi i fellesskap kartlagt og vurdert bruken av styre i staten, og dei har samarbeidd i eit prosjekt om korleis årsverk i staten skal målast. DFØ har i 2018 òg delteke i eit fellesprosjekt med Nasjonalbiblioteket og Service- og tryggingorganisasjonen til departementa for å greie ut om det skal utviklast eit sams, digitalt system for å samle og dele kunnskap i offentleg sektor.

Hovudmål 2: DFØs fellestenester er korrekte, rettidige og nyttige

DFØs løns- og rekneskapstenester

DFØ tilbyr økonomitenester til verksemder i statsforvaltinga. Per 31. desember 2018 får 86 pst. av statlege verksemder levert lønstenester frå DFØ, medan 74 pst. av verksemdene er rekneskapskundar. I 2018 vart all løn utbetalt til rett tid, og alle rekneskapskundane av DFØ rapporterte til statsrekneskapen innan fristen.

DFØ har i 2018 teke opp fleire nye kundar og utvida samarbeidet med noverande kundar. Undersøkingar som DFØ har utført i 2018, syner at kundane samla sett er noko meir nøgde enn dei var i 2017. Kundane meiner DFØs løns- og rekneskapsstenester er nyttige, og dei er òg tilfredse med DFØs tilbod av rapportar med styringsinformasjon.

I 2018 gjennomførde DFØ fleire utviklingstiltak for å utnytte teknologi, forenkla tenestene og gje betre brukarstøtte.

Statsrekneskapen og konserntenestene

DFØ har ansvaret for forvalting og drift av statsrekneskapen. DFØs tenester for rapportering til statsrekneskapen får gode tilbakemeldingar frå brukarane. DFØ set òg opp ein løyvingsrekneskap og ein kapitalrekneskap som inngår i den årlege stortingsmeldinga om statsrekneskapen.

Sidan 2015 har DFØ publisert rådata (sjå data.norge.no) med rekneskapsinformasjon etter standard kontoplan. DFØ lanserte i 2017 portalen statsregnskapet.no, og i 2018 vart innhaldet òg utvida med rekneskapsdata for nettobudsjetterte verksemder. Løysinga frå DFØ for publisering av

statsrekneskapen gjer rekneskapsinformasjon frå statlege verksemder tilgjengeleg og mogleg å samanlikne på ein enkel måte. Dette har gjeve allmenta ein enklare og betre tilgang til informasjon om statleg ressursbruk.

DFØ forvaltar rammeavtalar med bankar om betalingstenester i staten og inngjekk i 2018 nye rammeavtalar om betalings- og kontohaldstenester for statlege verksemder. Statlege verksemder må bruke avtalane som inngår i statens konsernkontoordning. Brukarane er nøgde med tenestene innanfor betalingsformidlingsområdet, og dei er jamt over noko meir nøgde enn tidligare år.

Hovudmål 3: DFØs tenester gjev synergjar og stordriftsfordelar

DFØ er ein stor leverandør av løns- og rekneskapsstenester internt i staten, òg samanlikna med leverandørar i privat sektor. Kundemassen er jamt aukande. Til saman fekk om lag 84 000 faste tilsette og om lag 110 000 honorar- og timelønte medarbeidarar i statlege verksemder løn gjennom DFØs lønstenester i 2018.

Ved å tilby standardiserte løns- og rekneskapsstenester med eit stort volum, oppnår ein stordriftsfordelar. Dei viktigaste fordelane staten oppnår ved at DFØ er ein stor tenesteleverandør, er betre kvalitet og høgare effektivitet.

DFØ deltek i det nordiske Finance Benchmarking-programmet til Ernst & Young AS. I denne referanseundersøkinga vert DFØ samanlikna med andre offentlege verksemder som tilbyr fellestenester, og med resultat frå internasjonale undersøkingar. Undersøkinga syner at DFØ skåra godt. På to av dei tre områda med høgast volum, har DFØ i 2017 redusert kostnadane per eining (inngåande faktura og handtering av løn). For det tredje området (hovudbok og periodeavslutning) er det som følgje av meirkostnadar i forbindelse med omstilling ein svak auke i kostnadar per eining.

DFØ arbeider kontinuerleg med å utvikle og motivere brukarane til å ta i bruk dei digitaliserte løysingane DFØ tilbyr. Mobil-appen for DFØs lønsteneste har heilt sidan lanseringa i 2015 vorte utvikla med nye funksjonar, og nye brukargrupper har etter kvart kunne ta appen i bruk. Per 31. desember 2018 hadde DFØ nærare 60 000 unike brukarar av appen. DFØ har i 2018 òg lansert ein ny sjølvbeteningsløysing for honorarmottakarar (*Betalmeg*) som er meir brukarvennleg og effektiv for brukarane.

DFØs satsing på elektronisk fakturabehandling i statlege verksemder har gjeve admini-

strative innsparingar i staten og betre økonomistyring hos kundane. Per 31. desember 2018 vert om lag 74 pst. av fakturaene i DFØ behandla elektronisk, mot 65 pst. i 2016. Om lag ein million fakturaer gjekk gjennom DFØs elektroniske fakturaløysing.

DFØs innkjøpsløysing for e-handel integrerer heile innkjøpsprosessen frå bestilling til betaling. Løysinga bidreg til at kundar kan oppfylle krava til sporing og dokumentasjon som vert stilte i økonomiregelverket. 45 verksemdar har teke i bruk løysinga ved utgangen av 2018. Løysinga samhandlar med Difis e-handelsplattform og er ein integrert, men frivillig, del av DFØs tenester på rekneskapsområdet.

Satsinga på ny teknologi har gjeve resultat. Den nye digitale assistenten hjelper til dømes honorarmottakarar å fylle ut skjema og tilsette med å fylle ut reiserekningar. Assistenten vert nytta utanfor opningstida til kundesentera og handterte i andre halvår 2018 over 5 000 spørsmål og 2 500 samtalar. DFØs kundar kan òg velje å nytta robotane DFØ tilbyr for nokre av prosessane innanfor økonomitenestene. Over halvparten av kundane nyttar dei valfrie robotane ved mellom anna sjukmeldingar og reisekontroll.

Samla resultatvurdering

Departementet meiner DFØs resultat i 2018 syner at brukarane er tilfredse og at enkeltoppdrag er leverte i tråd med departementets forventningar. Ut frå hovudmåla som vart sette for etaten i 2018, vurderer Finansdepartementet resultatata samla sett som gode.

Viktige utfordringar

DFØ vert omorganisert i 2020. Fagområda til avdeling leiing, avdeling for utgreiing og analyse og avdeling for offentlege innkjøp vert flytta frå Difi til DFØ. Dette inneber at DFØ får ansvar for fagområda leiing, organisering, kompetanseutvikling og arbeidsgjevarstøtte, som skal styrast fagleg frå KMD, medan innkjøp skal styrast fagleg frå Nærings- og fiskeridepartementet, unntatt Statens innkjøpscenter, som skal styrast fagleg frå KMD. Endringane fører til at DFØ får ansvar for fleire fagområde og må arbeide med å innleme dei nye fagområda på ein god måte. Det er viktig at DFØ har ei heilskapleg tilnærming og ser i kva mon samordninga av fagområda kan gje brukarane betre tenester.

Omsynet til effektive fellesløysingar gjer at løns- og rekneskapsstenestene i dag er løyving-

finansierte. Nye kundar av DFØ overfører eit beløp som svarer til marginalkostnaden ved å ta opp ein ny kunde. Dette er i regelen eit lågare beløp enn det verksemda sjølv har brukt. Gevinsten gjer det mogleg å effektivisere verksemda.

På økonomiområdet leverer DFØ fellestenester som gjev synergjar og stordriftsfordelar for staten. For å kunne gjere dette må direktoratet vege omsynet til direkte gevinstar frå standardiserte fellesløysingar mot behovet for spesialtilpassingar for einskildverksemdar eller grupper av verksemdar.

Løysinga med standardiserte tenester fungerer godt for dei små verksemdene i staten. Dei større statlege verksemdene som no melder seg som kundar, etterspør meir tilpassa tenester, og dei har behov for integrering med verksemdsinterne system som er kritiske for drifta. Dette kan vere utfordrande når DFØ samstundes skal bidra til å realisere stordriftsfordelar for staten. Det vil likevel vere ei god løysing for staten samla sett at DFØ tilpassar eller utviklar løysingar for ei verksemd dersom dei òg kan kome til nytte for fleire verksemdar. Mange kundar ynskjer òg å kunne betale for å få levert fleire og betre tenester innan løn og rekneskap. Dei har behov for nye løysingar og ser gjerne at DFØ kan utvikle desse på oppdrag frå verksemda. Kundane ynskjer òg fleire og utvida tenester på tilgrensande område. I tida som kjem vil det vere viktig å halde staten sine interesser under eitt opp mot behova i einskilde verksemdar. For å tilby løysingar til desse kundane kan DFØ utvikle løysingar, finansiert av einskilde kundar, men som òg skal kunne nyttast av andre kundar, som hovudregel vederlagsfritt.

Mål og prioriteringar i 2020

Finansdepartementet fastsett desse hovudmåla for DFØ for 2020:

- DFØs kundar har effektiv økonomistyring og kan frigjere ressursar
- Statlege verksemdar bruker avgjerdsgrunnlag av god kvalitet
- Statleg styring er tilpassa eigenart og retta mot overordna mål og effektiv ressursbruk
- Offentlegheita har enkel og god tilgang til informasjon om statleg ressursbruk
- Statlege verksemdar er effektivt organisert og leia

Frå ein gong i løpet av andre halvdel av 2020 vil DFØ òg ha ansvar for fagområdet innkjøp. Frå same tidspunkt overtar DFØ dei føringar som alle-

reie finst på innkjøpsområdet, slik dei er omtalte i Prop. 1 S (2019–2020) for *Kommunal- og moderniseringsdepartementet* og for *Nærings- og fiskeri-departementet*.

Den underliggjande målstrukturen vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og DFØ i samband med utforminga av tildelingsbrevet frå departementet til etaten for 2020.

Resultata i 2020 skal jamt over vere like gode som resultata i 2018, jf. rapportomtalen ovanfor. Som følge av den pågåande omorganiseringa er det ein viss risiko for at nokre resultat i 2020 og dei neste åra kan verte noko svakare enn tidlegare år.

DFØ arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet opp mot effektivitet. Heilt feilfri oppgåveløysing er ikkje eit realistisk mål.

Viktige prioriteringar i 2020

Utvida tenestetilbod

Dei fire store universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø vert løns- og rekneskapskundar av DFØ frå 2021 og 2022. Dette inneber at talet på tilsette hos DFØs kundar aukar frå 93 000 til 116 000. Dette er ein monaleg auke med 25 pst., og universiteta er komplekse og krevjande kundar. I tillegg vil talet på honorar- og timelønte auke frå 107 000 til 156 000.

DFØ skal utvikle ei løysing for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) til universiteta i Oslo, Trondheim, Bergen og Tromsø. Løysinga er planlagd teke i bruk frå 2021 for to av universiteta, og dei to siste i 2022. Slike nye løysingar gjer DFØ i betre stand til å tilby effektive løns- og rekneskapstenester i staten.

Heilskapleg utvikling

Frå 1. januar 2020 vert fagområda leing, organisering og arbeidsgjevarstøtte i staten flytta frå Difi til DFØ. I løpet av andre halvdel av 2020 vert fagområde innkjøp flytta frå Difi til DFØ. Ei samling av fagområda legg til rette for ei meir samordna utvikling av fagområda. Det kan òg gje statlege verksemder betre og meir heilskaplege tenester enn før. Det er difor viktig at DFØ i 2020 arbeider med å innleie og samordne fagområda på ein god måte.

Stabil teneste og drift

DFØ har i løpet av dei siste åra vore gjennom to store omstillingsprosessar og får i 2020 ansvaret

for fleire nye fagområde. Samstundes aukar talet på kundar raskt, og direktoratet er i ferd med å ta opp fleire svært store verksemder som kundar. I 2020 inneber dette at direktoratet har behov for å tryggje drifta og tid til å gjennomføre desse krevjande prosessane.

Behandling av personopplysingar

Direktoratet yter viktige fellestenester til dei fleste verksemdene i staten. Som ein stor utbetalar av løn behandlar DFØ store mengder opplysningar om tilsette i staten og andre som mottar honorar frå staten. I takt med at talet på kundar aukar og at DFØ tilbyr nye løysingar, aukar òg informasjonen DFØ er ansvarleg for. DFØ må arbeide systematisk med å forbetre informasjonstryggleiken. DFØ må syte for å ha rutinar og system som gjer at behandlinga av slike opplysningar er forsvarleg. DFØ skal i 2020 arbeide vidare med å styrkje informasjonstryggleiken på dette området.

Budsjett for 2020

Departementet gjer framlegg om å setje budsjett-ramma til DFØ for 2020 til 630,3 mill. kroner. Løysinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor, jf. mål og prioriteringar i 2020.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter, utgifter til opplæring, utgifter til leige og drift av kontorlokale, reiser, drift og innkjøp av kontorutstyr og IKT-utstyr med meir. Beløpet omfattar dessutan direkte utgifter til lønskøyring for andre statlege verksemder hos ekstern leverandør, i tillegg til utgifter til vidareutvikling av tenestene.

I løyingsframlegget er det innarbeidd flytting av løysingar frå Difi til DFØ for å dekkje lønnsutgifter, utgifter til leige og anna for dei to avdelingane som skal til DFØ frå 1. januar 2020. Frå 2020 vert om lag 66,6 mill. kroner flytta frå Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett til kap. 1605 *Direktoratet for forvaltning og økonomistyring*, post 01 *Driftsutgifter*. Av dette vert nærare 63,1 mill. kroner flytta frå kap. 0540 *Direktoratet for forvaltning og IKT* (frå 2020 *Digitaliseringsdirektoratet*), post 01 *Driftsutgifter*, nærare 2,5 mill. kroner frå post 21 *Spesielle driftsutgifter* og om lag 0,1 mill. kroner frå post 23 *Utvikling og forvaltning av nasjonale felleskomponentar*. 0,9 mill. kroner vert flytta frå kap. 500 *Kommunal- og moderniseringsdepartementet*, post

01 *Driftsutgifter*. Løyvinga inkluderer òg løyving til drift av OK stat og eit forsøksprosjekt for OK stat i Nord-Noreg som held fram til 2021. Sjå omtale under post 22 og kap. 4605, post 02. Utgiftsover-slaga er usikre, og det kan verte behov for seinare justeringar. Eventuelle framlegg om slike vil verte fremja for Stortinget.

DFØ vil ha nokre eingongsutgifter i samband med overtakinga av dei nye oppgåvene, og som ikkje er dekte av flyttinga frå andre budsjettkapitel. Det er difor omdisponert 7,7 mill. kroner frå andre budsjettområde til slike utgifter.

DFØ har inntekter mellom anna frå tenester som direktoratet utfører for andre statlege verksemder. DFØs kundemasse og korleis kvar ein-skild kunde betalar for tenestene, kan endre seg gjennom året.

Sidan det er uvisst kor store inntektene vert, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 01 *Driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4605, post 01 *Økonomitenester*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Det vert gjort framlegg om å løyve 607,4 mill. kroner under post 01.

Post 22 Opplæringskontoret OK stat

OK stat er eit opplæringskontor for verksemder i staten, og som gjev eit tilbod til verksemder i 10 fylke. Frå hausten 2019 vil OK stat som ein del av ei forsøksordning òg gje eit tilbod til verksemder i Nord-Norge. OK stat er eit ledd i regjeringa si sat-

sing for fleire lærlingar. Sjå omtale av Opplæringskontoret OK stat under programkategori 13.00 i Prop. 1 S (2019–2020) for *Kommunal- og moderniseringsdepartementet*.

Frå 1. januar 2020 tek DFØ over ansvaret for OK stat frå Difi. Frå same tidspunkt vert løyvinga flytta frå kap. 0540 *Direktoratet for forvaltning og IKT* (frå 2020 *Digitaliseringsdirektoratet*), post 27 *Opplæringskontoret OK stat*, til kap. 1605 *Direktoratet for forvaltning og økonomistyring*, post 22 *Opplæringskontoret OK stat*. Løyvinga på posten omfattar utbetaling av lærlingstilskot til statlege verksemder som brukar OK stat, og som er knytte til OK stat. I 2019 vert det løyvd 10,3 mill. kroner til dette føremålet. Løyvinga vert i 2020 justert ned med 4,1 mill. kroner. Utviklinga viser no at talet på nye lærlingar har flata ut. Det tyder at det tidlegare overslaget for talet på nye lærlingar frametter var sett for høgt. Sjå omtale under post 01 og kap. 4605, post 02.

Det vert gjort framlegg om å løyve 6,3 mill. kroner under post 22.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar særleg utviklingstiltak for DFØs system og infrastruktur på IKT-området, medrekna naudsynte endringar og vidareutvikling av systemløyvingar.

Det vert gjort framlegg om å løyve 16,6 mill. kroner under post 45.

Kap. 4605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Økonomitenester	103 584	51 600	52 632
02	Opplæringskontoret OK stat			9 700
	Sum kap. 4605	103 584	51 600	62 332

Post 01 Økonomitenester

Posten omfattar i hovudsak betaling frå kundar når DFØ vidarefakturerer visse utgifter i samband med elektronisk fakturabehandling, programvarevedlikehald og teknisk drift av lønssystemet. Posten inneheld òg inntekter som gjeld betaling for løns- og rekneskapstenester frå kundar som har

fått unntak frå rammeoverføring som finansieringsform, eller som av andre årsaker ikkje kan overføre løyving til DFØ.

Det vert vist til forslag til fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 01 *Driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4605, post 01 *Økonomitenester*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Det vert gjort framlegg om å løyve 52,6 mill. kroner under post 01.

Post 02 Opplæringskontoret OK stat

Posten omfattar innbetalingar av lærlingstilskot frå fylkeskommunane. Løyvinga vert frå 2020 flytta frå kap. 3540 *Direktoratet for forvaltning og IKT* (frå 2020 *Digitaliseringsdirektoratet*), post 02 *Opplæringskontoret OK stat* til kap. 1605 *Direktoratet for forvaltning og økonomistyring*, ny post 02 *Opplæringskontoret OK stat*. I 2019 vert det løyvt 15,5 mill. kroner til dette formålet. Løyvinga

for 2020 vert justert ned med 6,1 mill. kroner sidan talet på lærlingar har flata ut. Utviklinga viser at talet på nye lærlingar har flata ut. Det tidlegare overslaget for talet på nye lærlingar frametter var sett for høgt. Sjå omtale under post 22 og post 01.

Det vert gjort framlegg om å løyve 9,7 mill. kroner under post 02. Det vert vist til forslag til fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, postane 01 *Driftsutgifter* og 02 *Opplæringskontoret OK stat*, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4605, post 02 *Opplæringskontoret OK stat*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Kap. 1608 Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	20 321		
	Sum kap. 1608	20 321		

Løyvinga under kap. 1608 var delt mellom tiltak for å styrkje økonomistyringa i staten og forskning og utvikling innanfor styring av store statlege investeringsprosjekt. Den delen som gjeld tiltak for styrking av statleg økonomistyring, vart frå 2019 av overført til kap. 1605 *Direktoratet for økonomistyring*. Midlar til utvikling av styring av store

statlege investeringsprosjekt, vert frå 2019 av dekte over kap. 1600 *Finansdepartementet*, post 21 *Spesielle driftsutgifter*. Ved utløpet av 2018 var 46 000 kroner av løyvinga ikkje nytta, og dette beløpet vart overført til kap. 1605 *Direktoratet for økonomistyring*, post 01 *Driftsutgifter*.

Programkategori 23.20 Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon

Utgifter under programkategori 23.20, fordelt på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1610	Tolletaten	1 625 096	1 612 800	1 765 000	9,4
1618	Skatteetaten	6 708 409	6 947 400	7 387 200	6,3
1619	Skatteklagenemnda			71 200	
	Sum kategori 23.20	8 333 505	8 560 200	9 223 400	7,7

Kap. 1610 Tolletaten

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	1 544 684	1 522 600	1 552 200
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	80 412	90 200	212 800
	Sum kap. 1610	1 625 096	1 612 800	1 765 000

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Tolletatens samfunnsoppdrag er å sikre at lover og reglar for grensekryssande vareførsel vert etterlevde.

Dette inneber at Tolletaten skal forvalte og medverke til at regelverket for toll og grensekryssande vareførsel vert etterlevd, mellom anna ved å informere og rettleie aktørane. Etaten skal leggje til rette for at varer som vart førde inn eller ut av landet, som hovudregel vert registrert og klassifisert med riktig opphavsland og verdsett med riktig verdi, samt kontrollere at aktørane etterlever regelverket. Varer som er underlagde restriksjonar, skal kontrollerast for gyldige løyve ved inn- og utførsel. Smugling av varer som er ulovlege, ubeskatta eller underlagt restriksjonar, skal motverkast. Samstundes skal Tolletaten leggje til rette for effektiv handel og vareførsel.

Tolletatens verksemd har fleire positive effektar på samfunnsnivå.

- Ved å motverke ulovleg inn- og utførsel av varer i strid med forbod eller restriksjonar, bidrar Tolletaten til eit trygt og berekraftig samfunn.
- Ved å sikre riktige og fullstendige opplysningar om grensekryssande varer som grunnlag for å fastsetje skattar og avgifter, og ved å fastsetje riktig toll, bidrar Tolletaten til finansiering av offentlege tenester.
- Ved å motverke ulovleg vareførsel bidrar Tolletaten til rettferdige konkurransevilkår for lovlige aktørar.
- Ved å samarbeide med internasjonale partnarar og handelsorganisasjonar bidrar Tolletaten til at Noreg oppfyller internasjonale forpliktingar og bidrar til utvikling av internasjonalt regelverk og praksis ved vareførsel.
- Ved å registrere vareførselsla inn og ut av Noreg bidrar Tolletaten til korrekt handelsstatistikk.

Etaten vart omorganisert 1. juni 2019 og består no av eit direktorat og to fagdivisjonar som bår ansvar og oppgåver for heile landet. Fram til 1. juni 2019 var etaten organisert med eit direktorat og seks underliggjande tollregionar. Per 31. desember 2018 var etaten lokalisert 35 stader i landet og hadde ei bemanning som svarer til 1 384 årsverk. Talet på tollstader er ikkje endra som følge av omorganiseringa. I tillegg utfører svenske og finske tollstader oppgåver for norske tollstyresmakter.

Resultat i 2018

Tolletatens resultat vert vurderte ut ifrå to hovudmål, jf. nedanfor.

Hovudmål 1: Leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer

Etaten behandlar og kontrollerer straumen av varer som kryssar grensa, med tilhøyrande vareinformasjon og inn- og utførselsdeklarasjonar. Deklarasjonane er grunnlaget for det meste av statsinntektene som kjem frå innførsel av varer til Noreg. Deklarasjonane vert òg brukte av Statistisk sentralbyrå i statistikken for norsk utanriks-handel, og dei utgjer behandlings- og avgjerdsgrunnlag for andre etatar som Mattilsynet, Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet.

I 2018 tok Tolletaten imot om lag 7,9 mill. inn- og utførselsdeklarasjonar, mot 7,5 mill. i 2017. Dette var ein auke på 4,7 pst. Det er òg ei auke i talet på innførsel av vareparti, men kvar last som vart deklart er mindre i volum og verdi. Det er grunn til å tru at ei viktig årsak til dette er at fleire store handelsaktørar etablerer sentrallager utanfor Noreg og har hyppigare og mindre sendingar til Noreg. Det er òg ein auke i talet på direktefortolling, dvs. fortolling av varen ved passering av grensa inn til Noreg. Dette er positivt då det legg til rette for ein betre kontroll av varene som kjem inn i landet, men det krev at Tolletaten er til stades på grensa når transporten passerer denne. Det vart i 2018 arbeidd med å gjere direktefortolling meir automatisert og effektivt enn i dag, sjå nærare omtale av prøveprosjektet Ekspressfortolling.

Til saman vart det i 2018 utført om lag 167 000 deklarasjons- og etterkontrollar. Toll-

etaten har prioritert større saker om tollverdi, toll og restriksjonar. Deklarantar som gjer mange feil, får særskild oppfølging med informasjon og andre tiltak.

Talet på elektronisk behandling av søknadar om ny berekning auka med 12 pst. frå 2017. Dette er mellom anna eit resultat av at Tolletaten har prioritert å gje deklarantane mykje rettleiing. Gjennom forenkling, digitalisering og målretta informasjon og rettleiing arbeider etaten kontinuerleg med å betre kvaliteten på næringslivet si deklarerings. Berekningsar som vert behandla elektronisk, bidreg til at Tolletaten vert meir effektiv og digital. I eit prøveprosjekt kan søknad om ny berekning sendast gjennom ei forenkla løysing i Altinn i staden for TVINN (Tolletatens elektroniske deklarasjonssystem).

Til saman avdekte deklarasjons- og etterkontrollar og anna økonomisk kontrollverksemd at vel 138 mill. kroner vart deklart feil eller prøvd unndrege i 2018. Avdekte beløp er på nivå med 2017.

Hovudmål 2: Beskytte samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer

Kontroll av vareførselen over grensa har òg som føremål å motverke ulovleg inn- og utførsel av farlege og ulovlege varer.

Tolletaten byggjer i stor grad kontrollen på risikoanalysar og etterretning for å avdekkje alvorlege lovbrøt og fortjenestemotivert ulovleg inn- og utførsel. Kampen mot den organiserte og profesjonelle smuglinga og mot narkotikakriminalitet har høg prioritet. Beslaga varierer frå år til år, og einskilde beslag kan gjere store utslag på årsresultatet.

Etaten har sidan 2012 nytta elektronisk utstyr med kamera og skiltattkjenning (ANPR) på nokre utvalde grenseovergangar i Østfold og Sør-Hedmark. Systemet syner og registrerer køyretøy som passerer. Det varslar mellom anna når køyretøy mistenkt brukt til smugling, passerer ein grenseovergang. Røynsla med ANPR har vore god. ANPR vert no systematisk bygd ut på alle landevegs grenseovergangar og ferjeleie med utanlandstrafikk. Sjå nærare omtale av ordninga i eige avsnitt under Mål og prioriteringar i 2020.

Tabell 5.1 Tolletaten – nøkkeltal frå grensekontrollen

År	2016	2017	2018
Kontrollerte objekt	229 300	227 464	240 670
Tal på beslag	34 908	37 498	37 811
Tal på treff i kontroll av reisande	16 158	16 956	16 114
Tal på treff i kontroll av gods og kurér	645	643	594
Tal på treff i kontroll av transportmiddel	6 008	7 239	7 100
Tal på treff i kontroll av post	3 279	11 432	12 086
Tal på lovbrøt melde til politiet ¹	6 201	6 522	7 051
Tal på avdekte alvorlege lovbrøt	592	680	609
Sum vekta avdekte alvorlege lovbrøt	2 640	2 741	2 228

¹ Tal på lovbrøt melde til politiet, vert vurdert som eit alvorleg lovbrøt dersom det overstig ein fast definert terskelverdi for mengde varer.

Tolletaten har i 2018 prioritert å avdekkje og stanse varer med restriksjonar for områda helse, miljø og tryggleik. Tolletaten har gjort nokre fleire beslag enn i 2017. Kontrollaktiviteten har i 2018 i hovudsak vore litt under resultatata i 2017, med unntak av tal på treff i kontroll av post. Det er ein mindre reduksjon i tal på treff i kontrollen av reisande, gods og kurér og transportmiddel, men ein auke i tall på treff i kontroll av post. Det er grunn til å tru at auken i varer som vert innførte med post, og som det er knytt restriksjonar til, er ein trend.

Beslaga vert òg målte ved at kvart alvorlege beslag vert vekta med ein poengsum etter kor stort beslaget er og kva for ei gruppe av beslag det høyrer til. Dei største narkotika- og dopingbeslaga gjev flest poeng. Dette vert gjort for å vektleggje dei beslaga som vanlegvis er eit resultat av eit meir ressurskrevjande etterretningsarbeid. Poenga vert summerte, og i 2018 vart resultatet 2 228 poeng som var noko lågare enn i 2017.

Tabell 5.2 Tolletaten – grensekontroll – beslagsstatistikk

År	2016	2017	2018
Tal på narkotikabeslag	3 881	4 352	4 222
Dopingmiddel (einingar)	194 600	127 152	155 000
Brennevin ¹ (i liter)	60 800	72 098	50 899
Sprit ² (i liter)	350	102	106
Vin (i liter)	31 100	60 540	33 156
Øl (i liter)	566 400	575 100	315 864
Sigarettar (stk.)	8,9 mill.	6,6 mill.	12,9 mill.
Valuta NOK ³	19,5 mill.	5,7 mill.	10,3 mill.

¹ Alkoholvarer med alkoholprosent over 22 pst. t.o.m. 60 pst.

² Brennevin med meir enn 60 pst. alkohol

³ Valuta som er beslaglagd pga. mistanke om straffbare tilhøve

I 2018 gjorde Tolletaten om lag 37 800 beslag. Av desse galdt om lag 4 200 narkotika. Talet på narkotikabeslag er marginalt lågare enn i 2017. Då var talet på beslag det høgaste nokosinne med om lag 4 400 beslag. Eit fleirtal av beslaga vart gjort i postsendingar, medan transportmiddel stod for dei største mengdene.

Tolletatens beslag av alkohol i form av brennevin, vin og øl i 2017 var det største på femti år. I 2018 er beslag av mengda alkohol lågare enn i 2017, medan talet på beslag er om lag som i 2017.

I 2018 har det vore ein veldig auke i beslag av valdsprodukt som knivar, stikkvåpen, slåstanskar, batongar og elektrosjokkvåpen i postsendingar. Det er gjort over 2 400 beslag i 2018, mot tidlegare år der det har vart gjort rundt 3–500 beslag av valdsprodukt i året.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet vurderer driftsresultata i 2018 samla sett som gode, særleg sett i lys av at Tolletaten er i ei periode med omstilling og naudsynt overføring av midlar frå drift til investering og utvikling. Etaten kan syne til gode resultat i 2018, men somme resultat er noko dårlegare enn i 2017.

I styringa av Tolletaten har departementet lagt vekt på at langsiktig utviklingsarbeid i større grad må prioriterast, slik at etaten vert betre rusta til òg i framtida å oppnå gode resultat. Departementet er nøgd med at etaten i 2018 har arbeidd med ei rekkje tiltak for å gjere Tolletaten meir effektiv og utviklingsorientert. Tolletaten har fått løyvd midlar til å digitalisere systemstøtta på kontrollområdet og ekspressfortolling – Treffsatsinga. Departementet forventar at satsinga vil bidra til ein betre og meir effektiv tolletat.

Viktige utfordringar

Tolletatens evne til å løyse samfunnsoppdraget vert utfordra av stadig større volum som skal kontrollerast, samstundes som etaten er underlagt krav til meir effektiv drift. Dette inneber krevjande prioriteringar i Tolletaten. Etaten må arbeide systematisk for å nytte tildelte ressursar og tilgjengelege verkemiddel på ein effektiv måte. Tolletaten må mellom anna i åra framover prioritere å betre balansen mellom drift, utvikling og investeringar.

Tolletaten vil prioritere å digitalisere verksemda og utvikle eit nytt hovudløp for næringslivet for innførsel av varer. Det pågåande ANPR-

prosjektet og prosjekta digitalisering av kontrollområdet i etaten og ekspressfortolling, er viktige for å lukkast med dette. Etaten må i større grad nytte IKT som verkemiddel for å gjere det enklare for reisande og næringslivet, samt å effektivisere interne prosessar.

Tolletaten har omorganisert verksemda si. Dei seks regionane er erstatta av to landsdekkjande fagdivisjonar for operativ verksemd. Den nye organiseringa er viktig for at etaten skal kunne tilpasse seg endringar i varestraumane og utvikle seg vidare med tanke på automatisering, digitalisering, innretning av det operative kontrollarbeidet og effektivisering av prosessar i tråd med dei måla og samfunnseffektane etaten skal oppnå. Tolletaten må halde fram med å tilpasse organiseringa si til tida og tilhøva.

Også kompetanse er viktig for utvikling av etaten. Etatsutdanninga vert evaluert, mellom anna med ei vurdering av om dagens utdanning dekkjer dei framtidige utfordringane og behova til Tolletaten, og kva for nokre moglegheter dei tilsette har for utvikling. At Tolletaten har rett kompetanse vil vere svært viktig for utviklinga av etaten.

Statlege verksemdar skal etablere internkontroll, tilpassa risiko og kva som er vesentleg. I tillegg set den nye personvernforordninga (GDPR) nye krav til internkontrollen i etaten, mellom anna til innsamling og bruk av personopplysningar. Tolletaten har identifisert område der etaten må forbetre den interne styringa og kontrollen. Mellom anna har intern kartlegging avdekt store avvik på personvernområdet. Dette gjeld mellom anna fleire avvik knytt til løysinga med skiltattkjenning (ANPR). Datatilsynet har her gjort vedtak om brotsgebyr. Etaten har oppretta eit omfattande personvernprosjekt som har identifisert eit breitt sett av tiltak som vert sette i verk fortløpande. Treffsatsinga gjer òg at etaten må ha eit godt system for personvern og informasjonstryggleik. Tida framover vil difor òg verte prega av arbeidet med å utvikle og etablere ein betre intern kontroll.

Mål og prioriteringar i 2020

Finansdepartementet fastsett desse hovudmåla for Tolletaten for 2020:

- Det er enkelt og effektivt å etterleve lover og reglar for grensekryssande vareførsel.
- Aktørane i vareførselen oppfattar risikoen ved å ikkje etterleve som høg.
- Tolletaten støttar opp under verksemda til andre myndigheiter.

Hovudmåla skal leggje til rette for ei styring av Tolletaten som i større grad legg vekt på dei samla effektane av verkemedela etaten brukar. Den underliggjande målstrukturen vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Tolletaten i samband med utforminga av tildelingsbrevet frå departementet til etaten for 2020. Resultata i 2020 skal jamt over vere like gode som resultata i 2018, jf. rapportomtala ovanfor.

Det er ikkje realistisk at Tolletaten kan stoppe all ulovleg inn- og utførsel av varer. Vidare vil òg etatens kontrollverksemd alltid innebere ei viss hindring for vareførselen, sjølv om etaten gjer det enkelt og effektivt å etterleve lover og reglar.

Tolletaten arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet opp mot effektivitet. Heilt feilfri oppgåveløysing er ikkje eit realistisk mål. Etaten må nytte kontrollressursane på best mogleg måte og prioritere på grunnlag av risikovurderingar. Departementet forventar at etaten prioriterer betre utnytting av teknologi, og at etaten sørgjer for rett kompetanse til dei ulike oppgåvene etaten skal løyse.

Tolletaten er inne i ein periode med omprioriteringar, endring og utvikling. Mellom anna har etaten i 2019 endra organisering frå seks regionar til to fagdivisjonar med nasjonal oppgåveløysing, og den vurderer ny modell for etatsutdanning og arbeider med å digitalisere og automatisere kontrollområdet. Av røynsle er det risiko for at ein slik periode kan påverke oppgåveløysinga negativt. På den andre sida vil satsinga på styrkt grensek kontroll og arbeidet Tolletaten gjer for å effektivisere og utvikle, kunne gje positive effektar. Samla sett er det likevel ein viss risiko for at einskilde resultat i 2020 og dei neste åra kan verte noko svakare enn tidlegare år.

Viktige prioriteringar i 2020 vert:

Elektronisk nærvær ved alle landevegs grenseovergangar

Tolletaten starta i 2016 utbygging av elektronisk utstyr med kamera og skiltattkjenning (ANPR) på alle landevegs grenseovergangar og ferjeleie med utanlandstrafikk. Dette arbeidet har vorte forseinka med eit år grunna konkurs hos utstysleverandør i 2017. I 2018 vart det inngått avtale med ein ny utstysleverandør. Løysinga frå den nye leverandøren vart teken i bruk fyrste halvår 2019. Fram mot utgangen av 2020 vil etaten fortlaupande byggje ut ordninga til fleire landevegs grenseovergangar og ferjeleie med utanlands-

trafikk. Det vil verte oppretta elektronisk skiltattkjenning for både inn- og utgåande trafikk.

Digitalisert systemstøtte på kontrollområdet og ekspressfortolling

I 2019 samla Tolletaten prosjektet for å digitalisere systemstøtta på kontrollområdet og prosjektet for ekspressfortolling i ei satsing – *Treff-satsinga*. Sjø omtale i Prop. 1 S (2018–2019). Satsinga inneber å etablere både ny og forbetra systemstønad for oppgåver i alle ledd av Tolletatens kontrollprosessar og ei ny løysing for deklarerering og automatisk fortolling av varer på grensa (ekspressfortolling).

Treff-satsinga var planlagt gjennomført i perioden 2019 til 2022 med ei samla kostnadsramme på 530,3 mill. kroner. Tolletaten reknar med å kunne dekkje 75,5 mill. kroner av desse kostnadane med gjeldande løyingsnivå. Satsinga er noko forseinka. Delar av løysinga som etter planen skulle vorte levert i 2019, vil verte utvikla seinare i prosjektet. Prosjektet er planlagt på ny med avslutting i løpet av 2023 og innafor gjeldande kostnadsramme.

I prosjektet for ekspressfortolling er det gjennomført eit pilotprosjekt for ekspressfortolling ved Ørje tollstad. Piloten vert evaluert i 2019–2020. Prosjektet for ekspressfortolling vert i 2020 utvida til nye tollstader, mellom anna Svinesund, og vidareutvikla med fleire tollprosedyrar.

I prosjektet for digitalisert systemstøtte på kontrollområdet vert det òg utvikla nye analyse- og etterretningsverktøy for støtte til alle kontrollprosessar i Tolletaten. Desse er delvis teke i bruk i etaten og baserer seg mellom anna på opplysningar innhenta frå kurérmanifest. Verktøya i etterretningsløysinga vil verte vidareutvikla og teke gradvis i bruk gjennom heile prosjektperioden. I 2020 vil prosjektet mellom anna levere ei mottaksløysing for å få informasjon frå næringslivet elektronisk (felleskomponent med ekspressfortolling). Søkje- og analysefunksjonar i etterretningsløysinga vil òg verte vidareutvikla. Den nye systemstøtta vil erstatte eksisterande etterretnings- og kunderegister.

For 2020 er det sett av 156,3 mill. kroner til prosjektet.

Framlegg til ny lov om inn- og utførsel av varer og ny lov om tollavgift

Det har i 2017 og 2018 vorte arbeidd med endringar i tollova. Det overordna målet med dette arbeidet har vore å få eit oppdatert lovverk som er tilpassa ansvarsområdet til Tolletaten, både ved å

synleggjere oppgåvene til etaten og å klargjere og forankre i lova at etaten òg utfører oppgåver for andre myndigheiter. Tolletaten har vorte involvert i arbeidet med å gjennomgå tollova og har gjort framlegg om endringar i regelverket.

Finansdepartementet sende 6. mai 2019 framlegg til ny lov om inn- og utførsel av varer og ny lov om tollavgift på høyring. Dei nye lovene skal erstatte tollova. Tolletaten vil verte involvert i arbeidet med oppfølging av høyringa. Etaten skal òg utarbeide forskrifter til dei to nye lovene.

Budsjett for 2020

Departementet foreslår å setje utgiftsramma for Tolletaten til 1 765 mill. kroner. Dette er 9,4 pst. høgare enn Saldert budsjett 2019. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter og er budsjettert til 1 552,2 mill. kroner. Det er ein auke på 1,9 pst. frå Saldert budsjett 2019.

Tolletaten framleiger ein del lokale. På grunn av den nære samanhengen som det her er mellom utgifter og inntekter, vil nettoføring gje det beste

uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettøføre refusjonane som utgiftsreduksjon under kap. 1610 *Tolletaten*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. framlegg til romartalsvedtak XI.2.

Finansdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, postane 01 *Særskilt vederlag for tolltenester*, 04 *Ymse refusjonar* og 05 *Refusjon frå Avinor AS*, jf. nærare omtale nedanfor.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar større vedlikehald, utskiftingar og kjøp av utstyr til grensekontrollen og IT-føremål. Posten er budsjettert med 212,8 mill. kroner. Det er 122,6 mill. kroner høgare enn Saldert budsjett 2019. Ein stor del av 2020-framlegget gjeld vidareføring av prosjekt for digitalisert systemstøtte på kontrollområdet og ekspressfortolling, jf. nærare omtale foran.

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å bestille for meir enn det som er løyvt, mot dekning av seinare løyvingar. Departementet ber difor om ei bestillingsfullmakt på 40 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Kap. 4610 Tolletaten

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Særskilt vederlag for tolltenester	7 527	7 000	7 200
02	Andre inntekter	2 076	2 000	2 100
04	Ymse refusjonar	2 566	1 100	1 100
05	Refusjon frå Avinor AS	25 891	25 200	25 200
85	Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot	20 862	17 000	23 000
Sum kap. 4610		58 922	52 300	58 600

Post 01 Særskilt vederlag for tolltenester

Posten omfattar gebyr for privatrekvirert tollbehandling og ekspedisjonsgebyr for tollforretning utført utanfor kontorstad og ekspedisjonstid. For å dekkje dei meirkostnadane som denne behandlinga og ekspederinga fører med seg ved høgare aktivitetsnivå enn det som er føresett, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løy-

vinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 01 *Særskilt vederlag for tolltenester*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Satsane for privatrekvirert tollbehandling skal i 2020 vere 445 kroner for 50 pst. overtid og 600 kroner for 100 pst. overtid. Ekspedisjonsgebyret skal vere på 215 kroner per påbyrja halvtime. Gebyrheimel er tollova § 4–3 tredje ledd.

Post 02 Andre inntekter

Posten omfattar fleire typar inntekter, som til dømes inntekter frå auksjonssal av varer som er forsøkt smugla inn i landet eller varer på tollager som ikkje har vorte tollbehandla, innkravde sakskostnader og agio. Desse inntektene vert truleg om lag dei same i 2020 som i 2019.

Tolletaten har ein del direkte utgifter i samband med auksjonssal, særleg til kunngjeringar, provisjon til nettauksjonsstaden og til taksering av særskilde varer, til dømes tepper og smykke. Slike utgifter er med på å gje høgare salsinntekter. For å få eit meir korrekt uttrykk for salsresultatet foreslår departementet at slike direkte utgifter kan trekkjast frå brutto salsbeløp (nettoposte-rast), jf. framlegg til romartalsvedtak XI.1.

Post 04 Ymse refusjonar

Posten vert brukt til inntekter som er ei direkte følge av, og av same slag som, den tilsvarende utgifta. Det gjeld mellom anna bestemte prosjekt etter oppdrag og med tilskot frå andre statlege etatar, kompetansetiltak m.m. og inntekter frå kursverksemd for næringslivet.

Det er nær samanheng mellom desse inntektene og dei tilhøyrande utgiftene på kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, og inntektene varierer ein del frå år til år. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 04 *Ymse refusjonar*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 05 Refusjon frå Avinor AS

Ordninga med enklare prosedyrar ved flybytte på Oslo lufthamn (forenkla transfer) har vorte evaluert, og det er vedteke at gjeldande ordning skal

vidareførast. Avinor AS skal dekkje Tolletatens meirkostnader i samband med ordninga. Med dette held ein fram med same praksis som under prøveprosjektet for ordninga. Refusjonar frå Avinor AS vert førte på denne posten. Fordi meirkostnadane og dermed òg refusjonsbeløp er noko usikre, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 05 *Refusjon frå Avinor AS*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 85 Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot

Posten omfattar inntekter frå gebyr som vert ilagde ved ulovleg ut- og innførsel av valuta, gebyr for brot på nærare angjeve føresegner i tollova kapittel 3 og 4 og tvangsmulkt for brot på nærare angjeve føresegner i tollova kapittel 13.

Valuta og andre betalingsmiddel med ein verdi på meir enn 25 000 kroner skal meldast og leggjast fram for Tolletaten ved inn- og utførsel i samsvar med tollova med forskrift. Når det er konstaterert brot på deklareringsplikta, kan det illeggjast eit gebyr, eventuelt kan tilhøvet meldast til politiet. Gebyret kan utgjere opp til 30 pst. av det ikkje-deklarererte beløpet.

Ved brot på nærare angjeve føresegn i tollova kapittel 3 og 4, for manglande medverknad til kontroll og utskrivning av uriktig opphavsbevis m.m., kan det illeggjast eit gebyr. Ramma for gebyret er regulert i forskrift.

Ved brot på nærare angjeve føresegn i tollova kapittel 13, om krav til å gje opplysningar m.m., kan det illeggjast ei dagleg, laupande tvangsmulkt fram til opplysningane vert gjevne.

Inntektene på post 85 er vanskelege å budsjettere sidan dei i stor mon avheng av åtferda hos reisande og transportørarar.

Kap. 1618 Skatteetaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	5 882 428	6 062 100	6 716 700
21	Spesielle driftsutgifter	204 876	205 900	212 500
22	Større IT-prosjekt, <i>kan overføres</i>	441 627	472 800	247 100
23	Spesielle driftsutgifter, a-ordninga	88 920	88 100	94 300
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	87 058	115 000	111 100
70	Tilskot	3 500	3 500	5 500
	Sum kap. 1618	6 708 409	6 947 400	7 387 200

Samfunnsoppdrag og organisering

Skatteetaten skal sikre eit finansielt hovudgrunnlag for offentleg verksemd.

Skatteetaten vart omorganisert frå 1. januar 2019 og består av eit direktorat og seks divisjonar med landsdekkjande ansvar for kvar sine fagområde. Etaten hadde per 31. desember 2018 ei bemanning tilsvarande 6 151 årsverk.


Skatteetaten fekk 4. oktober 2016 fullmakt frå departementet til å gå over til ein ny kontorstruktur med 57 skattekontor. Den nye kontorstrukturen vert innført gradvis og innan 31. desember 2019. Skatteetaten hadde 80 skattekontor per 31. desember 2018.

Skatteoppkrevjarane høyrer administrativt til kommunane, men er underlagt fagleg instruksjon frå Finansdepartementet og Skatteetaten når det gjeld kontroll av arbeidsgjevarane, føring av skatterekneskapen og innkrevjing av skatt og

folketrygdavgifter. Skatteetaten har ansvaret for statens kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen, medan Riksrevisjonen utfører revisjonen. Regjeringa gjer framlegg om at skatteoppkrevjarfunksjonen 1. juni 2020 vert overført frå kommunane til Skatteetaten. Sjå nærare omtale nedanfor under *Mål og prioriteringar i 2020* og i Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020*.

Resultat i 2018

Fastsetjing og innkrevjing av skattar og avgifter er krevjande prosessar. Desse prosessane byggjer på prinsippet om eigenfastsetjing og føreset omfattande bruk av tredjepartsopplysningar, registerinformasjon av god kvalitet, velfungerande og effektive IT-system og god dialog med dei skattepliktige. Figuren under gjev ei forenkla framstilling av denne prosessen.



Figur 5.1 Skatteetatens arbeid med fastsetjing av skattar og avgifter

Skatteetatens resultat vert vurderte ut ifrå tre hovudmål. Desse hovudmåla var nye i 2018. Dei nye hovudmåla skal leggje til rette for ei styring av Skatteetaten som i større grad legg vekt på dei samla effektane av verkemidla etaten bruker og i mindre grad på aktivitetar.

Hovudmål 1: Dei skatte- og avgiftspliktige etterlever skatte- og avgiftsreglane

Dei skatte- og avgiftspliktige skal oppleve at ordningane til etaten legg til rette for enkel og riktig

registrering, rapportering og innbetaling. Skatteetaten skal likebehandle dei skattepliktige og avdekkje og korrigere uriktige og manglande opplysningar.

Skatteetaten bidrog til eit proveny på til saman 1 361,1 mrd. kroner frå direkte og indirekte skattar i 2018. Det var 206,1 mrd. kroner meir enn i 2017. Tabell 5.3 syner fastsett proveny for dei viktigaste skatteartane. Nærare omtale finst i Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020*.

Tabell 5.3 Skatte- og avgiftsproveny (mrd. kroner)

	2016	2017	2018
Personleg skattepliktige	493,0	449,5	573,3
Upersonleg skattepliktige	70,2	84,9	79,2
Meirverdiavgift ¹	266,5	267,7	295,0
Særavgift	94,4	95,4	95,7
Kjeldeskatt ²		3,4	4,8
Tvangsmulkt (skatt)		0,7	0,5
Skatt og avgift på utvinning av petroleum	14,6	86,8	139,2
Avgift på arv og gåver	0,2	0,0	0,0
Arbeidsgjevaravgift	161,4	166,6	173,4
Totalt skatte- og avgiftsproveny	1 100,3	1 155,0	1 361,1

¹ Beløpa omfattar òg meirverdiavgift som er rapportert til og fastsett av Tolletaten.

² Artistskatt og kjeldeskatt på utbyte til utanlandske aksjonærar m.m.

Dei store fastsetjings- og innkrevjingsprosessane har i 2018 vore gjennomførte med tilfredsstillande kvalitet og utan vesentlege avvik. Kvaliteten på tredjepartsopplysningane, som er grunnlag for både skattekort og den førehandsutfylte skattemeldinga, har vore god.

Analysar av etterleving

Skatteetaten gjer stadig analysar av etterlevinga hos dei skattepliktige og utviklinga over tid. Etaten evaluerer òg bruken av verkemiddel. For 2018 er det særleg gjort slike analysar på områda arbeidslivskriminalitet, skjult inntekt og formue i utlandet og rettidig innlevering og betaling.

Skatteetaten har vurdert utviklinga i arbeidslivskriminalitet og evaluert kontrollarbeidet mot kriminelle bakmenn, tiltak for å få oppdragsgjevarar og forbrukarar til å velje seriøse aktørar og eit

tiltak som gjeld personleg rettleiing av utanlandske næringsdrivande. Analysar av samanhengar mellom verkemiddelbruk og endringar i etterlevinga, er metodisk krevjande. Dei nemnde analysane peiker likevel i retning av at Skatteetatens aktivitetar og verkemiddelbruk har effekt på etterlevinga. Forhold og endringar som Skatteetaten ikkje rår over, til dømes konjunktursvingningar, gjer likevel at desse effektane er usikre. For å motverke arbeidslivskriminalitet er samarbeid mellom offentlege etatar viktig.

Talet på skattepliktige med utanlandsforhold aukar. Det er venta at dette vil auke ytterlegare som følgje av auka internasjonal konkurranse i finansnæringa. Skatteetaten har no eit vesentleg betre informasjonstilfang om slike forhold enn tidlegare som følgje av CRS (Common Reporting Standard) og FATCA (Foreign Account Tax Compliance Act). I 2017 vart det aktivt informert

om at skattepliktige med tidlegare skjulte verdier i utlandet fekk anledning til å rette tidlegare unndragingar. Desse aktivitetane førte med seg ein stor auke i frivillig retting. Forsking og Skatteetatens analysar syner at slik eigenretting har varig effekt. Eit styrkt internasjonalt samarbeid om informasjonsutveksling, lekkasjar av data og Skatteetatens evne til å nytte datamaterialet i risikobasert kontroll og oppfølging, gjer at risikoen for at unndraging vert oppdaga er vesentleg større enn tidlegare.

Skatteetaten har gjort analysar av etterlevinga av leverings- og betalingskrav for skattemelding for skatt for næringsdrivande og skattemelding for meirverdiavgift for inntektsåra 2010–2017. Analysane syner at etterlevinga av både leveringsplikta for skattemelding for skatt, skattemelding for meirverdiavgift og betaling av meirverdiavgiftskrav er styrkt i perioden etter 2010. Med den nye skatteforvaltingslova vart det frå 1. januar 2017 innført tvangsmulkt for sein levering av mellom anna desse skattemeldingstypene. Tvangsmulkt har ført til ei vesentleg betring i etterlevinga for levering av desse skattemeldingane og ein stor nedgang i talet på skjønnsfastsetjingar. Delen som leverte skattemelding for skatt i tide, auka, særleg blant aksjeselskap og dei gruppene av verksemder som tidlegare hadde dårlegast etterleving. For skattemeldinga for meirverdiavgift har innføringa av tvangsmulkt ført til ein auke i delen som leverer i tide frå 89 pst. i 2015 til 92 pst. i 2017. Tala for levering av denne meldingstypen syner òg at det særleg har vore ei betring i delen som leverer i tide hos dei gruppene av verksemder som tidlegare hadde dårlegast etterleving.

Opplevd oppdagingsrisiko

Skatteetaten gjennomfører årleg ei spørjeundersøking (SERO) som mellom anna måler opplevd oppdagingsrisiko hos eit utval verksemder. Delen som opplever liten eller svært liten oppdagingsrisiko ved å ikkje rapportere alle skattar og avgifter, var 24 pst. i 2018. Dette er same resultat som i 2017, men ein nedgang på 8 prosenteningar frå undersøkinga frå 2016.

I SERO-undersøkinga vert òg opplevd oppdagingsrisiko i ulike bransjar målt. Bygg- og anleggsbransjen er den bransjen som over tid har oppgjeve lågast risiko for å verte oppdaga. Denne bransjen har vore ei prioritert målgruppe i arbeidet mot arbeidslivskriminalitet. Delen av dei spurde i bygg- og anleggsbransjen som opplevde stor eller svært stor risiko for å verte oppdaga, har auka frå 54 pst. i 2016 til 65 pst. i 2018. Departementet vil peike på at resultatane frå desse undersøkingane bør vurderast over tid før ein kan trekke klare konklusjonar om utviklinga.

mentet vil peike på at resultatane frå desse undersøkingane bør vurderast over tid før ein kan trekke klare konklusjonar om utviklinga.

Saksbehandlingstid for klagar

Utviklinga for saksbehandlingstida for klager i Skatteetaten er ikkje tilfredsstillande. I 2018 hadde 74 pst. av sakene ei samla saksbehandlingstid på under åtte månader, noko som er langt dårlegare enn resultatane i 2017. Delen inkluderer både saker der skattekontora og Skattedirektoratet behandlar og avgjer klagene, og saker der skattekontora førebur sakene før dei vert sende til Skatteklagenemnda. Saksbehandlingstida er for lang både på skattekontora og i sekretariatet til Skatteklagenemnda.

Til tross for tett oppfølging og iverksetjing av fleire tiltak, har ein ikkje klart å redusere talet på ubehandla saker i Skatteklagenemndas sekretariat vesentleg i 2018. Ein stor del av dei ubehandla sakene er over eit år gamle. Som eit tillegg til den laupande oppfølginga av restansesituasjonen frå Skattedirektoratet, har departementet bedt Oxford Research AS om å gå gjennom kva som hindrar effektiv saksbehandling og om å vurdere ytterlegare tiltak. Mellom anna på bakgrunn av rapporten, gjer departementet framlegg om å opprette eit eige budsjettkapittel for Skatteklagenemnda og å styrkje bemanninga i sekretariatet, sjå omtale under kap. 1619 *Skatteklagenemnda*.

Departementet vil framleis følgje opp arbeidet med å redusere saksbehandlingstida i Skatteklagenemndas sekretariat og på skattekontora.

Hovudmål 2: Skatteetaten sikrar brukarane tilgang til registerdata og informasjon med god kvalitet

Det offentlege og andre brukarar har behov for registerdata og informasjon frå Skatteetaten i sitt arbeid. Skatteetaten skal ha ei effektiv og sikker innsamling, bearbeiding og tilgjengeliggjering av slik informasjon nasjonalt og internasjonalt.

Ei brukarundersøking syner at 71,6 pst. av dei profesjonelle brukarane av Folkeregisteret er nøgde med kor godt og tilgjengeleg registeret er. Det er på same nivå som dei to førre åra. Folkeregisteret var tilgjengeleg for brukarane tilnærma 100 pst. i 2018, og det var ingen alvorlege avvik. Saksbehandlingstidene for folkeregistermeldingar var vesentleg betre i 2018 enn i 2017. Årsaka til betringa er særleg at meldingane for prøving av ekteskapsvilkår og dødsfall no er digitaliserte gjennom arbeidet med å modernisere Folkeregis-

teret, jf. nærare omtale av denne moderniseringa under.

Skatteetaten har i samarbeid med Brønnøysundregistera, Finans Noreg og BITS AS i 2018 utvikla ei ny løysing for deling av skatteopplysningar med andre etatar, bankar og lånetakarar. Den nye løysinga legg til rette for at relevante opplysningar om inntekt og skatteoppgjer vert utleverte basert på samtykke. Brukarane har teke løysinga godt imot.

Den formelle datakvaliteten i a-ordninga er god. For 2018 har det vore færre feil enn i føregående år. For inntektsopplysningar er datakvaliteten god. Skatteetaten har nokre utfordringar knytt til at arbeidsgjevarar rapporterer arbeidsforhold som ikkje er reelle, og med uidentifiserte a-meldingar. Sjå òg omtale av uidentifiserte a-meldingar i Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020*.

Hovudmål 3: Samfunnet har tillit til Skatteetaten

Skatteetaten skal forvalte regelverk og tilby brukartenester for å vareta dei rettar og plikter som dei skatte- og avgiftspliktige har. Dei skatte- og opplysningspliktige skal møte profesjonell og effektiv saksbehandling, få god informasjon og oppleve at informasjonen deira vert forvalta på ein god og trygg måte.

Skatteetaten gjennomfører årlege undersøkingar retta mot privatpersonar og bedrifter for å kartleggje deira røynslar og inntrykk av Skatteetaten. Undersøkingane frå 2018 syner at ein stor del av brukarane har høg tillit til Skatteetatens utøving av myndigheit og til at deira rettar vert tekne vare på. Dei spurde har òg høg tillit til at Skatteetaten forvaltar informasjon på ein trygg måte.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet vurderer Skatteetatens resultat i 2018 samla sett som tilfredsstillande, særleg sett i lys av at etaten har vore gjennom krevjande førebuingar til ein ny organisasjonsmodell. Dei store fastsetjings- og innkrevjingsprosessane har vore gjennomførte utan vesentlege problem og med tilfredsstillande kvalitet. Innlemminga av Nav innkrevjing har òg vore vellukka. Etaten har i hovudsak gode resultat på styringsparametrane. Behandlingstida for klager er framleis ikkje tilfredsstillande

Analysar og evalueringar peiker i retning av at etatens aktivitetar og bruk av verkemiddel på områda arbeidslivskriminalitet, frivillig retting og

rettidig levering har effekt på etterlevinga. Det er knytt noko uvisse til desse effektane, mellom anna på grunn av eksterne forhold. Utviklinga i etterlevinga må vurderast over tid og basere seg på eit breitt spekter av data.

Brukarundersøkingar syner at brukarane av Folkeregisteret er nøgde med kvaliteten på innhaldet i registeret. Registeret er godt tilgjengeleg og hadde i 2018 ingen alvorlege avvik. Det har i 2018 vore ei vesentleg betring i saksbehandlingstida for folkeregistermeldingar, særleg som følgje av digitalisering av tenester i prosjektet Modernisert folkeregister. Departementet meiner det er positivt at effektane av dette prosjektet kjem alleie i prosjektperioden.

Brukerundersøkingar tyder på at befolkninga og verksemdene har høg tillit til Skatteetaten. Dette er ein viktig føresetnad for etterleving av skatte- og avgiftsreglane.

Finansdepartementet er nøgd med at Skatteetaten gjennom prosjekta med øyremerkja løyvingar får til omfattande IT-modernisering og forretningsutvikling med vesentlege effektar både for etaten og brukarane. Det har vore naudsynt å forlengje SOFUS-prosjektet og prosjektet for modernisering av Folkeregisteret for å realisere planlagt omfang. Departementet har høg merksemd på dette arbeidet.

Viktige utfordringar

Finansdepartementets styring av Skatteetaten har eit fleirårig perspektiv. Evna etaten har til å fylle samfunnsoppdraget og nå måla sine, avheng både av utanforliggjande forhold og dei interne prosessane og oppgaveløysinga i etaten.

Digitale plattformer skaper nye forretningsmodellar som utfordrar skatte- og avgiftssystemet. Årsaka er at modellane kan gjere det vanskeleg å avgjere kva det er som skaper verdiar, kven som skaper dei og i kva for land verdiskapinga skjer. Dette, saman med ei stadig aukande internasjonalisering, gjer det krevjande for Skatteetaten å få tilgang på grunnlagsopplysningar av god kvalitet. Opplysningar frå utlandet og frå utanlandske selskap med oppdrag i Noreg, får auka verdi.

Digitalisering i Skatteetaten er viktig både av omsyn til etterlevinga av skatte- og avgiftsreglane, forenkling for brukarane og gode arbeidsprosessar internt i etaten. Regelverksutvikling, informasjonstryggleik og personvern er sentrale delar av dette arbeidet.

Arbeidstakarar på kortidsopphald i Noreg har lita tilknytning til den norske arbeidsmarknaden og ofte låg kjennskap til dei norske skatte- og avgifts-

reglane. Denne gruppa krev ofte særskild oppfølging og rettleiing i skattefastsetjingsprosessane og identitetsforvaltinga.

Regjeringa arbeider for ein effektiv offentleg sektor. Skatteetaten må sørge for å nytte ressursane som vert tildelte, best mogleg. Etaten har dei siste åra gjennomført viktige endringar som skal gje ei endå betre og meir effektiv oppgaveløysing, mellom anna ein ny kontorstruktur og ein ny organisasjonsmodell. Regjeringa gjer framlegg om at ansvaret for skatteoppkrevjarfunksjonen vert overført frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2020. Framover er det viktig at Skatteetaten arbeider systematisk for å utnytte moglegheitene som ligg i den nye organiseringa og dei faglege synergiane mellom dei nye skatteoppkrevjingsoppgåvene og oppgåvene etaten har i dag.

Mål og prioriteringar i 2020

Finansdepartementet fastset desse hovudmåla for Skatteetaten for 2020:

- Dei skatte- og opplysningspliktige etterlever skatte- og avgiftsreglane
- Skatteetaten sikrar brukarane tilgang til registerdata og informasjon med god kvalitet
- Samfunnet har tillit til Skatteetaten

Underliggjande effektindikatorar, styringsparametrar og forklaringsvariablar vert fastsette i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Skatteetaten i samband med utforminga av tildelingsbrev til etaten for 2020. Departementet ventar at resultatata i 2020 jamt over skal vere like gode som resultatata i 2018. I resultatvurderinga vil departementet leggje vekt på heilskapen i verksemda til Skatteetaten.

Skatteetaten arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet opp mot effektivitet. Heilt feilfri oppgaveløysing er ikkje eit realistisk mål.

Viktige prioriteringar i 2020 vert:

Tiltak mot arbeidslivskriminalitet

Regjeringa la i februar 2019 fram ein revidert strategi mot arbeidslivskriminalitet. Hovudtilnærminga i strategien er eit styrkt samarbeid med partane i arbeidslivet, meir koordinert kontroll og oppfølging frå tilsynsstyresmaktene, krav til offentlege innkjøp, kunnskap for å fremje seriøsitet, informasjon til utanlandske arbeidstakarar og internasjonalt samarbeid. I den reviderte strategien er førebygging, kunnskap og informasjon òg

fremheva som viktige område. Tiltaka gjeld område under fleire departement.

Ein sentral del i strategien er betre koordinering mellom dei offentlege etatane, slik at deira sams innsats vert så slagkraftig og effektiv som mogleg. I 2020 vil arbeidet for å betre forstå og utnytte gjeldande regelverk for informasjonsutveksling mellom kontrolletatane og politiet halde fram. Politiet, Skatteetaten, Arbeidstilsynet og Arbeids- og velferdsetaten har etablert sju arbeidslivskriminalitetssenter (a-krimssenter) der desse etatane og andre offentlege styresmakter samarbeider om oppfølginga av konkrete saker. I tillegg skjer det òg eit operativt samarbeid mot arbeidslivskriminalitet fleire andre stader i landet. Regjeringa har etablert eit nasjonalt, tverretatleg analyse- og etterretningssenter (NTAES) for å styrkje innsatsen mot økonomisk kriminalitet, inklusive arbeidslivskriminalitet. Det skal gjennomførast ei evaluering av NTAES i 2020. Etatane har òg sams handlingsplanar mot arbeidslivskriminalitet og ein sams styringsmodell for a-krimssentra.

Arbeidet med meirverdiavgift

Skatteetaten må halde fram med arbeidet for eit riktig og oppdatert meirverdiavgiftsregister. Registeret er viktig for etterleving av meirverdiavgiftsreglane og for å førebyggje at meirverdiavgiftssystemet vert nytta til svindel. Etaten må òg ha høg merksemd på forvaltinga av meirverdiavgift ved innførsel. Skatteetaten må leggje vekt på arbeidet med å førebyggje og avdekkje unndragingar. God rettleiing og risikobasert kontroll er viktige reiskapar her.

Internasjonalt arbeid for å tryggje skattegrunnlaget

Skatteetaten skal aktivt nytte tilgjengelege verkemiddel i arbeidet med internprising i multinasjonale konsern og for å avdekkje skjulte inntekter og formuar i utlandet. Skatteetaten skal halde fram med å arbeide med effektive løysingar for å nytte opplysningar etaten mottok frå andre land og arbeide for å auke kvaliteten på desse opplysningane. Etaten skal òg følgje med på nye internasjonale standardar som vert utvikla, og vurdere korleis desse kan brukast i oppgaveløysinga.

Saksbehandlingstida på klager

Det er viktig at Skatteetaten arbeider vidare med å korte ned saksbehandlingstidene på klager på skattekontora. Skatteetaten er i gong med eit arbeid for å gå igjennom alle sider ved behand-

linga av klager i etaten for å kome fram til forbetringstiltak. Sjå òg omtale under kap. 1619 *Skatteklagenemnda*.

Betre identitetsforvaltning

Fleire etatar har oppgåver som påverkar identitetsforvaltninga i Noreg. Skatteetaten har i 2018, saman med Politidirektoratet, Utlendingsdirektoratet og Difi, etablert ei rådgjevande gruppe for å koordinere deira innsats for betre identitetsforvaltning i Noreg (KoID). Skatteetaten leiar gruppa, og føremålet er ei betre identitetsforvaltning og meir koordinert innsats frå dei fire etatane. Gruppa vil òg samarbeide med andre sentrale aktørar som Nav, Finans Noreg, Nasjonalt ID-senter og Brønnøysundregistra. Skatteetatens innsats held fram i 2020.

Personopplysningane i Folkeregisteret vert nytta når andre instansar skal utferde dokument som pass, bankkort og førarkort. Skatteetatens arbeid for å gjere grunnlaget for registrering av ein identitet synleg i Folkeregisteret held fram i 2020. Det vil gå fram av registreringa om identiteten til personen er kontrollert eller ikkje. Slik kan brukarar av Folkeregisteret avgjere om identiteten er trygg nok for deira bruk.

For å sikre at ein person kan ha ein unik identitet registrert i Folkeregisteret, er det naudsynt å nytte informasjon om biometriske data frå register i justissektoren. Skatteetaten har etter lov om folkeregistrering høve til å registrere om ein identitet er unik. Før Skatteetaten kan registrere om ein person har unik identitet, må justissektoren sørge for at registra deira kan utveksle informasjon om biometriske data. Etaten skal i 2020 halde fram samarbeidet med Politidirektoratet og Utlendingsdirektoratet om kopling av informasjon om biometriske data frå passregisteret og utlendingsregisteret til Folkeregisteret.

Overføring av skatteoppkrevjinga frå kommunane til Skatteetaten

Regjeringa gjer framlegg om at ansvaret for skatteoppkrevjarfunksjonen vert overført frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2020, jf. omtale i Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020*. Overføringa inneber at Skatteetaten må styrkjast med om lag 850 årsverk. Til saman skal Skatteetaten nytte 918 årsverk på skatteoppkrevjinga. Som følgje av overføringa må budsjettet til Skatteetaten styrkjast med 558,3 mill. kroner i 2020. Ramma til kommunane vert redusert med til saman 644,4 mill. kroner. Inkludert i løyvinga til

Skatteetaten i 2020-budsjettet er 130 mill. kroner til å dekkje ein del av Skatteetatens eingongs meirkostnader i samband med overføringa. Meirkostnadane gjeld mellom anna eigedom, kontorutstyr og mindre tilpassing av IKT-system. Gevinsten av overføringa vert då 86,1 mill. kroner i 2020. Med heilårsverknad og utan eingongskostnader er gevinsten frå overføringa rekna til 370,1 mill. kroner årleg.

Nytt IT-system for meirverdiavgift (MEMO)

Skatteetaten har starta arbeidet med å utvikle eit nytt IT-system for meirverdiavgift. Tiltaket vil gje ei modernisert IT-plattform for mottak og behandling av skattemeldinga og anna saksbehandling knytt til meirverdiavgift. Ei meir digitalisert prosessstøtte og betre rettleiing for verksemdene vil gjere det enklare å etterleve meirverdiavgiftsreglane. Eit modernisert system vil ha tilpassa løysingar ut frå kor store verksemdene er og gjere det mogleg både for Skatteetaten og verksemdene å sjå skatte- og avgiftsforhold for verksemda samla på tvers av skatteartene. Tiltaket omfattar òg løysingar som legg til rette for automatiserte analysar og ei meir risikobasert oppfølging av dei avgiftspliktige.

Eit nytt IT-system for meirverdiavgift vil verte utvikla i perioden 2019–2023 med ei kostnadsramme på 624,8 mill. 2020-kroner. For 2020 er det sett av 95 mill. kroner til prosjektet.

Dialogbasert skattemelding (SIRIUS)

Skatteetaten utviklar ei ny dialogbasert skattemelding for formues- og inntektsskatt for næringsdrivande, lønstakarar og pensjonistar. Den nye skattemeldinga skal forenkla og forbetre prosessane for fastsetjing av skatt og redusere næringslivets kostnadar ved å etterleve statlege rapporteringskrav. Den nye skattemeldinga vil òg modernisere Skatteetatens IT-system for fastsetjing av skatt.

Prosjektet skal etter planen verte avslutta ved utgangen av 2021. Arbeidet er krevjande, og det er no venta at arbeidet vert forseinka. Representantar for næringslivet og systemleverandørar har i høyring om skattemelding for næringsdrivande på standardisert digitalt format kommentert at det er behov for at ny skattemelding for næringslivet vert lansert på eit seinare tidspunkt enn planlagt. Skatteetaten skal no gå gjennom prosjektet og vurdere om det er behov for å gjere endringar i prosjektplanane. Finansdepartementet vil kome tilbake til Stortinget om vidare oppfølging av desse forholda.

Prosjektet har ei kostnadsramme på 581,2 mill. 2020-kroner. Av dette er 46,9 mill. kroner til arbeidet med tilpassingar i Statistisk sentralbyrå. For 2020 er det sett av 106,0 mill. kroner til prosjektet i Skatteetaten.

Modernisering av Folkeregisteret

Skatteetaten byrja i 2016 eit prosjekt for å modernisere Folkeregisteret. Prosjektet er eit viktig tiltak for auka digitalisering og effektivisering av offentleg sektor og ei betre identitetsforvaltning. Eit modernisert folkeregister vil mellom anna gje informasjon med betre kvalitet, kortare saksbehandlingstid og nye tenester for offentlege og private verksemder. Som varsla i Prop. 1 S (2018–2019) er prosjektet forseinka. Skatteetaten vil etter ny plan ferdigstille eit modernisert Folkeregister i 2020, eit år seinare enn tidlegare planlagt. Dette påverkar ikkje kostnadsramma for prosjektet. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2016–2017).

Kostnadsramma for prosjektet er 576,9 mill. 2020-kroner. Det er for 2020 sett av 46,1 mill. kroner til modernisering av Folkeregisteret.

Budsjett for 2020

Budsjettramman for Skatteetaten er for 2020 sett til 7 387,2 mill. kroner som er 439,8 mill. kroner høgare enn i Saldert budsjett 2019. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar mellom anna lønsutgifter, utgifter til opplæring, utgifter til leige og drift av kontorlokale, reiser og kontorutstyr.

For 2020 er det gjort framlegg om å løyve 6 716,7 mill. kroner under post 01. Dette er ein nominell auke frå Saldert budsjett 2019 med 654,6 mill. kroner eller 10,8 pst. Mykje av auken, 558,3 mill. kroner, kjem av at ansvaret for skatteoppkrevjarfunksjonen vert overført frå kommunane til Skatteetaten. Forslaget inneber skjerpa krav til effektivisering og innsparingar. I forslaget ligg det spesifiserte innsparingstiltak med om lag 10 mill. kroner og dessutan ein reduksjon med 30,3 mill. kroner som følgje av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. Til fråtrekk kjem òg ei overføring på 71,2 mill. kroner til kap. 1619 *Skatteklagenemnda*.

Skatteetaten har nokre inntekter frå sal av tenester til andre statsinstitusjonar og kommunar

og ein del andre inntekter. Fordi det er uvisst kor store inntektene vil vere, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1618, post 01 Driftsutgifter, med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4618, post 03 *Andre inntekter*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Skatteetaten framleiger ein del lokale. På grunn av den nære samanhengen her mellom utgifter og inntekter vil nettoføring gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettoføre refusjonane som utgiftsreduksjon under kap. 1618 *Skatteetaten*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. framlegg til romartalsvedtak XI.3.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til innkrevjing av meirverdiavgift, særavgifter og petroleumsskatt m.m. for Skatteetaten, og dessutan Skatteetatens del av utgifter som dei kommunale skatteoppkrevjarane har til innkrevjing av arbeidsgjevaravgift, skatt og trygdeavgift. Posten omfattar òg kostnadar med tvangsforretning, tinglysing, garantistilling og innkrevjing av barnebidrag. Vidare omfattar posten sakskostnadar i rettssaker som gjeld meirverdiavgift, sakskostnadar der Oljeskattekontoret er part, særavgifter og krav gjennom Statens innkrevjingssentral. For 2020 er det gjort framlegg om å løyve 212,5 mill. kroner under post 21.

Post 22 Større IT-prosjekt, kan overførast

Posten omfattar løyvingar til arbeid med dialogbasert skattemelding (SIRIUS), modernisering av Folkeregisteret og eit nytt IT-system for meirverdiavgift (MEMO). Prosjekta er nærare omtalte ovanfor. For 2020 er det gjort framlegg om å løyve 247,1 mill. kroner under post 22.

For desse investeringsprosjekta kan det verte bruk for avtalar som går utover budsjettåret, mot dekning av seinare løyvingar. Departementet ber difor om at Skatteetaten får fullmakt til å inngå slike avtalar innanfor dei kostnadsrammene som er gjevne ovanfor, jf. framlegg til romartalsvedtak V. Vidare ber ein om fullmakt til å nettoføre som utgiftsreduksjon refusjonar frå andre offentlege institusjonar som etaten utviklar løysingar i samarbeid med. Slik føring vil gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Sjå her framlegg til romartalsvedtak XI.4.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, a-ordninga

Etatenes fellesforvaltning tek hand om interessene til dei tre samarbeidande etatane (Skatteetaten, Arbeids- og velferdsetaten og Statistisk sentralbyrå) og til dei opplysningspliktige i den vidare forvaltninga og utviklinga av a-ordninga. For 2020 er det gjort framlegg om å løyve 94,3 mill. kroner til forvaltninga av a-ordninga.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for Skatteetatens system og infrastruktur på IKT-området, medrekna meir omfattande oppgraderingar, vidareutvikling av systemløyvingar med meir. For 2020 er det gjort framlegg om å løyve 111,1 mill. kroner under post 45.

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å bestille for meir enn det som er løyvt. Difor ber departementet om ei tingingsfullmakt på 40 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Skatteetaten samarbeider med andre offentlege institusjonar om somme IT-investeringar. Eit døme er utskriftssamarbeidet med arbeids- og velferdsetaten der denne etaten betaler ein del av utgiftene til høgvolumskrivar og konvolutteringsmaskin. Nettoføring vil her gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettoføre slike refusjonar som utgiftsreduksjon under kap. 1618 *Skatteetaten*, post 45 *Større utstyrskjøp og vedlikehald*, jf. framlegg til romartalsvedtak XI.5.

Post 70 Tilskot

Posten omfattar tilskot til Senter for skatteforskning ved Noregs Handelshøgskule og til Universitetet i Oslo og Universitet i Bergen sine satsingar på skatterettsfaget. For 2020 er det gjort framlegg om å løyve 5,5 mill. kroner under post 70, fordelt med 3,5 mill. kroner til Noregs Handelshøgskule, 1 mill. kroner til Universitetet i Oslo og 1 mill. kroner til Universitetet i Bergen.

Kap. 4618 Skatteetaten

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr	91 425	89 500	89 500
02	Andre refusjonar	48 294	46 100	
03	Andre inntekter	32 570	37 900	40 900
05	Gebyr for utleggsforretningar	50 769	49 000	50 000
07	Gebyr for bindande førehandsfråsegner	4 219	3 500	3 500
11	Gebyr på kredittdeklarasjonar	3 370	5 200	3 500
85	Inngått på tapsførte lån m.m.	241 176	246 500	250 000
86	Bøter, inndragingar m.m.	1 374 606	1 430 000	1 400 000
87	Trafikantsanksjonar	65 746	70 000	60 000
88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	224 098	262 600	220 000
89	Gebyr for regelbrot	5 135	4 000	5 000
Sum kap. 4618		2 141 408	2 244 300	2 122 400

Inntektene på kap. 4618, postane 85–88, er jamt over vanskelege å budsjettere. Hovudgrunnen er at krava vert ilagde av andre. Også inntektene på

nokre av dei andre postane på kapitlet vert monaleg påverka av forhold utanfor etaten.

Post 01 Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr

Posten omfattar refusjon av gebyr ved utleggsforretningar som vert utførte av Skatteetaten og dei alminnelege namsmennene, og staten sin del av dei refusjonane som skatteoppkrevjarane får inn frå debitorane, jf. kap. 1618, post 21.

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar mellom anna refusjonar for data-tenester som er utførte for andre statlege verksemder, gebyr for folkeregisteropplysningar og nokre andre refusjonar. Inntekter frå framleige av lokale og refusjonar frå samarbeidande institusjonar ved somme IT-investeringar er det ynskjeleg å føre netto, jf. nærare omtale under høvesvis post 01 *Driftsutgifter* og post 45 *Større utstyrskjøp og vedlikehald*.

Post 05 Gebyr for utleggsforretningar

Posten omfattar gebyrinntekter frå utleggsforretningar som Skatteetaten utfører sjølve.

Post 07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner

Posten omfattar inntekter frå gebyr for bindande førehandsfråsegner frå Skatteetaten.

Post 11 Gebyr på kredittdeklarasjonar

Ved innførsel er hovudregelen at toll og avgifter skal betalast ved grensepasseringa. Etter tollkredittordninga kan godkjende importørar få kreditt slik at deklarasjonar for ein kalendermånad kan samlast og betalast den 18. i månaden etter. I månader der ein importør har brukt tollkredittordninga, vil han få eit gebyr på 100 kroner. Samla gebyrinntekter svarer til dei kostnadane som Skatteetaten har med tollkredittordninga.

Post 85 Inngått på tapsførte lån m.m.

Posten omfattar inntekter frå innkrevjing av misleghaldne lån som er tapsførte i Statens lånekasse for utdanning og i Husbanken.

Post 86 Bøter, inndragingar m.m.

Posten omfattar inntekter frå bøter (forenkla førelegg, vanlege førelegg og bøter som er ilagde ved dom), inndragingar og sakskostnadar.

Post 87 Trafikantsanksjonar

Posten omfattar inntekter frå trafikkgebyr, parkeringsgebyr og overlastgebyr, utferda av politiet og Statens vegvesen.

Post 88 Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret

Posten omfattar innbetaling av forseinkingsgebyr, ilagde av Rekneskapsregisteret.

Post 89 Gebyr for regelbrot

Posten omfattar inntekter frå gebyr for regelbrot som kan ileggjast arbeidsgjevarar som ikkje kan leggje fram ei oppdatert personalliste.

Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu

For å sikre og følgje opp krav i konkursbu som ledd i det offentlege innkrevjingsarbeidet, vart det for 2019 gjeve fullmakt til å gje nye, vilkårsbundne tilsegner om dekking av kostnadar ved vidare bubehandling for opp til 8 mill. kroner. Ved utgangen av 2018 låg det føre slike tilsegner for nærare 4,7 mill. kroner. Tilsegningsfullmakta er knytt til kap. 1618 Skatteetaten, post 21 *Spesielle driftsutgifter*. Vidare har skatteoppkrevjarane etter § 4-6 i skatteoppkrevjarinstruksen høve til å gje tilsegn om opp til 0,5 G til dekking av utgifter til vidare bubehandling. Tilsegna kan utvidast til opp til 1 G etter godkjenning frå Skatteetaten. Når ein skatteoppkrevjar gjev tilsegna, vert utbetalinga skuldskriven skatterekneskapan. Tilsegner frå skatteoppkrevjarane er ikkje omfatta av rapporteringa her.

Vanlegvis vert det gjeve tilsegn når ein reknar med at vidare bubehandling kan tilføre eit konkursbu aktiva, men buet ikkje har evne til å bere risikoen for kostnadane. I særlege tilfelle er tilsegna grunngjeven med preventive omsyn. Det gjeld mellom anna når mistanke om økonomisk kriminalitet tilseier at konkursbuet forfølgjer saka privatrettsleg eller overfører saka til påtalemakta. Ordninga medverkar dessutan til å avsløre brot på skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga og motverkar økonomisk tapping av verksemder.

Føremålet med tilsegningsordninga er å tilføre skatte- og avgiftskreditorane verdiar som gjev betre dekking av skatte- og avgiftskrav som er melde i buet. Skatteetaten opplyser at skatte- og avgiftskreditorane får ei meirdekking i konkursbu der det er gjeve tilsegn om midlar til vidare bubehandling.

Finansdepartementet ser på tilsegnordninga som viktig med tanke på både innkrevjing og allmennprevensjon. Ansvar for å gje nye tilsegner er delegert til Skattedirektoratet. Departementet gjer framlegg om å vidareføre ordninga i 2020 ved å gje Skattedirektoratet fullmakt til å gje nye vil-

kårsbundne tilsegner om dekking av kostnader ved vidare bubehandling for opp til 8 mill. kroner innanfor ei samla fullmakt for nye og gamle tilsegner på 22,5 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak VII.

Tabell 5.4 Tilsegnordninga ved oppfølging av konkursbu

	(i 1 000 kr)
	Tilsegner
Samla ansvar per 1. januar 2018	4 658
Nye tilsegner i 2018	2 553
Tilsegnreduksjonar som følgje av utbetalingar i avslutta bu	-150
Tilsegnreduksjonar som følgje av utbetalingar i ikkje-avslutta bu ¹	342
Differanse mellom tilsegner og utbetalingar i avslutta bu	- 905
Samla ansvar per 31. desember 2018	6 498
Fullmakt til nye tilsegner i 2019	8 000
Framlegg til fullmakt til nye tilsegner i 2020	8 000
Framlegg til samla fullmakt i 2020 for nye og gamle tilsegner	22 498

¹ Talet er positivt pga. ytterlegare utbetalingar i nokre ikkje-avslutta bo.

Kap. 1619 Skatteklagenemnda

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter			71 200
	Sum kap. 1619			71 200

Samfunnsoppdrag og organisering

Skatteklagenemnda behandlar klager som gjeld skatt og meirverdiavgift. Ordninga skal bidra til rettstryggleik for dei skattepliktige ved at klager der vedtaka ikkje vert omgjorte i fyrste instans ved skattekontora, får ei ny og uavhengig behandling.

Eit eige sekretariat førebur sakene for nemnda. Sekretariatet er lokalisert i Stavanger og hadde 30. juni 2019 43 fast tilsette. Sekretariatet er administrativt underlagt Skattedirektoratet, men er fagleg sjølvstendig. Det er lovfesta at Skatteklagenemnda og sekretariatet ikkje skal kunne instruerast i faglege spørsmål.

Regjeringa gjer framlegg om at løyvingane til Skatteklagenemnda og sekretariatet vert gjort på

eit eige budsjettkapitel. Utgiftene til nemnda og sekretariatet har tidlegare vore løyva på kap. 1618 *Skatteetaten*, post 01 *Driftsutgifter*. Skatteklagenemndas sekretariat vil framleis vere administrativt underlagt Skattedirektoratet.

Bakgrunn og tiltak

Det har frå Skatteklagenemnda vart etablert 1. juli 2016 bygd seg opp vesentlege restansar av ubehandla saker i Skatteklagenemndas sekretariat. Skattedirektoratet og sekretariatet har arbeidd mykje med å setje i verk tiltak som kan minke restansane og betre saksflyten, men talet på ubehandla saker i sekretariat er framleis for høgt. Sjø òg omtale under kap. 1618.

Som eit tillegg til den ordinære oppfølginga av restansesituasjonen i sekretariatet, har departementet bedt Oxford Research AS gå gjennom kva som hindrar ei effektiv saksbehandling i sekretariatet og kva avbøtande tiltak som kan setjast i verk. I sin rapport peiker Oxford Research AS på at den nye klageordninga i seg sjølv fungerer godt og gjev ei uavhengig klagebehandling. Oxford Research AS viser til at den som klagar vert gjeven heilt eller delvis medhald i om lag ein fjerdedel av sakene, og at det dermed er ei reell overprøving av saker i nemnda. I rapporten vert det òg vist til at nemnda og sekretariatet har høg fagleg kompetanse. Oxford Research AS peiker på fleire årsaker til at det har bygd seg opp restansar. I tillegg til oppstartsproblem med å etablere ei ny nemndsordning parallelt med laupande behandling av klagesaker, har det vore utfordringar knytt til effektiv overlevering av saker frå skattekontora til sekretariatet og til saksflyten internt i sekretariatet. Det har òg vore ulike vurderingar av kva som skal vere arbeidsdelinga mellom skattekontora og sekretariatet i saksførebuinga, noko som mellom anna har ført til dobbeltarbeid. Rapporten syner òg at forholdet mellom det faglege sjølvstendet til sekretariatet og den administrative styringa frå Skattedirektoratet, har vore krevjande. Ifølgje Oxford Research AS er det potensial for meir saksstyring og meir vekt på effektiv saksproduksjon i sekretariatet.

Eit eige budsjettkapitel vil gjere både føresetnadane for løyvinga til Skatteklagenemnda og resultatansvaret for sekretariatet meir tydeleg. Skatteklagenemndas sekretariat vil framleis vere administrativt underlagt Skattedirektoratet. Departementet vil vurdere nærare om det er behov for å gjere ytterlegare endringar i den organisatoriske tilknyttinga for Skatteklagenemnda og sekretariatet.

I budsjettframlegget er det innarbeidd 8 mill. kroner ekstra til å styrkje bemanninga i sekretariatet for å redusere restansane.

Departementet vil òg utarbeide nærmare reglar eller retningslinjer for saksbehandlingsprosessen for saker som skal til nemnda. Føremålet med dette er å få til ei meir effektiv saksbehandling, samstundes som ein tek vare på rettstryggleiken.

Rammer for fagleg sjølvstende

Som skildra over har den administrative styringa av sekretariatet vore utfordrande som følgje av at det har vore krevjande å trekkje grenser mellom sekretariatets faglege sjølvstende og dei admini-

strative føringane som direktoratet kan gje. Departementet finn det difor føremålstenleg å gjere greie for sitt syn på kva fagleg sjølvstende for sekretariatet inneber.

Kjernen i det *faglege sjølvstendet* er at overordna styresmakt ikkje kan instruere organet om utfallet av enkeltsaker eller sakstypar. Verken Skattedirektoratet eller departementet kan difor gje føringar for kva slags resultat sekretariatet skal kome til i dei sakene det behandlar.

Når eit organ har ansvaret for den *administrative styringa* av eit anna organ, inneber det eit ansvar for organiseringa av saksbehandlinga i det andre organet. Departementet meiner at det administrative ansvaret gjer at det ansvarlege organet kan gå langt i å setje rammer for saksbehandlinga utan at det faglege sjølvstendet stenger for dette. Slike rammer kan til dømes dreie seg om tid og ressursbruk på ulike sakstypar.

Så lenge dei administrative føringane ikkje inneber at sekretariatet vert instruert om utfallet i bestemte saker eller sakstypar, vil det faglege sjølvstendet ikkje stengje for slike føringar, sjølv om føringane i sin ytste konsekvens kan ha betydning for faglege val. Organisering av oppgåveløysinga, saksbehandlingstid og måloppnåing er eksempel på kva overordna organ kan gje føringar om.

Mål og prioriteringar i 2020

Finansdepartementet fastset følgjande hovudmål for Skatteklagenemndas sekretariat for 2020:

- Saksførebuinga for Skatteklagenemnda skal vere effektiv og ha god kvalitet.

Underliggjande resultatkrav og styringsparametrar for sekretariatet vert formidla via tildelingsbrev til Skatteetaten for 2020.

Viktige prioriteringar i 2020:

Skatteklagenemndas sekretariat må i 2020 arbeide for å redusere talet på ubehandla saker vesentleg. Regjeringa har difor innarbeidd 8 mill. kroner ekstra til styrkt bemanning i sekretariatet for å redusere restansane. For å få ei meir effektiv saksbehandling, er det òg viktig at Skatteklagenemndas sekretariat går gjennom organiseringa av dei interne arbeidsprosessane og korleis fagkompetansen i sekretariatet kan verte utnytta best mogleg.

Budsjett for 2020

Budsjetttramma for Skatteklagenemnda er for 2020 sett til 71,2 mill. kroner. I framlegget er inn-

arbeidd 8 mill. kroner til styrking av bemanninga i sekretariatet. Kap. 1618 *Skatteetaten*, post 01 *Driftsutgifter*, vert redusert med tilsvarande beløp.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar løn til tilsette i Skatteklagenemndas sekretariat, godtgjering til nemndsmed-

lemene, arbeidsgjevaravgift, pensjon og andre personalutgifter samt enkelte andre driftsutgifter. Fordi det er Skatteetaten som har inngått dagens leigeforhold og Skatteklagenemnda bruker etatens IT-system, vert utgifter til eigedom, inventar, IT-utstyr mv. framleis dekte over kap. 1618.

Programkategori 23.30 Offisiell statistikk

Utgifter under programkategori 23.30

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1620	Statistisk sentralbyrå	860 986	866 400	893 700	3,2
	Sum kategori 23.30	860 986	866 400	893 700	3,2

Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	576 189	593 300	607 900
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	244 369	253 100	259 900
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	40 428	20 000	25 900
	Sum kap. 1620	860 986	866 400	893 700

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Stortinget vedtok i juni ny lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå (statistikklova). Der heiter det at Statistisk sentralbyrå (SSB) «*er den sentrale myndigheten for utvikling, utarbeiding og formidling av offisiell statistikk i Norge*» (Lovvedtak 89 (2018–2019)). Slik statistikk gjev viktig kunnskap om korleis samfunnet er bygd opp, korleis det verkar og korleis det utviklar seg. Ho bidrar til allmenn folkeopplysning, er grunnlag for analyse, forskning, planlegging og styring både for private og for styresmaktene, og legg til rette for eit opplyst offentleg ordskifte. Lova gjev SSB eit todelt samfunnsoppdrag. I tillegg til statistikk skal SSB «*drive med forskning og analyse*», i hovudsak retta mot regjeringa og sentralforvaltninga, Stortinget og partane i arbeidslivet.

Statistikklova slår fast at SSB er ein fagleg uavhengig institusjon som administrativt er underlagd Finansdepartementet. Slikt sjølvstende i høve til styresmakter og interessegrupper er

avgjerande for den tillita og autoriteten offisiell statistikk må ha.

Den nye statistikklova vil tre i kraft i fleire steg, og departementet tek sikte på at heile lova vil gjelde frå 1. januar 2021. Den nye lova vil styrkje og tydeleggjere SSBs faglege uavhengigheit og vil òg gje SSB ei sentral rolle i å samordne og kvalitetssikre den offisielle statistikkproduksjonen på tvers av offentlege statistikkprodusentar.

Ved utgangen av 2018 hadde verksemda ein arbeidsstokk tilsvarande 760 årsverk. I tillegg utgjorde intervjuarar 33 årsverk.

Talet på tilsette i SSB er redusert frå meir enn 1 000 til om lag 850 dei seinaste 10 åra. Dei overordna krava til effektivisering og kostnadskutt krev at SSB framleis reduserer talet på tilsette.

Om lag 64 pst. av dei tilsette i 2018 arbeidde i Oslo og 36 pst. på Kongsvinger. Kongsvingerdelen er noko lågare del enn i dei føregåande åra. Det er skilnader i alder, oppgåver og kompetanse mellom staben på dei to stadane. Det har gjort at nedgangen i tilsette midlertidig vert relativt større i Kongsvinger enn i Oslo. SSB har mål om sterke

kompetansemiljø både på Kongsvinger og i Oslo. SSB vurderer fleire tiltak for å sikre dette.

Med heimel i statistikklova har Finansdepartementet oppnemnt representantar til styret for SSB for periodar av fire år. Styret fører tilsyn med utviklinga i offisiell statistikk og med verksemda til SSB. Styret behandlar og godkjenner strategiar, årsrapportering og budsjett etter framlegg frå administrerande direktør.

Når § 19 i ny statistikklov trer i kraft vil styret verte erstatta av eit råd. Denne endringa vil gjelde frå januar 2020, og dagens styre vil fungere ut 2019.

Statistikkrådet har vore eit rådgjevande organ for SSB og andre registereigarar og produsentar av offisiell statistikk i Noreg. Etter den nye lova vert Statistikkrådet erstatta av eit *Utval for offisiell statistikk* som vert oppnemnt av Finansdepartementet. Utvalet for offisiell statistikk vil få ei sentral rolle i å samordne arbeidet med offisiell statistikk, mellom anna knytt til å utarbeide forslag til program for offisiell statistikk.

SSB har òg rådgjevande utval for ei rekkje statistikkområde og kjem der i dialog med viktige brukarar av statistikken.

SSB har hovudansvaret for Noregs deltaking i internasjonalt statistisk samarbeid. Dette samarbeidet er med på å heve kvaliteten på norsk statistikk og legg til rette for å samanlikne med internasjonal statistikk. Samstundes legg det føringar

på den norske statistikkproduksjonen. Den europeiske statistikklova inneheld retningslinjer for å utvikle, produsere og formidle europeisk statistikk og er gjort gjeldande i norsk rett. Saman med Dei Sameinte Nasjonane (SN) sine grunnleggjande prinsipp for offisiell statistikk, utgjør desse retningslinjene eit internasjonalt rammeverk for verksemda til SSB.

Resultat i 2018

Statistikk av høg kvalitet som dekkjer viktige sider av samfunnet, er eit hovudmål for SSB. Det er sett kvantitative mål for viktige indikatorar som skal underbygge SSBs arbeid med å levere relevant statistikk av høg kvalitet. Indikatorane er òg forankra i dei europeiske retningslinjene for statistikk.

Nedanfor følgjer ein omtale av resultatata for sentrale resultatindikatorar for statistikkproduksjonen i 2018.

Aktualitet

Som mål på aktualitet i statistikken nyttar ein talet på veker frå referanseperioden går ut til statistikken vert publisert. Den gjennomsnittlege produksjonstida for statistikkane var om lag uendra frå 2017 til 2018.

Tabell 5.5 Aktualiteten til statistikken – talet på veker frå utgangen av referanseperioden til publisering

	2014	2015	2016	2017	2018
Månadsstatistikk	3,9	3,5	3,5	3,6	3,6
Kvartalsstatistikk	8,8	8,1	7,7	8,1	8,0
Årsstatistikk	35,5	33,4	33,2	33,1	33,2

Punktleg publisering av statistikk

SSB annonserer tidspunkta for publisering i ein publiseringsskalender på nettsida ssb.no. I 2018

vart 90 pst. av statistikkane publiserte på det varsla tidspunktet. Nedgangen har samanheng med ein ny og meir presis målingsmetode.

Tabell 5.6 Publisering av statistikk – del som vart publisert på varsla tidspunkt¹

	2014	2015	2016	2017	2018
Del av statistikkane som vart publisert på varsla tidspunkt	87	91	97	95	90

¹ Frå 2016 skal alle statistikkpubliseringar verte varsla i Statistikkkalenderen på ssb.no seinast tre månader før publisering. Frå same året vert endringar i publiseringssdato før det står att tre månader til publiseringstida difor ikkje lenger rekna som avvik.

Svarrespons

For at statistikken skal halde høg kvalitet, er det viktig at ein så stor del av intervjuobjekta som mogleg tek del i undersøkingane. Statistikklova gjev SSB heimel til å bruke oppgåveplikt ved inn-

samling av data og eventuelt tvangsmulkt ved manglande levering. Svarresponsen for dei frivillige undersøkingane tok seg opp igjen, etter ein nedgang frå 2016 til 2017, medan svarresponsen for undersøkingar med oppgåveplikt er stabilt høg.

Tabell 5.7 Svarrespons i undersøkingar frå SSB. Prosent

Undersøkingar:	2014	2015	2016	2017	2018
Med oppgåveplikt	94	95	94	96	96
Frivillige	64	66	65	54	61

Oppgåvebør

Det er eit viktig mål for regjeringa å redusere oppgåvebøra til næringslivet. Tilrettelegging for elektronisk rapportering er eit viktig verktoy for å halde oppgåvebøra låg. 99 pst. av rapporteringa til

SSB skjedde elektronisk i 2018. Om lag eit av ti føretak i privat sektor rapporterer til SSB i ei eller fleire undersøkingar. Som det går fram av tabellen nedanfor, har oppgåvebøra minka over tid, sjølv om større, periodevise undersøkingar kan gje store svingingar frå eit år til det neste.

Tabell 5.8 Oppgåvebør ved rapportering til SSB. Årsverk

	2014	2015	2016	2017	2018
Næringslivet i alt	82	74	61	81	75
Personar og offentlege institusjonar	23	15	20	15	12

Statistikkpubliseringar

I 2018 vart det publisert 814 statistikkar frå SSB. Det var 47 færre enn året før, sjå tabellen nedan-

for. Nedgangen kjem i stor grad av at ein har slått saman statistikkar for å gje meir heilskaplege bilete av tema.

Tabell 5.9 Statistikkpubliseringar

	2014	2015	2016	2017	2018
Frigjevne statistikkar	957	931	874	861	814

Samla resultatvurdering

SSBs samfunnsoppdrag er å levere statistikk, analysar og forskning av høg kvalitet, til nytte for det norske samfunnet. SSB har gjennomført oppdraget sitt på ein tilfredsstillande måte i 2018. Måloppnåinga er på nivå med føregåande år, trass i at det har vore ein periode med store omstillingar. Verksemda må like fullt arbeide vidare med å betre måloppnåinga. Særleg må ein arbeide med å betre aktualiteten på årsstatistikken.

Viktige utfordringar

Moderne demokratiske samfunn må verte understøtta av truverdig offisiell statistikk. Eit uavhengig faktagrunnlag som basis for analysar og meiningar i samfunnet, vert stadig viktigare. SSB er sentral i kampen mot falske nyheiter gjennom å levere objektiv og relevant statistikk, samt relevant forskning og analyser til nytte for å forstå Noreg. Denne oppgåva stiller krav til at SSB kontinuerleg utviklar statistikken og analysane, til høg

aktualitet og ikkje minst til evna til å formidle resultat og dermed bidra til å setje premissane for offentleg debatt.

Det er naudsynt med ei heilskapleg og omfattande modernisering av statistikkproduksjonen. Eksterne krav og endringar i datagrunnlaget gjer at SSB kontinuerleg må tilpasse systema for statistikkproduksjon. I dagens produksjonssystem vert statistikkane produsert i eigne produksjonsløp, ofte med eigne system og prosessar for kvar statistikk. Endringar som kjem av endra rammevilkår, må difor verte implementerte i mange ulike system. Dette er vanskeleg å sameine med krav til reduserte kostnader, lågare oppgåvebør og krav om meir og betre statistikk. SSB må difor betre evna til å produsere statistikk og analysar på ein effektiv måte, mellom anna gjennom å automatisere og straumlineforme arbeidsprosane. Dette arbeidet er komplisert og ressurskrevjande.

Moderniseringsprogrammet er retta mot nettopp desse behova. Programmet er omgjort til eit moderniseringsprosjekt og planlagt på nytt med mindre omfang, lågare risiko, lågare kostnadsramme og kortare tidshorisont. Samstundes har SSB testa teknologi og førebudd etablering av den moderne IT-plattformen som framtidig statistikkproduksjon skal byggjast på. Det er også utvikla ein modell for sams datalager for SSBs metadata og data.

Det er auka etterspurnad etter mikrodata frå SSB. SSB må arbeide kontinuerleg med å gjere det enklare og raskare å få tilgang til slike data, samstundes som datatryggleik og personvern skal verte høgt prioritert. Data frå SSB er vårt sams faktagrunnlag som bør kome alle til gode, gjennom at SSB produserer statistikk, forskning og analyse, samt gjennom deling av data. Enklare tilgang til mikrodata vil, i tillegg til å skape vinstar for forskarar og forvaltninga, òg kunne skape gevinst for verksemda sjølv.

Portalen microdata.no vart lansert i 2018. Portalen gjev forskarar og studentar lettare og betre tilgang til registerdata, og han frigjer òg ressursar hos SSB. Han er under stadig vidareutvikling. Fleire variable skal takast inn, og prioriteringa av variable vert i stor grad basert på etterspurnaden. SSB har også søkt Noregs forskingsråd om midlar til ei fase 2 av prosjektet, som vil opne for mange fleire variable og for å kople med eigne tredjepartsdata. Microdata.no vann i 2019 Datatilsynets pris for innarbeiding av personvern (GDPR) i ei løysing.

I samråd med departementet vil SSB utarbeide ei ny og transparent prisingsordning for arbeid med å gjere mikrodata tilgjengeleg for forskarar og forvaltninga. Ny ordning vil tre i kraft samstundes som ny lov trer i kraft 1. januar 2021.

Globalisering gjer det meir krevjande å skilje eller avgrense aktivitet i Noreg og i utlandet. Framveksten av delingsøkonomi og netthandel har konsekvensar for mellom anna grunnlaget for næringsstatistikken og utanriksrekneskapen. Stadig meir fragmenterte verdikjeder og meir kompliserte næringsstrukturar gjev òg utfordringar for tradisjonell statistikkproduksjon, både som følgje av at oppgåver vert sette ut til underleverandørar og fordi klassifiseringa i ulike næringar vert meir diffus. Vidare gjer digitalisering og stor tilgang på ukonvensjonelle data både moglegheiter og utfordringar for statistikkproduksjonen.

Mål og prioriteringar i 2020

SSBs hovudmål og oppgåver er fastsette i statistikklova § 3-1 (og ny lov §§ 6 og 19) og skal liggje til grunn for verksemda i 2020 fram til ny statistikklov vert gjeldande 1. januar 2021:

- Leie *Utvalet for offisiell statistikk* og utarbeide eit forslag til eit nasjonalt program for offisiell statistikk
- Samordne og kvalitetssikre offisiell statistikk
- Utvikle statistiske metodar og nytte statistikken til analyse og forskning
- Gje opplysningar til statistisk bruk for forskingsføremål og for offentleg planlegging
- Ha hovudansvaret for internasjonalt statistisk samarbeid

Den underliggjande målstrukturen vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og SSB i samband med utforminga av tildelingsbrevet til byrået. Resultata i 2020 skal jamt over vere minst like gode som resultata i 2018, jf. rapportomtalen ovanfor.

SSB arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. SSB skal, som ein del av arbeidet med å betre kvaliteten i oppgaveløysinga, nytte ressursane sine så effektivt som mogleg. I det daglege arbeidet er det samstundes naudsynt at verksemda veg effektivitet opp mot andre kvalitetsindikatorar.

SSB vil i 2020 utarbeide ein ny strategi for verksemda. Det må òg utarbeidast nye mål og styringsparametere for verksemda før ny lov trer i kraft.

Viktige prioriteringar i 2020

Ny statistikklov

Gjeldande statistikklov er frå 1989. Rammeverket for statistikkproduksjon har sidan endra seg mykje både nasjonalt og internasjonalt. Finansdepartementet sette difor i 2016 ned eit utval for å vurdere statistikklova.

Det har vore sentralt å få på plass eit solid rammeverk for Noregs offisielle statistikk og SSB som legg til rette for statistikkproduksjon og forskning i lang tid framover. Utvalet leverte si utgreiing i NOU 2018: 7. Regjeringa fremja ei proposisjon om ny statistikklov for Stortinget i april 2019, og Stortinget vedtok i juni 2019 ny statistikklov som i stor grad følgjer forslaget frå utvalet.

Ny lov vil tre i kraft i fleire steg. Det tas sikte på at heile lova vil ha trett i kraft 1. januar 2021.

Den nye lova gjev tydelegare styringslinjer mellom departementet og verksemda. Den faglege sjølvstenda vert styrkt og knytt direkte til administrerande direktør, i samsvar med kravet i det europeiske statistikkregelverket.

Det er fleire viktige utgreiingar som ein må gjennomføre i samband med at ny statistikklov skal tre i kraft, og som vil krevje ressursar òg i SSB.

Det skal etablerast eit råd som erstattar dagens styre for SSB. Dette skal gje ei brei forankring av samfunnsoppdraget og tilsyn med verksemda på eit overordna nivå, men skal ikkje ha eigen vedtaksmyndigheit.

Det skal etablerast eit nasjonalt program for offisiell statistikk. SSB vil få ansvaret for å leie denne prosessen med hjelp frå *Utvalet for offisiell statistikk* og vil samstundes få eit større ansvar for samordninga av offisiell statistikk og for å sjå til at andre statistikkprodusentar etterlever kvalitetskrava til offisiell statistikk.

Den nye lova slår òg fast at SSB framleis skal drive forskning og analyse ut over det som naturleg krevst i samband med statistikkproduksjonen. Det vert utarbeidd eit eige mandat som vil gje ei tydelegare innramming av denne forskingsverksemda og som vil gjelde frå 1. januar 2020. Dette vil tydeleggjere forskingsverksemda si del av samfunnsoppdraget, og det vil òg vere eit nyttig styringsverktøy for leiinga i byrået.

Modernisering av produksjonsprosessane

Teknologiske endringar gjev tilgang på meir data og nye datakjelder. Det skapar nye moglegheiter og fører til auka etterspurnad etter statistikk og analysar frå SSB.

For å møte auka krav frå brukarane, samstundes som det vert sett krav til å effektivisere verksemda, må SSB modernisere statistikkproduksjonen. På bakgrunn av SSBs mål for modernisert statistikkproduksjon byrja arbeidet i 2018 med dei fyrste, avgrensa prosjekta for å etablere ei moderne IT-plattform, gje ny datalagring og fellesløysingar for datafangst og førebu prosessforbetringar i dei statistikkproduserande avdelingane. Rutineprosessar som i dag krev mykje arbeidsinnsats, vil i større grad kunne verte erstatta gjennom å standardisere og automatisere produksjonsprosessar, samstundes som ein legg til rette for å nytte fleire nye datakjelder. I tillegg til innsparingar gjennom forenkla produksjonsprosessar, vil auka bruk av nye datakjelder med tida bidra til ei lettare oppgåvebør.

SSB har både i 2018 og i 2019 fått gjennomført eksterne kvalitetssikringar som har gjort at prosjekta er endra i omfang og gjennomføringsstrategi. Måla med moderniseringa er vurderte å vere godt grunngeevne, og i 2019 har prosjekta òg begynt å levere løysingar i tråd med planane. Det største prosjektet byggjer på dei same elementa som vert utvikla i samband med Skatteetatens prosjekt Sirius. SSB vil leggje til rette for at dei løysingane som vert utvikla her, òg kan verte nytta i annan produksjon. Departementet vil ha ei særskild oppfølging av Moderniseringsprosjektet.

SSB har greia ut om det er mogleg å nytta transaksjonsdata i produksjon av viktige statistikkar. SSB vurderar dette mellom anna i samband næringsstatistikk og med den nye forbruksundersøkinga, som er planlagd gjennomført i 2022. Førebelse konklusjonar er at ein i tillegg til å nytte transaksjonsdata, må supplere med andre kjelder for å få eit godt nok grunnlag til å lage statistikkane.

Utvikle kompetanse for framtidens SSB

Tilsette med rett kompetanse er avgjerande for at SSB skal levere gode resultat. Behovet for kompetanse endrar seg i takt med den teknologiske utviklinga og etterspurnaden etter ny statistikk.

Med dei store endringane verksemda har vore gjennom, er det særleg viktig å halde på og utvikle kjernekompetansen.

Modernisering av SSBs produksjonssystem vil gje store endringar i arbeidsprosessane. SSB vil difor utvikle kompetansen slik at verksemda kan meistre endringane som moderniseringa gjev, og slik at dei tilsette har grunnlag for å meistre nye oppgåver.

Samvirke med omverda

Vidare utvikling av SSB må skje i samarbeid og dialog med brukarar, registereigarar og andre dataforvaltarar. Eit nærare samarbeid kan ytterlegare redusere oppgåvebøra for næringslivet og andre, gje registerdata med betre kvalitet og sikre tilgang til nye datakjelder. For næringslivet vil betre skjema for sjølvadministrerte undersøkingar, auka bruk av data direkte frå næringane sine eigne system og auka bruk av ukonvensjonelle datakjelder vere viktig. Samstundes vil ein òg vidareutvikle samarbeidet med eigarar av registerdata. Arbeidet skal bidra til at SSB betre kan fange opp og dekkje brukarbehov. SSB skal òg fortsetje arbeidet med å betre tenesta for utlån av mikrodata, mellom anna ved å vidareutvikle dei nye tekniske løysingane for datatilgang, lansert gjennom *microdata.no*.

Tema og forteljingar

Som ein viktig premissgjevar skal SSB vere til stades i offentlegheita, bidra med statistikk om heile samfunnet, sjå statistikkar i samheng og gjere analysar av aktuelle saker. Verda vert meir komplisert, og det er viktig å nytte data frå mange fleire og nye kjelder for å belyse samhengane. Det set krav til at SSB fangar opp og utviklar relevante statistikkområde og gode formidlingsmetodar innanfor dei ressursane verksemda disponerer.

Nyheiter frå Statistisk sentralbyrå

Offisiell statistikk skal vere til allmenn nytte, og media er ein viktig vidareformidlar av statistikk frå SSB. SSB må nytte nye og relevante formidlingskanalar og tilpasse publiseringane til nye medieforhold. Samstundes opnar utviklinga for nye former for kontakt med publikum.

SSBs verksemd og samfunnsoppdrag kan gjerast betre kjend i samfunnet gjennom å auke interesse blant unge for å nytte og forstå statistikk. SSB satsar mellom anna på å verte meir synleg og brukt i skulen, i fyrste rekkje for elevar i den vidaregåande skulen.

Produsere meir relevant og etterspurd næringsstatistikk

Næringsstatistikken må verte tilpassa nye næringsstrukturar, endra brukarbehov og nye internasjonale retningslinjer. Det vil verte lagt vekt på å framstille næringsstatistikken på ein meir

samanhengande måte for brukarane enn i dag. SSB vil tilby meir analyse og relevant statistikk for tenestenæringane. SSB får viktige innspel mellom anna gjennom dei rådgevande utvala og gjennom brukarseminar. Verksemda vil fortsetje arbeidet med å kartleggje data for nye måtar å jobbe på, mellom anna delingsøkonomi og netthandel.

SSB må førebu seg på å innarbeide den komande europeiske rammeverksforordninga for næringsstatistikk som truleg vert gjort gjeldande frå 2021. Forordninga gjer nye føringar om statistikk for fleire næringar, mellom anna undervisning, helse- og sosialtenester, kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktivitetar, finanstenester og anna tenesteyting, samt for hyppigare statistikk om tenestenæringar. Tilsvarande gjeld for nye forordningar om sosialstatistikk

Forskning og analyse

SSB skal naturleg drive forskning og analyse i den grad det krevst for å kunne utvikle, utarbeide og formidle offisiell statistikk på ein god måte. Det vil stadig vere naudsynt å forske på statistiske metodar. Aukande tilfang av nye datakjelder gjer at stadig nye problemstillingar vil dukke opp.

Den nye lova slår i § 17 òg fast at SSB skal drive forskning og analyse ut over det som krevst i samband med statistikkproduksjonen. Det er lange tradisjonar for slik forskning i SSB, og dette arbeidet har saman med statistikken, lagt til rette for ei god forståing av samfunnet og samfunnsutviklinga. Som varsla i Prop. 72 LS (2018–2019) vil denne delen av forskingsverksemda i SSB få eit eige mandat, fastsett av Finansdepartementet. Det vil gje tydelegare rammer og ei tydelegare forankring av denne delen av samfunnsoppdraget.

Mandatet skal vere overordna og peike ut nokre hovudoppgåver for byrået. Samstundes må det vere konkret nok til å vere retningsgevande for verksemda og gje grunnlag for at leiinga i SSB skal kunne prioritere mellom oppdrag og vurdere om dei stør opp under samfunnsoppdraget.

Mandatet vil ta utgangspunkt i dei hovudoppgåver byrået har i dag. Dei oppgåvene som vert heilt eller delvis finansierte over grunnløyvinga i statsbudsjettet, vil her vere et naturleg utgangspunkt, i tillegg til økonomiske analysar som byrået tradisjonelt har utført for departementa, Stortinget og partane i arbeidslivet. Dette handlar i stor grad om analysar av ulike problemstillingar som gjeld korleis norsk økonomi verkar, fortrinnsvis på empirisk grunnlag. Dette er nærare omtalt i Prop. 72 LS (2018–2019), der det mellom anna står: «*Statistisk sentralbyrå skal fortsatt analysere og*

utarbeide prognoser for befolkningsutviklingen i Norge. Byrået skal også analysere og utarbeide prognoser for norsk økonomi. (...) I analyser av norsk økonomi er blant annet arbeidsmarkedets funksjonsmåte et viktig område. Statistisk sentralbyrå skal analysere virkningen av finans- og pengepolitikken på norsk økonomi og fremskrive og vurdere bærekraften for offentlige finanser. Byrået skal analysere virkninger på mikronivå av endringer i finanspolitikken, som for eksempel hvordan endringer i skatte-, pensjons- og trygdesystemet påvirker statens inntekter, tilpasninger og fordelings effekter for arbeidstakere og pensjonister samt analysere økonomisk atferd blant konsumenter og bedrifter. En annen viktig oppgave for byrået er å analysere utvalgte klima- og miljøvirkninger og vurdere effektiviteten av klima- og miljøpolitikken.»

På alle disse områda er det naudsynt at SSB utviklar og held ved like kompetanse og metodar og modeller som kan sikre god kvalitet på analysane.

Det skal framleis vere rom for at SSB kan ta på seg oppdrag frå tredjepart. Desse må ikkje vere i konflikt med SSBs samfunnsoppdrag.

Internasjonalt samarbeid

Det internasjonale samarbeidet på statistikkområdet inneber at det vert sett særskilde krav til innhald, omfang og kvalitet i statistikkane. I stor grad samsvarer slike internasjonale krav med SSBs prioriteringar.

Forordning (EC) nr. 223/2009 om europeisk statistikk gjev rammeverket for produksjon i det europeiske statistiske systemet (ESS). Noreg deltek i ESS gjennom EØS-avtala. Denne forordninga vart revidert i 2015 og vert innlema i avtalen. Mellom anna vart den uavhengige stillinga til dei nasjonale statistikkbyråa styrkt. Endringane i det europeiske statistikkregelverket gjev viktige føringar for Noreg og var ei viktig årsak til at regjeringa sette ned statistikklovutvalet. Forordninga vart i 2019 implementert i norsk lov.

Relevante statistikkrettsakter som er vedtekne av EU, vert tekne inn i vedlegg XXI om statistikk i EØS-avtala og vert deretter innarbeidd i norsk rett. I 2018 vart tolv nye rettsakter innarbeidd.

SSB overtok i 2017 leiinga i EFTAs statistikk-samarbeid for to år og hadde òg leiinga i det nordiske statistiksamarbeidet i 2018.

Eit nytt regelverk for personvern, GDPR, vart innført i 2018. SSB oppfyller ikkje fullt ut krava. Ein konsentrerer arbeidet med å lukke avvika om tre hovudkrav; å klassifisere og verdsetje data,

rollestyrt tilgang og logging, samt pseudonymisering som inneber å erstatte variablar som kan direkte identifisere eininga, med eit laupenummer som ikkje inneheld informasjon om eininga. Dette arbeidet er særskilt krevjande. Pseudonymisering er òg definert som eit krav i Moderniseringsprosjektet, og dette er teke inn i ein paragraf om informasjonstryggleik i ny statistikklov.

SSBs utviklingssamarbeid vert gjennomført i samarbeid med Utanriksdepartementet og Norad og er i tråd med norsk utviklingspolitikk.

Budsjett for 2020

Departementet gjer framlegg om å setje budsjett-ramma til SSB for 2020 til 893,7 mill. kroner. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til løn, opplæring, leige og drift av kontorlokale, reiser, kontorutstyr o.a. For 2020 gjer departementet framlegg om ei løyving på 607,9 mill. kroner som er 2,4 pst. meir enn Saldert budsjett 2019.

SSB framleiger ein mindre del av lokala sine. På grunn av den nære samanhengen her mellom utgifter og inntekter vil nettoføring gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettoføre refusjonane som utgiftsreduksjon under kap. 1620 *Statistisk sentralbyrå*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. framlegg til romartalsvedtak XI.6.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Spesielle driftsutgifter er knytte til brukarfinansierte oppdrag. For 2020 gjer departementet framlegg om ei løyving på 259,9 mill. kroner, noko som reelt er om lag som for 2019.

Ved brukarfinansierte oppdrag vert utgiftene posterte på kap. 1620 *Statistisk sentralbyrå*, post 21 *Spesielle driftsutgifter*. Inntekta frå slike oppdrag skal dekkje utgiftene og vert postert på kap. 4620 *Statistisk sentralbyrå*, post 02 *Oppdragsinntekter*.

SSB kan overskride løyvinga til oppdragsverksemda på kap. 1620, post 21 *Spesielle driftsutgifter*, med eit beløp som svarer til meirinntektene på kap. 4620, post 02 *Oppdragsinntekter*. Eventuelle unytta meirinntekter kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på post 21, jf. framlegg til romartalsvedtak II.2.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehold, kan overføres

Det meste av løyvinga skal brukast til utvikling av systema for statistikkproduksjon, datatryggleik og SSBs teknologiske plattform elles.

Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
02	Oppdragsinntekter	229 482	256 100	265 800
85	Tvangsmulkt	14 309	25 000	15 000
	Sum kap. 4620	243 791	281 100	280 800

Post 02 Oppdragsinntekter

Sjå omtale under kap. 1620, post 21.

Oppdragsinntektene er førte opp med 5,9 mill. kroner meir enn utgiftene på kap. 1620, post 21. Inntektene skal overstige utgiftene med meir-verdiavgifta i samband med brukarfinansierte oppdrag, og som vert å belaste kap. 1633 *Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift*. Desse utgiftene er vurderte til 7,7 mill. kroner. Til frå-

drag her kjem avtalebindingar til 1,8 mill. kroner som hindrar innrekning av premiebetaling til Statens pensjonskasse.

Post 85 Tvangsmulkt

SSB har med heimel i statistikklova høve til å ileggje tvangsmulkt. Mulktene vert utmåla som ein funksjon av rettsgebyret.

Programkategori 23.40 Andre føremål

Utgifter under programkategori 23.40, fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	26 444 679	26 780 000	29 280 000	9,3
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	6 655 876	6 600 000	7 400 000	12,1
	Sum kategori 23.40	33 100 555	33 380 000	36 680 000	9,9

Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
61	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	24 349 493	24 600 000	27 000 000
72	Tilskot til private og ideelle verksemder, <i>overslagsløyving</i>	2 095 186	2 180 000	2 280 000
	Sum kap. 1632	26 444 679	26 780 000	29 280 000

Post 61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2004 vart det innført ei allmenn ordning der kommunar og fylkeskommunar vert kompenserte for meirverdiavgift på kjøp av varer og tenester. Føremålet med ordninga er at meirverdiavgifta i minst mogleg mon skal påverke avgjerdene som kommunane tek om anten å produsera avgiftspliktige tenester med eigne tilsette eller å kjøpe dei frå private. Ordninga vart finansiert med ein reduksjon i dei frie inntektene til kommunane. Den allmenne kompensasjonsordninga kom i staden for ei avgrensa kompensasjonsordning som vart innført i 1995.

I saldert budsjett for 2019 vart det lagt til grunn ei utgift på 24 600 mill. kroner i momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar. Løyvinga vart auka til 25 400 mill. kroner ved handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2019.

Samla momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar i 2020 er talfesta til 27 000 mill. kroner.

Kommunane sender inn oppgåver over meirverdiavgiftskompensasjon til avgiftsstyresmaktene annankvar månad slik som i det ordinære meirverdiavgiftssystemet, men det er òg mogleg å levere årsoppgåver. Utbetalingane skjer etter kvart og innan tre veker etter innsending. Dokumentasjonskrava i samband med innsending av kompensasjonskrav er forenkla ved at krava berre skal ha stadfesting frå revisor. Kompensasjonskrav frå private tenesteprosumentar kan sendast direkte til avgiftsstyresmaktene. Det er ei minstegrense på 20 000 kroner for kompensasjonsbeløp per år for at verksemder skal kome inn under ordninga. Ordninga gjeld nokre private og ideelle verksemder òg. Det er ein eigen tilskotspost for desse, jf. post 72.

Post 72 Tilskot til private og ideelle verksemdar, overslagsløyving

For ikkje å medverke til konkurransevriding mellom kommunal og privat produksjon av sentrale velferdstenester er private og ideelle verksemdar òg omfatta av ordninga. Det gjeld private og ideelle verksemdar som utfører slike sosiale tenester og helse- og undervisningstenester som kommunane ved lov er pålagde å utføre. Det er på desse

områda ein reknar med at kompensasjonsordninga i størst mon vil kunne gje kommunane ein konkurranseføremon framfor private verksemdar utan avgiftsplikt. Dei private og ideelle verksemdane som er omfatta av ordninga, skal sende krav etter dei same kriteria som kommunane.

I saldert budsjett for 2019 vart det lagt til grunn ei utgift på 2 180 mill. kroner på denne posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2 280 mill. kroner under denne posten for 2020.

Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	6 655 876	6 600 000	7 400 000
	Sum kap. 1633	6 655 876	6 600 000	7 400 000

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2015 vart det innført ei ordning med nettoføring av meirverdiavgift i ordinære statlege forvaltningsorgan. Nettoføringsordninga inneber at forvaltningsorgana som er inkluderte i ordninga, ikkje vert belasta meirverdi-

avgift for utgifter på postane 01–49 i budsjetta og rekneskapane sine, men fører utgiftene til meirverdiavgift på eit sentralt kapittel for meirverdiavgift under Finansdepartementet (kap. 1633, post 01). Det vil vere uvisse om løyvingsbehovet til ordninga også i 2020. Regjeringa foreslår ei løyving på 7 400 mill. kroner.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.**Programkategori 24.10 Statsgjeld, renter og avdrag m.m.**

Utgifter under programkategori 24.10, fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1650	Statsgjeld, renter m.m.	10 674 443	10 532 900	10 015 800	-4,9
1651	Statsgjeld, avdrag og innløsning	43 899 000	76 515 000		-100,0
	Sum kategori 24.10	54 573 443	87 047 900	10 015 800	-88,5

Det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet, slik det er berekna ved nysalderinga av budsjettet, vert finansiert med overføring frå Statens pensjonsfond utland. Finansieringsbehovet i statsbudsjettet, m.a. avdrag på statsgjelda, netto utlån og kapitalinnskot til statsbankane, vert dekt med låneopptak i marknaden og/eller ved trekk på staten si kontantbeholdning.

Det er lagt opp til at finansieringsbehovet til staten skal dekkjast ved å ta opp nye langsiktige lån innanlands. Av omsyn til statspapirmarknaden vert det vanlegvis lagt opp til å glatte ut den lang-

siktige opplåninga over fleire år. Den kortsiktige opplåninga er mellom anna for å fange opp behovet i marknaden for kortsiktige papir. Finansdepartementets fullmakt til å låne i marknaden vart fram til 2015 fastsett av Stortinget på grunnlag av ein årleg proposisjon om lånefullmakter. For 2020 ber Finansdepartementet om fullmakter for statleg opplåning i Prop. 1 S (2019–2020) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2020* (Gul bok).

Tabell 5.10 syner den innanlandske statsgjelda per 31. desember 2018, medrekna kontolån frå ordinære fond i statskassa.

Tabell 5.10 Innanlandsk statsgjeld per 31. desember 2018

Type lån	Beløp (mill. kr)
Faste innanlandske lån	400 101
Statskassevekslar	66 000
Kortsiktige kontolån	57 768
Kontolån frå ordinære fond ¹	141 315
Sum	665 184

¹ Gruppe 81 i Statsrekneskapen. Er ikkje omfatta av dei ordinære lånefullmaktene.

Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
01	Driftsutgifter	38 101	43 600	
89	Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	10 636 342	10 489 300	10 015 800
	Sum kap. 1650	10 674 443	10 532 900	10 015 800

Post 01 Driftsutgifter

Posten har omfatta driftsutgifter som staten har i samband med gjelds- og likviditetsforvaltning. Det gjeld m.a. utgifter til informasjons- og analyse-system, utgifter som verdipapirsentralen (VPS) har i samband med behandlinga av staten sine lån, og utgifter knytte til ratingbyråa si vurdering av Noreg. Til og med 2019 dekte posten òg betaling til Noregs Bank for dei tenestene som banken yter Finansdepartementet i forvaltninga av gjelda og lik-

viditeten til staten, og drift og forvaltning av statens kontoar i Noregs Bank. Frå og med 2020 skal banken dekkje desse kostnadene over eige budsjett. Dette følgjer av den nye sentralbanklova som gjeld frå 1. januar 2020.

Dei gjenverande driftutgiftene som kom ved statsgjelda, vil heretter verte dekte over kap. 1600 *Finansdepartementet*, post 01 *Driftsutgifter*. Det blir derfor ikkje bedt om bevilgning på kap 1650, post 01, for 2020.

Post 89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

(mill. kr)

Underpost	Underpostnamn	Rekneskap 2018 ¹	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
89.11	Faste lån	10 121	8 492	6 784
89.12	Gjenkjøps- og rentebyteavtalar	-2 052	-1 329	-553
89.13	Kontolån	65	103	88
89.14	Kontolån frå ordinære fond	2 157	2 273	2 322
89.15	Statskassevekslar	345	450	611
89.17	Nye faste lån		501	764
	Sum kap. 1650, post 89	10 636	10 489	10 016

¹ I rekneskapen vert faste lån og nye faste lån ført samla.

Til grunn for overslaget for renteutgiftene under kap. 1650, post 89, ligg dels eksisterande lån og dels overslag over behovet for låneopptak i 2020. Renteutgiftene vert påverka av omfanget av ny opplåning, førtidig innfriing og endringar i statens portefølje av rentebyteavtalar. Renteutgiftene vert òg påverka av utviklinga i marknadsrentene. Overslaget over renteutgifter er usikkert.

Underpost 89.11 Faste lån

Under denne posten vert det budsjettert renteutgifter på obligasjonslån som er tekne opp før 1. januar 2019. Ved opptak av statsobligasjonslån kan det på grunn av skilnad mellom kupongrenta på det aktuelle lånet og marknadsrenta på lånetidspunktet, oppstå ein over- eller underkurs. For

å gje eit meir korrekt bilete av dei årlege finansieringskostnadene for staten vert ein slik over- eller underkurs ikkje inntekts- eller utgiftsført på lånetidspunktet, men avrekna mot ein balansekonto i statsrekneskapen (gruppe 77) og inntekts- eller utgiftsført på underpost 89.11 over den løpetida som står att for lånet. Renteutgiftene på faste lån i 2020 kjem dermed fram som kupongrenta, justert for den delen av over- eller underkursen som vert inntekts- eller utgiftsført i 2020.

Renteutgiftene på faste lån er anslått til 6 784 mill. kroner i 2020.

Underpost 89.12 Gjengkjøps- og rentebyteavtalar

Posten omfattar dels renteutgifter i samband med utlån av statspapir til primærmeklarane (gjengkjøpsavtalar). Staten betaler rente på kontantinnskotet som primærmeklarane stiller som sikkerheit i utlansperioden. I tillegg vert nettoeffekten på renteutgiftene frå rentebyteavtalar i norske kroner ført på denne posten. Staten har for tida ei netto inntekt frå desse avtalane. Staten mottek ei fast langsiktig rente og betaler ei kortsiktig pengemarknadsrente i rentebyteavtalane. Etter som ein ventar framleis låge pengemarknadsrenter, reknar ein med ei nettoinntekt på denne posten på 553 mill. kroner i 2020.

Underpost 89.13 Kontolån

Statsinstitusjonar og statlege fond skal etter avtale plassere ledige midlar som innskot (kontolån) i statskassa. For dei fleste av desse innskota betaler staten rente. Kontolånplasseringar som kjem frå

overskotslikviditet i samband med skatte- og avgiftsbetalningar, vert ikkje forrenta. Renteutgiftene på kontolån er anslått til 88 mill. kroner i 2020.

Underpost 89.14 Kontolån frå ordinære fond

Innestående kontolån frå ordinære fond (gruppe 81 i Statsrekneskapen) var ved utgangen av 2018 på 141,3 mrd. kroner (medrekna kapitaliserte renter). For 2020 vert rentene på kontolån frå ordinære fond anslått til 2 322 mill. kroner.

Underpost 89.15 Statskassevekslar

Den ordinære kortsiktige opplåninga i marknaden skjer gjennom auksjon av statskassevekslar. Dette er renteberande papir utan kupongrente, der rentekostnaden følgjer av underkursen som papira vert lagde ut til. Den effektive renta på statskassevekslane er såleis avhengig av kursen som staten oppnår i auksjonane.

Dei samla renteutgiftene til staten under denne underposten er anslått til 611 mill. kroner i 2020.

Underpost 89.17 Nye faste lån

Underposten omfattar renteutgifter på innanlandske obligasjonslån med faste rente- og avdragsterminar tekne opp etter 1. januar 2019. Over- eller underkurs er budsjettert som omtalt under underpost 89.11. For 2020 er renteutgiftene på nye faste lån anslått til 764 mill. kroner.

Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløyising

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2018	budsjett 2019	2020
98	Avdrag på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	43 899 000	76 515 000	
	Sum kap. 1651	43 899 000	76 515 000	

Post 98 Avdrag på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

Posten omfattar avdrag på langsiktige statsobligasjonslån. I 2020 er det ikkje forfall av langsiktige statsobligasjonslån, medan det er eit slikt forfall i 2021. Noregs Bank vil venteleg arrangere tilbakekjøpsauksjonar i marknaden i 2020 i lånet som for-

fell i 2021. Det kjøpte beløpet vert då å rekne som avdrag i 2020 og vil samstundes redusere forfallet i 2021. Det er ikkje mogleg å gje gode overslag for omfanget av tilbakekjøp, og slike er difor ikkje teke omsyn til i budsjettforslaget. Det er heller ikkje ynskjeleg å gå ut med overslag her, sidan dette kan gje staten mindre handlefridom i marknaden.

Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.

Utgifter under programkategori 24.20, fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020	Pst. endr. 19/20
1670	Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken	10 000			
	Sum kategori 24.20	10 000			

Kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Tapsfond for miljølåneordninga	10 000		
	Sum kap. 1670	10 000		

Den nordiske investeringsbanken (NIB)

Den nordiske investeringsbanken (NIB) vart skipa i 1975 etter avtale mellom regjeringane i dei nordiske landa. Avtalen er seinare revidert etter semje 23. oktober 1998. Frå 1. januar 2005 vart Estland, Latvia og Litauen medlemar av banken. NIB har hovudkontor i Helsingfors i Finland.

Låne- og garantiordningane i NIB

Hovudtyngda av verksemda til banken er vanlege investeringsutlån og garantiar. Dei vanlege utlåna vert finansierte med grunnkapitalen til banken. Utanom vanlege utlån og garantiar yter banken lån til prosjektinvesteringar utanfor Norden (PIL) og miljøinvesteringar i nærområda til medlemslanda (MIL).

Grunnkapitalen

Grunnkapitalen er dels innbetalt kapital og dels garantikapital frå medlemslanda. Den norske kapitalen utgjer 21,5 prosent av den samla kapitalen i NIB. Noregs innbetalte kapital er 90 019 510

euro, medan garantikapitalen er 1 230 785 695 euro.

Prosjektinvesteringar (PIL)

Gjennom PIL gjev banken lån til finansiering av prosjekt i land utanfor Norden og Baltikum med relativt god betalingsevne.

Utlånsramma for prosjektlåneordninga (PIL) er 4 000 mill. euro. Garantiansvaret til medlemslanda er avgrensa til 90 pst. av kredittrisikoen ved kvart lån innanfor eit samla beløp på 1 800 mill. euro. Styret i NIB har vedteke at banken skal dekkje eventuelle tap under PIL opp til ein viss sum som er avsett i eit eige fond. Fondet er bygd opp gradvis. I tillegg har Noreg ved løyvingar over statsbudsjettet i åra 1999–2001 sett av 16 mill. kroner til tapsfond for PIL.

Garantiansvaret i PIL for Noreg er om lag 387,1 mill. euro.

Miljøinvesteringar (MIL)

Gjennom MIL gjev NIB lån til miljøprosjekt i nærområda i Aust-Europa. Føremålet er å minke

miljøbøra som nærområda skaper for medlemslanda. Ordninga vert garantert 100 pst. av medlemslanda. I åra 1999–2000 og 2002–2004 vart det løyvt til saman 45 mill. kroner til eit tapsfond for denne låneordninga.

På grunn av innløysinga av garantiansvar under ordninga i 2014–2016 vart det på kap. 1670 *Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken*, post 50 *Tapsfond for miljølåneordninga*, løyvd 20 mill. kroner til tapsfondet i 2015, 2016 og 2017, og 10 mill. kroner i 2018. Med dette auka tapsfondet opp til målet om 10 pst. av ansvaret. For 2019 vart det difor ikkje gjort framlegg om ytterlegare oppbygging av fondet. Slikt framlegg vert heller ikkje gjort for 2020.

Garantiansvaret i MIL for Noreg er vel 57,2 mill. euro.

Statuttendringar og konsekvensar for budsjettet for 2020

Årsmøtet i NIB vedtok i juni 2019 samrøystes ein del statuttendringar. Frå norsk side røysta finansministeren.

Endeleg avklaring av den vidare formelle hand-saminga vert no drøfta mellom utanriksdepartementa i medlemskrinsen. Det er anteke at endringane kan tre i kraft seinast i fyrste kvartal 2020.

Dei viktigaste endringane gjeld følgjande:

- Overgang til meir risikobasert styring i tråd med tilrådingane frå den såkalla Basel-komiteen for banktilsyn (ei internasjonal nemnd som utarbeider standardar på bankområdet) og kapitaldekningsregelverket i EØS om risikobasert vurdering og styring.
- Garantiordningane MIL og PIL vert nedlagde. Sjå nærare omtale nedanfor.
- Klargjering av kontrollkomiteen sitt ansvar og tilrettelegging for å gjera kontrollen med banken meir profesjonell.
- Samstundes med dei andre endringane i statuttane vert det opna for investeringar i eigenkapital. I fyrste omgang skal storleiken på slike investeringar maksimalt utgjere opp til 5 pst. av innbetalt grunnkapital. Seinare kan dette aukast til maksimalt 15 pst. av innbetalt kapital. Det er vidare sett stramme rammer for bruken av dette verkemedelet, mellom anna at kvar einiskild investering samrøystes skal godkjennast av styret.

Ettersom det ikkje er avklart om statuttendringane kan tre i kraft i 2019, kan ikkje Finansdepartementet foreslå at garantiansvaret for MIL og PIL fell bort før statuttendringane er godkjende av alle medlemslanda. I budsjettet for 2020 er det difor naudsynt å foreslå dei same grensene for garantiansvar for MIL og PIL som for 2019. Det vil samstundes vere naudsynt å foreslå ein høgare grunnkapitalgaranti, men der forhøginga ikkje vil vere reell før statuttendringane er sette i verk.

Det er i dag samla sette av 427 mill. euro i kredittrisikofondet for PIL og gjeve ein garanti til PIL på 1 800 mill. euro. Desse beløpa vil verte konverterte til høvesvis innbetalt grunnkapital og garantiansvar i banken når PIL-ordninga vert avslutta. For Noreg svarer beløpa til 91,8 mill. euro i innbetalt grunnkapital og 387,1 mill. euro i garantiansvar.

Tilsvarande vert ikkje gjort for MIL-ordninga der det ikkje er sett av midlar til eit kredittrisikofond, samstundes som den stilte garantien for MIL fell bort.

I tråd med ovannemnde tilrår departementet at Stortinget gjev Finansdepartementet fullmakt til å gje garantiar i 2020 for Noregs del av grunnkapitalen til NIB, fråtrekt innbetalt kapital, innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 617 872 454,48 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.1.

Vidare tilrår Finansdepartementet at Stortinget for 2020 gjev departementet fullmakt til å gje garantiar for lån frå NIB i samband med PIL-ordninga innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 387 086 761 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.2.

Finansdepartementet tilrår òg at Stortinget for 2020 gjev departementet fullmakt til å gje garantiar for lån frå NIB under MIL innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 57 243 888 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.3.

Som konsekvens av at MIL- og PIL-garantiordningane vert nedlagde, kan avsetjingar til risikofond som vart gjorde i tidlegare år, no verte tekne til inntekt – sjå kap. 4670 nedanfor.

I tabellen nedanfor er det gjeve ei samla oversikt over garantiordningane for Den nordiske investeringsbanken.

Tabell 5.11 Garantiordningar for Den nordiske investeringsbanken

	(i 1 000 kr)			
	Utbetalt pga. tap i 2018	Samla garantiansvar 31.12.2018 ¹	Samla fullmakt i 2019 for nye og gamle garantiar ²	Samla fullmakt i 2020 for nye og gamle garantiar ²
1. Grunnkapital fråtrekt innbetalt kapital	-	12 244 226	12 051 239	15 841 399
2. Prosjektinvesteringsslån	-	3 850 856	3 790 161	3 790 160
3. Miljøinvesteringsslån	-	569 479 480	560 504	560 504
Sum garantiar under Finansdepartementet	-	16 664 562	16 401 904	20 192 063

¹ Omrekna frå euro 31. desember 2018 (kurs 9,9483)² Omrekna frå euro 31. mai 2019 (kurs 9,7915)**Kap. 4670 Den nordiske investeringsbanken**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
50	Tilbakeføring av tapsfondsmidler			70 237
	Sum kap. 4670			70 237

Sjå omtale ovanfor om låne- og garantiordningane i Den nordiske investeringsbanken.

I åra 1999–2000, 2002–2004 og 2015–2018 vart det gjeve løyvingar over kap. 1670 *Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken*, post 50 *Tapsfond for miljølåneordninga*. Desse avsetningane står i statsrekneskapen som ein skyldnad på 54 237 424,33 kroner på deposita- og avsetningskonto 844016 *Avsetningar, garantier mv. tapsfond i Den nordiske investeringsbanken*. I åra 1999–2001 vart det gjeve løyvingar over kap. 1670 *Avsetningar til Den nordiske investerings-*

banken, post 51 *Tapsfond for prosjektlåneordninga*. Desse avsetjingane står i statsrekneskapen som ein skyldnad på 16 mill. kroner på deposita- og avsetjingskonto 840016 *Deposita og avsetninger under Finansdepartementet*. Sidan garantiordninga for både miljø- og prosjektlåneordningane skal falle bort, kan desse avsetjingane no takast til inntekt med til saman 70 237 000 kroner. Posteringa kan ikkje gjerast føre statuttendringane som er omtalte ovanfor, er endeleg vedtekne.

Kap. 5341 Avdrag på utestående fordringar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
91	Vanlege fordringar	5 676		
95	Avdrag på lån til andre statar	485	500	500
98	Avdrag på eigenbeholdning statsobligasjonar	28 000 000	8 000 000	
	Sum kap. 5341	28 006 161	8 000 500	500

Post 91 Vanlege fordringar

På denne posten vert det ført eventuelle avdrag på lån, m.a. til næringsverksemd.

Post 95 Avdrag på lån til andre statar

Posten gjeld avdrag på eit lån som vart gjeve til Jugoslavia i 1983. Den delen av lånet som står att, vert no betalt av Serbia og Montenegro. Sjø

nærare omtale i Prop. 1 S (2015–2016) frå Finansdepartementet.

Post 98 Avdrag på eigenbeholdning statsobligasjonar

Posten omfattar avdrag som staten får innbetalt på eigenbeholdning av statsobligasjonar som vert nytta til marknadspleie. I 2020 er det ikkje forfall av langsiktige statsobligasjonslån.

Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
85	Overføring	14 332 630	12 000 000	13 900 000
	Sum kap. 5351	14 332 630	12 000 000	13 900 000

Etter retningslinene for Noregs Banks årsoppgjersdisposisjonar, fastsette ved kgl. res. 21. desember 2000, skal eit eventuelt overskot setjast av til bankens kursreguleringsfond inntil fondet utgjer ein bestemt del av dei innanlandske og utanlandske aktiva som inneber ein kursrisiko for banken. Eventuelt overskot etter avsetjingar til kursreguleringsfondet skal setjas av i eit overføringsfond. Ved kvart årsoppgjer skal eit beløp svarande til ein tredel av inneståande beløp i overføringsfondet overførast til statskassa.

Basert på vurderingar av risikoen for svingingar i resultatet til Noregs Bank i åra framover, er storleiken på kursreguleringsfondet sett til 40 pst.

av bankens netto internasjonale fordringar og 5 pst. av bankens beholdning av innanlandske verdipapir. Retningslinene er nærare omtalte i St.prp. nr. 40 (2002–2003). Kursreguleringsfondet var i fleire år lågare enn minstekravet i retningslinene, og det vart difor ikkje sett av midlar til overføringsfondet. Dette har endra seg dei siste åra. I 2018 vart det overført 14,3 mrd. kroner til statskassa, medan det i 2019 vart overført 14,8 mrd. kroner. Ein reknar med at det vil vere grunnlag for overføringar til staten i 2020 på 13,9 mrd. kroner. Endeleg beløp vert fastlagt ved Noregs Banks avslutning av rekneskapen for 2019.

Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
80	Av statskassas foliokonto i Noregs Bank	1 637 171	2 158 000	917 400
81	Av verdipapir og bankinnskott i utanlandsk valuta	92	200	200
82	Av innanlandske verdipapir	2 451 994	1 307 700	915 300
83	Av alminnelege fordringar	62 872	25 000	25 000
84	Av driftskreditt til statsverksemd	38 607	54 900	293 700
86	Renter av lån til andre statar	72	100	100
	Sum kap. 5605	4 190 808	3 545 900	2 151 700

Post 80 Av statskassas foliokonto i Noregs Bank

Ved utgangen av 2018 var staten si kontantbeholdning i Noregs Bank om lag 188 mrd. kroner, mot 162 mrd. kroner ved utgangen av 2017.

Alle betalinger til og frå staten vert avrekna mot staten sin foliokonto i Noregs Bank. Det er store daglege svingingar på kontoane til staten, m.a. som følgje av skatteinnbetalningar og overføringar til Statens pensjonsfond utland. Utviklinga i kontantbeholdninga er heller uviss.

Renta av det inneståande på foliokontoen vert rekna ut på bakgrunn av den renta som Noregs Bank får på sine utanlandske krav. For 2020 er dei samla renteinntektene under denne posten rekna til 917,4 mill. kroner.

Post 81 Av verdipapir og bankinnskott i utanlandsk valuta

Posten omfattar m.a. renter på staten sine bankinnskott til bruk på utanriksstasjonane. For 2020 er renteinntektene under denne posten rekna til 0,2 mill. kroner.

Post 82 Av innanlandske verdipapir

Posten omfattar for det meste renteinntekter som staten får på eigenbeholdninga av statspapir som vert nytta til marknadspleieføremål.

For å gje eit meir korrekt bilete av dei årlege renteinntektene på eigenbeholdninga og dermed av dei årlege netto finansieringskostnadene til staten, vert over- eller underkurs ført etter dei same prinsippa som for statsgjelda, jf. omtale under

kap. 1650, post 89. For 2020 er renteinntektene under denne posten rekna til 915,3 mill. kroner.

Post 83 Av alminnelege fordringar

Posten omfattar renteinntekter av innskott frå statens rekneskapsførarar i bankar utanom konsernkontoordninga, utlån som vert forvalta av Finansdepartementet og andre departement, og andre renteinntekter av alminnelege krav.

Inntektene på denne posten er vanskeleg å føreseie. På usikkert grunnlag er det for 2020 ført opp inntekter på 25 mill. kroner.

Post 84 Av driftskreditt til statsverksemdar

Dei regionale helseføretaka kan ta opp lån i statskassa til investeringsføremål. Føretaka skal ikkje betale renter i opptreksperioden. Rentene i denne perioden skal i staden kapitaliserast og leggjast til låna gjennom ei særskild låneløyving for opptreksrenter under Helse- og omsorgsdepartementet, jf. kap. 732, post 83. Post 84 her er den motsvarande inntektsposten. Etter opptreksperioden skal rentene på låna innbetalast av føretaka og inntektsførast på særskilde postar under fagdepartementet.

I 2009 vart dei regionale helseføretaka sine driftskredittar i private bankar omgjorde til driftskredittar i statskassa, jf. kap. 732, post 86 under Helse- og omsorgsdepartementet. Føretaka betaler renter av trekka på driftskredittramma, og desse rentene vert òg inntektsførte under post 84.

For 2020 er renteinntektene under denne posten rekna til 293,7 mill. kroner.

Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
85	Utbyte	112 014	112 700	84 200
	Sum kap. 5692	112 014	112 700	84 200

Den nordiske investeringsbanken betaler utbyte til medlemslanda i høve til den innskotne kapitalen. Storleiken på utbyte vert vedteken av styret i banken på grunnlag av resultatet av verksemda året før. For 2018 har banken i 2019 betalt utbyte til den norske stat med vel 8,6 mill. euro eller vel 83,8 mill. kroner.

Basert på same utbyte i 2020 som i 2019 og eurokursen per 31. mai 2019, gjer departementet framlegg om for 2020 å føre opp eit utbyte på 84,2 mill. kroner.

Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2018	Saldert budsjett 2019	Forslag 2020
85	Utbyte frå Folketrygdfondet	587	600	900
	Sum kap. 5693	587	600	900

Det er tidlegare lagt til grunn at staten skal ha normalt utbyte av den innskotne ansvarlege kapitalen i Folketrygdfondet, jf. Prop. 1 S (2009–2010) for *Finansdepartementet*. I tråd med dette er det for 2019 fastsett eit utbytekraft på 863 000 kroner.

Utbytekraftet er fastsett med utgangspunkt i ei femårig statsobligasjonsrente. For 2020 er det difor budsjettert med eit utbyte på 0,9 mill. kroner.

Del III
Andre saker

6 Likestilling og mangfald

Nedanfor kjem ei oversikt over stoda i arbeidet med likestilling og mangfald på Finansdepartementets område, jf. likestillingslova § 1 bokstav a. Som nemnt i pkt. 1.1 i del I omfattar denne proposisjonen av praktiske grunnar og programkategori 00.30 Regjering, som Statsministerens kontor har ansvaret for. Difor er likestillingsstoda for denne programkategorien òg teken med.

Budsjettkapitla på området til Finansdepartementet gjeld for det aller meste administrasjon og statens gjeld og krav. Disponeringa av desse løyvingane har lite å seie for kjønns- og likestillings-tilhøve. Departementet sitt arbeid med til dømes skatte-, avgifts- og pensjonsspørsmål har i nokre tilfelle følgjer for likestillinga. Det same gjeld personalpolitikken til departementet og dei underliggjande etatane.

6.1 Finansdepartementet

Kvinner utgjorde 45 pst. av dei tilsette ved utgangen av 2018. Blant leiarane var talet 35 pst. Av

seniorsaksbehandlarane var 41 pst. kvinner, og av juniorsaksbehandlarane var 56 pst. kvinner. 49 pst. av juristane og 39 pst. av økonomane var kvinner.

Det følgjer av tilsettingspolitikken at Finansdepartementet skal leggje til rette for at tilsette med varig eller mellombels nedsett funksjonsevne kan bruke kompetansen sin og røynsla si.

Ved utgangen av 2018 hadde om lag 5 pst. av dei tilsette innvandrarakgrunn. Talet på søkjarar med innvandrarakgrunn var 13 pst. i 2018.

Sjukefråværet har vore lågt i mange år. Samla legemeldt sjukefråværet var 2,5 pst. – 3,1 pst for kvinner og 1,9 pst for menn.

6.2 Etatane under Finansdepartementet

6.2.1 Likestilling

Tabellen under gjev ei oversikt over prosentdelen kvinner og prosentdelen kvinnelege leiarar ved utgangen av 2018 i verksemdene under Finansdepartementet. Tal i parentes er frå 2017.

Tabell 6.1 Likestilling mellom kjønna

	Skatteetaten	Tolletaten	SSB	DFØ	Finanstilsynet
Tilsette	6 509 (6 650)	1 614 (1 654)	848 (854)	457 (433)	302 (268)
Prosentdelar:					
Kvinner i etaten	62 (62)	47 (46)	49 (51)	60 (62)	53 (53)
Kvinnelege leiarar, heile etaten	55 (54)	36 (41)	50 (50)	62 (58)	56 (50)
Kvinnelege leiarar region, direktorat og avdeling nivå 2	46 (49)	36(27)	50(29)	80 (50)	57 (60)
Kvinnelege leiarar nivå 3	55 (54)	38 (44)	54 (54)	57 (60)	59 (50)
Kvinnelege leiarar nivå 4	59 (57)	42 (41)			

Tabellen nedanfor syner tal for legemeldt sjukefråvær for 2018 for både kjønn, kvinner og menn. Tal i parentes er frå 2017.

Tabell 6.2 Legemeldt sjukefråvær i pst. – både kjønn, kvinner og menn

	Skatteetaten	Tolletaten	SSB	DFØ	Finanstilsynet
Både kjønn	4,6 (4,6)	4,7 (4,2)	3,1 (3,3)	3,6 (4,2)	3,0 (2,4)
Kvinner	5,8 (5,7)	6,3 (5,4)	4,1 (4,9)	4,7 (5,4)	3,5 (2,9)
Menn	2,9 (2,9)	3,4 (3,3)	2,1 (1,7)	2,0 (2,1)	2,5 (1,9)

Alle etatane i departementsområdet er IA-verksemder og har plikt til å leggje til rette for at tilsette med varig eller mellombels nedsett funksjonsevne kan vere i arbeid.

Skatteetaten arbeider målretta og langsiktig for auka bevisstgjerung og styrka innsats for ivaretaking av arbeidsmiljøet. I samband med omstillinga til ny organisering og oppgåveløysing frå og med 1. januar 2019, er det i 2018 gjennomført overordna risikovurdering av Skatteetatens fysiske og psykososiale arbeidsmiljø. Risikovurderinga viste betring i resultatata og lågare risiko på fleire område.

Tolletaten starta i 2017 eit etatsovergrepande prosjekt «*Nærvær og sjukefråværsoppfølging*» der måla var eit sjukefråvær under 4,5 pst. i regionane innan utgangen av 2018. Resultatet vart 4,7 pst. I 2017 blei sjukefråværsrutinene reviderte, og i 2018 oppretta etaten eigne nærværsutval i Tollregion Oslo og Akershus og Tollregion Midt-Noreg som støttar leiarar i oppfølginga av dei sjukmelde. Erfaringane med desse utvala er gode, og Tolletaten vurderer å utvide tiltaket til dei andre regionane.

Nokre tiltak

Alle verksemder skal leggje til rette for at ingen vert diskriminerte, jamfør òg krava i diskrimineringslovene. Kvar arbeidsplass skal òg leggje forholda til rette for eit godt arbeidsmiljø som inkluderer alle, òg uavhengig av seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk.

I *Skatteetaten* var prosentdelen kvinnelege leiarar 55 pst. I «*Plan for likestilling og mangfald 2015–2018*» har etaten som mål: «*likeverd, likestilling og mangfald skal vere ein del av etaten sin organisasjonskultur*». Målet vert støtta av delmål for dei ulike diskrimineringsgrunnlag og tiltak. For likestilling mellom kjønna vil etaten særleg arbeide for lik løn for arbeid av same verdi. Vidare har etaten mål om å utjamne utilsikta skilnader i løn.

I *Tolletaten* var prosentdelen kvinnelege leiarar 36 pst. i 2018. Etaten utarbeida i 2017 ein strategi for kjønnsbasert leiing med hovudmål om at kvart kjønn skal vere representert med minst 40 pst. innan 2021 i toppleiargruppa og i dei andre leiarstillingane.

Tabell 6.3 Kvinners andel av menns lønn nokre yrkeskoder

	Skatteetaten	Tolletaten	SSB	DFØ	Finanstilsynet
1227 Produksjonsdirektører innan offentlig adm.	97	104	96	101	98
2411 Økonomisk og samfunnsvitenskapleg planlegging og utgreiing	90	89	99	99	91
2412 Juridisk planlegging og utgreiing	96	99	101	100	99
3432 Revisorar	94	98	89	97	
2122 Statistikarar			93		
3441 Tollfunksjonærar	96	97			

6.2.2 Etnisitet

Tabell 6.4 Tilsette med innvandrarakgrunn

Prosentdeler	Skatte- etaten	Tolletaten	SSB	DFØ	Finans- tilsynet	Heile dep.omr.	Statleg tariffomr.
I alt	8,1 (7,8)	5,9 (5,8)	14,4 (14,9)	13,0 (12,8)	7,0 (7,5)	8,5 (8,3)	11,5 (11,1)
– Frå landgruppe 1 ¹	3,0 (2,9)	2,9 (2,7)	4,8 (5,1)	4,3 (4,0)	3,1 (3,2)	3,2 (3,1)	5,8 (5,7)
– Frå landgruppe 2 ²	5,1(5,0)	2,9 (3,0)	9,6 (9,8)	8,7 (8,8)	3,8 (4,3)	5,3 (5,2)	5,6 (5,4)

¹ EU/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand

² Resten av verda

Tabellen over syner prosentdelen tilsette med innvandrarakgrunn i statleg tariffområde, departementsområdet og etatane. Tala er frå 2018, med 2017-tal i parentes.

Nokre tiltak

Alle etatane har innarbeidd statleg praksis om innkalling av minst ein kvalifisert søkjar med innvandrarakgrunn til jobbintervju. Fleire av etatane deltek òg i mangfaldsnettverk.

Skatteetaten har i samarbeid med Nav teke i mot personar med nedsett funksjonsevne til praksisplassar. Som følgje av inkluderingsdugnaden vert stillingar kunngjorte i «*jobbforalle*», ein møteplass for personar som har vanskar med å få arbeid gjennom dei mest brukte rekrutteringskanalane. Rekrutteringsprosessen startar med samtalar med leiarane for både å motivere og å peike på ansvaret etaten har i samband med inkluderingsdugnaden.

Tilstandsrapport kjønn

Tala i tilstandsrapporten er per 1. oktober 2018.

	Fordeling tilsette i %		Kvinner sin del av løna til menn i %
	Menn	Kvinner	
Alle tilsette	58	42	110
Toppleiing	40	60	107
Adm. leiargruppe	71	29	119
Seniorrådgjevarar	52	48	92
Andre saksbehandlarar o.a.	31	69	95
Sjåførar	89	11	99

Tolletaten var i 2017 bidragsytar til FAFO-rapporten «*profesjonell rekruttering er likestilt rekruttering*» som vart ferdig i 2018. Rapporten er eit grunnlag for rekrutteringsprosedyrane og rettleiinga til rekruttering i regionane og innarbeida i leiarprogrammet i etaten. Hausten 2019 skal det utarbeidast eit e-læringsprogram i rekrutteringsprosedyrane.

6.3 Programkategori 00.30 Regjering

Statsministerens kontor

Statsministerens kontor har som mål å fremje likestilling og mangfald gjennom personalpolitikken. Kontoret legg vekt på å gje kvinner og menn same moglegheit til utvikling i oppgåver og kompetanse, og dermed same høve til lønsutvikling.

Målet er ei jamn kjønnsfordeling blant dei tilsette ved kontoret. Kjønnsfordelinga kan verte betre i einskilde grupper, som sjåførgruppa og gruppa andre saksbehandlarar og støiefunksjonar. I sekretærgruppa var det ti kvinner og ein mann, og i sjåførgruppa var det 24 menn og tre kvinner.

På leiarnivå har kvinner noko høgare gjennomsnittsløn enn menn. Gjennomsnittsløna for menn og kvinner i andre grupper varierer, avhengig av fagområde, kompetanse og arbeidsrøynsle.

I 2018 var samla legemeldt sjukefråvær 2,8 pst – 1,2 pst. for menn og 5,0 pst. for kvinner.

Tiltak for å fremje likestilling og mangfald

Funksjonshemma, personar med «*hull i CV-en*» og personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje ledige stillingar ved kontoret. Dersom det finst kvalifiserte søkjarar i desse gruppene, vert minst ein søkjar kalla inn til intervju.

Statsministerens kontor er IA-verksemd. Kontoret legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr, arbeidsoppgåver og arbeidstid for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne eller for andre med behov for særskild tilrettelegging, til dømes på grunn av sjukdom, operasjonar, graviditet eller omsorgsoppgåver.

Kontoret ynskjer å leggje til rette for gode arbeidsvilkår for ulike fasar i livet. For tilsette over 60 år vert det i medarbeidersamtalen utført ein seniorsamtale for å kartleggje eventuelle ynskjer om endra arbeidsoppgåver, tilrettelegging av arbeidssituasjonen og andre tiltak som kan styrkje moglegheita for å stå lenge i stillinga.

Regjeringsadvokaten

Regjeringsadvokaten har ein likestillingsplan med mål som skal hindre forskjellsbehandling på grunn av kjønn innanfor område som bemanning, leiging, faglege utfordringar, løn, tilrettelegging for omsorgsplikter m.m. Embetet legg vekt på å gje kvinner og menn same moglegheit for utvikling gjennom oppgåver og kompetansetiltak.

Tilstandsrapport kjønn

Alle tal i tilstandsrapporten er frå 1. oktober 2018. Tre av sju medlemmer i leiargruppa var kvinner. Kvinnene utgjorde 44 pst. av advokatane ved embetet og heile 79 pst. av dei administrativt tilsette. Alle advokatane, unntatt ein, arbeidde i 100 pst. stilling.

Gjennomsnittsløna for kvinnelege advokatar (inkludert leiarar og vikarar) utgjer 85,6 pst. av løna til menn. Differansen heng saman med alderssamansetjinga i kjønnsgruppene. Hos Regjeringsadvokaten får advokatane eit betydeleg lønshopp når dei får møterett for Høgsterett. Tildeling av prøvesaker for Høgsterett følgjer i stor grad ansienniteten og vil såleis alltid skje på kjønnsnøytrale premiss.

Det samla legemelde sjukefråveret i 2018 var 3,5 pst. for embetet. Sjukefråveret for menn var 1,9 pst. og 5,0 pst. for kvinner.

Tiltak for å fremje likestilling og mangfald

Ved utlysing av stillingar i grupper med skeiv kjønnsfordeling, vert det underrepresenterte kjønet oppmoda til å søkje. Regjeringsadvokaten kallar som hovudregel inn minst ein søkjar, som regel fleire, med innvandrarbakgrunn til intervju. Tilsvarende gjeld dersom det er kvalifiserte søkjarar med nedsett funksjonsevne eller «*hull i CV-en*».

Regjeringsadvokaten legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr og arbeidsoppgåver for medarbeidarane. Embetet tilbyr arbeidsplassvurdering til alle tilsette og gjev moglegheit til trening.

For dei som har minimum fem år til fyrste moglege avgangstidspunkt, vert det lagt opp til ein seniorsamtale. Føremålet er å diskutere framtidssikter og kva moglegheiter arbeidsgjevar har til å foreslå utfordrande oppgåver og kompetansehevande tiltak som kan gjere det attraktivt å stå lenger i stillinga. For at dei eldre skal stå lenger i stillinga, har embetet innført betre ordningar for seniorar.

7 Omtale av klima- og miljørelevante saker

7.1 Finansdepartementet

Regjeringas klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle sektorar i samfunnet har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at ein kan nå dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla. I Prop. 1 S (2018–2019) for *Klima- og miljødepartementet* finst ei samla omtale av klima- og miljørelevante saker for regjeringa.

Berekraftig utvikling

Finansdepartementet har eit sektorovergripande ansvar for å leggje grunnlaget for effektiv forvaltning av dei økonomiske ressursane. I arbeidet med den økonomiske politikken skal Finansdepartementet medverke til at den økonomiske utviklinga skjer på eit miljømessig forsvarleg grunnlag.

Oppfølginga av SNs 17 mål for berekraft er integrert i regjeringas ordinære politiske arbeid. Utenriksdepartementet koordinerer oppfølginga internasjonalt, og Finansdepartementet summer opp hovudpunkta i rapporteringa i nasjonalbudsjettet.

Sektorovergripande klima- og miljøverkemiddel

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for innretting av avgifter i miljøpolitikken. Rett utforma miljøavgifter gjev tildriv til å minke utsleppa og sikrar òg at forureinarane betaler.

7.2 Statistisk sentralbyrå

Statistikk over utslepp til luft er eit prioritert område. Statistikken over utsleppa av klimagassar er mellom anna knytt til oppfølginga av Noregs klimamål slik dei mellom anna kjem fram i Kyoto-protokollen og i Paris-avtala, til ei ny forordning om miljørekneskapar i Eurostat, samt rapportering som følgjer av ny klimalov. I tillegg til dei krava som Kyoto-protokollen set, vert det no teke med tal for utslepp frå internasjonal luft- og sjøfart og

opptak av CO₂ i skog. Norsk klimapolitikk er nært knytt til EU. Regjeringa arbeider for at Noreg og EU frå 2021 skal samarbeide om å stette klimaskyldnadene for 2030. Dette vil auke behovet for å skilje mellom utslepp frå kvotepliktig sektor og ikkje-kvotepliktig sektor. Eit slikt samarbeid set også krav til rapportering av utslepp. Statistikken over langtransportert forureining er mest knytt til oppfølginga av Gøteborg-protokollen. SSB har bygd ei produksjonsløysing for energirekneskapen og energibalansen. Ho vart teken i bruk i statistikkproduksjonen i 2017 og vil gje meir robust og effektiv produksjon av desse rekneskapane. Samstundes med omlegginga av produksjonsløysinga, er metodane gjennomgått. Dette òg vil betre grunnlaget for berekningane av utslepp til luft. Tal frå det nye systemet for heile perioden 1990–2017 vart publisert i juni 2018. Utviklinga av statistikk over verkemiddelbruk, m.a. avgifter og utsleppskvotar, skal halde fram. Fram mot 2020 skal han utvidast med tal for miljøsubsidiar. Statistikk over avfall og attvinning skal dekkje både rapporteringskrav frå EU som følgjer av statistikkforordninga, og nasjonale behov. Statistikken over reinsing og utslepp av kommunalt avløpsvatn vert utvikla vidare. SSB følgjer òg opp statistikkforordninga om materialrekneskapar; «*Sirkulær økonomi*» (materialstraumar og attvinning). Ein skal finne målepunkt som er tilpassa nytt direktiv, tilpasse innhentinga av data og avklare korleis statistikken skal kunne ta vare på nasjonale og internasjonale behov. Vidare har SSB nyleg, i samarbeid med Miljødirektoratet og andre aktørar, starta utvikling av statistikk om matsvinn i verdikjeda frå produsent til konsument. Statistikk om matsvinn og matavfall skal dekkje både rapporteringskrav frå EU og nasjonale behov. SSB skal oppdatere og publisere arealstatistikken for Noreg (arealbruk og arealressursar) og andre meir analyseprega temastatistikkar om areal. Statistikk og analysar er publisert som planlagd.

Etterspurnaden etter miljøstatistikk til internasjonale publikasjonar og indikatorsystem, særleg i EU og OECD, er aukande.

Frå 2017 gav ei EU-forordning rapporteringsplikt på områda rekneskap for miljøvernuttgifter

(EPEA), statistikk for produksjon, bruttoprodukt, sysselsetting og eksport av miljørelaterte varer og tenester (EGSS) og næringsfordelt energibruk. Alle desse områda vert utarbeidd etter den internasjonale standarden SEEA (System for Environmental and Economic Accounting) og i tråd med prinsipp i nasjonalrekneskapen.

Innanfor forskingsverksemda i SSB på miljø- og klimafeltet er det fleire analyseprosjekt i gang, knytt til energimarknadstrendar, klimapolitisk utvikling og bruk av naturressursar. I desse nyttar ein økonomiske analysemodellar av norsk, europeisk og global økonomi. Modellar av norsk økonomi (SNOW) vert òg leverte til Finansdepartementet for bruk der. Forskingsprosjekta nyttar

norske data, i hovudsak frå SSB, og medverkar til statistikkarbeid på energi-, utslepps- og miljøfeltet. Prosjekta omfattar mellom anna omstilling av norsk økonomi og studiar av Noregs klimapolitiske mål og verkemiddel, løysingar for låge utslepp i transport, energi og industri, samt verdsetjing av naturressursar og tenester frå økosystema. Forskarane arrangerer og deltar i aktivitetar overfor norske brukarar i forvaltninga, nærings- og organisasjonslivet, allmenta, samt nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar, mellom anna gjennom det samfunnsfaglege senteret for energiforskning, CREE, som miljø- og energiforskarane i SSB er ein del av.

8 Oppfølging av NOU 2018: 5 Kapital i omstillingens tid

8.1 Innleiing og oversikt over relevante tilrådingar

Regjeringa sette våren 2017 ned eit offentleg utval som skulle vurdere tilgang på kapital til næringslivet. Kapitaltilgangsutvalet leverte si utgreiing, NOU 2018: 5 *Kapital i omstillingens tid*, i mars 2018. Utvalet hadde ei rekkje tilrådingar på Finansdepartementets område, mellom anna om endringar i finansmarknadsreguleringa og skattesystemet. Som omtalt i *Finansmarkedsmeldingen 2019* arbeider regjeringa med finansmarknadsreguleringa for å sikre ein velfungerande kapitalmarknad og for å forenkle tilgangen til risikokapital og kompetente investorar. Utvalet sine tilrådingar på skatteområdet er vurderte i ein heilskapleg samanheng saman med resten av skatteopplegget i statsbudsjettet og vert ikkje omtalt nærare her. I det vidare vert oppfølginga av dei mest sentrale tilrådingane, med vekt på finansmarknadsområdet, omtalt.

Privat pensjon

Utvalet foreslo endringar i regelverket på pensjonsområdet for å betre eigenkapitaltilgangen for næringslivet gjennom ei meir effektiv forvaltning av pensjonskapital og god informasjon til kundane.

Utvalet foreslo mellom anna meir fleksibilitet for pensjonsleverandørar til å byggje bufferkapital og til ikkje å måtte innfri avkastningsgarantiar på årleg basis. Vidare meinte utvalet at pensjonsspararar som ynskjer det, bør kunne auke risikoen i forvaltninga av pensjonskapitalen i fripolisar. Utvalet foreslo òg at fripoliseinnehavarar kan få betaling for å gå over frå avkastningsgaranti til investeringsval. Utvalet meinte at styresmaktene og bransjen må sørge for at dei forsikra får tilstrekkeleg informasjon til å kunne ta informerte val om konvertering til fripolisar med investeringsval og om investeringsstrategi og risikoprofil.

Regulering av bankar

Utvalet meinte utforminga av norsk bankregulering, i tillegg til å leggje vekt på finansiell stabili-

tet, så langt som mogleg bør ta omsyn til konkurransevna for norske bankar i lokale marknader. Vidare meinte utvalet at avvik i reguleringar frå praksis i EØS-området bør grunnleggjast særskilt.

Obligasjonar med fortrinnsrett

Den norske ordninga med obligasjonar med fortrinnsrett bør ein ifølge utvalet vurdere å endre, slik at den vert meir på line med det som vert praktisert mellom anna i Sverige og Danmark, og slik at det ikkje lenger vert stilt krav om å skilje verksemda ut i eige kredittføretak.

Skuggerating

Utvalet meiner at bortfallet av skuggerating (ei ikkje-offisiell kredittvurdering) var uheldig for tilgangen til obligasjonsmarknaden for mindre utferdarar. Utvalet tilrår at ein greier ut moglege alternativ.

Offentleg innsyn i kven som eig obligasjonar

Utvalet meiner konsekvensane av offentleg innsyn i kven som eig obligasjonar, bør greiast nærare ut før det eventuelt vert innført.

Verdipapirisering

Utvalet meiner moglegheit for sikker og gjennom-siktig verdipapirisering kan auke storleiken på obligasjonsmarknaden. Det kan bidra til auka likviditet og kan gjere marknaden meir attraktiv for nye utferdarar. Utvalet meiner Noreg bør følgje regelverksutviklinga i EU og sikre rask og effektiv innføring av reglar om verdipapirisering i Noreg, slik at norske finansføretak og investorar får tilgang til denne moglegheita.

Grøne obligasjonar

Utvalet meiner at utferdarar og tilretteleggjarar av grønne obligasjonar må arbeide saman for å styrkje marknaden for slike verdipapir.

Ny finansiell teknologi

Utvalet meiner norske myndigheiter gjennom regelverksutforming aktivt må leggje til rette for at norske aktørar kan tilby nye finansielle tenester gjennom bruk av ny teknologi, både som tilbydarar og etterspørjarar av kapital. Samstundes må reguleringa ta omsyn til finansiell stabilitet og tryggleik og beskytte rettane til dei som bruker finansielle tenester. Dei regulerande myndigheitene bør ifølgje utvalet styrkje teknologikompetansen. Utviklinga vil òg krevje auka internasjonalt samarbeid om regulering og tilsyn av nye fintech-aktørar og innovative finansielle tenester.

Folkefinansiering

Utvalet meiner regelverket for låneformidlingsplattformer bør klargjerast og at utilsikta hinder for etablering og drift av plattformer både for lån og egenkapital bør fjernast. Medan ein venter på eit felleseuropeisk regelverk for folkefinansiering meiner utvalet ein bør vurdere å etablere eit norsk regelverk for både låne- og egenkapitalplattformer. I utforminga av eit eventuelt norsk regelverk meiner utvalet at ein bør sjå hen til våre naboland.

Kredittregister

Utvalet meiner etablering av eit sentralt kredittregister for bedriftslån i Noreg bør greiast ut.

Folketrygdfondet

Utvalet meiner Folketrygdfondet har fått ein relativ storleik på Oslo Børs som over tid kan gjere det meir krevjande å oppnå meiravkastning utover referanseindeksane, og at det kan vurderast å gje Folketrygdfondet eit meir fleksibelt mandat for å unngå at fondet sin posisjon på Oslo Børs vert uforholdsmessig stor.

Statsobligasjonar

Utvalet meiner at Finansdepartementet bør vurdere fordelar og ulemper ved å utferde norske statsobligasjonar med lengre løpetid enn i dag (gjerne opptil 30 år).

8.2 Høyringsmerknadar

Pensjon

Akademikerne, Finansforbundet, Finans Norge, LO, Noregs Bank, Norsk Venturekapitalforening

og Verdipapirsentralen meiner ein bør sjå på regulatoriske endringar som legg til rette for ein meir effektiv forvaltning av garanterte pensjonsprodukt og for høgare aksjedel, med sikte på høgare forventede avkastning, til dømes gjennom framlegget frå utvalet om fleksibel bufferkapital. Finansforbundet tilrår å vente på tilrådingane frå den arbeidsgruppa Finansdepartementet sette ned på området, før ein tek avgjerder. Verdipapirsentralen stør at meir pensjonskapital skal kunne plasserast i aksjar. Noregs Bank meiner det må stillast krav til dekkjande, relevant og forståeleg informasjon frå pensjonsleverandørane. Oslo Børs og Norsk Venturekapitalforening stør òg tilrådinga om at pensjonssparar bør foreta informerte plasseringsval ut frå investeringsstrategi og risikoprofil.

Næringsforeningen i Trondheims-regionen, Innovasjon Norge og SINTEF stør i hovudsak framlegg som opnar for at pensjonsforvaltarar kan investere meir i unoterte aksjar, tidlegfase-segmentet og gründer- og vekstselskap.

NHO meiner at det må finnast gode standardval hos pensjonsleverandørane. Standardvala bør ta omsyn til behovet for god avkastning på pensjonskapitalen til ein akseptabel pris.

Finanstilsynet viser til at det overordna omsynet i forvaltninga av pensjonsmidlar er at framtidige forpliktingar vert oppfylte. Finanstilsynet viser vidare til at ei arbeidsgruppe vil vurdere endringar i produktregelverket.

Forbrukarrådet meiner at utgreiinga i liten grad synleggjer verknader og risiko for pensjonssparar. Dei átvarar mot å bruke verdiane til noverande og framtidige pensjonistar for å dekkje samfunnsmessig behov for risikokapital. Dei meiner òg at myndigheitene og bransjen må bidra til at det vert gjeve god informasjon om åtgangen til og konsekvensane av konvertering av fripolisar med garanti til fripolisar med investeringsval.

Regulering av bankar

Bergen Næringsråd, Finans Norge, Finansforbundet, Konkurransetilsynet, Næringsforeningen i Trondheimsregionen, Sparebankforeningen og Sparebanken SMN 1 stør utvalets tilråding om at bankreguleringa bør verte tilpassa reglane som gjeld i EU for å sikre like konkurransevilkår i den norske marknaden.

Sparebankforeningen stør vidare tilrådinga om at effektar av bankregulering vert konsekvensutgreid med omsyn på både gevinstar og kostnader, både for bankane og for finansieringa av norsk næringsliv. Dei meiner at norsk økonomi og

næringsliv er tent med ein desentralisert bankstruktur.

Bergen Næringsråd, Næringsforeningen i Trondheimsregionen og Virke seier i tillegg at dei stør innføring av reduserte kapitalkrav for utlån til små og mellomstore bedrifter (SMB-rabatten).

Sparebanken SMN 1 meiner at tilsynsmyndigheitene sin bruk av Pilar II-regulering gjev særnorske krav som einsidig rammar norske bankar si evne til å finansiere føretak i distrikta.

Finanstilsynet meiner at omsynet til finansiell stabilitet bør tilleggjast avgjerande vekt ved eventuelle målkonfliktar mellom like konkurransevilkår og finansielle stabilitet.

Obligasjonar med fortrinnsrett

Noregs Bank er einig med utvalet i at det er grunn til å stille spørsmål ved om den spesielle lovpålagte organiseringa av OMF-ordninga (obligasjonar med fortrinnsrett) i eigne kredittføretak, framleis er føremålstenleg. Finans Norge stør utvalet i at regelverket i utgangspunktet burde vore innretta på same måte som i andre europeiske land, og at bankane burde kunne utferde OMF direkte. Bankane er no godt tilpassa norske reglar, og det er høg internasjonal tillit til den norske OMF-modellen. Dei er difor ikkje einig i utvalet si tilråding om ny modell for regulering av OMF og meiner at den vil føre til to ulike ordningar for OMF-utferdingar i Noreg.

Finanstilsynet meiner at spørsmålet om i kva grad bankar bør få utferde OMF på eigen balanse bør vurderast på eit breiare grunnlag enn det utvalet legg opp til.

Skuggerating

Finans Norge, Noregs Rederiforbund og Oslo Børs stør utvalet i at bortfall av skuggerating har vore uheldig for mindre utferdarar sin tilgang til obligasjonsmarknaden og at det må utgreiast moglege alternativ.

Finans Norge viser til at EUs ekspertgruppe for forbedring av marknaden for føretaksobligasjonar har gjeve eit framlegg som kan innebere at skuggerating ikkje vil omfattast i krava i EUs kredittvurderingsbyråforordning. Det kan opne for igjen å gje åtgang til skuggerating. Noreg må ifølge Finans Norge følgje opp ekspertgruppas tilråding.

Finanstilsynet meiner ein bør vente med ei utgreiing til eit seinare tidspunkt ettersom ei ekspertgruppa, nedsett av EU-kommisjonen, har

rådd til at EU ser på problemstillingar rundt små utferdarar og kredittratingar.

Offentleg innsyn i kven som eig obligasjonar

Finanstilsynet og Verdipapirsentralen (VPS) stør utvalets tilråding om at dei samla konsekvensane av offentlig innsyn i kven som eig obligasjonar, bør utgreiast nærare før det eventuelt vert innført. Finans Norge peiker vidare på at det er essensielt at norske reglar ikkje viker frå internasjonal praksis.

Noregs Rederiforbund meiner ein innsynsrett bør greiast vidare ut, med sikte på implementering så raskt som mogleg.

Tax Justice Network Norway, Norsk presseforbund, Norsk journalistlag og Norsk redaktørforening meiner det bør opnast for innsyn i obligasjonseigarskap.

Oslo Børs meiner utferdar bør gjevast rett til å få innsyn i obligasjonseigarskap, så framt det er inntatt reglar om dette i låneavtalen. Utferdarar bør ikkje kunne utlevere eller offentliggjere opplysningane med mindre dette vert regulert av låneavtala. Vidare stør Oslo Børs at innsyn om reelle eigarar hos forvaltar kan vere avtalebasert. I så fall vil utferdar kunne vurdere i kva grad behov for innsyn veg opp for eventuell auke i lånekostnader. Oslo Børs føretrekkjer ei lovregulering der innsynsrett er avtalebasert framfor lovfesta.

Verdipapirisering

Finans Norge, Næringsforeningen i Trondheimsregionen, Oslo Børs og Verdipapirsentralen (VPS) stør utvalets tilråding om innføring av verdipapirisering i Noreg. Finans Norge meiner at EUs nyleg vedtekne regelsett for verdipapirisering, som korrigerer for svakheiter ved verdipapirisering som vart avdekt under finanskrisa, snarleg bør verte innlemma i EØS-avtalen. Noregs Bank deler óg ynsket om å sikre sikker og transparent verdipapirisering i Noreg.

Tax Justice Norway er kritisk til tilrådinga frå utvalget om å opne for verdipapirisering. Det fryktar at verdipapirisering vil føre til mindre openheit og større moglegheiter for å skjule informasjon om reelle rettshavarar.

Forbrukarrådet går mot tilrådinga og vil åtvare mot at det opnast opp for verdipapirisering i Noreg. Strukturerte produkt og verdipapirisering vil bidra til at risiko vert kamuflert, men ikkje like sjølvstøtt redusert.

Grøne obligasjonar

Finans Norge meiner obligasjonsmarknaden bør gjerast «grønare», både gjennom å inkludere klima i prospekt og ordinære obligasjonsutferdingar, og ved å auke utferdingar av grønne obligasjonar. Ved å stille klimakrav i kredittprosessar, vert grunnlaget lagt for auka omfang av grønne obligasjonar.

Forbrukarrådet meiner at grønne obligasjonar kan vurderast som finansieringskjelde for å få fortgang i arbeidet med energiøkonomiseringstiltak av bustader i stor skala.

Ny finansiell teknologi

Finans Norge stør utvalet i at det må leggjast til rette for digital utvikling innan finansområdet gjennom aktiv og bevisst regelverksutforming. Abelia, Finans Norge, Finansforbundet og IKT-Noreg meiner at det er behov for ei såkalla regulatorisk sandkasse for fintech. Finansforbundet og IKT-Noreg meiner i tillegg at reguleringsmyndighetene bør auke sin kompetanse og forståing av ny finansiell teknologi.

Verdipapirsentralen (VPS) stør utvalet i at det aktivt må leggjast til rette for nye finansielle tenester, samstundes med at omsynet til finansiell stabilitet og sikkerhet vert tatt hand om.

Finanstilsynet viste til at det har etablert eit kontaktpunkt med fintech-aktører.

Folkefinansiering

Akademikerne, Bergen Næringsråd, Finans Norge, IKT-Noreg, NHO, Næringsforeningen i Trondheimsregionen og Virke stør tilrådinga om å tydeleggjere regelverket og leggje til rette for folkefinansiering. Bedriftsforbundet meiner at folkefinansiering er mangelfullt regulert.

Abelia og NHO stør framlegget om å opprette eit eige regelverk for folkefinansiering, medan ein ventar på eit eige EU-regelverk. Finans Norge meiner at det snarast bør setjast i gang eit arbeid for å utvikle eit norsk regelverk for folkefinansiering som samsvarer med og understøttar EUs reglar. Dei meiner det òg bør utviklast harmoniserte reglar på nordisk nivå.

Innovasjon Noreg meiner det er viktig å leggje til rette for nye finansieringsformer, men er samstundes oppteken av at dette bevarer konkurransekap, investorskydd og forbrukarvern gjennom eit godt regelverk.

Finanstilsynet meiner at det ikkje er føremålstenleg å lage eit nasjonalt regelverk før ei

sams europeisk regulering. EU-kommisjonen fremja 8. mars 2018 EU-regelverk om finansiell folkefinansiering.

Forbrukarrådet er einig i at det er behov for eit betre regelverk på dette området, så lenge forbrukarvernet er ivaretatt. Samstundes meiner det det er viktig å ivareta behovet for openheit og innsyn, og å motverke kvitvasking. Vidare stør Forbrukarrådet tilrådinga om at ein, medan ein ventar på ei sams EU-regulering, bør etablere eit nasjonalt, enkelt og overordna regelverk. Forbrukarrådet har i tillegg synspunkt på kva regelverket bør omfatte.

Kredittregister

Finans Norge meiner at eit sentralt kredittregister for bedriftslån i Noreg bør greiast ut, og Finans Norge stiller seg positiv til å bidra i eit slikt utgreiingsarbeid.

Finanstilsynet viser til at Finansdepartementet har nedsett ei arbeidsgruppe med mandat til å utgreie spørsmålet om innføring av *AnaCredit* i Noreg. *AnaCredit* er ei mikrobasert database over utlån frå bankane i eurosona, og som er vedteken oppretta av den europeiske sentralbanken. Finanstilsynet tilrår å avvete konklusjonane frå arbeidsgruppa før eventuelt andre utgreiingar om kredittregister vert sette i gang.

Forbrukarrådet stør etablering av eit sentralt kredittregister i Noreg og meiner at myndighetene bør følgje nøye med på det arbeidet som skjer i eurolanda og i Sverige og Danmark på området. Forbrukarrådet ynskjer òg at gjeldsregister (for forbrukarar) som no er oppretta, vert utvida til også å inkludere sikra gjeld, slik at forbrukarane på ein stad kan få ei fullstendig oversikt over eigen gjeldssituasjon.

Statsobligasjonar

Akademikerne og Finans Norge stør tilrådinga frå utvalet om at det bør vurderast å utferde statsobligasjonar med lengre løpetid enn i dag (som er 10 år). Noregs Bank peiker på at ein ev. auke i løpetida på utferda statsobligasjonar utover 10 år krev meir utgreiing.

8.3 Departementets vurdering og oppfølging

Pensjon

Finansdepartementet legg vekt på effektiv kapitalforvaltning og god informasjon til dei forsikra i sitt

arbeid med privat pensjon. Samstundes er det avgjerande at regelverket er med på å sikre at leverandørane kan innfri sine pensjonsskyldningar overfor kundane.

Ei arbeidsgruppe har vurdert regelverket for garanterte pensjonsprodukt. Siktemålet har vore å få fram tiltak som er til føremon for kundane. Finanstilsynet har på oppdrag frå Finansdepartementet utarbeidd ei tilråding om endringar og eit høyringsnotat, med utgangspunkt i arbeidsgrupperapporten.

I april 2019 vedtok Stortinget ei ordning med eigen pensjonskonto i innskotsordningar. Ordninga er meint å gje meir effektiv kapitalforvaltning og å gje dei forsikra auka moglegheit til å påverke eigen pensjonssparing. I tråd med omtala i Finansmarkedsmeldingen 2019 har Finansdepartementet starta opp eit samarbeid med leverandørar og arbeidslivspartar for å få systemet godt på plass frå starten.

Krav til informasjon følgjer av regelverket for mellom anna investeringsavgjerder, konvertering av fripolisar og val av pensjonsleverandør for eigen pensjonskonto. Departementet meiner informasjonen gjev kundane eit godt grunnlag for å ta val om pensjon.

Regulering av bankar

Utvalet ynskjer auka EØS-harmonisering av bankreguleringa av omsyn til norske bankar sin konkurransevne i lokale marknader. Når EØS-innlemminga av EUs kapitalkravsregelverk (CRR/CRD IV) trer i kraft, inneber det at det norske regelverket vert meir på line med regelverka i EU, m.a. ved at det såkalla Basel I-golvett vert fjerna og SMB-rabatten vert innført. Finansdepartementet har sendt på høyring eit framlegg om tilpassingar i kapitalkrava for bankar og andre finansføretak, der eit av måla er likare kapitalkrav for norske og utanlandske bankar si verksemd i Noreg.

Obligasjonar med fortrinnsrett

Dagens OMF-reglar skal i hovudsak sikre investorene sin rett til sikkerheitsmassa. Finansdepartementet har bedt Finanstilsynet om å greie ut korleis eit nytt EU-regelverk om OMF kan verte gjennomført i Noreg. Det norske regelverket tilfredsstillar allereie dei fleste krava, men det vil vere behov for nokre tilpassingar. Finansdepartementet legg opp til at det nye regelverket kan gjennomførast og settast i kraft i Noreg samstundes

som i EU. Ein velregulert OMF-marknad er ei viktig kjelde til finansiering for bankane og gjev eit likvid investeringsobjekt for bankane sjølve og for andre investorar.

Skuggerating

Kredittrating er viktig for finansieringsmoglegheter for mange bedrifter ved at det gjev potensielle investorar informasjon om kredittrisikoen ved investeringane. Offisielle ratingar kan ha ein uforholdsmessig stor kostnad for mindre bedrifter. Det europeiske verdipapir- og marknadstilsynet signaliserte i 2016 at uoffisielle skuggeratingar var i strid med EU-reglane, og meklarhusa og bankane har slutta å tilby dette. Sidan 2016 har ulike ratingbyrå retta seg mot bedrifter i Norden. Departementet vil følgje med på marknadsutviklinga.

Offentleg innsyn

Ei arbeidsgruppe har vurdert behovet for reglar om offentlig innsyn i obligasjonseigarskap. Arbeidsgruppa foreslo at utferdarane kan avtale innsyn i kven som er registrerte eigarar av obligasjonane, og ho drøfta òg å lovfeste innsynsrett. Rapporten har vore på høyring og er no til vurdering i Finansdepartementet.

Verdipapirisering

Ei arbeidsgruppe har vurdert norsk gjennomføring av nye EU-reglar om verdipapirisering og leverte ein rapport til departementet 29. mai 2019. Arbeidsgrupperapporten har nyleg vore på høyring, og Finansdepartementet vurderer no oppfølginga. I arbeidet med verdipapirisering er det sentralt både å ivareta omsynet til risikoen i det finansielle systemet og å bidra til kapitaltilgangen til næringslivet gjennom ein likvid og attraktivt obligasjonsmarknad.

Grøne obligasjonar

Finans Norge delte i sitt «*Veikart for grøn konkurransekraft i finansnæringa*» frå juni 2018 i stor grad utvalet si vurdering om at utferdarar og dei som legg til rette for grønne obligasjonar, må samarbeide for å styrkje marknader for slike verdipapir. Finansdepartementet vurderer behovet for regelverksendringar i lys av regelverksutviklinga i EU.

Ny finansiell teknologi

Finansdepartementet vurderer laupande om regelverket på finansmarknadsområdet utilsikta er til hinder for at næringa tek i bruk ny teknologi, eller om verksemd som burde regulerast, fell utanfor regulering og tilsyn.

Finanstilsynet arbeider i tråd med oppdrag frå Finansdepartementet med å etablere ei regulatorisk sandkasse for fintech innan utgangen av 2019. Siktemålet er å auke både tilsynets forståing av nye teknologiske løysingar og innovative verksemder si forståing av regelverket.

Folkefinansiering

Regjeringa arbeider for å leggje til rette for folkefinansiering både gjennom forenklingar for næringa og gjennom å sikre tryggleik for forbrukarar. Finansdepartementet har nyleg fastsett reglar om at utlån gjennom plattformar for lånebasert folkefinansiering ikkje treng konsesjonsplikt på nærare spesifiserte vilkår. Departementet har òg sendt på høyring framlegg til reglar for folkefinansieringsplattformar, utarbeidd av Finanstilsynet, og ei arbeidsgruppe skal i tillegg vurdere regelverket for formidling av lån til forbrukarar gjennom plattformar.

Kredittregister

Ei arbeidsgruppe med Finansdepartementet, SSB, Finanstilsynet og Noregs Bank har allereie vurdert om Noreg bør delta i ei sams kredittdatabase i Den europeiske sentralbanken (ESB), kalla AnaCredit. Arbeidsgruppa kom til at ein heller bør styrkje eksisterande ordningar enn å innføre ny rapportering. Gruppa meinte at AnaCredit-rapportering kan verte aktuelt seinare når databasane har vorte meir etablerte. Finansdepartementet vil i samråd med Noregs Bank, Finanstilsynet og

SSB vurdere korleis tilrådingane frå arbeidsgruppa bør følgjast opp.

Folketrygdfondet

Utviklinga i Statens pensjonsfond Noregs (SPNs) eigardelar i selskap på Oslo Børs er generelt avhengig av fleire forhold, mellom anna aksjedelen i fondet, storleiken på delen av den norske verdsskapninga som er børsnotert, noteringsreglane ved Oslo Børs og marknadsverdiutviklinga i einskildselskap. Desse tilhøva kan trekkje i ulike retningar for den framtidige utviklinga i SPNs eigardel på Oslo Børs. Dei siste åra har fondet sin del på om lag 10 pst. av dei tilgjengelege aksjane på børsen, vore relativt stabil. Folketrygdfondet har varsla at det i løpet av 2019 vil kome med ei vurdering av Finansdepartementets mandat for forvaltinga av SPN, mellom anna av utfordringane med dei store eigardelane på Oslo Børs.

Statsobligasjonar

Gjeldsforvaltinga i staten har som mål å dekkje eige lånebehov til lågast moglege kostnader. Samstundes ynskjer staten å bidra til effektive kapitalmarknader ved å tilby ein samanhengande rentekurve for statsobligasjonar opp til om lag ti år. Å vedlikehalde ei rentekurve opp til 30 år vil krevje 10–20 fleire uteståande obligasjonslån enn i dag. Gitt det relativt låge lånebehovet er det neppe mogleg å oppretthalde ei likvid rentekurve med så mange uteståande lån. Lånestrategien for statsgjelda vert fortlaupande vurdert. Framlegg om å utferde lån med 20 års løpetid har tidlegare vore greia ut av Finansdepartementet, men vart ikkje anbefalt. Noregs Bank har no ansvaret for den operative forvaltinga av statsgjelda og har vurdert at å utferde obligasjonar med løpetid på over 10 år kan auke statens lånekostnader. Regjeringa vil difor ikkje følgje opp dette framlegget frå utvalet.

Finansdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2019–2020) om statsbudsjettet for år 2020 vert dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Finansdepartementet vert i Prop. 1 S (2019–2020) statsbudsjettet for budsjettåret 2020 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 20–51, 1600–1650, 3021–3051, 4600–4670, 5341, 5351, 5605, 5692–5693

I Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Regjeringa				
20	Statsministerens kontor			
	01	Driftsutgifter	123 500 000	123 500 000
21	Statsrådet			
	01	Driftsutgifter	207 800 000	207 800 000
24	Regjeringsadvokaten			
	01	Driftsutgifter	108 100 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	14 400 000	122 500 000
		Sum Regjeringa		453 800 000
Stortinget og tilknytte organ				
41	Stortinget			
	01	Driftsutgifter	973 300 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	3 600 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	139 600 000	
	50	Sannings- og forsoningskommisjonen	10 000 000	
	70	Tilskot til partigruppene	197 000 000	
	72	Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek	1 500 000	
	73	Kontingentar, internasjonale delegasjonar	15 500 000	
	74	Reisetilskot til skular	5 300 000	1 345 800 000
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret			
	01	Driftsutgifter	7 500 000	7 500 000
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga			
	01	Driftsutgifter	91 100 000	91 100 000
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste			
	01	Driftsutgifter	26 000 000	26 000 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
45	Noregs institusjon for menneskerettar			
	01	Driftsutgifter	25 700 000	25 700 000
51	Riksrevisjonen			
	01	Driftsutgifter	550 100 000	
	75	Internasjonale organisasjonar og nettverk	27 000 000	577 100 000
		Sum Stortinget og tilknytte organ		2 073 200 000
		Finansadministrasjon		
1600	Finansdepartementet			
	01	Driftsutgifter	401 600 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	84 600 000	
	70	Forsking på og allmennopplysning om finansmarknaden	13 100 000	499 300 000
1602	Finanstilsynet			
	01	Driftsutgifter	419 900 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	24 100 000	444 000 000
1605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring			
	01	Driftsutgifter	607 400 000	
	22	Opplæringskontoret OK stat	6 300 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	16 600 000	630 300 000
		Sum Finansadministrasjon		1 573 600 000
		Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon		
1610	Tolletaten			
	01	Driftsutgifter	1 552 200 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	212 800 000	1 765 000 000
1618	Skatteetaten			
	01	Driftsutgifter	6 716 700 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	212 500 000	
	22	Større IT-prosjekt, <i>kan overførast</i>	247 100 000	
	23	Spesielle driftsutgifter, a-ordninga	94 300 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	111 100 000	
	70	Tilskot	5 500 000	7 387 200 000
1619	Skatteklagenemnda			
	01	Driftsutgifter	71 200 000	71 200 000
		Sum Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon		9 223 400 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Offisiell statistikk			
1620	Statistisk sentralbyrå		
	01 Driftsutgifter	607 900 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	259 900 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	25 900 000	893 700 000
	Sum Offisiell statistikk		893 700 000
Andre føremål			
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift		
	61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	27 000 000 000	
	72 Tilskot til private og ideelle verksemdar, <i>overslagsløyving</i>	2 280 000 000	29 280 000 000
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift		
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	7 400 000 000	7 400 000 000
	Sum Andre føremål		36 680 000 000
Statsgjeld, renter og avdrag m.m.			
1650	Statsgjeld, renter m.m.		
	89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	10 015 800 000	10 015 800 000
	Sum Statsgjeld, renter og avdrag m.m.		10 015 800 000
			Sum departementets utgifter
			60 913 500 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Regjeringa			
3021	Statsrådet		
	02 Diverse refusjonar	100 000	100 000
3024	Regjeringsadvokaten		
	01 Vederlag for utgifter i rettssaker	19 600 000	19 600 000
	Sum Regjeringa		19 700 000
Stortinget og tilknytte organ			
3041	Stortinget		
	01 Salsinntekter	6 300 000	
	03 Leigeinntekter	1 100 000	7 400 000
3051	Riksrevisjonen		
	01 Refusjon innland	2 000 000	
	02 Refusjon utland	300 000	2 300 000
	Sum Stortinget og tilknytte organ		9 700 000
Finansdepartementet			
4600	Finansdepartementet		
	02 Ymse refusjonar	400 000	400 000
4602	Finanstilsynet		
	03 Sakshandsamingsgebyr	12 300 000	
	86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.	500 000	12 800 000
4605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring		
	01 Økonomitjenester	52 632 000	
	02 Opplæringskontoret OK stat	9 700 000	62 332 000
4610	Tolletaten		
	01 Særskilt vederlag for tolltjenester	7 200 000	
	02 Andre inntekter	2 100 000	
	04 Ymse refusjonar	1 100 000	
	05 Refusjon frå Avinor AS	25 200 000	
	85 Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot	23 000 000	58 600 000
4618	Skatteetaten		
	01 Refunderede utleggs- og tinglysingsgebyr	89 500 000	
	03 Andre inntekter	40 900 000	
	05 Gebyr for utleggsforretningar	50 000 000	
	07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner	3 500 000	
	11 Gebyr på kredittdeklarasjonar	3 500 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	85	Inngått på tapsførte lån m.m.	250 000 000	
	86	Bøter, inndragingar m.m.	1 400 000 000	
	87	Trafikantsanksjonar	60 000 000	
	88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	220 000 000	
	89	Gebyr for regelbrot	5 000 000	2 122 400 000
4620		Statistisk sentralbyrå		
	02	Oppdragsinntekter	265 800 000	
	85	Tvangsmulkt	15 000 000	280 800 000
		Sum Finansdepartementet		2 537 332 000
		Ymse inntekter		
4670		Den nordiske investeringsbanken		
	50	Tilbakeføring av tapsfondsmidler	70 237 000	70 237 000
5341		Avdrag på utestående fordringar		
	95	Avdrag på lån til andre statar	500 000	500 000
		Sum Ymse inntekter		70 737 000
		Skatter og avgifter		
5580		Sektoravgifter under Finansdepartementet		
	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	445 700 000	445 700 000
		Sum Skatter og avgifter		445 700 000
		Renter og utbyte m.m.		
5351		Overføring frå Noregs Bank		
	85	Overføring	13 900 000 000	13 900 000 000
5605		Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar		
	80	Av statskassas foliokonto i Noregs Bank	917 400 000	
	81	Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta	200 000	
	82	Av innanlandske verdipapir	915 300 000	
	83	Av alminnelege fordringar	25 000 000	
	84	Av driftskreditt til statsverksemdar	293 700 000	
	86	Renter av lån til andre statar	100 000	2 151 700 000
5692		Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken		
	85	Utbyte	84 200 000	84 200 000
5693		Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.		
	85	Utbyte frå Folketrygdfondet	900 000	900 000
		Sum Renter og utbyte m.m.		16 136 800 000
		Sum departementets inntekter		19 219 969 000

Fullmakt til å overskride gjevne løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2020 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 21 post 01	kap. 3021 post 02
kap. 41 post 01	kap. 3041 post 01
kap. 1600 post 21	kap. 4600 post 02
kap. 1605 post 01	kap. 4605 post 01
kap. 1605 postane 01 og 22	kap. 4605 post 02
kap. 1610 post 01	kap. 4610 postane 01, 04 og 05
kap. 1618 post 01	kap. 4618 post 03

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift som er knytt til overskridinga, og kjem difor òg ved kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som kjem inn under nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal reknast med ved berekninga av overføring av unytta løyving til neste år.

2. overskride løyvinga til oppdragsverksemd på kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, post 21 Spesi-

elle driftsutgifter, med eit beløp som svarer til alle meirinntektene på kap. 4620 Statistisk sentralbyrå, post 02 Oppdragsinntekter.

Unytta meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal reknast med ved utrekning av overførbart beløp på posten.

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift som er knytt til overskridinga, og kjem difor òg ved kap. 1633, post 01.

III

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykkjer i at Statsministerens kontor i 2020 kan overskride løyvinga på kap. 21 Stats-

rådet, post 01 Driftsutgifter, for å setje i verk naudsynte tryggingstiltak for regjeringa.

Fullmakter til å pådra staten skyldnader utover løyvingane

IV

Tingingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2020 kan gjere tingingar utover det som er løyvt, men slik at den samla ramma for nye tingingar og gammalt ansvar ikkje overstig desse summene:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1610		Tolletaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	40 mill. kroner
1618		Skatteetaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	35 mill. kroner

V

Fullmakter til å gjere avtalar om investeringsprosjekt

1. Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2020 kan inngå avtalar om gjennomføring av dei investeringsprosjekta som er omtalte i Prop. 1 S (2019–2020) under kap. 1618 Skatteetaten, post 22 Større IT-prosjekt, innanfor dei kostnadsrammene som er gjevne der.

VI

Garantifullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2020 kan gje garantiar for:

1. grunnkapitalen til Den nordiske investeringsbanken innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 617 872 455 euro.
2. lån frå Den nordiske investeringsbanken som gjeld ordninga med prosjektinvesteringsslån innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt garantiansvar på 387 086 761 euro.
3. miljølån gjennom Den nordiske investeringsbanken innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt garantiansvar på 57 243 888 euro.

VII

Fullmakt til å dekkje utgifter til vidare bubehandling

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet for 2020 under ordninga med oppfølging av staten sine krav i konkursbu kan pådra staten skyldnader utover løyvingane, men slik at den samla ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje

overstig 22,5 mill. kroner. Utbetalingar vert dekte av løyvingane under kap. 1618 Skatteetaten, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Andre fullmakter

VIII

Fullmakt til å rette opp uopplåra differansar og feilposteringsar i statsrekneskapar for tidlegare år

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2020 i einskildsaker kan rette opp uopplåra differansar i rekneskapane og feilposteringsar i statsrekneskapen som gjeld rekneskapar for tidlegare år. Dette må gjerast ved å postere over kontoen for forskuvingar i balansen i statsrekneskapen i rekneskapen for det inneverande året. Fullmakta gjeld opp til 1 mill. kroner.

IX

Fullmakt om utbetalingsløysing for overtid, reisetid og timeløn i 2020

Stortinget samtykkjer i at:

1. Statlege verksemder som vert omfatta av omlegginga av utbetalingsløysinga i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) for overtid, reisetid og timeløn, kan overskride driftsløyvinga si tilsvarande eingongseffekten av omlegginga.
2. Finansdepartementet kan ta omsyn til eingongseffekten av omlegginga ved utrekning av overført, unyttta driftsløyving til 2021 med utgangspunkt i samla oversikt frå DFØ.

X

Nettoposteringsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at det på kap. 41 Stortinget, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, i 2020 kan nettoførast som utgiftsreduksjonar refusjonar frå Oslo kommune og andre aktørar i samsvaret med avtalte utgiftsfordelingar i samband med bygge- og sikringsprosjekt.

XI

Nettoposteringsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2020 kan:

1. trekkje direkte utgifter i samband med auksjonssal frå salsinntektene før det overskytande vert ført som inntekter under kap. 4610 Tolletaten, post 02 Andre inntekter.
2. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1610 Tolletaten, post 01 Driftsutgifter, refusjonar av fellesutgifter og liknande der Tolletaten framleiger lokale.
3. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1618 Skatteetaten, post 01 Driftsutgifter, refusjonar av fellesutgifter og liknande der Skatteetaten framleiger lokale.
4. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1618 Skatteetaten, post 22 Større IT-prosjekt, refusjonar frå andre offentlege institusjonar som etaten utviklar løysingar i samarbeid med.
5. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1618 Skatteetaten, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, refusjonar frå andre offentlege

institusjonar for investeringar Skatteetaten gjer i samarbeid med desse.

6. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, post 01 Driftsutgifter, refusjonar av fellesutgifter og liknande der Statistisk sentralbyrå framleiger lokale.

XII

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2020 kan gje Skatteetaten fullmakt til å:

1. inntektsføre statens del av skatteinngangen i statsrekneskapen i same periode som denne vert rapportert frå skatterekneskapen, og mot mellomværet som skatterekneskapen har med statskassa. Mellomværet vert utlikna i påfølgjande periode når oppgjeret vert overført frå skatterekneskapen.
2. føre uplasserte innbetalingar i meirverdiavgiftsrekneskapen mot mellomværet med statskassa. Etter at krava er fastsette, vert innbetalingane resultatførte i statsrekneskapen og mellomværet utlikna.

Andre vedtak

XIII

Oppheving av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 46, 20. november 2018 vert oppheva.

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak****1 Noregs Bank**

Sentralbanksjefen er tilsett på åremål frå 1. januar 2017 og ut 2022. Sentralbanksjefen leier òg hovestyret i Noregs Bank.

Løna til sentralbanksjefen utgjorde 2 397 011 kroner i 2018. Verdien av andre føremoner utgjorde same året 163 396 kroner. Sentralbanksjefens pensjon er regulert gjennom ei eiga pensjonsordning for sentralbanksjef og visesentralbanksjef. Maksimalt pensjonsgrunnlag er 12 gonger Folketrygdens grunnbeløp (12 G).


2 Folketrygdfondet

Folketrygdfondet er eit særlovselskap, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet. Avgått administrerande direktør sa opp si stilling 30. oktober 2017. Ho hadde 6 månaders oppseiingstid med dei siste tre månadene utan arbeidsplikt. Arbeidsavtalen gav rett til etterløn i 12 månader, rekna frå oppseiingstidas slutt. I 2018 utgjorde løna til avgått administrerande

direktør 3 383 000 kroner og anna godtgjersle 35 000 kroner. Det er ikkje knytt feriepengar eller pensjonsrettigheter til etterløn.

Ny administrerande direktør byrja i stillinga 1. september 2018 med avtalt årsløn 3 450 000 kroner. I 2018 utgjorde løna 1 158 000 kroner. Han pliktar å fråtre stillinga ved fylte 70 år. Oppseiingstida er seks månader. Administrerande direktør har rett til etterløn tilsvarande seks månaders løn, rekna frå utgangen av oppseiingstida, dersom han vert oppsagd eller sjølv seier opp etter avtale med styret. Det er ikkje knytt rett til feriepengar eller pensjon til etterløna.

Folketrygdfondet har ein avtale om innskottsbasert pensjonsordning for dei tilsette. Dersom administrerande direktør i perioden frå han er 65 til 67 år tek imot yting knytt til sjukdom eller arbeidsuførleik, frå Nav og/eller tenestepensjonsordningar, vil desse ytingane kome til frådrag i pensjonen frå Folketrygdfondet i denne perioden. Pensjon for administrerande direktør vil verte samordna med alderspensjon frå folketrygda, oppsett rettighet i Statens pensjonskasse og innskottspensjon frå 67 år.



Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2019

